

Godt språk i lærebøker

Rettleiing i lærebokarbeid

**Norsk språkråd
Oslo 1999**

© Norsk språkråd 1999
Omslag: Bentzen Bakken
Trykk: Lobo Grafisk AS, Oslo
Opplag: 1000

ISBN 82-990559-7-0 (ib.)
ISBN 82-990559-8-9 (elektronisk utgave)

Men ellers, ta imot formanings, min sønn!
Det er ingen ende på de bøker som skrives.
Mye gransking gjør kroppen trett.

Forkynneren 12,12

Innledning

Med denne boka – *Godt språk i lærebøker. Rettleiing i lærebokarbeid* – avslutter Norsk språkråd et prosjekt som har gått over flere år, med økonomisk støtte fra Den norske Forleggerforening, Nasjonalt læremiddelsenter og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.

Språkrådet gjennomgår og kontrollerer språket i alle godkjenningspliktige lærebøker for grunnskolen og den videregående skolen. Formålet med kontrollen er at bøkene skal holde høy språklig standard når de tas i bruk. Det er Nasjonalt læremiddelsenter som godkjenner lærebøker, og en bok slipper ikke igjennom der før Språkrådet er fornøyd med den.

Språkrådets arbeid med lærebøker har lang tradisjon, og for lærebokforlagene har nok arbeidet fungert som sikkerhetsventil og vært et irritasjonsmoment på samme tid. I mange år har det vært et ønske både i Språkrådet og i forlagene at man skulle nedfelle de retningslinjene og reglene som blir fulgt, i en skriftlig framstilling. Språkrådet stiller bestemte krav til språk og språkføring i lærebøker. Rutinerte forlagsredaktører kjenner nok de tallrike detaljene i det, mens de forlagene og forlagsmedarbeiderne som ikke er godt nok orientert, har kunnet få atskillig hodepine. Mange, både konsulenter i Språkrådets sekretariat, frilansere og forlagenes folk, vil ha nytte av en detaljert veiviser på dette mangslungne området. Etter hvert har interessen for språket i lærebøker økt også i helt andre miljøer, nemlig blant pedagoger og forskere. I Språkrådet begynte planene om en håndbok i lærebokarbeid å ta mer konkret form tidlig i 1990-åra.

En arbeidsgruppe i sekretariatet i Språkrådet la i 1992 fram utkast til en disposisjon for en håndbok i lærebokgransking, og disposisjonen ble drøftet i styret i flere omganger før den ble godkjent. Styret vedtok også å satse på en håndbok som er felles for målformene, altså ikke separate bøker for bokmål og nynorsk, som kunne vært et alternativ. Mens den opprin-

nelige disposisjonen bare delvis er fulgt i *Godt språk i lærebøker*, er avgjørelsen om en felles håndbok virkelig gjort med det arbeidet som her legges fram. Det får bli brukernes sak å avgjøre hvor godt måljamstilling fungerer på dette nivået.

Gjennom flere år arbeidet sekretariatet med delutkast til et manus. Virkelig fart i sakene kom det høsten 1996, da Språkrådet søkte Den norske Forleggerforening, Nasjonalt læremiddelsenter og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening om økonomisk støtte til å slutføre arbeidet samtidig som det ble lagt fram en ny prosjektplan. De fire partene gikk inn med 37 500 kr hver. Prosjektet har vært ledet av førstekonsulent Dag F. Simonsen, mens en styringsgruppe med medlemmer fra de involverte instansene har overvåket framdriften. Nasjonalt læremiddelsenter har også gitt 70 000 kr i støtte til trykking.

Godt språk i lærebøker er likevel Norsk språkråds bok, for det er Språkrådet som står ansvarlig, og Språkrådets vurderinger som kommer til uttrykk. Boka er bygd opp slik at det først blir gjort greie for ordningen med godkjenning og med språklige parallellutgaver. Deretter følger en problemorientert bolk som handler om de reglene og prinsippene som forfattere og konsulenter skal eller bør følge når de arbeider med norsk skriftspråk på ulike nivåer: ortografi, ordvalg, setningsbygning osv. Her behandles også påvirkning fra engelsk og svensk. Videre gjengir og kommenterer boka reglene for normering av litterære tekster i leseverk o.l., reglene for fordeling av stoff på bokmål og nynorsk i slike verk og reglene for utgivelse av ordlister; det siste omfatter også en omtale av det arbeidet med retningslinjer for ordtilfanget i nynorsk som pågår. Helt til slutt kan en finne kommenterte lister over bøker og andre hjelpemidler som det kan bli bruk for.

Flere har levert bidrag. Kapittel 1 "Språkleg

kontroll av lærebøker – kva og kvifor” er skrevet av Kåre Skadberg med bidrag av Kåre Lilleholt og Marit Hovdenak. Til kapittel 2 har Dag Gundersen og Dag F. Simonsen bidratt, mens Frøydis Hertzberg og Simonsen er forfatterne av kapittel 3 ”Hva er godt lærebokspråk?” Kapittel 4 ”Dei formale ytterverka” har flere forfattere: Gundersen, Vagleik Leira, Jostein Stokkeland, Ståle Løland og Simonsen. Bak kapittel 5 ”Ord, termar og namn” står Gundersen og Simonsen, med bidrag av Leira, mens kapittel 6 ”Om å finne den gode uttrykksmåten” i sin helhet er skrevet av Simonsen. Kapittel 7 ”Engelsk og svensk påvirkning” er forfattet av Gundersen, mens Skadberg har skrevet kapittel 8 ”Særlege regelverk”. Til kapittel 9 ”Nyttige bøker og andre kjelder – ein kommentert bibliografi” har mange levert stoff. Det meste av arbeidet er likevel gjort av Atle Mosling og Simonsen. Stikkordlistene er utarbeidet av Mosling og Simonsen i fellesskap.

Arnold Thoresen, Arne Torp og Aud Søyland har lest manuskriptet og gitt kritiske og konstruktive kommentarer. Også ansatte i Språkrådets sekretariat har lest igjennom deler av manuskriptet underveis og kommet med verdifulle merknader. Det gjelder særlig rådgiver Vagleik Leira. Alle disse har sin del av æren hvis *Godt språk i lærebøker* er blitt en god og nyttig håndbok. Det er likevel Språkrådet sjøl som står ansvarlig for feil og mangler.

Det kan være grunn til å minne om at det er forfatterne og forlagene som avgjør om de lang-

varige og kostbare lærebokprosjektene munner ut i bøker skrevet på et språk som virkelig fungerer godt for elevene. Dette er ingen sjølsagt ting, men noe man kan håpe på å oppnå ved å gjøre sitt beste i alle ledd. Forfatteren skriver boka og må ha et hovedansvar for den, sammen med forlaget som gir den ut. En språkkonsulent kan vanskelig rette opp svakheter som er for store i utgangspunktet.

Konsulenter skal arbeide for at språkføringen er både korrekt og leservennlig, og kan luke ut mange feil og mangler. I dette er det viktig at de tar hensyn til forfatterne. Men en annen instans er enda viktigere. De siste årene har det kommet kritikk mot språket i skolens lærebøker. Kritikerne peker på at også et korrekt og enkelt språk kan svikte leserne. Leserne av lærebøkene, det er elevene. Norsk språkråd vil gjerne slå et slag for at det er elevene som lesere man skal tenke mest på i arbeidet med bøkene.

Språkrådet arbeider for tiden med å justere læreboknormalen på begge målformer. Våren 2000 vil det eventuelt foreligge vedtak i den forbindelse, og da blir i så fall deler av *Godt språk i lærebøker* foreldet, slik at det kan bli aktuelt med en ny og ajourført utgave. De som har kommentarer, spørsmål eller supplerende opplysninger til *Godt språk i lærebøker*, kan ta kontakt med sekretariatet i Språkrådet. Vi er takknemlige for all tilbakemelding.

Dag F. Simonsen

Om redigeringen

Godt språk i lærebøker skal være til hjelp i arbeid med både bokmålsmanus og nynorskmanus. Derfor har vi prøvd å redigere boka slik at den mest mulig tilgodeser begge målformer.

Boka er skrevet dels på bokmål, dels på nynorsk. På bokmål er kapitlene 2, 3, 6 og 7, og dessuten står forord og innledning og en liste over fagtermer med forklaring på denne målformen. Kapitlene 1, 5, 8 og 9 er skrevet på nynorsk. I kapittel 4 er begge målformene brukt, og her er felles stoff og nynorskstoff omtalt på nynorsk, mens bokmålsstoff er på bokmål. Alt i alt gir dette en fordeling som ligger nær femti--femti i boka sett under ett. Også i eksemplene tilstreber vi språklig jamstilling og veksler systematisk mellom målformene.

Vi skal gjøre kort rede for noen redaksjonelle prinsipper som er fulgt. I framstillingen benyttes de følgende formene for utheving: understreking, **halvfeit** og *kursiv*. Perioder, setninger og kortere tekstsekvenser som skal vise syntakstrekk, er understreket. Det er brukt halvfeit ved enkeltord, til dels også ved flerordsuttrykk, og ofte i kombinasjon med understreking, nemlig der det er behov for å markere bestemte ord i en setning eller en annen syntakshelhet. Dessuten står kapitelloverskrifter i halvfeit, og det samme gjør noen punkttoppstillinger. Kursiv er reservert for titler på bøker, tidsskrifter og blad.

Det forekommer dessuten at viktige ord i boka er kursivert fordi de står sentralt i framstillingen – og dette er da en helt annen bruk. Hva ord og uttryksmåter betyr semantisk, er derimot oftest angitt i anførselstegn. Videre er en del ord og uttrykk som vi ikke anbefaler, særlig engelske ord, satt i anførselstegn.

Sjerne (*) framfor en setning eller et ord markerer at setningen er ugrammatisk, eller at ordet er ubrukelig. Tegnet > viser retningen på endringer, blant annet rettinger vi bør gjøre, eller nye skrivemåter som innføres (gammel form står da til venstre for tegnet, ny form til høyre).

Skråstrek skiller i boka mellom en bokmålsform og en nynorskform, ved syntakseksempler også mellom lengre enheter skrevet på de respektive målformene. Bokmål står da til venstre for skråstreken, nynorsk til høyre. Etter norske skriveregler har skråstreken som en av sine viktigste funksjoner å skille mellom alternativer (det er for eksempel slik den brukes i mange ordlister), men vi har altså prøvd å begrense funksjonen enda mer, til å bare skille mellom målformene. Ved annen variasjon skriver vi "eller", eller vi angir forholdet på helt andre måter. Det gjelder blant annet der det er tale om valgfrihet innenfor hver målform, for eksempel mellom **likne** og **ligne** på bokmål eller mellom **vi** og **me** på nynorsk.

I norsk ortografi er det betydelig valgfrihet. I de eksemplene som anføres, gjennomfører vi for hver målform i prinsippet de samme formene som i den løpende framstillingen i boka, slik som **endret** og **sjøl** på bokmål, **kvifor** og **høyre** på nynorsk. Bare unntaksvis nevnes andre tillatte former. Men at bestemte andre former sjelden benyttes i eksemplene, betyr slett ikke at de er ubrukelige! For en konsulent gjelder det bare å kjenne læreboknormalen. Vi håper for øvrig at dette redaksjonelle prinsippet kan være en spore for konsulentene til å skaffe seg stadig bedre overblikk over reglene for skrivemåter og bøyning, slik at de alltid vet hvor valgfriheten finnes eller ikke finnes, og griper inn hvis og bare hvis det virkelig gjøres feil.

De formene vi benytter, er ikke valgt på grunnlag av noe tilnæringsprinsipp, og det er i den forstand tilfeldig om de er samformer – og kan benyttes på begge målformer – eller ikke. Når de ikke er samformer, gjengir vi alltid både bokmålsformen og nynorskformen hvis det er relevant, for eksempel hvis vi opplyser mer uttømmende om normen. Slike målformspesifikke former står altså med skråstrek imellom.

At framstillingen skal dekke begge målformer, får en helt bestemt konsekvens i forbindel-

se med syntaksspørsmål (uttrykk og vendinger, setningsbygning). Det er nemlig slik at hvis det ikke står eksplisitt at de reglene og rådene vi gir, gjelder bare for bokmål eller bare for nynorsk, skal en kunne gå ut fra at de gjelder generelt i norsk. Dette omfatter også språkformen: Om et eksempel bare er på bokmål eller bare på nynorsk, skal en kunne oversette det til den andre målformen og anvende det på samme måte der. Det er viktig at man noterer seg dette.

I de anførte eksemplene på syntaksbruk er det dels veksling mellom målformene, dels dobbelttoppføring med skråstrek imellom – fortsatt med bokmål til venstre og nynorsk til høyre for streken. Skulle vi gjennomført konsekvent jamstilling mellom målformene i alle eksempler, ville det krevd mye plass og gått sterkt ut over oversikten. Som leseren vil se, er det allerede mange steder så lange rekker av ord med en skråstrek midt i, til å skille mellom målformene, at det kan være en viss fare for å falle av lasset.

Innhold

Innledning	5
Om redigeringen	7
Innholdsliste	9
1 Språkleg kontroll av lærebøker – kva og kvifor	17
1.1 Allment	17
1.2 Godkjenningssystemet for lærebøker	17
1.2.1 Opphav og heimel	17
1.2.2 Godkjenningssystemet frå 1962	17
1.2.3 Godkjenningssystemet frå 1984	18
1.2.4 Godkjenningssystemet frå 1993	18
1.2.5 Seinare vurderingar	22
1.3 Parallellutgåveordninga	22
1.3.1 Allment	22
1.3.2 Lovføresegner, forskrifter o.a.	22
1.3.3 Bakgrunnen for reglane	23
1.3.4 Retningslinjer for tolkinga	24
1.3.5 Parallellutgåver og fellesutgåver	24
1.3.6 Kven rettar føresegnene seg til?	24
1.3.7 Kva slags tilfang kjem inn under kravet om parallellutgåver?	25
1.3.8 Parallellutgåvekravet og godkjenningssystemet	26
1.3.9 Same tid og same pris	27
1.3.10 Nærmare om handhevinga av reglane	27
1.3.11 Seinare vurderingar	28
1.3.12 Ny opplæringslov	29
1.4 Noko om læreboknormalen	30
1.4.1 Allment	30
1.4.2 Korleis oppstod systemet med læreboknormal?	30
1.4.3 Frå 1917 til 1959	31
1.4.4 Norsk språkråd kjem inn i biletet	32
1.4.5 Mot ein trongare læreboknormal?	33
2 Konsulent og lærebokforfatteren	34
2.1 Konsulentens holdning til forfatteren	34
2.1.1 Språkkonsulentens plass i prosessen med boka	34
2.1.2 Hva tåler forfatteren?	34
2.1.3 Om å oppdra forfatteren	35
2.1.4 Verken for mye eller for lite	36
2.2 Hvorfor og hvordan retter vi?	36
2.2.1 Rødrettinger og blyantrettinger	36

2.2.2	Elektronisk retting	37
2.2.3	Ulike hensyn og begrunnelser	37
2.2.4	Det er forfatterens tekst, og det er eleven som skal lese den	38
2.2.5	Formvalg og utjamning av inkonsekvenser	39
2.2.6	Når boka er for dårlig	40
2.3	Språklige merknader og merknader til innholdet	40
2.3.1	Hvor mye arbeid skal vi legge i å vurdere innholdet?	40
2.3.2	Litt om grensa mellom språk og innhold	41
3	Hva er godt språk i lærebøker?	43
3.1	Et hasardiøst eller banalt spørsmål?	43
3.2	Arven fra kongens kanselli	43
3.2.1	Underordning og sideordning	43
3.2.2	Substantivsjuke og beslektede lidelser	44
3.2.3	Passiv	45
3.2.4	Lange og uregjerlige passasjer	45
3.2.5	Informasjonen på rett plass, men uten venstretyngde	47
3.2.6	Knuter og sperringer	48
3.2.7	Fullstendighet og parallellitet	50
3.2.8	Ulogisk språk?	51
3.2.9	Midler til å binde sammen teksten med	52
3.3	Å lede leseren gjennom teksten	53
3.3.1	"Lettleste" tekster?	53
3.3.2	Behov for logiske tekstmarkører	53
3.3.3	Strukturen i avsnitt	54
3.3.4	"Løst og fast"-tekster	57
3.3.5	Alternativer?	59
4	Dei formale ytterverka	61
4.1	Ortografi	61
4.1.1	Allment om ortografien i norsk	61
4.1.1.1	Valfridom og konsekvensretting	61
4.1.1.2	Ortografiske feller	62
4.1.1.3	Alfabetisk liste over ortografiske feller i norsk	63
4.1.2	Om ortografien i nynorsk	68
4.1.2.1	Valfridom og konsekvensretting i nynorsk	68
4.1.2.2	Ortografiske feller i nynorsk	70
4.1.2.3	Alfabetisk liste over ortografiske feller i nynorsk	70
4.1.3	Om ortografien i bokmål	72
4.1.3.1	Valgfrihet og konsekvensretting i bokmål	72
4.1.3.2	Ortografiske feller i bokmål	73
4.1.3.3	Alfabetisk liste over ortografiske feller i bokmål	74
4.2	Bøying	75
4.2.1	Allment om bøying i norsk	75
4.2.1.1	Substantiv	75
4.2.1.2	Verb	77
4.2.1.3	Andre ordklassar	77
4.2.2	Om bøying i nynorsk	78
4.2.2.1	Substantiv	78

4.2.2.2	Verb	78
4.2.2.3	Andre ordklassar	82
4.2.3	Om bøyning i bokmål	83
4.2.3.1	Substantiv	83
4.2.3.2	Verb	86
4.2.3.3	Andre ordklasser	87
4.3	Dei praktiske skrivereglane	88
4.3.1	Allment	88
4.3.2	På grensa til ortografi	88
4.3.2.1	Aksenteikn og andre diakritiske teikn	88
4.3.2.2	Særskriving og samanskriving	89
4.3.2.3	Store eller små bokstavar?	90
4.3.2.4	Apostrof	92
4.3.2.5	Orddeling ved linjeskift	92
4.3.3	I staden for ord	92
4.3.3.1	Siffer	92
4.3.3.2	Prosent- og promilleteikn	92
4.3.3.3	Forkortingar	93
4.3.4	Tre slags strekar	94
4.3.4.1	Bindestrek (kort strek)	94
4.3.4.2	Tankestrek (lang strek)	95
4.3.4.3	Skråstrek	95
4.3.5	Skiljeteikn og mellomrom	95
4.3.5.1	Komma	95
4.3.5.2	Punktum	98
4.3.5.3	Andre skiljeteikn	99
4.3.5.4	Mellomrom (breiddesteg)	100
4.3.6	Nokre andre teikn	100
4.3.6.1	Hermeteikn (bokmål: anførselstegn)	100
4.3.6.2	Parentes og bogestrek	101
4.3.7	Rekkjefølgja?	101
4.3.7.1	Skiljeteikn og hermeteikn	101
4.3.7.2	Skiljeteikn og parentes	101
4.3.8	Punktoppstilling	102
5	Ord, termar og namn	103
5.1	Allment	103
5.1.1	Noko om bygnaden til norske ord	103
5.1.2	Ord som ikkje står i ordbøker eller oppslagsverk	105
5.1.3	Framandord	106
5.1.3.1	Avgrensing og kriterium	106
5.1.3.2	Er ordet funksjonelt og brukbart?	107
5.1.3.3	Krav til framandorda	107
5.1.3.4	Overbruk	108
5.1.4	Kan ein velje ord fritt?	108
5.1.5	Samanblanding av ord (kontaminasjon)	109
5.1.6	Gammaldagse ord, klisjear	111
5.2	Fagspråk og terminologi	112
5.2.1	Kva er fagspråk, og når er fagspråk brukeleg?	112

5.2.2	Behandling av terminologien	113
5.2.2.1	Nødvendig	113
5.2.2.2	Forståeleg	113
5.2.2.3	Hovudterm og tillegg	113
5.2.2.4	Rettskriving og bøyning av termar	114
5.2.2.5	Mange detaljar	114
5.2.3	Kvar finst ...?	114
5.2.4	Litt idealisme?	114
5.2.5	Termar som omsetjingar	115
5.3	Namn	115
5.3.1	Norske namn og namn på norsk	115
5.3.2	Historiske namn	116
5.3.3	Stadnamn og geografiske namn	117
5.3.4	Andre namn (statsinstitusjonar, kyrkjer, skular, politiske parti, kunstverk osv.)	118
6	Om å finne den gode uttrykksmåten	120
6.1	Allment	120
6.2	Substantiv	120
6.2.1	Entall og flertall	121
6.2.1.1	Entall for flertall?	121
6.2.1.2	Flertall for entall?	122
6.2.2	Naken form	122
6.2.3	Ved genitiv er målformene ulike	123
6.2.3.1	S-genitiv: mest på bokmål, bør ofte frarås på nynorsk	124
6.2.3.2	Sin-genitiv: på frammarsj i begge målformer	126
6.2.3.3	Gruppegenitiv	126
6.3	Verb	127
6.3.1	Allment	127
6.3.2	Tempus	127
6.3.2.1	Tempus og tid	127
6.3.2.2	Det tenkte, det ønskelige o.l. (modalitet)	128
6.3.3	Verbalet mellom subjektet og objektet	130
6.3.3.1	Passiv – i form og innhold	130
6.3.3.2	S-passiv eller omskrevet passiv – mest et bokmålsspørsmål	130
6.3.3.3	Noen spesialtilfeller	131
6.3.3.4	S-/st-former med annen funksjon	132
6.3.4	Transitivt og intransitivt	133
6.3.4.1	Ny bruk?	133
6.3.4.2	Parverb	134
6.3.4.3	Etymologisk objekt	135
6.3.5	Annet	136
6.3.5.1	Verbalgrupper og sammensatte verb	136
6.3.5.2	Hva med det lille ordet <i>å</i> ?	137
6.3.5.3	<i>Ha</i> eller <i>være/vere</i> som hjelpeverb?	138
6.3.5.4	Bøyes perfektum partisipp?	139
6.3.5.5	Heller perfektum partisipp enn andre løsninger?	140
6.4	Adjektiv og adverb	140
6.4.1	Litt om adjektivet i teksten	140

6.4.2	Skal adjektivet bøyes?	140
6.4.2.1	Gradbøyning	140
6.4.2.2	Når andre ord kan skape tvil	141
6.4.2.3	Når adjektivet sjøl kan skape tvil	142
6.4.3	Litt om adverb og adverbial	143
6.4.4	Adjektiv eller adverb?	143
6.4.5	Beslektede former – bøyning?	145
6.4.6	Plasseringen av adverbialene	145
6.4.7	Noen klisjeer	146
6.5	Preposisjoner	146
6.5.1	Ny og gammel bruk	146
6.5.2	Når betydningen er konkret	147
6.5.3	I faste uttrykk	148
6.5.4	Når preposisjonen forteller om det logiske forholdet	151
6.5.5	Et særproblem: i eller på skolen, i eller på Notodden?	153
6.5.6	Preposisjonen i setningen	154
6.6	Pronomen	156
6.6.1	Påpekende pronomen	156
6.6.2	Personlige pronomen	157
6.6.2.1	Subjektsform eller objektsform?	157
6.6.2.2	Samsvar i kjønn og tall	158
6.6.2.3	Om naturlig og grammatisk kjønn, likestilling og høflighet	159
6.6.2.4	Refleksivt eller personlig pronomen?	159
6.6.3	<i>Sin</i> og <i>hans</i> og tilsvarende	161
6.6.4	Relativord	163
6.6.5	Spørrepronomen	163
6.6.6	Annet	164
6.7	Konjunksjoner	165
6.7.1	Konjunksjoner som sideordner	165
6.7.2	Konjunksjoner som underordner (subjunksjoner)	166
6.7.3	<i>Og</i> eller <i>å</i> ?	167
6.8	Artikler og tallord	168
6.8.1	Artikler	168
6.8.1.1	Krøll med den ubestemte artikkelen?	169
6.8.1.2	Bestemthet	169
6.8.2	Tallord	172
7	Engelsk og svensk påvirkning	173
7.1	Allment	173
7.2	Anglismer	173
7.2.1	Avgrensning	173
7.2.2	Behandling av anglismer	173
7.2.3	Ortografi	174
7.2.4	Bøyning	174
7.2.4.1	Flertall på <i>-s</i> ?	174
7.2.4.2	Feil flertall i norsk	174
7.2.4.3	Engelskinspirert verbbruk	174
7.2.5	Engelske eller norske skriveregler?	174
7.2.5.1	Apostrof	174

7.2.5.2	Feilaktig særskriving	175
7.2.5.3	Store og små bokstaver	175
7.2.6	Ord og termer	175
7.2.6.1	Feil eller uheldig ordvalg	175
7.2.6.2	Fagtermer	176
7.2.7	Syntaks	177
7.2.7.1	Manglende foreløpig subjekt	177
7.2.7.2	Mer passiv	177
7.2.7.3	For tunge setningsadverbial	177
7.2.7.4	Syntaktiske hull	177
7.3	Svesismer	177
7.3.1	Avgrensning	177
7.3.2	Behandling av svesismer	177
7.3.3	Ordvalg	178
7.3.3.1	Frekvenslån	178
7.3.3.2	Falske venner i svensk	178
7.3.3.3	Liste over svesismer som bør frarås eller rettes	178
8	Særlege regelverk	179
8.1	Allment	179
8.2	Normering av litterære tekstar i leseverk og songbøker	179
8.2.1	Historikk	179
8.2.2	Reglane no	180
8.3	Fordeling av bokmål og nynorsk i lesetekstar i norskfaget – ”kvotereglane”	184
8.3.1	Litt om tidlegare reglar	184
8.3.2	Reglane no	185
8.3.3	Seinare vurderingar	187
8.3.4	Kva seier opplæringslova om dette?	188
8.4	Godkjenning av ordlister	188
8.4.1	Heimel	188
8.4.2	Reglar for utforming av ordlister	188
8.4.3	Kontroversielle spørsmål i seinare tid	191
9	Nyttige bøker og andre kjelder – ein kommentert bibliografi	195
9.1	Allment	195
9.2	Generelle oppslagsverk og hjelpemiddel	195
9.2.1	Ordbøker og ordlister	195
9.2.2	Årsmeldingane frå Norsk språkråd	196
9.2.3	Nokre hjelpemiddel som er meir eller mindre uunnverlege	196
9.2.4	Nokre meir spesielle kjelder	197
9.3	Grammatikk og språkføring	198
9.3.1	Grammatikkar – språklærer	198
9.3.2	Rettleingar i praktisk språkbruk	199
9.4	Fagordbøker og terminologilister	200
9.4.1	Allment	200
9.4.2	Ordlister frå Rådet for teknisk terminologi (RTT)	200
9.4.3	Ymse andre ordbøker og ordlister	201
9.4.4	Leksikon	203

9.4.4.1	Nokre viktige titlar	203
9.4.4.2	Kan vi stole på leksikon?	204
9.4.5	Norges Standardiseringsforbund	204
9.5	Generell litteratur	205
9.5.1	Allment	205
9.5.2	Vurdering av lærebøker og sakprosa generelt	205
9.5.3	Rapportar	206
9.5.3.1	Frå lærebokutvalet i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF)	206
9.5.3.2	Frå prosjektet "Evaluering av fellesspråklige lærebøker [i samfunnslære]" ved Senter for etterutdanning i Trondheim, på oppdrag frå Nasjonalt læremiddelsenter	206
9.6	Nyttige adresser og nummer	206
Noen fagord med forklaringer		208
Liste over emner		214
Liste over ord og uttrykk		222

Kapittel 1

Språkleg kontroll av lærebøker – kva og kvifor

1.1 Allment

I dette kapittelet skal vi først gjere greie for dei reglane som gjeld for godkjenning av lærebøker i Noreg, og for kravet om parallellutgåver på begge målformer. Her går vi òg inn på det juridiske grunnlaget for reglane og den måten dei har utvikla seg på opp gjennom åra. Til sist gjev vi eit historisk riss av framveksten av *lærebok-normalen*, den trongare norma for ortografi og bøyning som skal følgjast i godkjenningsspliktige lærebøker for skulen.

1.2 Godkjenningssordninga for lærebøker

1.2.1 Opphav og heimel

Noreg er eit av dei få landa som har ei godkjenningssordning for lærebøker. Alt i folkeskulelova av 1889 var det ein regel om godkjenning av lærebøker. Den høgare allmennskulen fekk si godkjenningssordning i 1896. Godkjenningssplikta galdt frå først av berre kristendomsbøker. Ordninga er utbygd vidare gjennom seinare lover og forskrifter. Grunnen til at vi heile tida har hatt ei slik ordning, ligg i den oppgåva og funksjonen lærebøkene har i skulen: Dei skal formidle kunnskap som er fagleg korrekt og i ei språkform som både er i samsvar med gjeldande reglar og tilpassa det modningssteget bøkene er laga for. Det har òg vore viktig å sikre at lærebøkene fremjar dei overordna måla som er fastslegne i føremålsparagrafane i skulelovene og nærmare utdjupa i dei generelle delane av læreplanane og i undervisningsplanane for dei ein-skilde faga.

Godkjenningssordninga har heimelen sin i skulelovene. I *lov om grunnskolen* (1969) heiter det i paragraf 39: "Lærebøker som blir nytta i skolen, må vere godkjende av departementet." I *lov om vidaregåande opplæring* (1974) er det ikkje noko slikt absolutt påbod. Paragraf 38 i denne

lova seier: "Departementet gir nærmere regler om godkjenning av lærebøker." Desse nærmare reglane er godkjenningssreglane frå 1962, 1984 og 1993, som vi tek opp nedanfor. I juni 1998 vart det vedteke ei felles opplæringslov, *lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (opplæringslova), som skal gjelde frå 1.8.1999. I opplæringslova er godkjenningssordninga ført vidare slik i paragraf 9–4 første leddet:

Lærebøker som blir brukte i skolen, skal vere godkjende av departementet. Departementet kan gi nærmare forskrifter. Departementet kan halde lærebøker i enkelte fag utanfor kravet om godkjenning.

1.2.2 Godkjenningssreglane frå 1962

Den første tida fanst det ikkje detaljerte reglar for korleis godkjenningssordninga skulle praktiserast. Eit offentleg utval, Samnemnda for skoleverket, vart oppnemnt i 1947 blant anna for å behandle sentrale lærebokspørsmål. I ei deltilråding, "Tilråding om rasjonalisering av lærebokutgåing" (1948), kom denne nemnda med eit detaljert framlegg til reglar for godkjenning av lærebøker. Framlegget føresette at det skulle vere felles retningslinjer for alle skuleslag under Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Departementet bygde på hovudprinsippa i framlegget da det la fram ei skisse til dei første reglane for godkjenning av lærebøker i St.meld. nr. 35 (1957): *Om lærebøker i skoleverket*. På grunnlag av stortingsmeldinga og stortingsdebatten vart det fastsett godkjenningssreglar ved kronprinsregentens resolusjon av 19. oktober 1962. Ein kan merke seg at det hadde teke i alt femten år å arbeide ut godkjenningssreglane. Reglane vart noko utdjupa og presiserte ved seinare rundskriv.

Godkjenningssreglane frå 1962 sa at når nokon søkte om godkjenning for ei lærebok, skulle

boka granskast av éin fagkonsulent, éin språkkonsulent (eventuelt to) og éin pedagogisk konsulent. Norsk språknemnd stod for den språklege granskinga, dei sakkunnige skuleråda for den faglege og pedagogiske. Kristendomsbøker skulle i tillegg granskast av tre teologisk sakkunnige – éin frå kvart av dei to teologiske fakulteta og éin frå biskopane. Noko seinare kom det inn at også ein likestillingskonsulent skulle uttale seg om alle bøkene. På grunnlag av fråsegner frå alle konsulentane gav det aktuelle sakkunnige skulerådet ei tilråding til departementet, som så avgjorde godkjenningsspørsmålet.

1.2.3 Godkjenningsreglane frå 1984

Da Stortinget hadde vedteke nye skulelover (*lov om grunnskolen* (1969) og *lov om videregående opplæring* (1974)), reiste det seg ei rad spørsmål om utvikling av nye læremiddel, om produksjon, distribusjon og informasjon. Godkjenningsreglane for lærebøker hadde òg snøgt synt seg tungvinne i praksis. Eit offentleg utval vart oppnemnt i 1973 for å sjå på alle desse spørsmåla. Dette læremiddelutvalet kom med tilrådinga si i 1977: *Læremidler i skole og voksenopplæring* (prenta som NOU 1978: 26).

Når det galdt godkjenningsspørsmålet, delte utvalet seg. Eit fleirtal på fem ville avskipe godkjenningsordninga heilt. Behovet for ei særskild språkleg gransking hadde fleirtalet vurdert spesielt, men hevda at "det må være mulig å sikre en tilfredsstillende språklig standard i lærebøkene ved å stille som krav at språket skal være i samsvar med gjeldende læreboknormal. Det bør være forlagenes oppgave å kontrollere dette, om ønskelig med bistand fra Norsk språkråd" (NOU 1978: 26 s. 222).

Eit mindretal på tre ville halde oppe godkjenningsordninga, men i sterkt forenkla form. Mindretalet meinte òg at den språklege granskinga skulle halde fram om lag som før.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet slutta seg til synet til mindretalet og la i St.meld. nr. 23 (1982–83) *Om lærebøker* fram utkast til nye godkjenningsreglar. På grunnlag av stortingsdrøftinga og innkomne merknader, blant anna frå Norsk språkråd, fastsette styresmaktene ved

kongeleg resolusjon av 13. januar 1984 nye reglar for godkjenning av lærebøker for grunnskulen og den videregående skulen. Desse nye reglane tok det elleve år å få laga, så det gjekk altså noko snøggare enn førre gongen.

Samanliknar vi med reglane frå 1962, er dette dei viktigaste endringane:

- 1 Godkjenninga skulle frå no av gjevast av Grunnskolerådet og Rådet for videregående opplæring. Departementet vart no berre ankeinstans. Godkjenninga av ordlister vart lagd til Norsk språkråd.
- 2 Den faglege granskinga av lærebøkene fall bort, men forlaga skulle leggje ved godkjenningssøknaden ei fråsegn frå ein fagkunnig konsulent om det faglege innhaldet i boka. Dette skulle gjerast for både basis- og parallellutgåva.

Forlaga etterlevde aldri den føresegna som kravde fråsegn frå ein fagkunnig konsulent for begge parallellutgåvene av ei lærebok. Enda både Språkrådet, Rådet for videregående opplæring og Grunnskolerådet pressa på, avviste dei heilt at ein fagkunnig konsulent skulle vurdere den omsette versjonen (oftast nynorskversjonen). Formuleringa i regelverket var komen inn etter ønske frå Språkrådet, som hadde vorte kjent med konkrete tilfelle der det var gjort grove faglege mistak ved omsetjinga til nynorsk.

1.2.4 Godkjenningsreglane frå 1993

Alt i 1988 tok Kyrkje- og undervisningsdepartementet initiativ til å få vurdert heile godkjenningsordninga på ny. Det vart sendt brev til Den norske Forleggerforening, Norsk Faglitterær Forfatterforening og noko seinare til Norsk språkråd med spørsmål om å få ei vurdering frå desse institusjonane av korleis ordninga verka. Bakgrunnen for dette var nok at det hadde kome sterk kritikk av lærebøkene; særleg må ein her nemne Egil Børre Johnsen. Johnsen meinte at idealet om å skrive kort, enkelt og nøytralt har fått mange lærebokforfattarar til å forenkla og porsjonere slik at heilskapen i teksten går tapt. Forfattarstemma blir undertrykt,

stilen blir flat og upersonleg, men samstundes held mange bøker eit for høgt abstraksjonsnivå. Lærebøkene drep dermed motivasjonen hos elevane og har eit medansvar for at mange unge meiner skulen er keisam. Johnsen har skrivne mykje om dette (sjå 9.5.2) og er sterkt kritisk til godkjenningsordninga, men seier likevel i boka *Den skjulte litteraturen* (s. 74):

Det hersker imidlertid utbredt enighet om at likestillingsgranskingen og språkkontrollen har gitt resultater og vært av verdi i arbeidet med å utvikle nye bøker. Størst strid har det stått om Språkrådets normering av tekster i leseverk. Men i 1987 vedtok rådet nye regler som betyr et minimum av inngrep i antologitekstenes språkform. Det har også stått strid om form og terminologi i en rekke lærebøker i norsk. Men jevnt over har forlag og råd funnet frem til rutiner som begge parter kan leve med.

I eit lengre brev til departementet av 21.11.88 gjev Språkrådet ei omfattande vurdering av den språklege sida av godkjenningsordninga. I brevet heiter det blant anna:

Dessverre er det ikke uvanleg at det er så mykje å utsetje på språket at vi må sende boka attende til forlaget til ny språkgjennomgåing. Det er heller ikke uvanleg at vi må ha boka til gjennomsyn ein og to gonger til før det er forsvarleg å tilrå godkjenning.

Dei fleste bøkene treng å gjennomgåast fullt ut før dei er så bra at dei kan godkjennast. Berre få av dei innsende bøkene ligg på eit språkleg nivå som ein bør vente at ei lærebok må ha. [– – –]

Det som kanskje er mest alvorleg, er alle tilfella av brot på syntaktiske reglar og eksempla på dårleg språkføring, der framstillinga blir uklar, uforståeleg eller ulogisk. [– – –]

Etter vårt syn er ordninga med språkleg gransking ein nødvendig reiskap for å heve det språklege nivået i lærebøkene. Det gjeld både bokmåls- og nynorsk bøkene. Hovudmengda av dei nynorske parallellutgåvene blir omsette frå bokmål, og kvaliteten er svært ujamn.

I eit seinare brev (14.4.89) tok Språkrådet opp eit gammalt ønske om at den språklege godkjenninga også burde omfatte valfagsbøker og hjelpebøker (for eksempel grammatikkar og andre emnebøker i norskfaget).

Eit forhold som svekkjer godkjenningsordninga slik Språkrådet ser det, er at ein ved etterkontroll av ferdige lærebøker stadig finn ein god del språkfeil. Dei fleste feila er i nynorskutgåver, og det meste er nye feil, det vil seie feil som ikkje fanst i det manuset som var grunnlaget for godkjenningsbehandlinga. Elles finn ein stadig ein del feil i tekstbitar som er endra, eller i stoff (for eksempel illustrasjonstekstar, stikkordlister) som er kome til etter at Språkrådet hadde manuset til gransking. Språkrådet har i somme tilfelle bede godkjenningsinstansen om å trekkje attende godkjenninga for visse bøker. Slike saker har i fleire tilfelle enda med at forlaget har makulert restopplaget av ei bok og trykt ho på nytt. I 1993 arrangerte Språkrådet og Forleggerforeningen i lag eit seminar for forlagsredaktørar om dette problemet, men etterkontroll av bøker i åra etterpå viser diverre at språkleg slurvearbeid frå forlaga si side er like utbreidd som før.

Hausten 1992 bad departementet det nyskipa Nasjonalt læremiddelsenter om å gje ei samla vurdering av heile godkjenningsordninga. Organisasjonane til forlaga og lærebokforfattarane hadde fleire gonger dei siste åra pressa på for å få vurdert om godkjenningsordninga hadde utspelt si rolle. Sedd frå lærebokprodusentane og forfattarane si side verka sensur- og kontrollfunksjonen ved ordninga som eit framandelement i eit moderne samfunn, og forlaga meinte at dei no hadde utvikla god nok kompetanse sjølve til å sikre lærebokkvaliteten i det norske skuleverket.

Da det skulle utviklast nye undervisningsplanar (M87 og Reform 94), la departementet og dei sakkunnige råda vekt på å fremje ei meir målstyrt undervisning, med større krav til sjølvstendig planlegging og utforming av undervisninga frå læraren. Skulestyresmaktene var kome i tvil om godkjenningsordninga var ein tenleg styringsreiskap på sentralt hald, og om ordninga slik ho vart praktisert, verkeleg fungerte etter intensjonane. Oppdraget til Nasjonalt læ-

remiddelsenter inneheldt òg eit punkt om at senteret skulle kome med framlegg til alternative tiltak som eventuelt kunne erstatte godkjenningsordninga.

I rapporten frå Nasjonalt læremiddelsenter (udatert, våren 1993) heiter det blant anna (s. 4):

Det er lite ønskelig å oppheve godkjenningsordningen uten at det settes inn alternativer som kan erstatte den. [– – –] Det må dessuten skapes et grunnlag til å vurdere hva ordningen i dag faktisk sikrer, og hva vi vil miste dersom ordningen falt bort. Det har vist seg å være vanskelig å stille opp argumentlister for og mot de ulike alternativene, og for mange av dem er det også vanskelig å forutsi konsekvensene.

Ut frå dette var hovudforslaget frå Nasjonalt læremiddelsenter slik: "Godkjenningsordningen beholdes, men tiltak iverksettes som kan bidra til å utvikle ordningen i retning av en fremtidig avregulering."

På grunnlag av det utgreiingsarbeidet som er nemnt ovanfor, gjorde departementet (ved kongelege resolusjonar av 5.2.93 og 22.10.93) omfattande endringar i forskriftene for godkjenning frå 1984. Dei viktigaste endringane var:

- 1 Godkjenninga vart no ikkje lenger knytt til ein tidsperiode på fem år, men til læreplanen. Godkjenninga gjeld så lenge læreplanen er uendra.
- 2 Ein tok bort kravet om at forlaga skulle sende med søknaden ei fråsegn frå ein fagkunnig konsulent. I staden skal forlaga sende med ei konsulentfråsegn om den pedagogiske utforminga av boka.
- 3 Godkjenningsinstansen (som no er Nasjonalt læremiddelsenter) skal ikkje lenger vurdere den pedagogiske utforminga av boka, men i staden gjere ei fagdidaktisk vurdering av boka ut frå læreplanane.

Det vart ingen endringar for den språklege sida av godkjenningsordninga, og heller ikkje når det gjeld vurdering av likestilling mellom kjønna.

Vi gjev att forskrifta for godkjenning av lærebøker slik ho no (hausten 1998) er:

GODKJENNING AV LÆREBØKER

§ 1 Lærebøker i grunnskolen og vidaregående opplæring godkjennes av Nasjonalt læremiddelsenter. Med lærebøker menes her alle trykte læremidler som dekker vesentlige deler av et fags mål, lærestoff og hovedmomenter eller hovedemner etter læreplan for vedkommende klassetrinn eller kurs, og som elevene regelmessig skal bruke.

Ordlister godkjennes av Norsk språkråd.

Unntatt fra godkjenningsordningen er bøker for valgfag, likevel ikke lærebøker i det andre fremmedspråk i grunnskolen.

§ 2 Til vanlig sender forlaget inn tre korrekturede eksemplarer av manuskriptet til en lærebok med orientering om illustrasjonsmateriellet. For lærebøker i kristendomskunnskap sendes seks eksemplarer. Nasjonalt læremiddelsenter kan be om å få illustrasjonsmateriellet til gjennomsyn før endelig godkjenning blir gitt.

Med søknad om godkjenning skal følge:

- opplysning om hvor boken skal brukes (skoleslag, fag/emne, klassetrinn, kurs, linje)
- uttalelse fra forlagets konsulent om den pedagogiske utforminga av boken. Dette gjelder både basis- og parallellutgave
- uttalelse fra Norsk [s]pråkråd om den språklige utforminga av teksten
- utkast til brukerinformatjon.

Uttalelsen fra Norsk [s]pråkråd kan sendes inn etter at søknaden om godkjenning er sendt Nasjonalt læremiddelsenter. Brukerinformasjonen skal utformes slik at den er egnet til offentliggjø-

ring. Den skal gi en kortfattet, objektiv, bibliografisk beskrivelse av læreboken/læreverket og ikke inneholde kvalitetsvurderinger.

§ 3 Ved vurdering om godkjenning kan gis skal Nasjonalt læremiddelsenter legge til grunn:

- uttalelse fra forlaget om lærebokens pedagogiske utforming
- uttalelse fra Norsk [s]pråkråd uttalelse innhentet av Nasjonalt læremiddelsenter, der læreboken er vurdert i forhold til § 1, og med særlig vekt på:
 - en fagdidaktisk vurdering i forhold til
 - a læreplanens generelle del
 - b mål, lærestoff og hovedmomenter eller hovedemner i læreplan for faget, og sammenhengen mellom generell del og læreplanene
 - likestilling mellom kjønnene

Nasjonalt læremiddelsenters godkjenningsskriv skal også inneholde den godkjente brukerinformasjonen.

Nasjonalt læremiddelsenter kan innenfor rammen av bestemmelsene i kongelig resolusjon om godkjenning av lærebøker gi nærmere retningslinjer for brukerinformasjon. Etter retningslinjer fra departementet kan Nasjonalt læremiddelsenter gjøre unntak fra vanlig godkjenningssprosedyre som beskrevet i første ledd, og iverksette og prøve ut alternative former for lærebokvurdering som kan være egnet til å sikre lærebøkernes kvalitet.

En søknad om godkjenning bør normalt være ferdigbehandlet i løpet av åtte uker.

§ 4 Lærebøker i kristendoms-kunnskap i grunnskolen skal i tillegg til den gransking som er utpekt i § 3, gjennomgås av tre teologisk sakkundige som utpekes av Det teologiske fakultet ved Universitetet, Det teologiske menighetsfakultet og biskopen i Oslo.

§ 5 Den språklige parallellutgaven godkjennes og utgis til samme tid som basisutgaven. Årskull med elevtall over 300 skal ha parallellutgave.

§ 6 Finner Nasjonalt læremiddelsenter at godkjenning ikke kan gis, kan forlaget påklage avgjørelsen til departementet.

§ 7 Godkjenning er knyttet til fastsatt læreplan. Ved ny læreplan eller ved revisjon av læreplan må forlaget sende inn søknad om ny godkjenning dersom ikke boken skal gå ut av bruk.

§ 8 Ved søknad om godkjenning av en ny utgave av læreboken skal en oversikt over endringene vise til den gamle utgaven. Endringene må gis en nærmere faglig og pedagogisk begrunnelse. Forøvrig følges retningslinjene i § 2.

§ 9 Nasjonalt læremiddelsenter utgir årlig en ajourført liste over godkjente lærebøker.

I tillegg har Nasjonalt læremiddelsenter laga nærmere reglar for godkjenning av lærebøker (utsende med brev av 22.10.93). Her finn vi blant anna ein definisjon av fagdidaktikk til praktisk bruk i granskingsarbeidet, og det er spesifisert kva lærebokgranskarane til senteret skal leggje vekt på når dei vurderer læreboka ut frå læreplanane.

Etter paragraf 4 i godkjenningssforskrifta skal lærebøker i kristendoms-kunnskap granskast fagleg av tre teologisk sakkundige. I samband med grunnskulereforma av 1997 kom det til to nye fag: natur- og miljøfag og kunst og handverk. Nasjonalt læremiddelsenter har vedteke at lærebøker i desse faga skal granskast fagleg før dei kan godkjennast. Det gamle kristendoms-faget vart lagt om og heiter no kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering. Bøker i dette faget skal også granskast av representantar for dei store verdsreligionane og livssynshumanismen. Det har hendt at opptil elleve sakkundige har måtta granske bøker i dette faget i samband med godkjenningssprosessen.

1.2.5 Seinare vurderingar

Revisjonen av godkjenningsordninga frå 1993 kom ni år etter den førre store revisjonen. Likevel er ordninga stadig vorten kritisert på nytt. Eit utval som såg på vilkåra for yringsfridommen i Noreg, la i 1994 fram ein rapport for kulturministeren med tittelen *Nye trusler mot yringsfriheten i Norden – diagnose og forslag*. Her heiter det blant anna:

Konkret kunne Utvalget tenke seg å problematisere en særnorsk ordning fra yringsfrihetsperspektiv: kravet om at norske skolebøker skal godkjennes av departementet. Faren for at bøkene blir ulidelig politisk korrekte langs et titall av dimensjoner, presset inn i formen av pedagoger i den gode saks øredøvende tjeneste, er uheldig. Indirekte fremmes her en ensartet holdningsstrøm vi helst så fjernet. Da bedre å risikere at holdninger og perspektiver kommer fram som stritter mot våre reflekser. [– – –] Utvalget ser det som en viktig signalsak nå som den bastante kulturelle homogenitet i Norden er slutt at denne godkjenningsordning fjernes fra departementet.

I 1993 sette regjeringa ned eit offentleg utval som skulle gå igjennom styringsordninga i opplæringssektoren og kome med framlegg til eit nytt og betre lovverk for opplæring. I tilrådinga, NOU 1995: 18 *Ny lovgivning om opplæring*, gjekk utvalet, med visse atterhald frå tre av medlemmene, inn for at godkjenningsordninga ikkje skulle først vidare.

I ei høyringsfråsegn om denne NOU-en strekar Norsk språkråd under at det er heilt nødvendig å granske språket i lærebøkene i samband med godkjenninga som ei kvalitets-sikring for å få rett og godt språk etter bokmåls- og nynorsknorma og ei klar og presis språkføring. Språkrådet går imot det synet at språkgranskinga skulle vere ein fare for yringsfridommen. I Språkrådet skjer det inga einsretting av det språklege særpreget som forfattarane og omsetjarane gjev bøkene.

Regjeringa slutta seg ikkje til framlegget frå utvalet om å avskipe godkjenningsordninga. I Ot.prp. nr. 36 (1996–97) *Om lov om grunnskolen*

og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) er det lagt til grunn at godkjenningsordninga for lærebøker skal først vidare. Som grunngeving seier regjeringa blant anna (s. 80): "Godkjenningsordninga har medverka til fagleg og språkleg kvalitetssikring av lærebøkene. Ein kan også hevde at lærebokgodkjenninga er eit nødvendig middel til å sikre eit likeverdig og godt skoletilbod over heile landet."

Odelstingsproposisjonen kom ikkje opp i Stortinget før stortingsvalet hausten 1997. Sentrumsregjeringa gjorde ikkje endringar i godkjenningsordninga i den nye lovproposisjonen, Ot.prp. nr. 46 (1997–98). I den nye opplæringslova, som tek til å gjelde 1.8.1999, står godkjenningsordninga ved lag, jamfør 1.2.1. Forskrifta for godkjenning kan bli endra.

1.3 Parallellutgåveordninga

1.3.1 Allment

Både Språkrådet og brukarane av nynorske læremiddel har ikkje sjeldan kunna konstatere at forlaga og departementet er usikre på verkeområdet for lovføresegnene om parallellutgåver. På bakgrunn av det fekk Språkrådet i 1993–94 greidd ut saka internt, og vi gjev att hovudinnhaldet i utgreiinga nedanfor.

Med den nye opplæringslova, som gjeld frå skuleåret 1999–2000, kjem det reglar som vonleg er klarare og lettare å praktisere.

1.3.2 Lovføresegner, forskrifter o.a.

Eit krav om at læremiddel i andre fag enn norsk skal liggje føre til same tid og til same pris på bokmål og nynorsk, er lovfest både i lov av 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen og i lov av 21. juni 1974 nr. 55 om videregående opplæring.

Føresegna i paragraf 39 i lov om grunnskolen lyder slik:

§ 39 Lærebøker.

- 1 Lærebøker som blir nytta i skolen, må vere godkjende av departementet. Lærebokverk i andre fag enn norsk må

liggje føre til same tid og til same pris på bokmål og nynorsk. Departementet kan gjere unntak frå denne regel.

- 2 Når det ikkje gjeld lærebokverk i morsmålet, kan foreldra til kvar einskild elev velje om han skal nytte nynorsk- eller bokmålsutgåve.

Føresegna i paragraf 38 i lov om videregående opplæring lyder slik:

§ 38 Lærebøker og andre læremidler.

Staten skal medvirke til å fremme rasjonell produksjon og bruk av læremidler.

Lærebøker og andre læremidler i andre fag enn norsk må foreligge til samme tid og samme pris på bokmål og nynorsk. Departementet kan gjøre unntak fra denne regelen. Stortinget bevilger hvert år en sum til tilskott til utgivelse av lærebøker. Summen fordeles av departementet. Departementet gir nærmere regler om godkjenning av lærebøker.

Med heimel i desse to paragrafane er det gjeve forskrifter (forskrift av 13. januar 1984 nr. 3520 om godkjenning av lærebøker). I forskriftene er det ei føresegn om parallellutgåver:

- § 5 Den språklige parallellutgaven godkjennes og utgis til samme tid som basisutgaven. Årskull med elevtall over 300 skal ha parallellutgåve.

Kravet om parallellutgåver er ikkje knytt til godkjenningskravet (sjå 1.3.8 nedanfor), men meininga er nok at andre punktum i den siterte paragraf 5 i forskriftene skal vere eit allment unntak frå parallellutgåvekravet for årskull med elevtal under 300. Talet på 300 knyter seg til heile årskullet, ikkje berre til elevar som ønskjer den eine målforma, og som derfor treng parallellutgåva (om bakgrunnen for talet, sjå St.meld. nr. 16 (1977–78) s. 21 og Innst. S. nr. 191 (1977–78) s. 9).

I tillegg til dei reglane som no er nemnde, kjem ordninga med statleg tilskot til lærebøker inn. Etter reglane om tilskot skal lærebøker til

fag eller kurs med færre enn 300 elevar gjevast ut som fellesutgåver med tekst både på bokmål og nynorsk (jamfør omtale i ei utgreiing frå Nasjonalt læremiddelsenter som vart send til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet 5. april 1993).

1.3.3 Bakgrunnen for reglane

Det var i grunnskulelova regelen om læremiddel på begge målformer vart lovfest først. I proposisjonen til grunnskulelova (Ot.prp. nr. 59 (1966–67)) var det ei føresegn om at lærebøker skulle vere godkjende av departementet. Skulestyret skulle fastsetje kva lærebøker som skulle brukast, men når det galdt andre lærebøker enn lærebøker i morsmålet, skulle foreldra til kvar elev avgjere om bokmåls- eller nynorskutgåva skulle brukast.

Kyrkje- og undervisningsnemnda i Stortinget viste til at Vogtkomiteen samrøystes hadde rådd til å lovfeste eit krav om at lærebøker i andre fag enn norsk skulle liggje føre til same tid og til same pris på begge målformer. Departementet hadde i St.meld. nr. 15 (1968–69) ønskt ei nærmare utgreiing om kostnadene før regelen vart lovfest, men stortingsnemnda gjorde framlegg om å lovfeste regelen med ein gong. Om kostnadsspørsmålet uttalte nemnda (Innst. O. XIV (1968–69) s. 49):

Komiteéen er klar over at forslaget har visse økonomiske konsekvenser, uten at en nå har full oversikt over disse. Komiteéen vil understreke at håpet om større forståelse og forsonlighet i språksaken må bygge på vilje til å øve rettferdighet overfor begge språkgrupper, og komiteéen ser kravet om lærebøker på begge målformer i grunnskolen som et rimelig rettferdighetskrav. Ut fra dette kan de forholdsvis begrensede økonomiske konsekvenser ikke veie altfor tungt.

For andre skuleslag enn grunnskulen meinte Vogtkomiteen at det ikkje kunne krevjast parallellutgåver av alle bøker (Innstilling om språksaken (1966) s. 26). Alt i 1974 vart det likevel lovfest eit krav om parallellutgåver i lova om videregående opplæring, og føresegna i lov om vi-

deregående opplæring paragraf 38 har stått uendra sidan den gongen. Departementet hadde tenkt seg at det måtte gjerast mange unntak frå regelen, men i stortingsnemnda vart det presisert at ein måtte setje "strengje grenser for høvet til å gjera slikt unntak" (Ot.prp. nr. 18 (1973–74) s. 89–90, Innst. O. nr. 28 (1973–74) s. 49; jamfør Ot.prp. nr. 29 (1972–73) s. 80–81, Innst. O. nr. 43 (1972–73) s. 249–250).

1.3.4 Retningslinjer for tolkinga

For dei to lovføresegnene om parallellutgåver har ein den spesielle situasjonen at departementet i ei stortingsmelding har gått nærmare inn på lovtolkinga, og at stortingsnemnda òg har kome med sine synspunkt på tolkinga. I St.meld. nr. 16 (1977–78) oppsummerer departementet tolkingsspørsmålet slik (s. 20):

Departementet finner etter dette at begrepe-
ne i grunnskolelovens § 39 og lov om
videregående opplæring § 38 må defineres
slik:

- 1 Lærebøker er trykte læremidler for elev-
bruk som dekker det alt vesentligste av
en godkjent fagplans lærestoff i et fag.
- 2 Lærebokverk er en eller flere lærebøker
for et årskurs og de andre trykte lære-
midler som er nær knyttet til denne/dis-
se, for eksempel øvingsbøker, oppgave-
samlinger og annet nødvendig differen-
sieringsmateriell.
- 3 Andre læremidler er trykte og ikke trykte
læremidler som er knyttet til en lærebok,
lærebøker eller lærebokverk innenfor
samme årskurs og som skal brukes regel-
messig i undervisningen.
- 4 Med lovens bestemmelse om at lære-
bøkene skal foreligge til samme tid
betyr [!] at nynorsk- og bokmålsutgaven
skal foreligge samtidig til salg.

Stortingsnemnda hadde blant anna denne merknaden (Innst. S. nr. 191 (1977–78) s. 9, jamfør òg Innst. S. nr. 154 (1982–83) s. 5):

Komitéen har merkt seg dei synspunkta departementet har gjeve uttrykk for. Komi-

téen vil leggje til at uttrykket "brukes regel-
messig i undervisningen" ikkje må praktise-
rast slik at ein kjem i strid med jamstillings-
prinsippet.

Med formuleringa "læremidler som skal
brukes regelmessig i undervisningen" for-
står komitéen det materiellet som vert utgje-
ve til undervisningsbruk i faget og som ikkje
er tenkt som eit reint sporadisk innslag i un-
dervisninga.

Slike etterfølgjande lovtolkingar frå departe-
ment og stortingsnemnd er ikkje utan vidare av-
gjerande for kva rettar og plikter private har.
Lova kan berre endrast lovvegen. Men ein må
rekne med at synspunkta har vekt når lova skal
tolkast. Særleg bør forvaltninga ta omsyn til sli-
ke retningslinjer så langt det gjeld praktisering
av reglane som ikkje fører til auka plikter eller
færre rettar for private.

Det kan nemnast at det som er sagt i stor-
tingsmeldinga, ikkje kan oppfattast som eit ge-
nerelt unntak frå parallellutgåvekravet for alt
tilfang som fell utanom "definisjonane".

1.3.5 Parallellutgåver og fellesutgåver

Både i paragraf 39 i lov om grunnskolen og pa-
ragraf 38 i lov om videregående opplæring er
det tale om at tilfanget skal liggje føre på både
bokmål og nynorsk. På bakgrunn av forarbeida
må ein utan tvil oppfatte dette slik at det gjeld
eit krav om parallellutgåver, det vil seie eigne
utgåver for bokmål og for nynorsk. I samband
med støtteordninga har departementet godteke
fellesutgåver (utgåver med minst 40 prosent
tekst på kvar målform), men dette byggjer på
unntak frå det lovfeste kravet om parallellutgå-
ver.

Vil ein gjere fellesutgåver til hovudregelen og
parallellutgåver til unntaket, må lova endrast.

1.3.6 Kven rettar føresegnene seg til?

Føresegnene i paragraf 39 i lov om grunnskolen
og paragraf 38 i lov om videregående opplæring
set krav til læremiddel som skal brukast i dei
aktuelle skuleslaga. Det kan vere grunn til å seie
litt om kven dette kravet rettar seg til.

Føresegnene kan ikkje oppfatast som forbod mot at det blir gjeve ut bøker og anna tilfang berre på den eine målforma. Det gjeld sjølv om meininga er at bøkene eller tilfanget skal brukast i skulen. Lærebok eller læremiddel blir det ikkje tale om før boka eller tilfanget faktisk er teke i bruk i skulen. Sjølv om ein ville oppfatte føresegnene som påbod retta til forfattarar eller utgjevarar, ville ikkje regelbrot få følgjer for dei (det finst ikkje aktuelle straffeføresegner).

Reglane om parallellutgåver er ikkje knytte til godkjenningsreglane (jamfør 1.3.8). Ein kan derfor ikkje seie at føresegnene i første rekkje er retta til godkjenningsinstansen (sjølv om reglane set rammer for kva som kan godkjennast).

Etter samanhengen må dei to føresegnene om parallellutgåver oppfatast som føresegner om kva læremiddel som kan brukast i dei aktuelle skuleslaga. Dei to lovene set rammer for verksemda i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Gjennom reglane om parallellutgåver, og dessutan gjennom reglar om godkjenning av læremiddel, har lovgjevaren lagt band på bruken av bøker og anna tilfang.

Reint praktisk kan ein vanskeleg tenkje seg at føresegnene kan oppfatast som forbod mot at elevane bruker andre læremiddel enn dei som er tillatne etter lova, men helst må ein kunne krevje at kvar elev minst får eller skaffar seg det som trengst av tillatne læremiddel.

Etter paragraf 39 i lov om grunnskolen var det fram til 1. januar 1994 samarbeidsutvalet ved kvar skule som skulle velje mellom godkjende lærebokverk. Skulestyret skulle gje reglar om utveljinga. Slik lova no lyder (hausten 1998), må det vere kommunen som har avgjerdsmakta, og kommunen må kunne overlata avgjerda til samarbeidsutvalet e.a.

Etter paragraf 9 i lov om vidaregåande opplæring er det skuleutvalet som fastset "ordninga for undervisninga". Om det er skuleutvalet eller andre som skal velje læremiddel, går ikkje klart fram av lova, og vi har ikkje undersøkt nærmare kva som måtte vere fastsett i forskrifter om dette.

Dei to lovføresegnene om parallellutgåver rettar seg dermed til dei organa eller dei personane som vel læremiddel for den einskilde skulen og den einskilde klassen. Ansvaret for at reg-

lane blir følgde, ligg stort sett på kommune og fylkeskommune (for grunnskulen også på Statens utdanningskontor). Vi går ikkje nærmare inn på særreglane for private og statlege skular.

Lovføresegnene rettar seg òg til den einskilde læraren i den grad han eller ho sjølv avgjer kva for lærebøker eller læremiddel som skal brukast. Det viktigaste spørsmålet i den samanhengen er kva slags tilfang som kjem inn under reglane, jamfør 1.3.7.

Vi nemner at lovavdelinga i Justisdepartementet i si tid også meinte at lov om grunnskolen paragraf 39 gjeld skulane, ikkje forlaga (brev datert 8. mars 1979, journalnummer 416/79 E).

Dersom ikkje kravet om parallellutgåver er oppfylt, skal ikkje tilfanget takast i bruk sjølv om ein meiner at det ikkje trengst parallellutgåver ved den aktuelle skulen. I den vidaregåande skulen er det kvar elev som skal kunne velje målform, og i grunnskulen kan foreldra til kvar elev velje mellom bokmåls- og nynorskutgåve i andre fag enn norsk. Denne valretten skal vere reell.

1.3.7 Kva slags tilfang kjem inn under kravet om parallellutgåver?

I paragraf 39 i lov om grunnskolen er det tale om "lærebokverk", mens det står "lærebøker og andre læremidler" i paragraf 38 i lov om vidaregåande opplæring. Uttrykket "lærebokverk" kom inn ved ei endring av paragraf 39 i lov om grunnskolen i 1975, men føremålet ser berre ut til å ha vore å fange opp tilfelle der lærestoffet blir delt på fleire bøker og hefte (jamfør Ot.prp. nr. 64 (1973–74) s. 72 samanhalde med St.meld. nr. 46 (1971–72) s. 48–49, sjå òg St.meld. nr. 16 (1977–78) s. 20).

I St.meld. nr. 16 (1977–78) (jamfør 1.3.4 ovanfor) definerer departementet "lærebøker" som "trykte læremidler for elevbruk som dekkjer det alt vesentligste av en godkjent fagplans lærestoff i et fag". Dette er ei innskrenkande tolking av uttrykket "lærebøker" som etter vårt syn ikkje kan godtakast. Det er ikkje grunnlag i førearbeida for ei slik avgrensing. Det er grunn til å tru at både Vogtkomiteen og kyrkje- og utdanningsnemnda i Stortinget nytta lærebokomgrepet i ei vidare og mindre presis tyding i framlegget til det som vart lov om grunnskolen para-

graf 39. Departementet er da i St.meld. nr. 16 (1977–78) også inne på at det i dei tidlegare forskriftene for godkjenning av lærebøker fanst ein annan definisjon: "Med lære- og lesebøker menes her alle trykte læremidler som elevene regelmessig skal bruke etter undervisningsplanen" (meldinga s. 20). Det er ikkje her tale om at boka skal "dekke det alt vesentligste av en godkjent fagplans lærestoff i et fag".

Det er nok så at uttrykket "lærebok" ikkje lenger er treffande for det samansette læretilfanget som etter kvart er vorte vanleg, men ein kan ikkje utan lovending avgrense kravet om parallellutgåver til eit trangt lærebokomgrep og læremiddel som er nær knytte til slike lærebøker.

På den andre sida har det snauvt nokon gong vore meininga å gjere kravet om parallellutgåver gjeldande for alt tilfang som blir nytta i undervisninga. Regelen passar for eksempel ikkje for aviser, tidsskriftartiklar, brosjyrar o.l. som ein trekkjer inn i undervisninga etter opptak frå elevane eller den einskilde læraren. I ei rimeleg tolking av "lærebøker" eller "læremiddel" (eventuelt "lærebokverk") må ein halde ute slikt som berre er illustrasjonsmateriale, eller som meir tilfeldig blir brukt i eit undervisningsopplegg. Etter vårt syn fangar ein opp det sentrale med den ordlegginga vi finn i Innst. S. nr. 191 (1977–78) s. 9: "det materiellet som vert utgjeve til undervisningsbruk i faget og som ikkje er tenkt som eit reint sporadisk innslag i undervisninga". Dette var sagt i tilknytning til uttrykket "brukes regelmessig i undervisningen", som var med i den definisjonen av læremiddel som departementet gav. Stortingsnemnda kommenterte ikkje direkte vilkåret om tilknytning til lærebøker i faget, men slik vi oppfattar lærebokomgrepet, får ikkje det vilkåret sjølvstendig vekt (det er ikkje grunnlag i lova heller for å krevje ei slik tilknytning).

Det området der kravet om parallellutgåver først og fremst gjeld, blir dermed tilfang som er utgjeve til undervisningsbruk (til skilnad frå illustrasjonsmateriale o.l. som ein trekkjer inn i undervisninga), og som ikkje skal brukast berre sporadisk.

Ut frå føremålet omfattar nok kravet om parallellutgåver berre tilfang som skal nyttast av

eller visast til elevane. Lærarane kan sjølve bruke tilfang som ikkje finst i parallellutgåver. Kopieringsoriginalar kjem inn under kravet til parallellutgåver i og med at kopiane skal delast ut til elevane.

For ordens skuld minner vi om at kravet om parallellutgåver ikkje gjeld læremiddel i norskfaget eller morsmålet. Det hender at same læremiddelet blir nytta i fleire fag. Er ikkje kravet om parallellutgåver oppfylt, kan ikkje læremiddelet takast i bruk i andre fag enn norsk sjølv om det også skal brukast i norsktimane.

1.3.8 Parallellutgåvekravet og godkjenningsordninga

Da regelen om parallellutgåver vart innført i lov om grunnskolen paragraf 39, skilde ein neppe klart mellom godkjenningsordninga og kravet om parallellutgåver. Vogtkomiteen såg godkjenningsordninga og kravet om parallellutgåver i samanheng, og føresegna om parallellutgåver vart teken inn i same paragraf og nummer som føresegna om godkjenning. Ein har nok òg tenkt seg at kravet om parallellutgåver reint praktisk kunne handhevast gjennom godkjenningsordninga.

Det er likevel ingen nødvendig samanheng mellom parallellutgåvekravet og godkjenningsordninga. Det går fram allereie ved at det mindretallet i stortingsnemnda som berre ville ha ei språkleg godkjenning av lærebøkene (Kortner), var med på framlegget om parallellutgåver (Innst. O. XIV (1968–69) s. 49–50). Seinare gjorde departementet framlegg om at godkjenningsordninga skulle takast bort (framlegget fall i Stortinget), men kravet om parallellutgåver skulle bli ståande (Ot.prp. nr. 64 (1973–74) s. 72). Det kan òg visast til merknader i Innst. S. nr. 154 (1982–83) s. 5, der fleirtallet i kyrkje- og undervisningsnemnda sa at "kravet om parallellutgåver når vidare enn kravet om godkjenning".

Heller ikkje ordlyden i lovføresegnene peiker mot nokon nødvendig samanheng mellom parallellutgåvekrav og godkjenning; det går tydelegast fram av lov om videregående opplæring paragraf 38.

Det må vere på det reine at kravet om paral-

lellutgåver gjeld uavhengig av godkjenningsplikta. Ei anna sak er at parallellutgåver må vere eit vilkår for godkjenning dersom det ikkje er gjort unntak frå kravet om parallellutgåver.

1.3.9 Same tid og same pris

For at skulane skal kunne ta tilfanget i bruk i undervisninga, må det liggje føre til same tid og same pris på bokmål og nynorsk.

Det er ikkje alltid like lett for skulane å avgjere om desse krava er oppfylte. Det er likevel mogleg å undersøkje dette så langt det gjeld tilfang som er utgjeve av medlemmer av Den norske Forleggerforening, Bransjeavtalen mellom forleggjarforeininga og bokhandlarforeininga inneber, stort sett, at bokhandlarane har plikt til å selje utgjevne bøker og å selje dei til den prisen forlaget har fastsett.

Bransjeavtalen treng dispensasjon frå pris- og konkurranselovgjevinga, og i 1992 vart dispensasjonen lengd fram til 1. januar 1997. Prisdirektoratet sette likevel vilkår om at fastprisordninga ikkje skulle gjelde skulebøker (jmfør *Pristidende* 1993.19). Det er levert klage på vedtaket til Arbeids- og administrasjonsdepartementet, og klaga var hausten 1998 enno ikkje avgjort.

Så langt vi kan sjå, lèt det seg ikkje gjere å handheve kravet om lik pris fullt ut dersom fastprissystemet fell bort. I grunnskulen kan ein nok setje som vilkår for å kjøpe inn bøker at begge utgåvene kostar det same. Verre er det i den vidaregåande skulen, der elevane sjølve kjøper bøkene. Det er den prisen eleven betaler, som er avgjerande. Men den kan skifte frå bokhandel til bokhandel, og sjølv om forlaget tilbyr begge utgåvene til lik pris, kan ikkje forlaget styre dei rabattane som forhandlaren gjev. I samband med godkjenningsordninga kan ein setje vilkår om lik pris frå forlaget, og det hjelper eit stykke på veg. Held ein fast på at reglane gjeld skulane og lærarane, er det ikkje mykje som kan gjerast for å handheve regelen om lik pris for tilfang som ikkje treng godkjenning.

Skulle lagerføringsplikta etter bransjeavtalen falle bort, er det vanskeleg å seie kva som nærmare ligg i kravet om at tilfanget skal "ligge føre" til same tid og same pris. Helst må ein

krevje at parallellutgåva skal vere nokolunde lett tilgjengeleg; det er ikkje nok at ho finst, dersom dei lokale bokhandlane ikkje tek ho inn og skulen heller ikkje påtek seg å skaffe parallellutgåva til dei elevane som ønskjer det. Skal elevane måtte skrive eller ringje til forlag eller bokhandlar på andre stader for å skaffe boka, er det tvilsamt om ho "ligg føre". Føremålet med regelen støttar ei slik tolking.

1.3.10 Nærmare om handhevinga av reglane

Det går fram av det som er sagt ovanfor, at handhevinga av kravet om parallellutgåver kan by på vanskar. For dei som vel læremiddel i den einskilte skulen eller i den einskilte klassen, er det vanskeleg å ha oversyn over tilgangen på parallellutgåver. Vidare er det vanskeleg for dei ansvarlege i kommune og fylkeskommune å føre tilsyn med at læremiddel som ikkje stettar krava, ikkje blir tekne i bruk i skulane. For allmenta kan det vere vanskeleg å nå fram med krav om at reglane skal følgjast. Offentlege organ skal sjølv mint følgje lover og reglar, men røynsla viser at reglar ofte blir brotne, anten det no kjem av mangel på kunnskap eller manglande vilje til å etterleve reglane. Særleg gjeld det dersom regelbrot ikkje får praktiske følgjer for organ eller tenestemenn. Ønskjer ein at reglane skal følgjast, må ein derfor prøve å finne fram til rutinar og kontroll- og påskjøningsordningar som stimulerer til etterleving.

Den mest effektive handhevinga av kravet om parallellutgåver kan ein få gjennom godkjenningsordninga. Dersom parallellutgåver er eit vilkår for godkjenning, vil utgjevarane i eiga interesse sørgje for at kravet blir oppfylt, og det gjeld uavhengig av støtteordningar. På godkjenningstidspunktet veit ein ikkje om kravet om parallellutgåve til same tid og same pris blir oppfylt, men her går det fint an å praktisere ei ordning med tilbaketrekking av godkjenning til kravet er oppfylt. Ein kan også tenkje seg ordningar der eit forlag ikkje får godkjent nye bøker viss forlaget ikkje har oppfylt skyldnaden til å skaffe parallellutgåve av bøker som er godkjende tidlegare.

Noko liknande gjeld for støtteordninga for læremiddel. Dersom det er gjeve støtte til ei

parallellutgåve eller parallellutgåve er eit vilkår for støtte til ei utgjeving, kan det setjast vilkår om at pengane kan krevjast attende dersom parallellutgåva ikkje ligg føre til same tid og same pris. Støtta er da gjeven på sviktande grunnlag.

Kor strengt ein vil handheve reglane ved hjelp av godkjenningsordninga eller støtteordninga, er eit politisk spørsmål. Noka fullgod handheving kan det likevel ikkje bli tale om, fordi ein i praksis berre kan påverke utgjevarane på dette viset. Ein kan ikkje vere sikker på at dei lokale bokhandlane tek inn parallellutgåvene samtidig og sel dei til same prisen. Og ein kan ikkje på dette viset handheve reglane for læremiddel som ikkje treng godkjenning, eller som ikkje kan få støtte.

Betre informasjon om tilfanget kan gjere det lettare å etterleve reglane om parallellutgåver. Ein kunne tenkje seg at eit sentralt organ med jamne mellomrom laga lister over tilfang som oppfyller kravet om parallellutgåver, eventuelt også over tilfang som det er gjeve dispensasjon for. Ordninga kunne knytast til dei katalogane over læremiddel som kjem ut, men ein måtte sørge for klare og ajourførte opplysningar om parallellutgåver.

Ei ordning med lister måtte òg ta utgangspunkt i kva for tilfang som er tilgjengeleg frå utgjevarane. Ein kunne ikkje kontrollere at tilfanget var tilgjengeleg lokalt; den oppgåva måtte framleis kvile på skulane.

Betre informasjon om reglane kan nok hjelpe på etterlevinga, men her bør ein ikkje ha for store voner.

I visse situasjonar kan ein tenkje seg meir konkret rettleiing. Dersom skuleadministrasjonen blir kjend med undervisningstilfang som blir bode fram utan at kravet om parallellutgåver er oppfylt, kan ein der gå ut og opplyse om at det ikkje er lovleg å ta tilfanget i bruk. Sentrale organ kan òg gje pålegg til skular om tilfang som ikkje kan takast i bruk, eller som skal takast ut av bruk.

Det er mogleg å styrkje kontrollen med etterlevinga. Kvar skule kunne for eksempel kvart år rapportere om kva for læremiddel som er i bruk. Det ville nok ikkje vere råd å kontrollere desse rapportane med tanke på parallellutgåvekravet

utan at det fanst sentrale lister over tilfang som oppfyller kravet. Ein skulle tru at tilfang som det offentlege gjev ut til bruk i undervisninga, eller gjev støtte til, utan vidare kom i parallellutgåver der reglane krev det. Det syner seg at det ikkje er slik. Her møter vi dei meir allmenne spørsmåla om korleis ein skal få til betre etterleving av reglane om bruk av bokmål og nynorsk i det offentlege, og det emnet kan ikkje takast opp her.

1.3.11 Seinare vurderingar

Språkrådet gjorde forlag og departement kjende med dei synspunkta vi her har gjeve att. Det kom ingen direkte reaksjonar, men departementet bad på slutten av 1994 Nasjonalt læremiddelsenter om å

- 1 vurdere kva for praktiske konsekvensar ein bør trekkje av kravet i lovteksten om parallellitet for "andre læremidler"
- 2 lage utkast til kriterium for kva slags undervisningsmaterieell som fell innanfor eller utanfor omgrepet "andre læremidler" i lovteksten

I svaret sitt, frå februar 1995, vurderer Nasjonalt læremiddelsenter omgrepet "regelmessig bruk" og seier om det:

For å avgjøre hva som er regelmessig bruk må læreplanens intensjoner legges til grunn. Dersom intensjonen med læremidlet er å dekke læreplanens mål og hovedmomenter, faller det innenfor kravet om språklig parallellitet. Dette gjelder selv om samme mål og hovedmomenter dekkes av tilhørende lærebok eller andre læremidler.

Læremidler som har som intensjon å supplere, illustrere, utdype eller fokusere på mål og hovedmomenter i læreplanen, men som ikke har som intensjon alene å dekke de samme mål og hovedmomenter, vil falle utenfor kravet om språklig parallellitet. Forlagene får dermed et eget ansvar med å vurdere det konkrete læremidlets intensjon i forhold til læreplanen og dermed også ansvaret for å følge opp rettighetssiden på dette området.

Nasjonalt læremiddelsenter set opp denne lista over kva for "andre læremiddel" som klart kjem inn under parallellitetskravet:

- arbeidsbøker knytte til lærebøker
- oppgavesamlingar knytte til lærebøker
- kopieringsoriginalar knytte til lærebøker
- lærebøker til valfag med nasjonal læreplan
- lærebøker for særskilt tilrettelagd undervisning
- programvarebøker og instruksjonsbøker som er lagde spesielt til rette for skulebruk

Utanfor parallellitetskravet fell lærarrettleingar, kjeldestoff, bakgrunnsstoff, utdrag frå artiklar osv.

Når det gjeld elektroniske læremiddel, meiner Nasjonalt læremiddelsenter at det trengst ei særskild utgreiing, og rår til "at det settes ned et utvalg med mer tid og kapasitet til å gå inn på dette uoversiktlige området".

I eit brev datert 9.9.1994 tok Norsk språkråd opp spørsmålet om målform i dataprogram til undervisningsbruk med departementet. Språkrådet viser her til katalogen *Dataprogram fra førskole til høgskole* frå Nasjonalt læremiddelsenter. Av dei 86 programma i denne katalogen finst 72 berre på bokmål, 1 berre på nynorsk og 13 på begge målformer. Språkrådet hevdar at det burde ha vore språkleg jamstilling i alle desse programma, og viser til St.meld. 16 (1977-78), der departementet drøftar lovkravet om parallellutgjeving og sjølv peiker på at det må gjelde "trykte og ikke trykte læremidler". Språkrådet hevdar òg at desse programma har eit omfang som gjer at dei ikkje kan vere meinte som "sporadiske innslag" i undervisninga. Departementet har ikkje reagert på dette brevet. Situasjonen for elektroniske læremiddel er såleis flytande, men blir truleg avklart i og med den nye opplæringslova og forskriftene til den.

Det har i seinare tid kome mange klager frå brukarar over at ymse læremiddel ikkje ligg føre på nynorsk, og Noregs Mållag tok i 1997 opp saka med Stortingets ombodsmann for forvaltninga.

Sivilombodsmannen gav Mållaget medhald i at nokre læremiddel som berre låg føre på bokmål, kom inn under reglane om parallell utgje-

ving i lov om videregående opplæring. Ombodsmannen viste til at elevane vart oppmoda om å kjøpe desse læremidla, og at dei var skrivne for skulen.

1.3.12 Ny opplæringslov

Det utvalet som skulle lage framlegg til ny opplæringslov, gjekk i NOU 1995: 18 *Ny lovgivning om opplæring* inn for at parallellutgæveordninga bør avgrensast til å gjelde berre for "lærebøker". I ei høyringsfråsegn tok Norsk språkråd avstand frå at elevane skal få eit dårlegare tilbod om læremiddel på si eiga målform enn det dei har no, og kravde at også elektroniske læremiddel må kome inn under parallellordninga. I Ot.prp. nr. 36 (1996-97) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)* heldt regjeringa fast ved framlegget i NOU-en og gjekk inn for at parallellitetskravet berre skal gjelde lærebøker. Mange elevar demonstrerte mot dette framlegget.

Odelstingsproposisjonen kom ikkje opp i Stortinget før stortingsvalet hausten 1997, og den nye regjeringa endra framlegget om parallellutgæver i sin Ot.prp. nr. 46 (1997-98) slik at kravet om parallell utgjeving gjeld både lærebøker og andre læremiddel. Framlegget gjekk uendra inn i den nye opplæringslova som Stortinget vedtok i 1998. I paragraf 9-4 står det i andre-fjerde leddet:

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå regelen.

Departementet gir nærmare forskrifter om kva for læremiddel som er omfatta av kravet i andre leddet.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet bad hausten 1998 Nasjonalt læremiddelsenter setje ned ei arbeidsgruppe til å greie ut spørsmålet om kva for nokre læremiddel i sku-

len som bør kome inn under kravet om parallell utgjeving på begge målformene etter den nye opplæringslova. Arbeidsgruppa skal levere eit framlegg til nye forskrifter, og det skal ut på høyring saman med andre slike framlegg. Lovagjeld frå 1.8.1999.

1.4 Noko om læreboknormalen

1.4.1 Allment

Den store valfridommen i ortografi og bøyning er eit særnorsk fenomen. Den språkhistoriske bakgrunnen kan vi ikkje ta opp i full breidd her. Som kjent har både nynorsk og bokmål ei vid og liberal rettskriving der skuleelevar og dei fleste andre kan velje og vrake og bruke dei formene dei sjølve ønskjer. Eit utval av desse formene utgjer det vi kallar *læreboknormalen*, som er noko enda meir særnorsk. Den må brukast i godkjenningsspliktige lærebøker og i statstenesta. (Også NRK har fastsett at læreboknormalen i nokon mon skal nyttast i sendingane.)

Formene i læreboknormalen kallar vi *hovudformer*, mens dei som ikkje er med i læreboknormalen, går under namnet *sideformer* eller *klammeformer*. I ordlister og ordbøker skil ein desse formene frå hovudformene ved å setje dei i skarpe klammer. I nynorsk blir det for eksempel slik: **flaum** [flom], **fekk** [fikk], i bokmål slik: **flom** [flaum], **fikk** [fek]. Også innanfor læreboknormalen er det mykje valfridom. Vi taler da om *jamstilte* (eller *sidestilte*) hovudformer, på nynorsk for eksempel **aleine** eller **åleine**, på bokmål: **aleine** el. **alene**.

Systemet med ein læreboknormal innanfor rettskrivinga er eit kompromiss mellom eit ønske om ein relativt fast og samlande normal og ei liberal haldning til avvik og variasjon. Om det fungerer godt i praksis, er det ulike syn på, og dette skal vi ikkje gå særleg inn på her. For dei som innførte systemet, var det ei nødløysing: Sideformene hadde ein slags ventelistestatus. Dels var det tradisjonelle former som ein tenkte snart kunne gå ut av rettskrivinga, dels var det nyare samformer som var påtenkte som hovudformer, helst eineformer, i ein framtidig samnorsk. Sjølv om samnorskpolitikken etter bokmålsrevisjonen i 1981 ikkje lenger er aktuell, er

det framleis somme som er for eit system med stor valfridom og ein noko strammare læreboknormal. Høvet til å skrive dialektnært – men utan stor risiko for full normoppløysing – er hovudargumentet for dei.

1.4.2 Korleis oppstod systemet med læreboknormal?

Valfridommen i norsk går attende til 1894 og har utgangspunkt i Nordahl Rolfsens lesebok, som kom ut for første gong to år før det. I den boka var det brukt ein del særnorske skrivemåtar, for eksempel **kryp**, **stryk**, **rope**, **deres** (for høvesvis **kryb**, **stryg**, **raabe**, **eders**), som departementet no autoriserte til valfri bruk. Rettskrivingsreforma i 1907 (som galdt berre for riksmål) førte denne utviklingslinja vidare.

I skulen opplevde dei straks valfridommen som eit problem, og alt i 1907 vart det laga ei trongare norm for lærebøkene (men ordet "læreboknormal" vart ikkje brukt). I forordet til Aars og Hofgaards *Norske rettskrivningsregler* frå 1907 heiter det: "Som bekjendt stiller den nye rettskriving i flere tilfælde valget frit mellem to skrivemaater som begge er anset for at ha hjemmel i den 'landsgyldige uttale'. For at fremme størst mulig enhet i skolernes undervisning, er en komité for Kristiania folkeskoler og høiere almenskoler samt en stor del skolebokforfattere blit enige om en bestemt skrivemaate."

I 1910 gjorde styresmaktene nokre endringar i landsmålet. Dei nye formene vart valfrie, men det vart sagt klart ifrå om at dei ikkje skulle nyttast i lærebøker. I vår tids terminologi var dei såleis sideformer. Den viktigaste endringa var at det vart tillate med ubunden form på **-e** i linne hokjønnsord (**ei gryte** eller **ei gryta**), **e**-bøyning i staden for **a**-bøyning av verb på **-ere** (for eksempel **regjerte**) og fleirtalsendingane **-ane**, **-ene** og **-one** ved sida av **-arne**, **-erne** og **-orne**.

Rettskrivinga av 1917 galdt begge målformer. No utvida ein valfridommen jamført med den som hadde vore etter 1907. I 1918 sette "Fagbokforfatternes forening" ned eit utval som skulle sjå på kva for valfrie former frå 1917-rettskrivinga ein skulle innføre i lærebøkene på riksmål. Framlegget frå utvalet kom på trykk med tittelen *Den nye rettskriving i lærebøkene*. For

landsmål kom det ei liknande rettleiing for valet av former til lærebøkene. Den nemnda som arbeidde ut norma for landsmålet, var nedsett av Kyrkjedepartementet. Det er uklart kor langt desse rettleiingane vart følgde i praksis.

1.4.3 Frå 1917 til 1959

Trass i innskrenkingane når det galdt lærebøker, førte den store valfridommen i 1917-rettskrivinga til at ein innanfor kvar av målformene laga parallellutgåver av lærebøker med radikale eller tradisjonelle ("moderate") former. Dette skjedde i ikkje liten grad, men vart rekna som eit problem. Samtidig ønskte styresmaktene å føre tilnæringslinja vidare med sikte på å kome fram til ei felles norsk språkform. I 1934 sette dei difor ned ei nemnd som skulle kome med framlegg om

- ei tilnærming mellom målformene "på norsk folkemålsgrunn"
- ei avgrensing av "den store mengdi av dobbelformer [- - -] som no finst i bae måli"

Nemnda kom med *Tilråding om ny rettskrivning* i 1935 og ei *Tilleggstilråding om ny rettskrivning* året etter. Ho hadde ikkje klart å redusere talet på valfrie former nemneverdig, så det siste punktet i mandatet var ikkje oppfylt. Når det galdt spørsmålet om særskilde lærebokformer, tok rettskrivningsnemnda dette standpunktet (*Tilråding* s. 4): "Endelig er det en forutsetning fra vår side at alle dobbeltformer skal være like gode, slik at ikke somme av dem skal settes i en klasse for sig og gi grunnlag for en særskilt 'læreboksnormal'." Departementet var usamd med nemnda i dette. I *Ny rettskrivning 1938. Reglar og ordliste* skil departementet mellom hovud- og sideformer. Dei siste står i skarpe klammer og kan nyttast i skriftlege arbeid i skulen, men ikkje som lærebokformer.

Den læreboknormalen som dermed var etablert, var likevel svært vid. Særleg i bokmål var det så mange jamstilte former til lærebøkene fekk ei nokså ueinsarta språkform. Frå Den norske Forleggerforening kom det derfor eit ønske om å få fastare reglar for språket i lærebøker. Departementet sette i 1939 ned eit utval til å kome med framlegg til "rettleiing for valg av

skolebokformer i bokmålet". Det vart ikkje gjeve noko liknande oppdrag for nynorsk, for der var valfridommen mindre.

Utvalet kom med ei tilråding berre ti dagar etter oppnemninga, men hadde berre behandla ein del av dobbelformene. Utvalet rådde til å gjere visse former til "normalformer" (det vil seie hovudformer) i lærebøkene. I brev til Forleggerforeningen godkjende departementet framlegget "som rettleiing i bruken av den nye bokmålsrettskrivningen i lærebøker", men streka i tillegg under "at lærebøkene må tjene det som er grunn tanken i den nye rettskrivningen: en utjamning av skillet mellom de to mål, og at de derfor, så langt råd er, gjennomfører samformene".

I praksis kom "rettleiinga" frå det departementale utvalet til å få lite å seie. Det vart nemleg til at lærebøkene for folkeskulen for det meste – i tråd med hovudretningslinja frå departementet – gjennomførte fleire samformer enn det som utvalet hadde tilrådd. Denne utviklinga vart sterkt framskuva av eit vedtak i Oslo skulestyre i 1939 om å føretrekkje lærebøker med "fellesformer". Lærebøkene for den høgare skulen følgde jamt over ei meir konservativ linje.

I 1948 sette departementet ned eit nytt sakkunnig utval til å kome med framlegg til ein "fast læreboknormal for begge målformer". Departementet fann det uheldig at dei mange dobbelformene frå 1938 gav grunnlag for krav om å få godkjent parallellutgåver av lærebøker, ei "radikal" og ei "moderat", innanfor same målforma. Utvalet kom med eit framlegg seinare same året, men det vart aldri sett ut i livet. Departementet utsette saka fordi det på den tida hadde teke til å arbeide med planar om å skipe eit fast rådgjevande organ i språkspørsmål. I 1950 la departementet fram ein stortingsproposisjon om skiping av Norsk språknemnd, og Stortinget fastsette vedtekter for organet i slutten av 1951. Språknemnda kom i arbeid frå 1952 og fekk straks i oppdrag av departementet "å utarbeide en læreboknormal snarest råd er".

Arbeidet tok fem år. Departementet fekk eit framlegg til læreboknormal i 1957, og Stortinget behandla det året etter. Det vart vedteke å leggje framlegget til grunn for ein normal, med dei endringane som departementet i samråd med Språknemnda fann å måtte gjere ut frå stor-

tingsbehandlninga. Den endelege innstillinga om ny læreboknormal gjekk til departementet i 1959 og vart godkjend ved kongeleg resolusjon same året. Deretter kom reglane med ordlister på trykk under tittelen *Ny læreboknormal 1959*.

Læreboknormalen av 1959 er noko meir enn ein læreboknormal på grunnlag av 1938-rettskrivinga. Ein del rettskrivingsformer frå 1938 vart nemleg strokne, og nokre nye former kom til. Den gjensidige tilnæringslinja frå før krigen fekk no eit grunnskot i og med at ein ikkje gjekk vidare og førte bokmålet enda nærmare nynorsk, men heller reverserte utviklinga noko. Derimot kom det ein heil del nye tilnæringsformer i nynorsk, slik at vi alt i alt kan seie at læreboknormalen førte målformene eit lite steg nærmare kvarandre. Seinreaksjonane på 1938-rettskrivinga hadde skremt bokmålsmedlemene i Språknemnda, særleg galdt det misnøya i byane med det radikale språket i lærebøkene. Den nye læreboknormalen bar ikkje i seg nokon nemnande reduksjon i talet på valfrie former – i nynorsk vart det vel meir ein auke.

Det kan verke rart at læreboknormalen vart så vid, når vi tenkjer på den innsatsen departementet, forlagsbransjen og skulefolk alt sidan 1930-åra hadde gjort for å få ein stram normal. Behovet for ein slik normal kom òg sterkt til uttrykk på departementshald da Stortinget drøfta framlegget til læreboknormal frå 1957.

Statsråd Birger Bergersen hevda i debatten blant anna: "Skulle lærebøkene være like språklig uensartet som litteratur, tidsskrifter og aviser er det, ville det føre til en fullstendig forvirring hos elevene, både med omsyn til rettskrivning og til stil." Seinare i same innlegget sa han: "Skolenes lærebøker deltar selvsagt i den forming av elevens språkvaner [– –] som foregår i barne- og ungdomstiden, og som skolen skal lede. Av pedagogiske grunner er det derfor helt nødvendig at språket i lærebøkene bygger på et – om mulig – ensartet grunnlag. Å gi våre lærebokforfattere den samme språklige frihet som våre skjønnlitterære forfattere har, ville [– –] skape kaos i morsmålsopplæringen."

Det var vona om ei framtidig tilnærming mellom målformene som gjorde at departementet kunne godta dei mange dobbelformene, men statsråden streka under at dei var "en meget stor ulempe" sett frå eit skulesynspunkt.

1.4.4 Norsk språkråd kjem inn i biletet

Tilnæringspolitikken hadde ført til ein språkstrid som etter kvart vart utoleleg for styresmaktene. I 1964 sette dei ned ein komité som skulle "vurdere språksituasjonen og i tilfelle koma med framlegg til lovreglar og andre tiltak som kan tene til å samle krefter om å verne og utvikle norsk språk". Komiteen fekk namnet Vogtkomiteen etter formannen.

I si *Innstilling om språksaken* frå 1966 gjekk komiteen inn for ei rad med tiltak for å dempe språkstriden, blant anna at ein skulle gje ut abber, grammatikkar og andre øvingsbøker i norskfaget med både radikale og moderate former (dette vart det aldri noko av). Som resultat av arbeidet til Vogtkomiteen og behandlinga i departementet og Stortinget etterpå vart Norsk språknemnd lagd ned. I staden skipa Stortinget ved lov av 18. juni 1971 Norsk språkråd. Språkrådet hadde ein vidare føremålsparagraf enn Språknemnda og kunne derfor få tilslutnad frå alle fløyer i språkstriden.

Språkrådet kom i arbeid frå 1972, og bokmålsseksjonen i rådet vedtok straks å setje ned eit særutval som skulle vurdere ei liberalisering av rettskrivingsreglane i bokmål. I første omgang førte det til ei liberalisering for elevane. Dei skulle ikkje lenger få feil for å bruke endinga **-en** i hokjønnsord, **-ene** i inkjekjønnsord og **-et** i fortid av linne verb i ord der desse endingane hadde eit tradisjonelt språkleg grunnlag (jåmfør rundskriv F-138/73 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet).

I 1976 gjekk Språkrådet inn for at det framleis skulle vere eit skilje mellom ei vidare rettskriving og ein trongare læreboknormal i begge målformene. I 1979 avslutta rådet arbeidet med bokmålsrettskrivinga og sende saka over til departementet.

Framlegga frå Språkrådet gjekk ut på at mange tradisjonelle riksmålsformer som hadde vore utestengde frå anten læreboknormalen eller heile rettskrivinga, skulle kome inn att på det eine eller andre nivået. Men det vart ikkje foreslege nokon reduksjon av dei radikale formene. For læreboknormalen innebar dette at det for mest alle inkjekjønnsord vart valfritt med **-a** eller **-ene** i bunde fleirtal, at dei fleste hokjønnsorda fekk valfritt **-a** eller **-en** i bunden form eintal, og at det i preteritum av linne verb vart jam-

stilling mellom **-a** og **-et** der berre ei av desse endingane før hadde vore tillaten. Bøying med **-a** eller **-et** kom også inn ved ein del verb som før hadde **-de** eller **-te**. Dessutan vart det gjort endringar i mange einskildord, for eksempel slik at **aure** [ørret] vart endra til **aure** eller **ørret** og **bjørk** til **bjørk** eller **bjerk**.

Stortinget fekk framlegga i St.meld. nr. 100 (1980–81) *Endringer i rettskrivningen og læreboknormalen for bokmål*. Departementet gjekk i si vurdering ikkje imot nokon av framlegga frå Språkrådet, men var skeptisk til å utvide læreboknormalen (s. 10):

Forslaget fra Norsk språkråd innebærer en betydelig utvidelse av rammen for læreboknormalen for bokmål, med et mye større antall jamstilte lærebokformer. Departementet er i tvil om dette er en heldig utvikling, og hadde helst sett at utvidelsen innenfor læreboknormalen hadde vært gjort mindre omfattende. Det hadde kanskje vært en bedre løsning at enkelte av de nye formene bare hadde fått plass i rettskrivningen, ikke i læreboknormalen.

Språkrådet vart oppmoda om å prøve å redusere talet på jamstilte former i læreboknormalen ved seinare rettskrivingsendringar.

Departementet slutta seg altså til alle framlegga frå Språkrådet, og det same gjorde Stortinget i 1981.

1.4.5 Mot ein trongare læreboknormal?

Oppmodinga om å stramme inn læreboknormalen har ikkje gjeve nemnande konkrete resultat til no. Tvert imot har Språkrådet gjennom årlege (frå 1988: fireårlege) vedtak i einskildsaker heller gjort valfridommen enda større i begge målformene. Dette gjeld for eksempel eit omstridd vedtak frå 1995 om å tillate valfri norvagisert skrivemåte av ein del lånord, for eksempel **service** eller **sørvis**.

Likevel ser det no ut til at situasjonen held på å endre seg. Fagnemnda i Språkrådet arbeider med normeringsspørsmål ut frå retningslinjer som kan føre til store endringar, men prinsippa er ulike for dei to målformene. Resultatet av ar-

beidet i fagnemnda skal leggjast fram på årsmøtet i år 2000; eventuelle vedtak kan ikkje gjerast før det.

Når det gjeld bokmål, går arbeidet ut på å ta ut av normalen såkalla lite brukte former, det vil i stor grad seie tilnæringsformer – både hovudformer og sideformer, slik at ein for eksempel endrar **glass** eller **glas** til **glass**. Det kan gjere at talet på sideformer blir så redusert at grunnlaget for å halde på eit skilje mellom to nivå i dei ortografiske reglane vil falle bort. Når det gjeld nynorsk, arbeider fagnemnda etter andre retningslinjer. I februar 1997 vedtok Språkrådet særskilde prinsipp for normering av nynorsk. I prinsippa heiter det blant anna:

- 1 Nynorsknorma skal ha ein trong læreboknormal, men ei rettskriving med stor valfridom.
- 2 Det skal ikkje vere valfridom innanfor læreboknormalen utanom på dei mest sentrale punkta der det er både skrifttradisjon for valfridom og svært god talemålsdekning for to hovudformer.
- 3 Innanfor rettskrivinga kan ein opne for utbreidde talemålsformer. [– – –]

Ut frå desse prinsippa arbeider fagnemnda for tida med å stramme inn læreboknormalen. Til årsmøtet i år 2000 kjem det venteleg omfattande framlegg om at former som no ligg innanfor læreboknormalen, går over til å få sideformstatus.

Lærebokgranskarar må vere vakne og setje seg nøye inn i alle endringar som blir gjorde.

Kapittel 2

Konsulenten og lærebokforfatteren

2.1 Konsulentens holdning til forfatteren

2.1.1 Språkkonsulentens plass i prosessen med boka

Hvordan oppstår ideen om å skrive en lærebok, og hvem setter prosjektet i verk? Før var det temmelig vanlig at en forfatter som hadde lyst til å skrive en lærebok i faget sitt, satte seg ned og skrev den og deretter sendte den til ett eller flere forlag, slik romanforfattere gjør når de debuterer. I dag er dette mindre vanlig, sjøl om det ennå skjer.

Som regel er forfattere engasjert av forlagene for å skrive en bok, etter at de har presentert et opplegg og kanskje levert noen prøvesider. Det er også svært vanlig at læreboka er skrevet av flere forfattere sammen, slik at hver av dem har skrevet sin del. Da ville en kanskje tro at alle leste alles deler før boka ble sendt inn ferdig, men det virker ikke alltid slik. Kanskje har de bare tenkt på innholdet, ikke på språket, da de leste. Det kan være stor forskjell på språket fra kapittel til kapittel.

Forlagene henvender seg til forfattere som de har grunn til å tro både er dyktige fagfolk og kan skrive godt. Slike er det ikke særlig mange av. Det er mange som kan faget sitt ut og inn og kan undervise bra i det muntlig, men som ikke kan skrive enkelt og forståelig og tilpasse framstillingsformen til elevtrinnet, undervisningsplanen og timetallet på en pedagogisk måte. Likevel er det en del lærebokforfattere blant disse også. En hel del fag, særlig på de yrkesfaglige studieretningene i den videregående skolen, er så små at det ikke er mange å velge blant. Slike forfattere trenger gjerne mye hjelp. Det er nok ingen overdrivelse å si at forlagsredaktører ofte skriver om store deler av en lærebok.

Før forlaget sender boka til en språkkonsulent eller til Norsk språkråd, har den som regel vært vurdert faglig. I første omgang skjer det i forlaget, der den som er forlagsredaktør for

boka, gjerne er en som sjøl kjenner faget godt og ofte har undervisningserfaring i det. Mange feil blir luket ut her. I neste omgang går boka til en eller flere fagkonsulenter. Hva de gjør med den, varierer mye. Ideelt bør de lese den så grundig at de kan gå god for

- at alt som står i boka, er riktig
- at alt som er viktig, er kommet med
- at mindre viktig stoff er strøket
- at boka er passe stor i forhold til timetallet for faget
- at kravene i undervisningsplanen er dekt
- at framstillingen er forståelig og tilpasset dem som skal bruke boka

I praksis er det ikke alltid slik. Det kan hende at fagkonsulenten har tatt et raskt overblikk og funnet ut at helhetsinntrykket er brukbart. Eller konsulenten lager generelle merknader som "Framstillingen er på enkelte steder noe innfløkt" eller skriver merknader i marginen av manus: "Uklart?", "Stemmer dette?", "Bør skrives om!" osv. og overlater til andre å gjøre det praktiske. Det er heller ikke ukjent at alle som er tenkelige konsulenter i et lite fag, er kollegaer og gode venner og helst skal fortsette å være det; sjøl om konsulenten er anonym, kan det være lett å se hvem det er. Det taler for å uttrykke seg forsiktig.

Som språkkonsulenter kommer vi som regel inn på et nokså seint tidspunkt. Ofte er dette uheldig, siden mange bøker blir produsert under stort hastverk fordi de helst skal være å få når skoleåret begynner. Vi må altså arbeide under press. Det er språk og språkføring som er vår oppgave, men vi slipper ikke alltid unna å vurdere innholdet heller.

2.1.2 Hva tåler forfatteren?

Språket er en del av menneskers personlighet. Den som snakker eller skriver i så pass voksen alder at vedkommende er blitt lærebokforfatter,

tenker seg ikke annet enn at han eller hun kan norsk. Forfatteren leverer sitt åndsverk og regner med at det er bra. Kommer manuset tilbake fullt av rettinger, er det en kalddusj, som å stryke til eksamen. En naturlig reaksjon er da å sette et spørsmålstegn ved den språklige ekspertisen hos den som har satt fullt av spørsmålstegn ved ens egen ekspertise.

Dette må vi ta hensyn til som språkkonsulenter. Det bør gå klart fram, og ikke være tvilsomt, at språkkonsulentens eneste hensikt med rettingene er å bidra til at produktet blir best mulig. Det er enkelte ting en særlig kan tenke på for at det skal bli slik:

- Vær klar til å gi en språklig begrunnelse av alle rettinger du gjør. Som fersk konsulent bør du formulere begrunnelsen for deg sjøl. Kan den gå i glemmeboka, så skriv den ned. Når du blir mer vant med arbeidet, går mye av rettingen automatisk fordi du har begrunnelsen i bunnen av det du gjør, og trenger ikke å tenke på den hver gang. Men du kan lett hente den fram hvis noen spør hva du mente med å rette noe (for eksempel ordstillingen det er i dag... til i dag er det...)
- En språklig begrunnelse er ikke å si at noe er bedre enn noe annet. Du skal si hvorfor, og det må ofte dokumenteres med grammatikk og ordbok eller ordliste.
- Du har sikkert andre språkvaner enn forfatteren, men vitsen med rettingen er ikke å sette dine vaner i stedet for hans eller hennes. Du skal rette bare når ditt syn kan begrunnes språklig. Det kan for eksempel ha å gjøre med forståelighet eller med at noe virker foreldet i dag. Hvis forfatteren av en kontorlære nevner Det vises til gitte opplysninger i brev av 1.4. som eksempel på godt forretningsspråk, er det gammeldags, dårlig grammatikk (uheldig plassering av partisippet, jamfør 6.3.5.5) og dertil flertydig fordi det er upersonlig: Hvem er det som "viser" – avsenderen? Eller er det kanskje en forskrift e.l. som opptrer et annet sted i teksten?
- Rett så "billig" som mulig. Rett det som vitte-terlig trenger å rettes, men gå ikke på jakt etter tvilstilfeller der fordelene ved rettingen er usikker.

- Språket griper inn i innholdet. Du kan ofte se at noe må rettes, men det er usikkert hvordan det skal gjøres. Det finnes kanskje to mulige måter, men meningen blir ikke den samme med begge. Om det står komma eller ikke, kan være nok: lyset(.) som slepp igjennom molekylstrukturen... Med komma står det her noe om alt lys. Uten komma står det om det lyset som slipper igjennom. Hva som er ment, kan konsulentene bare spørre om, og den som må spørres, er forfatteren eller en fagkyndig i forlaget.

Vi bør skrive merknader om slike ting og samle dem i en egen liste som vi legger ved boka når den sendes tilbake. Vi kan også innarbeide dem i et brev til Språkrådet.

Erfaringen er at forfattere oftest er takknemlige når vi peker på uklare og tvilsomme detaljer, sjøl om det kan svi litt å bli konfrontert med dem. Språkkonsulentene arbeider på vegne av dem som skal bruke boka, men tjener dermed også forfatterens interesser. Klarer vi å få fram at hensikten er å gjøre boka så god som mulig, er det nærmest forbausende hvor mye forfattere flest finner seg i. Det kan gå årevis uten at man blir skjelt ut, men hvis det skjer, må vi ta det filosofisk og innse at det er en naturlig menneskelig reaksjon. Om ikke annet vet de fleste forfattere at "så godt som mulig" også betyr "så salgbart som mulig". Lærebokforfattere håper på økonomisk gevinst, og konkurransen er hard.

Tonen i merknadene våre spiller her en viktig rolle.

2.1.3 Om å oppdra forfatteren

Det er til stor nytte for forfatteren å få vite ikke bare at noe er feil, men hvorfor det er feil. Da er det lettere å unngå feilen en annen gang enn om forfatteren bare har sett en retting. Har vi rettet vis resultatet til faglærer til vis resultatet til faglæreren, ser forfatteren bare forskjellen på ubestemt og bestemt form. Hvis vi i tillegg forklarer at det gjelder uheldig bruk av "naken form" (se 6.2.2), og at når det er tale om én bestemt, bør det uttrykkes i bestemt form, har vi langt bedre håp om at forfatteren merker seg rettingen og tar hensyn til den for framtiden.

Det er grenser for hvor mye vi kan gjøre av dette. Vi kan ikke gjennomgå hele settet av komma-regler for en forfatter som gjør mange komma-feil (men vi kan iblant kopiere opp de viktigste av dem og legge ved). Vurder hvor viktig det er at forfatteren kan kvitte seg med feilen. Detaljer som gjelder klarhet og entydighet, hører til det vi bør gjøre oppmerksom på.

Et enkelt eksempel: Forfatteren skriver stadig figur 00 viser eksempel på Konsulenten har et manus uten figurer, og kan da ikke vite om det er ment "viser et eksempel" eller viser "eksempler", og skriver kanskje sjøl: "Skriv slik at det blir forskjell på ett og flere."

Et redigeringseksempel: En skal ikke la en overskrift være begynnelsen på en setning som teksten fortsetter med. Hvis forfatteren gjør det, trenger både han eller hun og forlagsredaktøren (som skulle visst det) å få vite det. Feil er altså:

Utskriftsbehandling

Styrer alle utskriftsanmodninger ...

Riktig er:

Utskriftsbehandling

Utskriftsbehandling styrer alle utskriftsanmodninger ...

Det er sjølsagt at alle merknader til forfatter eller forlag blir holdt i en hyggelig tone. Det kan være fristende å kalle noe ordentlig tøys "noe ordentlig tøys", men vi bør ikke gjøre det. Hvis vi i stedet for "Uff!" "Fy!", "Elendig språk" og dobbelte utropstegn eller spørsmålstegn i marginen bruker vendinger som "Du bør ..." og "Her kan du kanskje ...", blir forfatteren lettere åpen for innvendingene. Det går også an å legge ved et lite brev der vi holder en konstruktiv tone.

2.1.4 Verken for mye eller for lite

Vi skal ideelt sett sørge for at alle feil i manuset lukes ut. Dette må vi være nøye med, og det kreves et skarpt øye, oppøvd gjennom erfaring, for å få med seg feilene. Det innebærer naturligvis også at vi må kjenne reglene og ikke sjøl rette feilaktig; forfatteren skal kunne stole på oss (det samme skal forlaget og Norsk språkråd kunne

gjøre). Og ved å utnytte de nye elektroniske mediene har vi faktisk håp om å kunne levere fra oss et prikkfritt manus.

Det er også vår oppgave å vurdere og forbedre språket på nivåer som syntaks og tekstbinding. Dette er et krevende prosjekt, som i praksis gjerne begrenser seg sjøl. Men det kan være grunn til å minne om at man heller ikke skal gå for langt, med for mange inngrep i manus, på disse nivåene. Vi må ikke irritere folk med unødige pirk og skal ikke skrive boka om. Vi må passe oss så vi ikke gripes av "rettesuggesjon". Også prinsippet "Det som ikkje er hakkande gale, bør ofte berre få stå" (framsatt av en frustrert lærebokoversetter) uttrykker et viktig moment.

Her som ellers gjelder det altså å finne den rette balansen.

2.2 Hvorfor og hvordan retter vi?

nemnd, ikke ***nevnd**

strebe (= hige) må ikke forveksles med **streve** (= slite)

torg, ikke ***torv**

ø-feller

røyk, **røyke** (også i bøyingsformer og avledninger), [**røke**], [**røker**] osv. er sideformer

å-feller

hard, ikke ***hård**; men **hård-** er tillatt ved siden av **hard-** i sammensetningene **hard-** eller **hårdhjerta** eller **-hjetet**, **hard-** eller **hårdnakka** eller **-nakk**

4.2 Bøying

4.2.1 Allment om bøying i norsk

Vi strekar under at framstillinga også her gjeld *hovudformer*, ikkje sideformer. Ho er ikkje fullstendig. Det er nødvendig å nytte oppslagsverk flittig, og lesaren må sjå omtalen av valfridom og av bøyingsfeller i samanheng.

Dei to målformene har kvar sine bøyingsssystem. Difor er det ikkje så mykje stoff som ligg til rette for ein allmenn omtale av felles problem. Vi skal likevel ta opp ein del punkt.

Generelt er det mange valfrie bøyingsformer på begge målformene. Der reglane tillèt valfri bøying av eit ord, skal vi som regel krevje at for-

fattaren bøyer ordet likt heile vegen, jamfør kra-va til ortografisk konsekvens. Eit spørsmål er om vi bør krevje konsekvens også i bøyinga av heile grupper av ord. Eit anna er om vi skal fremje bestemte former når vi jamnar ut vaking, for eksempel skjegle til bestemte tradisjonar innanfor den eine eller andre målforma (jamfør 2.2.5).

Meir konkret kan vi spørje slik: Skal vi behandle alle ord som endar på attkjennelege ord-delar, likt? Skal vi jamne ut valfri bøying når forfattaren nyttar formene om kvarandre, men kanskje konsekvent for kvart ord? I inkjekjønn på bokmål kan det for eksempel vere **fastøyer**, men **kjøretøy**, **selskap**, men **regnskaper**, **universitet**, men **fakulteter**, **departement**, men **evenement**. Skal vi krevje at dei nynorske verba **høyre** eller **høre** og **køyre** eller **kjøre** begge får ei form med eller utan diftong og same bøyinga? Skal vi krevje konsekvens for nokre ordgrupper i nokre ordklassar, men ikkje for andre i dei same eller andre klassar? Korleis skal fordelinga vere? Desse spørsmåla tek vi opp nedanfor.

Skal vi prioritere visse former framfor andre når vi vel former som vi vil jamne ut til? Det beste er ofte å følgje det kronologiprinsippet eller mengdeprinsippet som er nemnt i samband med utjamning av ortografisk veksling. I bøyingsverket er ordgruppene talrike og ofte små, og konsekvensrettinga rekk ikkje så langt da. Det er dessutan ulike omsyn å ta. Vi viser til den vidare framstillinga.

4.2.1.1 Substantiv

Valfridom og konsekvensretting

Valfridom kan vi ha både når det gjeld grammatisk kjønn og bøying i eintal og fleirtal.

Det hender at det same ordet har tre kjønn på begge målformene; slik er det med **vis** ("måte"). Men oftast er det anten hankjønn og hokjønn, hankjønn og inkjekjønn eller hokjønn og inkjekjønn ein har å velje mellom. Dette skiftar frå ordgruppe til ordgruppe og til dels frå målform til målform. På bokmål har hokjønnsord nesten alltid også valfritt hankjønn, mens ein slik valfridom berre gjeld grupper av hokjønnsord på nynorsk. Av ord som kan vere hankjønn eller inkjekjønn på begge målformene

ne, er både heimlege som **driv** (verbalsubstantiv) og framandord som **genus**. Det same gjeld nokre grunnstoffnamn, som **aluminium, jod** og **kobolt**, kjemiske sambindingar som **kolesterol** og steinslag som **marmor** (mens for eksempel **gneis** berre er hankjønn). Det same ordet kan også skifte genus frå bokmål til nynorsk: **premiss** er for eksempel hankjønn eller inkjekjønn på bokmål, berre hankjønn på nynorsk.

Det er vanskeleg å hugse alt dette. Men det gjeld altså å kjenne reglane og vere observant. Vi krev konsekvens ved det same ordet. Bruk ordbøkene flittig. Sjå også Bøyingsfeller nedanfor.

Når det gjeld bøying i eintal, må vi følgje med i kva forfattaren gjer med inkjekjønnsord på **-el** og på **-der** og **-ter**. Alle på **-el** og dei fleste på **-der** og **-ter** kan ha valfri samandraging i bunde eintal på begge målformene: **temp(e)let, regist(e)ret** osv. Der det er vakling, altså i par som **kapittelet** eller **kapitlet** og **registeret** eller **registret**, bør vi jamne ut (med raudt) for kvart ord. Vi kan også gjerne rå til utjamning for kvar gruppe, altså alle ord på **-el** eller alle på **-der** og **-ter**, men ikkje sjå begge gruppene under eitt. **Register** bør altså bøyast som **teater, senter, spekter** osv., **kapittel** som **eksempel, tempel, kobbel** osv.

Valfridom i fleirtal på begge målformene har grupper av framandord, for eksempel ein del substantiv på **-um**, der det er fleire mønster (sjå årsmeldinga frå Språkrådet for 1981). **Monstrum, sentrum** og **spektrum** har variantane **monster, senter** og **spekter**. **Sentrum** og **senter** kan ha ulik tyding, for **senter** tyder ikkje berre "sentrum", men også "stad der noko er samla i eit anlegg" (som i **kjøpesenter, legesenter**). I dei to andre para er variantane derimot alltid synonyme. Begge formene i alle dei tre para har også valfri samandraging, rett nok på noko ulik måte, i bunden form eintal: **monstrumet** eller **monstret, monsteret** eller **monstret** osv. I fleirtalsbøyinga skil derimot **monstrum** seg frå dei to andre. Sjå også 4.2.2.1 og 4.2.3.1.

Når det gjeld valfrie kortformer som **jubilé** for **jubileum** og **musé** for **museum**, må forfattarar halde seg til det eine eller det andre, men ein treng ikkje ha anten kortform eller langform begge stader (**jubilé** kan kombinerast med for eksempel **museum**).

Der ein kan velje mellom regelrett og uregelrett bøyning, som ved **konto** – **kontoer/kontoar** eller **konti**, kan vi rå til den regelrette (her: **kontoer/kontoar**) dersom det elles ikkje er noko i vege for det.

Bøyingsfeller

Det grammatiske kjønn til ord (genus) kan gje oss overraskingar. Det heiter **en/ein koks**, men **et/eit kol**. Merk også at det skal vere hankjønn i **en/ein buffer, en/ein design, en/ein parameter, en sammenheng / ein samanheng** (difor **flere sammenhenger / fleire samanhengar**). Derimot heiter det **et/eit ion** og **et/eit molekyl** (obligatorisk inkjekjønn). Namn på grunnstoff og kjemiske sambindingar må ein oftast slå opp. Ovanfor er det nemnt nokre med valfritt genus. I andre tilfelle kan vi ikkje velje; det heiter for eksempel **et/eit americium** og **et/eit hydrogen**, men **en/ein glyserol**.

Ein del ord som endar på trykklett **-e**, er obligatorisk hankjønn på begge målformer: **aksje, brosjyre, frase, note, (hypo)tese, tone** o.a. Det heiter altså **aksjen, brosjyren** osv. Her blir det ofte gjort feil, ikkje minst i nynorskmanus.

Det grammatiske kjønn kan skilje mellom ulike tydingar. Vi veit at **følge/følgje** tyder "gruppe som fer i lag" når det er inkjekjønn, "konsekvens" når det er hankjønn (bokmål) og hokjønn (nynorsk). Det usamansette **råd** tyder blant anna "rådgevande forsamling" når det er inkjekjønn, men i hokjønn tyder det også "utveg": **det blir nok ei råd** (i denne tydinga er alle tre kjønna moglege). **Statsråd** i inkjekjønn tyder blant anna "rådet til Kongen", men i hankjønn tyder ordet "minister".

Her kan det også høve å peike på skilnaden mellom **et/eit middel** ("hjelpemiddel") og **en mid(d)el / ein midel** ("eigedom, pengar").

Ein skilnad i grammatisk kjønn som den vi har mellom det usamansette **en/ein vin** og det samansette **et/eit brennevin**, finst ved fleire ord. Dei fleste er opplagde (som **en/ei tid** – **et/eit måltid**). På bokmål får ei lita gruppe av plantenamn obligatorisk eit anna genus enn etterleddet – mest kjent er **en marianøkleband** (**-band**), jamfør **et bånd (band)**. På nynorsk gjeld det same berre for eitt ord: **ein gullregn** (jamfør **regnet**). På bokmål kan også andre ord

valfritt ha avvik: en/et finnskjegg (jamfør skjegg).

Det er fastsett norsk bøyning for ein del engelske lånord som vi nyttar i norsk, men som elles ikkje er norvagenserte (cowboyer/cowboyar, forehanden o.a.). Slå opp i ordlista om du er i tvil.

Substantivet foreldre hadde før berre fleirtalsform, men en/ein forelder er no kome inn i ordbøkene og skal ikkje rettast. Derimot kan ein ikkje skrive et søsken / eit sysken. I lærebøker bør vi likevel godta formuleringar som hvert søsken og ein av syskena (eller eitt av ...).

Ein del framandord kan ha uvanleg bøyning. Jubileum og museum og mange ord på -ium, som akvarium, kranium og medium, har obligatorisk samandraging i bunden form eintal: jubileet, museet, akvariet, kraniet, mediet. Eit ord som radius (hankjønn) har derimot valfri samandraging: radi(us)en.

Mange nyttar media som ei slags ubøyeleg kollektivform. Men media er bunde fleirtal av medium (bokmål også mediene). Står det *i bøker og andre media, er det feil for medier/medium. I bokmålsmanus kan vi rå til mediene i staden for media i bunden form dersom ein forfattar bruker -ene i andre slike ord. I samansetningar heiter det medie- (for eksempel mediedekning), ikkje *media-. I dei to avleiingane mediatek og mediatekar er media- tillate ved sida av medie-.

Merk at det derimot ikkje er tillate med latinsk ending (*-fabrikata) i ubunde fleirtal av (halv)fabrikat. Det heiter fleire (halv)fabrikat, bokmål også (halv)fabrikater.

Reglane for samandraging av ord på -en, -el og -er i bunden form eintal og i fleirtal er nokså innfløkte og ikkje heilt dei same for dei to målformene. Sjå 4.2.2.1 og 4.2.3.1. Ein kan også lese om dette i forordet til større ordbøker og i årsmeldingane frå Språkrådet for 1981 og 1983.

4.2.1.2 Verb

Valfridom og konsekvensretting

Det finst nok av valfri verbbøyning i norsk, både i presens, preteritum og perfektum. For det meste er valfridommen spesifikk for den eine målforma, men det hender òg at dei same reglane gjeld for bokmål og nynorsk.

Nokre verb (som by(de)) kan bøyast anten sterkt eller lint på begge målformene.

Både på bokmål og nynorsk kan grupper av verb ha kortform eller langform. Vi kan for eksempel velje mellom blø og bløde, li og lide, stri og stride same kva for målform vi skriv. Reglane er ikkje heilt dei same. Men vi får valfrie bøyingsformer, på bokmål for eksempel li(de)r, strid(e)r, på nynorsk lid eller lir, strid eller strir. Ved blø(de) er dei valfrie formene i presens heilt ut dei same på bokmål og nynorsk: blø(de)r.

Valfridommen i den eine målforma kan òg gje samformer, som preteritum greip av gripe (tillaten på bokmål attåt grep).

Bøyingsfeller

Merk at bad (preteritum av be) og stod (av stå) har obligatorisk -d etter læreboknormalen, og at gav (preteritum av gi/gje) skal ha -v og drog (preteritum av dra) skal ha -g. Dette gjeld for begge målformene. [Sto] er sideform på både bokmål og nynorsk, mens [ba], [ga], [dro] er tillatne som sideformer berre på bokmål.

Merk også at i gammal presens konjunktiv (stivna ønskjeformular o.l.) som ære være/vere er -e obligatorisk i verbet. Når nynorskforfattarar bruker a-infinitiv, kan ein altså få setningar som det nyttar ikkje å koma her og seia "hjelpe meg".

4.2.1.3 Andre ordklassar

Nasjonaladjektiv på -sk skal ikkje ha -t i nøytrum: et norsk flagg. Dei fleste andre adjektiv på -sk har -t: eit friskt pust, men somme har valfritt -t: eller inga ending: et skjelmisk eller skjelmskt smil. Adjektiv på -isk skal ikkje bøyast i inkjekjønn: eit barbarisk påfunn.

Ved ein del adjektiv og adverb som er gamle genitivsformer, kan vi ta feil. Mens dagligdags/daglegdags som adjektiv må bøyast i fleirtal på begge målformene, er bøyinga av førebels og mellombels valfri på nynorsk: mellombels(e) løysingar osv. (skal desse to nyttast på bokmål, må dei derimot stå ubøygde).

Sjelden/sjeldan og nær kan reknast som adverb og er da ubøyelege: en sjelden fin dag, ho står meg nær. Men dei kan òg reknast som adjektiv og få -t i adverbial funksjon: en sjeldent fin dag, dei samarbeider nært. Jamfør 6.4.5.

Vi kan lett blande saman adjektiva enkelt (nøytrum enkelt – fleirtal og bunden form enk-

le, "lett, grei") og **enkelt** (nøytrum **enkelt** – fleirtal og bunden form **enkelte**, "einaste", svarer til **einskild**), fordi dei ofte står saman med **dobbel** eller **dobbelt**, som alltid tyder det same. Merk at samansetningar på bokmål skal ta til med **dobbelt-** og **enkelt-**, mens det på nynorsk er valfritt med **dobbel(t)-** og **enkelt(t)-**.

Bland ikkje saman **lengre** (av **lang**) og **lenger** (av **langt** eller **lenge**). Sjå også 6.4.4.

Når det gjeld talord, er grunntal eller rekkjetal valfritt i nemnaren i brøkar der nemnaren er tolv eller mindre: **femdelar/femdelar** eller **femtedelar/femtedelar**. Det same gjeld om ein bruker **-part** i staden for **-del**: **en/ein trepart** eller **tredjepart**, men **to tjueparter/-partar**.

Merk at det heiter **for hundrede gang** og **den tusende krona**.

4.2.2 Om bøyning i nynorsk

4.2.2.1 Substantiv

Valfridom og konsekvensretting

På nynorsk har mange substantiv valfritt kjønn innanfor læreboknormalen. Blant vanlege ord som kan vere hankjønn eller hokjønn, finn vi desse: **andakt, art, bane, drosje, farge, flamme, grad, kantine, kasse, klasse, kongle, krokodille, kulde, larve, last, maskin, nytte, olje, pakke, pil, plante, potet, prøve, salve, stamme, strømppe, tekst** – og det finst fleire. Somme ord kan ha tre kjønn (også inkjekjønn), for eksempel **greip** og **vis**. Forfattarar må velje eitt av alternativna og gjennomføre det. Vi skal utjamne med raudt dersom bøyninga av det same ordet varierer (gløym ikkje bunden form og fleirtal).

Inkjekjønnsord får ofte valfri samandraging i bøygd form. Endar dei på **-el**, kan dei dragast saman i bunde eintal – og dei *må* dragast saman i bunde fleirtal: **dette kapit(te)let** – **alle kapitla**. Ord på **-er** har ikkje samandraging: **dette nummeret** – **alle nummera**. Men ord på **-ter** har oftast valfri samandraging i både bunde eintal og bunde fleirtal: **dette teat(e)ret** – **alle teat(e)ra**. Sjå etter i ordboka dersom du er usikker. Vi bør jamne ut med raudt for kvart ord og rå til utjamning innanfor kvar gruppe (viss **kapitlet**, så **midlet** og **stemplet**, viss **teateret**, så **mønsteret** og **registeret** osv.). Ved ord på **-ter** bør vi tillate kombinasjonar med samandraging

i eintal og ikkje i fleirtal (**registeret** – **registra**) og omvendt (**registret** – **registera**).

Vi har høve til å velje bøyingsmåte også ved andre grupper av ord. **Auge, hjarte, øyre** kan gå regelrett, men kan òg følgje dette mønsteret: **eit auga** – **dette auga** – **to augo** – **alle augo** (og det tilsvarande for dei to andre: **hjarta** og **øyra** i eintal, **hjarto** og **øyro** i fleirtal). Vi må jamne ut for kvart ord, og kan rå til same bøyninga for alle tre i same manuset. **Barn** og **born** er begge tillatne fleirtalsformer, og vi krev konsekvens. Hugs at det må heite **barn(s)(-)** eller **barne-** som førsteledd i samansetningar, slik at det blir for eksempel **barnebarn** eller **barneborn** i fleirtal (ikkje ***borne-**).

Ein del framandord i inkjekjønn som endar på **-um**, kan ha uendra form eller **-a** i ubunde fleirtal på nynorsk: **fleire aktivum/aktiva**. Slik går **faktum, forum, kvantum, sentrum, spektrum** o.a. I bunden form gjev uendra fleirtal regelrett **aktivuma** osv., mens formene på **-a** får **-a** eller **-aa**: **alle aktiva(a)** osv. Eitt av hovudsystema (regelrett eller uregelrett ubunde fleirtal) må gjennomførast, og vi kan rå til at det blir gjort for alle ord av denne typen.

Spektrum har den korte varianten **spekter**. **Spektrum** bøyer vi slik: **eit spektrum** – **spektr(um)et** – **fleire spektrum/spektra** – **alle spektruma/spektra/spektraa**. For **spekter** får vi desse alternativa: **eit spekter** – **spekt(ø)ret** – **fleire spekter** – **alle spektera/spektra**. Likeins blir det med **sentrum/senter**, men her kan tydinga vere ulik, som før nemnt. Anten langvarianten eller kortvarianten må nyttast konsekvent. Med langvarianten gjev **spektrum** i ubunde fleirtal **spektruma** i bunden form, og omvendt heng ubunde **spektra** og bunde **spektra(a)** saman.

Også nokre andre ord enn dei gruppene som er nemnde ovanfor, kan få **-a(a)** i bunde fleirtal. Det gjeld inkjekjønnsord som endar på **-a** i ubunde eintal: **eit skjema** – **skjemaet** – **fleire skjema** – **alle skjema(a)**. Hit høyrer **data, komma, skjema, tema** o.a. Her bør vi sjå heile gruppa av ord under eitt og jamne ut med raudt.

Bøyingsfeller

Mange ord har altså valfri bøyning, men det er likevel slik at dei fleste substantiva berre kan ha

eitt kjønn på nynorsk. Ein del hankjønnsord får ofte feil genus (hokjønn) og må rettast. Det er ofte ord som endar på trykklett **-e**: **ein aksje, ein analyse, ein annonse, ein brosjyre, ein dialekt, ein katastrofe, ein kjerne, ein kommune, ein medalje, ein kontrakt, ein myte, ein nerve, ein nisje, ein palme, ein pause, ein runde, ein rutine, ein salme, ein skade, ein tese, ein tone**. Som vi ser, er mange av dei lånord og framandord.

Ein del andre ord er derimot hokjønnsord og må rettast viss dei står med hankjønn (det gjer dei ikkje så sjeldan): **ei form** (og **ei plattform, ei reform, ei uniform**), **ei interesse, ei kjempe, ei norm, ei rolle, ei sak, ei setning, ei sky, ei sone, ei stilling, ei straff, ei tid, ei trone, ei vakt**.

Hugs at **støyt**, og **framstøyt**, er hankjønn og ikkje inkjekjønn, slik at det skal stå for eksempel **fleire støytar** og **alle framstøytane**. Likeins er **gissel, medlem** og **stad** hankjønn. **Nasebore** er hokjønn, og det same er **kjede** i alle tydingar.

Nokre fleire ord på **-skap** er hankjønn på nynorsk enn på bokmål. Ein vanleg feil er å nytte inkjekjønn i **rekneskap**: **kontroller *rekneskapa nøyte** (det rette er **rekneskapane**). Derimot heiter det **tre måltid om dagen**, for **måltid** er inkjekjønn.

Merk skilnaden mellom **eit middel – mid(de)let** (hjelp-) og **ein middel – midelen** (eige, pengar). I omtale av rekneskap og økonomi godtek vi både **omløpsmidlar** og **anløpsmidlar** (av **-midel**) og **omløpsmiddel** og **anløpsmiddel** (av **-middel**) i fleirtal, attåt formene med det jamstilte **-laups-**.

Ei viktig unntaksgruppe av hankjønnsord er dei som får **-er** i ubunde fleirtal etter læreboknormalen, for eksempel **ein bekk – fleire bekker**. Slik går også **belg, benk, dreng, drikk** eller **drykk, flekk, gjest, gong, gris, kvist, legg, (med)lem, mon(n), (mat)rett, rygg, sau, sekk, serk, stad, stilk, streng, vegg, veng, ven(n), øyk** ofl. Står det **[bekkar], [drikkar]**, har vi å gjere med sideformer, som må rettast med raudt. Eit skilje i tyding som berre kjem fram i fleirtal, er det mellom **ein rett – fleire retter** (mat) og **ein rett – fleire rettar** (privilegium).

Vi ser at mange av orda ovanfor endar på **-g** eller **-k**. Ord som endar på **-nad**, og hankjønnsord på **-a** kan berre få **-er** i fleirtal: **søknader, sofaer**, og det same gjeld dei fleste som har vokal-

skifte: **fot – føter, nagl – negler, son – søner**. Men merk òg unntaka frå denne unntaksgruppa: **bror – brør, far – fedrar**.

I hokjønn skal ein del unntaksord ha **-ar** i fleirtal innanfor læreboknormalen: **ei elv – fleire elvar**. Slik går blant anna **erm, hei, helg, kleiv, kvern, merr, myr, møy, reim, røys, seter, vik, øks, ørn, øy**. Vi rettar altså sideformer som **[helger]** og **[øyer]**. Ord på **-ing** kan berre ha **-ar**: **meningar**.

Det finst også hokjønnsord med vokalskifte. Merk særleg **ei gås – fleire gjæser**. Desse orda har endinga **-er** i ubunde fleirtal.

I manus kan vi iblant sjå at ord har rett genus i eintal, men får feil fleirtalsform. Vi møter former som ***deler, *kommuner, *medisiner, *reiskaper, *skader**. Men orda er hankjønnsord på nynorsk, og slike former må rettast. Hugs òg at det heiter **lante fjører** på nynorsk (vanleg hokjønnsord: **ei fjør**).

4.2.2.2 Verb

Valfridom og konsekvensretting

Også i bøyning av verb kan ein på nynorsk ofte velje mellom former, og vi må sjå til at forfattarane er konsekvente. Der det ligg føre fleire bøyingsmønster for eit ord eller ei gruppe av ord, er det også ei oppgave for oss å passe på at umoglege kombinasjonar av former ikkje slepp igjennom.

Vi må for det første sørje for at forfattarane held seg til anten a-infinitiv eller e-infinitiv av alle verb (dei to endingane er valfrie etter læreboknormalen).

I nynorsk gjeld det ein generell regel om at linne verb av a-klassen kan ha ei imperativform som fell saman med infinitiv: **smuldre deigen med det same** (eller **smuldra** ved a-infinitiv), attåt **smuldr deigen ...** Rett opp vakling ved det same ordet og rå til utjamning for heile gruppa. I bokmål gjeld det ein liknande regel, men han er knytt til vanskelege konsonantsamband generelt, ikkje til klassen av verb.

Mange linne verb har valfri a- eller e-bøyning, og forfattarane må gjere eit val. Det gjeld for det første ein del verb der stommen endar på **-t**. Som e-verb får dei berre lagt **-e** til stommen i preteritum. Vi tek **feste** (= binde fast) som eksempel: **feste – fester – feste** – har **fest** (ved sida av **fasta**

– **festar** – **festa** – har **festa**). (**Feste** i tydinga "halde fest" kan berre ha a-bøying.) Slik går også **flytte**, **gifte**, **lyfte**, **skifte**. Verb der stommen endar på andre konsonantar, får derimot som e-verb lagt **-de** eller **-te** til stommen: **bake** – **baker** – **bakte** – har **bakt** (attåt **bake** – **bakar** – **baka** – har **baka**). Nokre andre vanlege verb som høyrer til her, er **bruke**, **kløre**, **koke**, **leike**, **love**, **peike**, **rope**, **skape**, **skjøn(n)e**, **smake**, **spare**, **spele**, **svare**, **tale**, **tvile**, **vare**, **våge**. Presens på **-ar** er fast knytt til preteritum på **-a**, og vi godtek ikkje blanda bøying av typen **brukar** – **har brukt**. Vi rettar naturlegvis også vakling mellom a-bøying og e-bøying av det same verbet, men vi kan ikkje krevje at alle verb med valfri bøying skal gå anten som a-verb eller som e-verb.

Ved ein del verb med e-bøying kan ein nytte anten **-de** eller **-te** i preteritum, og forfattarane må velje det eine eller det andre. Her er verba så mange at det er vanskeleg å krevje same konsonanten for heile rekkja. Men det einskilde verbet må bøyast på same måten: **flirde** eller **flirte**, **førde** eller **førte**, **hørde** eller **hørte**, **kjørde** eller **kjørte**, **lærde** eller **lærte**, **styrde** eller **styrte** osv. Det er altså lov å kombinere **hørde** med **kjørte**. Merk at vi også godtek para **hørde** – **kjørde**, **hørte** – **kjørde**, **kjørde** – **hørde** og **kjørte** – **hørde**, for vi kan ikkje leggje for stor vekt på slik ytre likskap som det er mellom desse to verba.

Supinum er den forma av perfektum partisipp som ein har etter **ha**. Ser vi bort frå a-verba, lagar ein supinum av linne verb ved å setje **-t** til same stommen som ligg til grunn for preteritum, for eksempel slik: **ringje** – **ringde** – **har ringt**, **kjenne** – **kjende** – **har kjent**, **flire** – **flirde** eller **flirte** – **har flirt**. Men verb som har preteritum på **-dde**, **-gde** eller på **-vde** med vokal framfor, kan òg ha supinum på **-d**: **arbeide** – **arbeidde** – **har arbeidd** eller **arbeidt**, **tru** – **trudde** – **har trudd** eller **trutt**, **byggje** – **bygde** – **har bygd** eller **bygt**, **leve** – **levde** – **har levd** eller **levt**. Desse verba er ikkje så mange, og vi kan rå til at forfattaren vel det eine eller andre mønsteret for dei alle. Skriv ein **har bygt**, bør ein altså nytte formene på **-t** i supinum av andre slike verb òg, men omvendt nytte **-d** konsekvent viss ein skriv **har bygd**. Det same gjeld i predikativ stilling.

Når ein i denne gruppa har valfridom i inkjekjønn (**garden er bygd**, **hytta er bygd**, **huset er bygt** eller **bygd**, **husa er bygde**), må ein gjennomføre anten **-d** eller **-t**, og supinum bør gå på same måten.

Merk at **leggje**, **seie** og **teie** berre kan ha **-ti** supinum: **har lagt**, **har sagt**, **har tagt** (men det heiter **grunnsteinen er lagd** og **regla vart sagd fram**, for her er partisippet predikativ).

Når det gjeld sterke verb, er det valfritt med **-d** i preteritum i første klasse: **glei(d)**, **lei(d)**, **rei(d)**, **strei(d)** osv. Her må forfattarane vere konsekvente for heile rekkja av verb. Jamn ut veksling med raudt (altså også om bøyinga er konsekvent for det einskilde verbet). Heller ikkje desse verba er så mange.

I perfektum partisipp har sterke verb valfritt **-e** eller **-i**: **han har teke** eller **teki** **eksamen**, **dei hadde sunge** eller **sungi**. Ein må velje **-e** eller **-i** og gjennomføre det – for alle sterke verb i supinum og i inkjekjønn som predikativ (**da det andre verset var sunge** eller **sungi**). Ved nokre sterke verb er partisippet lint: **er** eller **har blitt** (om ein ikkje skriv **vorte**), **har fått**, **har gitt** (av **gi**, ikkje **gje(ve)**), **har stått**. Ved andre er det valfritt med lint eller sterkt partisipp: **slå** – **slår** – **slo** – **har slege** eller **slegi** eller **slått**. Hugs at dette gjeld læreboknormalen. Krev konsekvens for kvart verb med raudt.

Det finst òg verb med sterk bøying som kan ha lint presens og lint partisipp: **be(de)** – **bed** eller **ber** – **bad** – **har bede** eller **bedi** eller **bedd** eller **bedt** (det manglar berre lint preteritum). Ein **-d** i infinitiv krev **-d** i presens òg: **å bede** – **bed**, men elles kan ein kombinere fritt, for eksempel ved å nytte **ber** i presens saman med **bede** i partisipp. Vi skal altså ikkje rette eller rå til bestemte variantar. Andre slike verb er **li(de)** og **ri(de)**. Vi krev ikkje at desse verba følgjer same mønsteret.

Eit verb som **by(de)** har valfri sterk eller linn bøying: **byd/byr** – **baud** – **har bode** eller **bodi** eller **by(de)r** – **bydde** – **har bydd** eller **bydt**. Merk at presens kan vere lint (**byr**) også om ein elles nyttar sterke former, men ser vi bort frå det, må forfattaren gjennomføre det sterke eller det linne mønsteret (andre kombinasjonar går ikkje). Sameleis blir det med verb som **hogge** og **skyve** (sterk eller linn bøying). Men desse verba kan sjåast kvar for seg.

Merk at **blitt** alltid er ubøyt, mens andre linne partisipp til verb som elles er sterke, valfritt kan stå med eller utan samsvarsbøying i predikativ stilling: datoen er gått eller gådd ut, bøkene blir gitt eller gidde i gåve, dei vart slått eller slådde på målstreken, føla blir ridd eller ridt eller ridde for hardt, husa er bydd eller bydt eller bydde fram for sal osv. (i tillegg kjem variantar med sterkt partisipp for nokre av verba, for eksempel **slegne**). Men hugs at det gjeld andre reglar for verb som **be(de)**, **by(de)**, **hogge**.

Hjelpeverba **bli/verte** kan bøyast slik: **bli – blir – blei – er** eller **har blitt** eller **bli – blir – vart – er** eller **har vorte** eller **verte – vert – vart – er** eller **har vorte**. Forfattarar må halde seg til eitt av dei tre mønstra (raudretting ved vaking). Ved **gi** eller **gje(ve)** må ein velje den eine eller den andre forma: **gi – gir – gav – har gitt** (og **ein givar, givande, tilgiving**) eller: **gje, eventuelt gjeve, – gjev – gav – har gjeve** eller **gjevi** (og **ein gjevar, gjevande, tilgjeving**).

Bøyingsfeller

Hugs at vokalen er a i endinga i infinitiv på **-st**: **kastast, skrivast** osv. Dette gjeld òg e-verb, og det heiter for eksempel: det kan tenkjast at Derimot kan det kome inn ein e i bøyingsformer av slike verb (der ein bøyer dei, altså når det ikkje er passiv): eg minnest (mintest) det året ..., ho syntest at Merk at **trivast** har sterkt bøyning: **trivast – trivst – treivst – har trivest** eller **trivist**.

I bøyinga av linne verb er a-verb, som **kaste**, stort sett greie. Hugs at a-en må nyttast i presens òg (**kastar**). Merk også visse verb (**ende, kalle, mure** o.a.) som har obligatorisk e-bøying på bokmål, men ikkje sjeldan står feil på nynorsk: ***ho kalte han Pus** og ***heile veggen vart murt att på ein dag**. Rett slike former med raudt.

Mange nyttar a-bøying av verb som ikkje skal ha det. Her er nokre vanlege mistaksverb, som berre kan vere e-verb: **byte, dekkje, hygge, knekkje, knyte, krenkje, leie, løn(n)e, rykje, skade, styrkje, svekkje, sørgje, stynje** ([**stønne**] er sideform). Vi må altså rette preteritumsformer som ***bytta, *dekka, *knekka, *knytta, *krenka, *leia, *løn(n)a, *rykka, *skada, *styrka, *svekka, *sørga, *stønna** om vi skulle sjå dei i eit manus.

Når det gjeld e-verb, kan vi merke oss at

jamvel om det er valfritt med **kjørde** eller **kjørte** og **horde** eller **hørte**, må det heite **køyrde** (av **køyre**) og **høyrede** (av **høyre**). Endar stommen av e-verb på **-nd**, kjem det ikkje inn nokon t i endinga slik systemet er innanfor læreboknormalen: **vi sende pakken i går** må det heite. Merk òg at verb på **-ere** berre har **-te**. Ei setning som **dei *representera berre seg sjølve** må rettast. Også **formeire** er a-verb og høyrer ikkje til her.

Av j-verba har dei fleste vokalskifte og inga ending i presens: **velje – vel – valde – har valt, symje – sym – sumde – har sumt**. Desse verba er få, og nokre av dei kan òg bøyast som e-verb. Bruk ordliste! Merk at **eige** går slik etter læreboknormalen: **eige – eig – åtte – har ått**.

Når det gjeld samsvarsbøying, skal e-verb og j-verb i perfektum partisipp i predikativ stilling ha den same endingskonsonanten i hankjønn og hokjønn som dei har i preteritum. (Vi får desse formene om vi tek vekk e-en i preteritum.) Inkjekjønnsformene er derimot dei same som i supinum (etter **ha**). Fleirtalsforma endar på **-e** og er identisk med preteritumsforma. Tek vi **klemme** som eksempel, blir det altså slik: **gutten vart klemd, jenta vart klemd, barnet vart klemt, ungane vart klemd**. Pass også på ved **gjere**. Det heiter: **jobben er gjord, oppgåva er gjord, arbeidet er gjort, tenestene er gjorde**. Her blir det lett feil.

Desse verba er linne på nynorsk: **hjelpe** (**hjelper – hjelpte – har hjelpt**), **treffe** (**treffer – trefte – har treft**), **trekkje** (**trekkjer – trekte – har trekt, tvinge** (**tvingar – tvinga – har tvinga**). Former som ***lot, *hjalp, *traff, *trakk** og ***tvang** skal rettast (men det finst eit adjektiv **tvungen**), og det same gjeld presens ***lar** og ***trekk** og perfektum **har [tatt]**. Også **brekke** er lint (e-verb) på nynorsk, men har trongare tyding enn på bokmål og blir ikkje nytta om å bryte av eller breste (bruk ordliste). På den andre sida må vi vite at verb som **lese, drepe, male** (korn), **trengje, skine, sugje, vege, vekse, veve** er sterke på nynorsk (sjekk bøyinga i ordbøkene).

Sterke verb som **finne** (**har funne** eller **funni**), **nyte** (**har note** eller **noti**), **sitje** (**har sete** eller **seti**), **skyve** (**har skove** eller **skovi**), **syngje** (**har sunge** eller **sungi**), **vinne** (**har vunne** eller **vunni**) har ikkje same rotvokalen i perfektum partisipp som i infinitiv (eit par av dei kan òg

bøyast lint). Dette skil nynorsk frå mykje av austlandsk talemål, og vi må passe på å rette feil former som har *finni.

Av vanskelege sterke verb bør vi ta med **blåse** (bøying: **blæs** – **bles** – har blåse eller **blåsi**), **la(te)** (bøying: **lèt** – **lét** – har late eller **lati**) og **vekse** (bøying: **veks** – **voks** – har vakse eller **vaksi**). Her blir det ofte feil. **Vekse** er av dei verba som har eit perfektum partisipp som vi bør nemne særskilt. Det heiter guten er vaksen, syskenbarnet er vakse, alle er vaksne. Eit anna er **sjå**, der partisippet får denne bøyinga: jenta vart sedd, barnet vart sett, dei vart sedde. (Sjå *Nynorskordboka* under **sedd**.) Det må vere samsvarsbøying med rette former her.

Hugs at preteritum av **falle** heiter **fall** og preteritum av **halde** er **heldt**, og at perfektum partisipp av **ligge** heiter **lege** eller **legi**. **Dra** skal ha sterkt perfektum partisipp.

Det er lett å ta feil av rotvokalen i **slåst**, som er forma i infinitiv, presens og perfektum partisipp, mens **sløst** er preteritum (det er som på bokmål, med dei same vokalane som i aktiv form). Ulik bokmål er derimot bøyinga av **få**, **gå**, der ein må hugse å skrive **fekk**, **gjekk** med **-e** etter læreboknormalen.

Parverb må vi halde frå kvarandre. Som oftast gjeld det å skilje mellom eit sterkt verb som er intransitivt, og eit lint som liknar på det ster-

ke, men er transitivt. Det linne verbet tyder ofte "få noko til å gjere det som det sterke verbet fortel om". I tabellen nedst på sida har vi sett opp nokre par som ikkje må blandast saman (det sterke til venstre, det linne til høgre):

Der skilnaden kjem fram berre i dei bøygdde formene, som ved **brenne** og **smelle**, er det ekstra lett å blande verba saman.

Les meir om bruk av parverb i 6.3.4.2. Er vi i tvil, må vi slå opp i ordbøkene.

4.2.2.3 Andre ordklassar

Valfridom og konsekvensretting

Vi må jamne ut med raudt dersom eit manus vekslar mellom valfrie bøyingsformer av adjektiv, som **grå** eller **gråe** (**blå(e)**, **få(e)**, **rå(e)**, **små(e)**) i bunden form og fleirtal: dei grå(e) ulvane. Rå til eit system med eller utan **-e** i alle slike ord.

Høg og **låg** har valfri gradbøying, og vi krev konsekvens med raudt: anten **høgare** – **høgast** (men det heiter **Høgsterett**) eller **høgre** – **høgst** og anten **lågare** – **lågast** eller **lægre** – **lægst**. Vi kan eventuelt rå til at ein kombinerer **høgare** med **lågare** og **høgre** med **lægre** osv. Det er òg valfritt med komparativformene **innarst** eller **inst**, **yttarst** eller **ytst**, og vi krev konsekvens for kvart ord og kan rå til lik behandling. Ved **nær**

brenne – **brann** (av skam)
falle – **fall** (ned)
fryse – **fraus** (i hel)
hange eller henge – **hang eller hekk** (i)
knekke – **knakk** (på midten)
rekke – **rakk** (bussen)
renne – **rann** (ut)
skvette – **skvatt** (opp)
slenge – **slong** (innom)
sleppe – **slapp** (unna)
smelle – **small** (i vinden)
sprette – **spratt** (opp)
strekke – **strakk** (til)
støkke – **stokk** (til)
svelte – **svalt** (i hel)
søkke – **sokk** (i hop)
trengje – **trong** (hjelp)

brenne – **brende** (rusk og rask)
felle – **felte** (ei tåre)
fryse – **fryste** (kjøt og bær)
hengje – **hengde** (opp)
knekkje – **knekte** (nøtter)
rekkje – **rekte** (tunge)
renne – **rende** (av garde)
skvette – **skvetta eller skvette** (vatn på nokon)
slengje – **slengde** (noko i veggen)
sleppe – **sleppte** (noko i golvet)
smelle – **smelte** (døra att)
sprette – **spretta eller sprette** (ei flaske)
strekkje – **strekte eller strakte** (ut ei hand)
støkkje – **støkte** (eit dyr)
svelte – **svelta** (ut)
søkkje – **søkkte** (eit skip)
trengje – **trengde** (seg fram)

kan vi krevje bøyingsformer med eller utan **-m-** gjennomført (**nærmare** – **nærmast** eller **nærare** – **nærast**).

Når det gjeld personlege pronomen, er formene **me** og **vi** jamstilte i første person fleirtal. Ein forfattar må velje ei av dei og nytte den forma konsekvent. Vidare er **han** og **honom** jamstilte som avhengige former (objektsformer) i tredje person eintal hankjønn, og det same gjeld **ho** og **henne** i hokjønn. Også her må det nyttast berre ei form konsekvent (rett veksling med raudt).

Det same gjeld i valet mellom **sjølv** og **sjølve** som fleirtalsform. Ein kan – om ein vil – nytte **sjølv** i både eintal og fleirtal. I så fall må det gjennomførast: dei gjekk **sjølv** eller **sjølve**.

Bøyingsfeller

Reglane for adjektivbøying på nynorsk er i store trekk dei same som på bokmål. Det er likevel ein par ting vi må passe på. Vi skriv ein **liten** gut, ei **lita** jente, eit **lite** barn, og i bunden form blir det **lisle** eller **litle** eller **vesle**: den **lisle** eller **litle** eller **vesle** guten osv. Det er lett å gløyme bort bokmålsforma ***lille** i eit nynorskmanus, men ho skal altså rettast. Det heiter **breitt** (av **brei**; ikkje ***breidt** eller ***bredt**), **greitt** (av **grei**; ikkje ***greit**), **leitt** (av **lei**; ikkje ***leit**), **feitt** (av **feit**; ikkje ***fett**) og vidare **flautt** (av **flau**; ikkje ***flaut**). Pass på inkjekjønn av adjektiv på **-en**. Det heiter vindauget er **ope** (av **open**) og golvet er **skit(t)e** (av **skit(t)en**).

Merk at bøyingsformene **nedst** og **øvst** er obligatoriske.

Hugs at ein på nynorsk kan velje mellom **-ande** og **-ende** i visse forsterkande adverb, som **kolende** eller **kolande** svart. Presens partisipp har derimot berre **-ande**: **gneistande kald**. I ordet **vitende** må **-ende** brukast: ho gjorde det med **vitende** og vilje.

Pronomenformene **hennar** og **annan** er obligatoriske i læreboknormalen.

4.2.3 Om bøyning i bokmål

4.2.3.1 Substantiv

Valgfrihet og konsekvensretting

Mange ord kan ha **-a** eller **-en** i bestemt form entall innanfor læreboknormalen på bokmål: **boka**

eller **boken**, **gata** eller **gaten**, **dronninga** eller **dronningen**, **kjærligheta** eller **kjærligheten**, **sida** eller **siden**, **tida** eller **tiden**. Ved vakling utjamner vi for hvert ord og tar med sammensetninger (**gata** og **hovedgata** skal gå likt, men se unntak under Bøyingsfeller nedenfor). Merk at valgfriheten også gjelder verbalsubstantiv på **-ing**: **erfaringa** eller **erfaringen**, **kjøringa** eller **kjøringen**, **regninga** eller **regningen** osv. (Også noen få ord på **-ning**, som **gjerning** og **undervisning**, har valgfritt **-a** eller **-en**.)

Som regel er det en viss tendens i formvalget i den ene eller andre retningen, mot overvekt av enten **-a** eller **-en**. Når vi utjamner, kan vi bygge på slike tendenser eller rette til de formene som opptre først. For gruppa av verbalsubstantiv på **-ing** bør vi kreve konsekvens med rødt.

Kan vi foreslå **-en** i ord med **a**-former når **-en** dominerer i manus, eller omvendt, når vi mener det passer ut fra helheten? Det bør vi avstå fra av flere grunner. Ulikt nynorsk er vi i bokmål her i nærheten av språkpolitiske vurderinger. Men vi mangler også praktiske kriterier for hvilke ord som da skulle få **-en** og hvilke **-a**. Man kan nok gruppere ord som har valgfri bøyning, for eksempel i konkrete og abstrakte (og **-a** i **boka** er vanligere enn **-a** i **tida**), i arveord, lånord og fremmedord osv. Men noe greit, ukontroversielt skille kan ikke settes, så vi bør i det lengste bare følge opp forfatterens formvalg slik det er.

Det finnes òg ord der en kan velge mellom hankjønn og intetkjønn, både hjemlige ord som **driv** og fremmedord som **premiss**. Atter andre ord, som **dun**, **søppel** og **vis** ("måte"), kan ha alle tre kjønn. Men alle disse gruppene er nokså små; særlig gjelder det den siste.

Om forfattere bruker hankjønn og skriver for eksempel **boka**, kan de fritt velge mellom **en** og **ei** som ubestemt artikkel uansett hva slags hankjønnsord det er. Vi krever konsekvens framfor det samme ordet. Men vi bør ikke foreslå endring av **en** til **ei**, eller omvendt, framfor ord der det ikke er vakling i manus. Det er for øvrig lov å kombinere for eksempel **kirka** med **kirkens** og **senga** med **sengens** (s-genitiver). Men denne muligheten utnyttes lite i praksis, og det er oftest bare vanlig inkonsekvens hvis par som **sengens** og **senga** står sammen i manu-

set. For å sjekke hvordan dette stiller seg, kan vi prøve å merke oss om slike kombinasjoner forekommer ved andre hunkjønnsord.

Intetkjønnsord på **-er** har ikke sammendragning i bestemt form entall (unntak: **mørker**), mens de fleste på **-ter** har det. Også de fleste på **-der** (men ikke de på **-dder**) har sammendragning. Her utjamner vi vakling i bøyningen av det enkelte ordet med rødt: enten **teateret** eller **teatret**. Vi kan også tilrå samme bøyning for alle ord med valgfrihet: hvis **teateret**, så **mønsteret**, **registeret** osv. Intetkjønnsord på **-el** har valgfri sammendragning i bestemt form entall: **tempelet** eller **templet**. Vi utjamner med rødt for det enkelte ordet og kan tilrå utjamning for alle slike ord.

Vi skal altså se de gruppene som har valgfrihet, hver for seg. Det trenger heller ikke være noen kopling mellom valg av entallsformer og valg av flertallsformer (som **teater** eller **teatre**, **tempel** eller **templer**).

I ubestemt flertall av intetkjønnsord kan en på bokmål oftest velge mellom uendret form og en form med ending, særlig **-(e)r**: **blad** eller **blader**, **begrep** eller **begreper**, **dokument** eller **dokumenter**, **felt** eller **felter**, **hotell** eller **hoteller**, **problem** eller **problemer**, **selskap** eller **selskaper**, **tilfelle** eller **tilfeller** osv. Vi må utjamne vakling i bøyningen av det enkelte ordet med rødt, men vi må godta at forfatteren kombinerer for eksempel **blader** og **felt**. Når det gjelder ord med samme etterledd, bør vi vurdere dem i sammenheng og kan foreslå eller kreve konsekvens for hele gruppa (for eksempel **dokument**, **ferment** og **monument** eller **dramaer**, **skjemaer** og **temaer**). Det er vanskeligere å kreve samme bøyning på tvers av morfemgrupper, for eksempel av ord på **-ment** og ord på **-tell**. Men der det blir stor overvekt av den ene eller andre bøyningen av mange og store grupper, styrkes grunnlaget for utjamning, og vi kan foreslå lik bøyning av ord med ulike etterledd, for eksempel alle flerstavede fremmedord (men vi bør nøye oss med forslag).

Vi bør ikke fremme bestemte varianter der det er valgfrihet. Det finnes argumenter for alle de formene som er tillatt. For eksempel er endingen **-er** i intetkjønn flertall naturlig for mange og er dessuten et sikkert kjennetegn på

at setningen gjelder flere, ikke én (vi viser **eksempler** på dette er entydig, men ikke vi viser **eksempel** på dette). Uendret flertall som **eksempel** føles på sin side naturlig for andre, og det er som regel lett å forebygge tvetydighet ved å sette inn artikkel e.l.: vi viser **et** eksempel på dette.

I bestemt form flertall av intetkjønnsord kan man oftest velge mellom **-a** og **-ene**: **dyra** eller **dyrene**, **husa** eller **husene**, **mønstra** eller **mønstrerene**, **åra** eller **årene**, **epla** eller **eplene**, **stykk** eller **stykkene**, **øra** eller **ørene** osv. Her skal vi utjamne for hvert ord og tar også med sammensetninger (**åra** – **hundreåra**, eventuelt **(-)årene**). Intetkjønnsord på **-e**, som **eple**, har liten tradisjon for **-a** i skrift på bokmål, og vi bør være forsiktige med å sette inn **a**-former i slike ord, både som forslag og som retting ved utjamning, enda **epla**, **stykk** er tillatt bøyning.

Ord på **-er** utgjør en gruppe der det er betydelig valgfrihet i bøyningen. Vi må holde genus fra hverandre og skjelne mellom undertyper av ord. For hankjønnsord kan en sette opp disse mønstrene, som gjelder innenfor læreboknormalen:

- Type 1: **lærer** – flertall **lærere** – **lærerne**
- Type 2: **hammer** – flertall **hammer** eller **hamrer** – **hammerne** eller **hamrene**
- Type 3: **finger** – flertall **finger** – **fingerne**

Innbyggernavn og nomina agentis ("handler-substantiv") går som **lærer** (type 1) og får **-e** i ubestemt form og **-ne** i bestemt: **tyskere** – **tyskerne**, **malere** – **malerne** osv. En rekke andre ord har valgfritt **-e** eller **-er** med sammendragning (følger **hammer**, type 2): **aldere** eller **aldrer**, **diametere** eller **diametrer**, **fibere** eller **fibrer**, **kalendere** eller **kalendrer**, **mestere** eller **mestrer**, **ministere** eller **ministrer**, **negere** eller **negrer**, **sjangere** eller **sjangrer**, **svogere** eller **svogrer**, **syndere** eller **syndrer**, **tigere** eller **tigrer** osv. Vi må utjamne vaklende bøyning av det enkelte ordet med rødt og kan foreslå lik bøyning for hele gruppa. Dessuten bør vi se til at ubestemte former som **aldrer** kombineres med **aldrene** i bestemt form, mens former som **aldere** følges av **alderne**. Dette kan gjennomføres med rødt.

Hankjønnsord på trykklett **-er** får ikke sammendragning i bestemt form entall, men hunkjønnsord får det. Her er det ikke valgfrihet, og likevel har vi ofte to mulige bøyingsmåter, fordi en god del ord, som **skulder**, kan være både hankjønn og hunkjønn på bokmål. Mønsteret blir dermed slik:

skulder – skulderen eller **skuldra – skuldrer – skuldrene**.

Her krever vi konsekvens med rødt for det enkelte ordet.

Hovedmønstrene for intetkjønnsord er slik:

lager – lageret – lager eller **lagre – lagra** eller **lagrene**
teater – teateret eller **teatret – teater** eller **teatre – teatra** eller **teatrene**

Merk også unntakene **alter** og **under** (som ikke bøyes helt likt!):

alter – alt(e)ret – alter eller **altere** eller **altre – altera** eller **altra** eller **altrene** (altså ikke *alterne)
under – und(e)ret – under eller **undere** eller **undre – undera** eller **undra** eller **underne** eller **undrene**

Som **under** går **vidunder**. Også **døger** og **vardøger** danner unntak. Slå opp i ordlista. For unntaksord kan vi altså ha tre eller fire alternativer i flertall.

Vi utjamner vakkende bøyning av det enkelte ordet med rødt og kan tilrå med blyant at hele grupper bøyes likt. Vi skal ikke kreve noen kopling mellom bestemte entallsformer og bestemte flertallsformer. Men ord som kan stå uten sammendragning i bestemt form flertall, bør gjøre det hvis de heller ikke har sammendragning i ubestemt form (rødretting).

Intetkjønnsord på **-um** har ofte, men ikke alltid valgfri bøyning. En gruppe har valgfritt **-a** eller **-umer** i ubestemt flertall: **depositum – depositumer** eller **deposita, forum – forumer** eller **fora**. Ved en annen gruppe kan vi velge mellom **-um** og **-umer**: **album – album** eller **albumer, volum – volum** eller **volumer**. En tredje gruppe

har valgfritt **-a** eller **-er**: **femininum – femininer** eller **feminina, interregnum – interregner** eller **interregna**. Vi utjamner vakling med rødt for det enkelte ordet. Former på **-a** i ubestemt form og på **-aene** i bestemt form kan bare kombineres med hverandre. Se også under Bøyingsfeller nedenfor.

Spekter bøyes slik: **et spekter – spekt(ø)ret – flere spekter** eller **spektre – alle spektra** eller **spektrene**, mens **spektrum** følger dette mønsteret: **et spektrum – spektr(um)et – flere spektre** eller **spektra – alle spektra** eller **spektrene** eller **spektraene**. De to hovedmønstrene skal ikke blandes sammen, men bortsett fra at **spektra** i ubestemt form og **spektraene** i bestemt form følges at, kan en kombinere fritt innenfor hvert mønster. Det samme gjelder **senter** og **sentrum** (men her kan betydningen være ulik).

Bøyingsfeller

Etter læreboknormalen for bokmål har om lag 600 ord obligatorisk **-a** i bestemt form entall (de fleste av dem har et særnorsk preg): **bikkje, brygge, bukt, bygd, eik, fille, geit, greie, grend, hei, hytte, jente, kjerring, kone, lefse, li, seter, sild, smie, ur**. Noen får ofte feilaktig **-en** i lærebokmanus, og det må vi slå ned på; former som [**bukten**] må rettes. De aller fleste ord på **-ning** skal derimot ha **-en**: **befolkningen, bygningen, omsetningen** osv. Iblant får slike feilaktig a-ending: ***befolkninga**.

Merk at det i noen få tilfeller er forskjell på bøyning av et ord og sammensetninger med ordet. Det kan hete **knipa** eller **knipen**, men **vårknipa** har obligatorisk **-a**. Og **striskjorta** er obligatorisk enda **skjorte** har valgfritt **-a** eller **-en**.

I flertall følger ikke alle intetkjønnsord det som er hovedregelen på bokmål, nemlig valgfrie former. Noen har bare uendret flertall (som **ark, hus**), andre bare **-er** (som **steder**). Ord på **-e** har bare **-r (epler)** (et unntak er **tilfelle**).

I flertall kan også ord på **-er** være vanskelige, som vi har sett. Særlig byr hankjønn og intetkjønn på varianter der vi nok bør slå opp for å se om vi skal kreve retting, tilrå retting eller ikke gjøre noe.

Det er en temmelig vanlig feil å la ord som **hammer** og **finger** (type 3) få sammendragning og **-e** i ubestemt flertall: **flere *hamre, to *fingre**. Men dette må rettes med rødt. Videre får han-

kjønnsord med **-e** i ubestemt flertall bare **-ne** i bestemt flertall. Vanlige feil er ***lærerene**, ***tyskerene**. Pass på dette.

Noen fremmedord skiller seg helt ut i flertallsbøyningen. En gruppe av ord på **-um** har obligatorisk **-a**: **faktum** – **fakta**, mens en del andre, som **museum**, får **-eer**: **museer**. Ord på **-ium** har obligatorisk **-ier**: **akvarium** – **akvarier**. Jamfør omtalen under Valgfrihet og konsekvensretting ovenfor. Bruk ordliste.

I bestemt form flertall har ni intetkjønnsord obligatorisk **-a**, og de vanligste er **barna**, **beina**, **beista**, **krøttera**. Andre ord bryter med hovedregelen i motsatt lei, nemlig typene **kvantum** og **tema**, som bare skal ha **-ene**: **kvantaene**, **temaene** osv.

4.2.3.2 Verb

Valgfrihet og konsekvensretting

Formen i imperativ kan føles vanskelig i utlyd hvis man sløyfer endingen (slik hovedmønsteret er). Ved **smuldre**, for eksempel, gir vanlig imperativ **smuldr deigen godt**. Da er det tillatt å velge en form som ender på **-e** (er lik infinitiv): **smuldre deigen ...**. Merk at dette gjelder uansett klasse av verb (ulikt nynorsk, der det bare gjelder en type svake verb). Men skrivemåten må da være konsekvent for samme verb. Er det vakling i manus, kan vi utjamne til formen uten **-e** (den regelrette), og vi kan foreslå samme løsning også for andre, tilsvarende verb (**forandr**, **forkludr** osv.).

Det er valgfrihet i preteritum og perfektum partisipp i en stor gruppe av svake verb, for nesten alle verb med **-et** kan også få **-a**: **kastet** eller **kasta**, **regnet** eller **regna**, **trygdet** eller **trygda** osv. Her skal vi i utgangspunktet utjamne vakling med rødt for hele klassen under ett, altså ikke bare sammenstillinger som **de kastet ball i skolegården mens matrosene kasta trossa over pullerten**, men også slike som **de kastet ball i skolegården mens læreren henta en blyant**. Det bør likevel være et visst rom for å ta stilistiske hensyn. Dette er et konsekvenskrav som vil gjelde mange ord i et manus.

Når et partisipp bøyes i bestemt form eller i flertall, kan forfatteren velge **-ede** eller **-ete** i tillegg til **-a**. Det kan altså hete **forkasta** eller **forkastede** eller **forkastete planer**. Dette må ses i

sammenheng med valget av **a-** eller **et-**bøyning i preteritum av slike verb og med adjektiv som **encellet**. Se 4.2.3.3. Her bør det være konsekvens for hele gruppa, slik at alle svake verb av denne kategorien går likt. Om partisipp av sterke verb, se nedenfor under Bøyningsfeller.

Mange verb i denne klassen kan også få **-te** og/eller **-de** i preteritum: **arbeide** – **arbeida** eller **arbeidet** eller **arbeidde**, **love** – **lova** eller **lovte** eller **lovte** eller **lovde**. Det gjelder blant annet **dekke**, **klage**, **klippe**, **knekke**, **lage**, **skade**, **sveise**, **yte**. Vi krever konsekvens for det enkelte verbet. Merk at likelydende verb med ulik betydning kan ha ulik bøyning: **pleie** i betydningen "stelle" hører til gruppa med tre muligheter, mens **pleie** = "ha for vane" bare kan bøyes **pleie** – **pleide**.

Det heter **stri(de)** – **har stridd**, men i adjektivisk funksjon er **omstridd** eller **omstridt** valgfritt. Og det heter **bre** – **har bredd** eller **bredt** og (adjektivisk) **utbredd** eller **utbredt**. Dette er avvik fra det vanligste mønsteret, som er slik: **kle** – **har kledd** – **forkledd**, **omkledd**. Vi får også valgfritt presens i noen tilfeller: **stri(de)r**. Sørg for konsekvens ved samme ord.

I preteritum av noen sterke verb kan en ha former med eller uten diftong: **be(i)t**, **dre(i)v**, **skre(i)v**, **braut** eller **brøt**, **skaut** eller **skjøt** osv. Vi utjamner vakling i bøyningen av det enkelte verbet med rødt (for eksempel mellom **skreiv** og **skrev**), og vi kan tilrå samme bøyning av verb med samme rotvokal (for eksempel **-ei-** begge steder). Glem heller ikke valgfriheten ved **ble(i)**, av **bli**, og ved **ve(i)t**, presens av **vite** (den ene formen må gjennomføres, men de kan bare utjamnes hver for seg).

Hvordan skal vi behandle **s-**former av verb med utlydende trykksterk vokal (som **gå**, **nå**, **se**, **si**, **slå**, **ta** osv.)? Det er valgfritt med en "ekstra" **-e-** i infinitiv og presens, for eksempel **sees** ved siden av **ses**, og vi må utjamne vakling i bøyningen av det samme verbet med rødt. Vi kan også foreslå med blyant at hele gruppa behandles likt. Det er fornuftig å gå ut fra presens aktiv (**ser**, **går**, **når**, **slår**, **tar**) og bare bytte ut **-r** med **-s**: **ses**, **gås**, **nås**, **slås**, **tas** osv. Ved vakling kan vi utjamne til disse formene. Fordelingen tilsier også **sies**, ikke **sis** (det heter **sier** i aktiv). Foreslå det og utjamn til det ved vakling. Disse verbene

brukes svært sjelden i preteritum. Møter vi dem der, kan det være like greit å skrive passasjen helt om.

Husk at presensformene **finnes** og **fins** er jamstilte, i likhet med preteritum **fantet** og **fans**. Også **trenges** og **trengs** og **synes** og **syns** kan brukes om hverandre. Forfattere må velge en form og gjennomføre den. De tre verbene bør vurderes hver for seg.

Om perfektum partisipp av s-verb – se nedenfor.

Bøyningsfeller

En felle er de svake verbene der reglene sier **-de** eller **-te** i preteritum, mens aviser og bøker ofte benytter **-et**. Preteritumsformer som disse er obligatoriske: **avklarte**, **bygde**, **bøyde**, **drøyde**, **eide** (ved siden av **ätte**), **fortøyde**, **neide**, **nøyde**, **pløyde** (ved siden av **pløgde**), **prøvde**, **rådde**, **sløyde** (ved siden av **sløgde**), **tilføyde**, **trykte**, **tærte**, **tøyde**, **veide**, **vevde** (ved siden av **vov**), **øvde**. Vi må rette ***bøyet**, ***trykket**, ***tæret** osv. når vi møter slike former. Merk ellers at partisipper som **prøvet** og **øvet** kan benyttes som adjektiv.

Preteritumsformer som ***jog** (av **jage**), ***betød** (av **bety**) og ***brød** (av **bry**) er ikke tillatt. Dette er svake verb. Heller ikke ***føyk** (av **fyke**), ***røyk** (av **ryke**) o.l. kan vi skrive (sterke verb), enda slike former er vanlige i talemålet.

Merk at sterke partisipper får **-ne** i bestemt form og flertall: **en skrevet framstilling** – **skrevne framstillinger**, **en vunnet premie** – **den vunne premien**. Det er temmelig vanlig å se former som ***gjenfundede bøker**, ***håndskrevde brev**, men de må rettes.

Fram til 1995 skulle de fleste s-verb bøyes slik: å **synes** – har **synes**. Fra 1995 skal de ha **-t** eller **-d**-i partisipp: å **føles** – har **føltet**, å **kjennes** – har **kjentet**, å **(mis)lykkes** – har **(mis)lyktes**, å **møtes** – har **møttet**, å **omgå(e)s** – har **omgåttet**, å **se(e)s** – har **settet** (eller **se(e)s**), å **skilles** – har **skiltet**, å **skjemmes** – har **skjemtet**, å **synes** – har **syntet**, å **trenges** – har **trengtet**, å **(van)trives** – har **(van)trivdes**.

Husk at sjøl om **fins**, **syns** og **trengs** er tillatte bøyningsformer i presens, må infinitivene ha fulle former: **kan finnes**, **må synes sikkert**, **vil trenges**. Husk også at **slåss** er infinitiv, presens

og perfektum partisipp, **slåss** er preteritum (vokalen veksler slik som i aktiv form: **slå** osv.).

Også på bokmål har vi parverb, for eksempel **sitte** – **sette** og **knekke** (med ulike betydninger). Fordelingen er gjerne slik at det ene verbet er sterkt og intransitivt, mens det andre, som ofte betyr "få til å gjøre det som det sterke verbet betyr", er svakt og transitivt. Iblant kan det være lett å blande sammen parverb, særlig der forskjellen bare framgår av de bøyde formene.

I 4.2.2.2 er det tatt inn en liste over parverb i nynorsk som lett kan forveksles. Vi kan ha nytte av den også som bokmålskonsulenter, men må naturligvis bruke sunn fornuft og slå flittig opp i ordbøker for bokmål. Les om bruk av parverb i 6.3.4.2.

4.2.3.3 Andre ordklasser

Valgfrihet og konsekvensretting

Sammensatte adjektiv av typen **encella** eller **encellet**, med grunnbetydningen "med det som sammensetningen angir" (her: "med en celle"), har valgfritt **-a** eller **-et** i ubestemt entall og valgfritt **-a**, **-ede** eller **-ete** i bestemt form og flertall: **en encella** eller **encellet organisme** – **disse encella** eller **encellede** eller **encellete organismene**.

Denne gruppa bør vi se i sammenheng med svake verb som **forkaste**, med valgfri a- eller et-bøyning, som i bestemt form og flertall har de samme mulighetene i bøyning: **forkasta** eller **forkastede** eller **forkastete planer**.

Her kan vi kreve at forfattere gjør et parvalg. Det første er a-bøyning eller et-bøyning. Ser valget ut til å være a-bøyning, bør a-former gjennomføres lengst mulig for både adjektiv og verb. Er valget et-bøyning, gjelder det motsatte, men her må det gjøres ett valg til, nemlig mellom **-ede** og **-ete** i bestemt form av så vel verb som adjektiv. I utgangspunktet kan vi utjamne veksling i bøyningen med rødt etter disse linjene.

Dette gjelder blant annet adjektivene **firkanta** eller **firkantet**, **korterma** eller **kortermet**, **langskjegga** eller **langskjegget**, **rakrygga** eller **rakrygget**, **tovinga** eller **tovinget** og uekte partisipper som **ublanda** eller **ublandet**, **halvvaska** eller **halvvasket** (kalt "uekte" fordi det ikke fin-

nes noen infinitiv som ***ublande** og ***halvvaske**), foruten et stort antall partisipper.

Merk at noen eldre partisipper, som **prøvet** og **øvet**, kan benyttes som adjektiv enda de er gått ut som former av verbet (som bare har e-bøyning: **prøvde**, **øvde** osv.). De får **-ede** eller **-ete** i bøyd form og flertall: den hardt prøvete eller prøvete kvinnen, øvede eller øvete snekke-re søkes. Sørg for konsekvens.

En nokså nærstående gruppe adjektiv har grunnbetydningen "full av ...", og her er det valgfritt med **-et** eller **-ete** i ubestemt form entall. Det kan for eksempel hete en steinet vei eller en steinete vei ("en vei full av stein"). Foruten usammensatte ord som **steinet(e)** finner vi her også sammensatte som **storblomstret(e)** og **rødstripet(e)**. Det ene alternativet må gjennomføres konsekvent: **-et** eller **-ete**. Vi kan tilrå utjamning for alle ord av denne typen. Det er viktig at vi ikke blander denne typen sammen med typen **encella** eller **encellet**.

Når det gjelder forbindelser av adjektiv og preposisjon, kan de føles som mer eller mindre faste (kollokasjoner), og da står ofte adjektivet ubøyd i flertall. Det bør ikke veksles mellom ubøyd adjektiv og regelrette bøyde former. En forfatter bør skrive enten de var fornøyd med svaret eller de var fornøyde med svaret (vi konsekvensretter med rødt for hvert uttrykk).

Om pronomen nevner vi at **han** valgfritt har **han** eller **ham** som objektsform. Vi utjamner veksling med rødt gjennom hele manuset. **Man** og **en** er valgfrie i subjektsposisjon (nevneform), og her godtar vi veksling uten å utjamne. Som objekt og i preposisjonsuttrykk kan det derimot bare hete **en**.

Merk at man på bokmål godt kan kombinere en bok med boka, ved siden av ei bok – boka Ei bok – boken går derimot ikke.

Bøyningsfeller

Merk at de adjektivene som har grunnbetydningen "full av ...": en steinet(e) vei, en fillet(e) ungdom, en storblomstret(e) kjole, må ha **-ete** i bestemt form og flertall: den steinete veien, fillete ungdommer, de storblomstrete kjolene. De kan ikke ha **-ede** og heller ikke **-a**: En form som ***steina** bakker er umulig. Merk at **skya** vær derimot går, ved siden av **skyet** vær, for **skya**

(**skyet**) er et sjeldent unntak fra dette mønsteret.

Av adjektiv som er gamle eller uekte partisipper av sterke verb, er det flere typer. En gruppe bøyes slik: en overdreven redsel – et overdrevent anslag – overdrevne tap (hit hører **blåfrossen**, **fordrukken**, **henfallen** o.a.). En annen gruppe følger dette mønsteret: en omskreven eller omskrevet formulering – et omskrevet avsnitt – omskrevne sider (gjelder **avskåren**, **opp-sprukken**, **gjeldbunden** o.a.). Den tredje hovedgruppa går slik: en jettrevet maskin – et jettrevet fly – jettrevne maskiner (det gjelder **atomdrevet**, **heltrukket**, **innbundet** o.a.). Bruk ordliste for å få oversikt over dette.

4.3 Dei praktiske skrivereglane

4.3.1 Allment

Praktiske skrivereglar er ei samlenemning på ein del reglar og prinsipp av temmeleg ulik art. Felles for dei er at dei gjeld formale sider ved skriftleg framstilling, men i liten grad dei eigentlege språklege teikna. Nokre av skrivereglane grensar mot ortografi, andre støttar opp om setningsbygning og syntaks, og atter andre liknar meir på prinsipp i standardisering og tryk-kjeriverksemd.

Det er naturleg å behandle reglane under eitt og i tilknytning til ortografi og bøyning. Nedanfor går vi inn på ein del av dei viktigaste punkta der det kan vere problem og uklare spørsmål. Framstillinga her kan ikkje erstatte den breiare drøftinga som finst i for eksempel Vinje: *Skrivereglar/Skrivereglar*.

Dei praktiske skrivereglane er felles for bokmål og nynorsk.

4.3.2 På grensa til ortografi

Ein del reglar og prinsipp minner mykje om ortografiske reglar, fordi dei har å gjere med skrivemåten av ord.

4.3.2.1 Aksenteikn og andre diakritiske teikn

Det er vorte mindre bruk av aksenteikn i dei seinare åra, og teikna kan sløyfast i alle ord utanom særnamn. Merk at det på norsk ikkje

skal vere aksent i ord som **premiere** (på teater), **ampere** (uttalt *-ær* med trykk på denne stavinga), **kontroller**, **plasser** (imperativ av **kontrollere** og **plassere**) og **finer**, **morter** (ein kanon, trykk på *ø*). Vi tek aksenten ut med raudt viss han står i slike ord.

Når det gjeld akutt aksent (høgreaksent, *accent aiguë*, *´*), skal han sløyfast (raudretting om han står) i bøygde former som **alleen**, **entreen**, **ideer/idear**, **supeene/supeane**. Derimot bør vi i ubøygd form helst velje skrivemåtar som **allé**, **diaré**, **diskré** (= taktfull), **entré**, **idé**, **kafé**, **komité**, **kupé**, **moské**, **supé**, **trofé**. Gjer framlegg om dei med blyant og bruk raudt ved vakling. Regelen gjeld også uendra fleirtal av fleirstava framandord i nøytrum, som **relé** osv. (obligatoriske former på nynorsk, valfrie på bokmål, attåt **releer** osv.). Også her er aksenteiknet valfritt, som i ubøygd eintal, men vi rår altså til **to relé** osv., med aksent.

På nynorsk nyttar ein akutt aksent også i **fór** (preteritum av **fare**, uttalt med trong *o*-lyd). Det bør ein ikkje gjere på bokmål (rå ifrå det eller rett med raudt). Vidare kan presensforma av **late** på nynorsk skrivast **lèt** og preteritumsforma **lét**. Jamn ut med raudt innanfor det systemet som forfattaren har valt, og la aksent i presens trekkje med seg aksent i preteritum, og omvendt.

Når det gjeld grav aksent (venstreaksent, *accent grave*, *`*), kan vi på nynorsk nytte han i nokre få heimlege ord, for eksempel i **fór**, uttalt med open vokal, som *á* (**pløgfór**), til skilnad frå **fôr** (til dyr, i klede) og preteritum **fór** (av **fare**), som begge har uttale med trong *o*-lyd, og **for** (preposisjon, konjunksjon). Dette gjeld altså berre nynorsk, der denne bruken er valfri. Det er rimeleg å sjå bruken av akutt aksent og grav aksent i samanheng, slik at systemet blir så ein-skapleg som råd (anten aksent eller ikkje aksent i så mange tilfelle som mogleg).

I to ord, **en/ein** og **og**, kan vi på begge målformene setje aksenteikn for å skilje ordet frå eit anna ord som elles ville få same forma. **Én/éin** vil da oftast vere talord, mens **en/ein** gjerne er den ubundne artikkelen, slik vi kan sjå av desse eksempla: i Norge bruker vi én plugg i apparatet, det var en gang en konge. Der det ikkje er fare for feillesing, bør ein oftast velje **en/ein** framfor **én/éin**. I det andre tilfellet er **og** adverb (= også),

mens **og** kan være anten konjunksjon eller adverb. Merk at her er det grav aksent som skal brukast. På bokmål er dette den einaste bruken av grav aksent i heimlege ord. Mange skriv ***óg**, men det er verre enn ikkje noko. Skrivemåtar som **étt/éitt** kan vi ta ut med raudt (dobbel *t* er nok).

Det er feil å skrive ***vår** eller ***vár** (= sky, blyg) for å skilje det frå **var** (av **være/vere**). Er det fare for feillesing, må ein heller forandre teksten slik at han blir eintydig.

Teikn som trema (*¨*), tilde (*~*) og cirkumfleks (*¨* "møne", *^*) er sjeldne på norsk. Men i mange europeiske språk (også samisk, islandsk og færøysk) nyttar dei nokre av desse og andre diakritiske teikn, og vi kan møte slike teikn i stadnamn og andre særnamn. Sjå *Geografilista* og oppslagsverk. Cirkumfleksteiknet bruker ein berre i **fôr** med avleiingar og samansetningar, på nynorsk dessutan i ord som **vêr** (ein *v.* = saubukk, eit *v.* = klima) og **lêr** (= skinn). Det kan sløyfast i alle ord utanom utanlandske namn. Derfor er det valfritt å skrive **fôr** eller **for**, **vêr** eller **ver** (bokmål **vær**), **tête-à-tête** eller **tete-a-tete**. Sørg for at teiknbruken her går inn i eit system med annan aksentbruk i manuset, men ver ikkje for streng med å jamne ut, for ulike teikn må ein òg sjå kvar for seg.

Merk at desse skrivemåtane er obligatoriske: **Jämtland**, **Härjedalen**, **Bohuslän** (når ein skriv om dei som svenske landskap frå 1600-tallet av), **Göteborg**, **Köln** (men **køln(er)vann/køln(ar)vatn** og **kølnsk**). Svenske og tyske (og finske) namn skal med andre ord ha dei grafiske variantane **ö** og **ä**.

I nokre framandord frå fransk nyttar ein aksenteikn: **chargé d'affaires**, **vis-à-vis**, **à jour**. Derimot heiter det for eksempel **a konto**, for det uttrykket kjem frå italiensk. I samansetningar, for eksempel **ajourføre**, fell aksenteiknet bort sjølv om det høyrer med i grunnordet.

Vi må altså sjå etter vakling mellom aksenteikn og ikkje aksenteikn i same ordtypen og særleg i same ordet (må utjamnast). Også feil bruk av grav aksent (*`*) der det skal vere akutt aksent (*´*), må sjølvstøttast.

4.3.2.2 Særskrivning og samanskriving

Særskrivning og samanskriving av ord og uttrykk (omgrepa er forklarte i 4.1.1.2) er eit samansett felt, og det tek tid å bli stø i reglane.

Vi må for det første rette galen særskriving av samansette ord, som vi særleg ser ved substantiv (som **mønster bedrift*, **oppørs salg / *oppørssal*). Feil som dette kjem for det meste av påverknad frå engelsk og er eit problemområde for seg. Mange irriterer seg over dei, og det er viktig at ein slår ned på dei. Les meir om det i 7.2.5.2.

Nedanfor konsentrerer vi oss om eit anna problemområde. I norsk er det ein del faste uttrykk eller grupper av ord som skal særskrivast: **i dag, mang en/ein, for så vidt**, men som ofte blir skrivne i eitt (det var regelen for mange av dei før: **idag* osv.). På den andre sida finst det òg samansette ord som ofte blir behandla som ordgrupper og får særskriving enda det er gale: **alt for* (skal vere *altfor*), **over alt* (skal vere *overalt*) osv. I visse tilfelle har vi valfrie variantar og i atter andre nærståande ord som ikkje må blandast saman (**blant – iblant**). Eit oversyn over dei vanlegaste problemorda og -uttrykka kan ein finne i Vinje: *Skriveregler/Skrivereglar*.

Ein regel seier at ord som kan stå aleine, oftast skal skrivast åtskilde i faste uttrykk: **i dag, over bord**. Men det er fullt av hol i denne regelen. I nokre tilfelle skal det alltid vere samanskri-ving: dei gjekk igjennom dei nye papira (trass i at **i og gjennom** er eigne ord). Nokre preposisjonar, som **fra/frå, gjennom** og **mellom**, får nemleg oftast lagt til **i** når dei er etterstilte eller har adverbial funksjon: seie ifrå om noko, heile året igjennom, han la ikkje fingrane imellom. Det kan òg vere ulik tyding, som det er mellom adverbet **iblant** ("somme gonger") og preposisjonen (**i**)**blant**. Andre uttrykk skal delast enda eitt av ledda ikkje kan stå aleine: **i fjer, i hjel/hel**.

Dei følgjande uttrykka blir ofte skrivne i eitt, men det er feil, for dei skal særskrivast: **alt sammen/saman, av di** (berre nynorsk), **den gang/-gong, den slags, en/ein del, etter at, etter hvert/kvart, for lengst, (for) så vidt, for øvrig** (berre bokmål), **i hvert fall** (berre bokmål), **langt (i)fra/(i)frå** (også i tydinga "på ingen måte"), **mang en/ein, om bord, om lag, over bord, på ny(tt), så menn, så som, til dels, til sammen/saman, til stede/stades**.

På begge målformene kan ein velje mellom **for di og fordi**, mellom **for resten og forresten**, mellom **i alle fall og iallfall** mellom **så fram** og

såfram (på bokmål går også former med **fremt**), mellom **så pass** og **såpass**. Ved andre uttrykk skil målformene lag: **rettnok** skal samanskrivast på bokmål, mens det heiter **rett nok** på nynorsk, ved **visst nok** har ein berre dette alternativet på nynorsk, mens ein òg kan skrive **visstnok** på bokmål, attåt **visst nok**. På bokmål er det dessutan valfritt med **riktignok** eller **riktignok** (bør ikkje brukast på nynorsk).

Mens ein på nynorsk må skrive **i staden** (**for**), kan ein på bokmål velje mellom **i stedet** (**for**) og **isteden**(**for**). Ein detalj som ikkje gjeld særskriving eller samanskri-ving (fordi begge delar er tillatne), men som likevel skil målformene, er at ein på nynorsk kan skrive **like eins** eller **likeins**, mens bokmål har **like ens** eller **likeens** (ein e meir i det siste ordet).

Når det gjeld uttrykk med valfri særskriving, kan forfattarar kombinere **for resten** og **såpass** utan at vi bør jamne ut det, for det er tale om to ulike ord(grupper). Men der same ordet har to moglege former, må ein i kvart tilfelle gjennomføre anten den eine eller den andre skrivemåten – altså anten **for di** eller **fordi**, anten **for resten** eller **forresten** osv.

Men somme variantar har ulik tyding, blant anna desse: **altfor** (= i for høg grad) og **alt for** (som i "Alt for Noreg"), **ettersom** (= fordi) og **etter som** (= etter kvart som, og i uttrykket **alt etter som**), **overalt** (= alle stader) og **over alt** (= framfor alt, høgare enn alt). Vidare heiter det **det var ein gong...** med mellomrom mellom dei to siste orda, men i **ikke engang / ikkje eingong** skal det vere samanskri-ving. På bokmål skil vi òg mellom **ifølge** (konjunksjon, viser til ei kjelde e.a.) og **i følge** (**med**) (= saman med). På nynorsk skal ein helst ikkje nytte konjunksjonen ***ifølge**. Skilnaden mellom former som **innover** og **inn over** omtaler vi i 6.4.5.

Bruk ordlista flittig.

4.3.2.3 Store eller små bokstavar?

Store eller små forbokstavar er eit stort og mangfelt problemområde. Det er særleg ved namn og nemningar vi kan kome i tvil. Vi må ha klart for oss at stor forbokstav merkjer ut særnamn. Dette er eit viktig skilje i språket, og det er ein av dei viktigaste funksjonane som dei store bokstavane har.

Overdriven bruk av store forbokstavar ser vi ikkje minst i namn på butikkar og private firma. Vi må alltid respektere den skrivemåten private namneberarar har valt (bruk telefonkatalogen!), men elles bør vi motarbeide unødvendig bruk av stor forbokstav når vi kan.

Det finst ei gråsone av namn og nemningar på etatar, avdelingar, funksjonar osv. i det offentlege og det private, frå **folkeregisteret** over **lovavdelingen/lovavdelinga** og **byplankontoret** til **sekretariatet** og **kantina**. I denne sona kjem ein ofte i tvil. Ein tommelfingerregel er at dersom eininga har ein viss storleik og er heller sjølvstendig, med eige brevpapir osv., talar det for stor forbokstav (det er særnamn). Men mange gonger er to løysingar moglege, og vi bør ikkje vere for strenge. For eksempel kan ein nok nytte **Folkeregisteret** om det einskilde kontoret (kortform av for eksempel **Førde folkeregister**), men helst **folkeregisteret** om etaten.

Eit ord som til vanleg er samnamn, kan få stor forbokstav når det i ein særskild samanheng blir nytta nærmast som særnamn: saken blir lagt fram for Rådet. Men ofte bør vi her gjere framlegg om **rådet**.

Ein kan alltid skrive **regjeringen/regjeringa** med liten forbokstav. Men også **Regjeringen/Regjeringa** er tillate når det er tale om institusjonen. **Kongen** skal ha stor forbokstav berre som statsorgan, for eksempel i saka vart lagd fram for Kongen i statsråd. **Stortinget** har stor forbokstav når vi talar om statsorganet, eventuelt bygningen, liten derimot når ein behandlar det som samnamn: et nytt storting trer sammen i høst. Som namn på statsorgan eller bygning bør det få stor forbokstav også i ubunden form: vårt ærverdige Storting.

Statsinstitusjonar med fleirordsnamn skal ha stor forbokstav berre i det første ordet, forutan i eventuelle særnamn. Det heiter **Fylkesmannen i Rogaland**, men **Statens landbruksbank**. Ved namn av typen **Norges/Noregs Bank**, med særnamn som første ord, er ein skrivemåte med liten forbokstav i ord nummer to – **Norges/No-regs bank** – tillaten. Mange etatar med slike namn har valt stor bokstav, og det bør vi følgje opp. Sjå i telefonkatalogen o.l.

Merk at **Fylkesmannen i Rogaland** er kontoret eller etaten, mens tittelen må vere **fylkes-**

mannen (i Rogaland). Titlar skal alltid ha liten forbokstav (også **kong Harald**). Når det er tale om personen, høver liten forbokstav best (**fylkesmannen, kongen**). Rå til det.

Legg òg merke til skrivemåtar som **EU-kommisjonen** og **EF-domstolen**, der sisteleddet skal ta til med liten bokstav.

Nokre namn på programpostar i radio og fjernsyn er nærmast vortne til samnamn. Vi godtek **dagsnytt, dagsrevyen** og **ønskekonserten/ønskjekonserten** med liten forbokstav attåt variantane med stor.

Namn på ostar, fruktsortar og husdyrassar skal normalt ta til med liten bokstav: **brie, gammalost, gudbrandsdalsost, gråpære, jarlsberg(ost), normanna, åkerø, charolais(okse), hereford, norsk raudt fe, telemarksku**. Til vanleg kan vi rette til desse skrivemåtane. Vi kan gjere framlegg om liten forbokstav i **transparent, grev moltke, ingrid marie, senga sengana** osv.

Merk at **jorda** (bokmål også **jorden**), **sola** og **månen** skal skrivast med liten forbokstav (også som namn på himmellekamar).

Tilføyingar framføre særnamn skal ha stor forbokstav: **Vinter-Norge/Vinter-Noreg**. Og når eit namn som **de Gaulle** innleier ei setning, er det valfritt å skrive det med liten **d-** eller velje **De Gaulle ...**

Når det gjeld omgrep som **Bergens-dialekt** og nemningar som **Maastrichttraktaten** og **Warszawapakta**, viser vi til 4.3.4.1.

Måleiningar som ein skriv fullt ut, skal ha liten forbokstav: **ampere, volt, megabyte**. Men når ein forkortar dei eller nyttar symbol, er stor bokstav det rette: **V** (= **volt**), **M** (= **mega-**), **G** (= **giga-**), **C** (= **karbon**). Merk skilnaden på **k** (= **kilo-** = 1000) og **K** i dataterminologi (= 1024), for eksempel **KB** = **kilobyte**. Det er valfritt om ein vil skrive måleininga (for eksempel **watt**) i full form med liten forbokstav eller som symbol med stor bokstav (**W**) i samband med siffer som fortel om mengd: **400 watt** eller **400 W**.

I samansettingar med ein bokstav som forledd skal det dels vere stor, dels liten bokstav. Det heiter **X-kromosom**, men **x-akse**. Der bokstaven gjev att forma på noko, skal han til vanleg vere stor: **T-skjorte** o.a. Bruk ordliste. Merk denne fordeling: **D-dur**, men **d-moll**.

Ved ein viss type forkortingar gjeld spør-

målet ikkje berre forbokstavar, men store eller små bokstavar i det heile. Her varierer det litt frå ord til ord kva vi kan eller bør gjere. I mange vanlege nemningar er det valfritt med store eller små bokstavar, og da bør vi slå eit slag for dei små. Gjer gjerne framlegg om **pc** for **PC** i manus (merk at også **pd** eller **PD** er tillate), **edb** for **EDB**, **tv** for **TV** og **wc** for **WC**. Aktuelle framlegg no om dagen er **cd** for **CD** og **cd-rom** for **CD-ROM**. Bruk *Forkortingsboka* viss du er i tvil.

Merk at i stikkordlister skal orda til vanleg stå med små forbokstavar (det gjeld sjølvsagt ikkje særnamn og forkortingar og symbol der stor forbokstav er det rette). Vi kan bruke raudt viss det er nytta store bokstavar i vanlege ord i slike lister.

4.3.2.4 Apostrof

Apostrof markerer genitiv ved ord som sluttar på **-s**, **-x** eller **-z**: **Klaus' bok**, **SAS' ruteopplegg**, **Marx' teorier**, **Grete Waitz' innsats**. (Slik genitiv blir som kjent mest nytta på bokmål.) Det skal ikkje vere apostrof ved andre genitivsuttrykk, heller ikkje ved initialord: **EUs direktiv**, **FNs generalsekretær**, **NRKs reportere**. Ein skal aldri bruke både apostrof og genitivs-s (sjå også 7.2).

Dersom ein for eksempel forkortar eit årstal til dei to siste siffera, bør det ikkje stå apostrof: **det var i 91 eg først treffe ho**. ***Vinter-OL '94** er ikkje etter regelen og kan rettast med raudt.

Det skal ikkje vere apostrof, men bindestrek i former som **x-en** (jamfør 4.3.4.1).

4.3.2.5 Orddeling ved linjeskift

Vi rettar til vanleg ikkje orddelingsfeil i manuskript, for dei blir justerte i den endelege trykken. Men viss det er heilt tydeleg at ein forfattar eller trykkjar ikkje kjenner reglane, bør vi rette orddelingsfeil òg.

Hugs at vi kan nytte både einkonsonantregelen og eit morfologisk delingsprinsipp ved usamansette ord og bøyingsformer: **syers-ke** eller **syer-ske**, **rada-ren** eller **radar-en**. Vi kan ikkje krevje konsekvens i manuset når det gjeld dette.

4.3.3 I staden for ord

I ein del tilfelle skriv ein ikkje ord på vanleg

måte, men nyttar einingar som tyder det same – siffer, symbol, forkortingar.

4.3.3.1 Siffer

Små tal

Tal opp til tolv eller så bør skrivast med bokstavar når det ikkje er noko spesielt til hinder for det: **mannen fekk ti-tolv slag i ansiktet og vart sjukmeld i tre veker, men alt den åttande dagen gjekk han på jobb**. Det same gjeld større, runde tal: **femti år, tusen fjordar, tusen fjell**. Små tal som står saman med store, skriv ein gjerne som dei store, det vil seie oftast med siffer: **23 sekker salt på 2 pallar**. Men her kan vi òg følgje det omvendte prinsippet: **tjuetre sekker salt på to pallar**. Også kombinasjonar (**23 kg ... i fjorten ...** er moglege og bør ikkje sjeldan godtakast (når dei ikkje verkar distraherande).

Små tal som skal verke svært nøyaktige, kan alltid skrivast med siffer: **2 månaders kreditt, fengsel i 5 år**. Små tal med nemning må ha siffer når nemninga er forkorta: **3 kg, 6 l**.

Vi kan vere i tvil om vi skal rekne ordet etter eit tal som ei nemning eller ikkje, og dette skil seg gjerne frå setning til setning: **2 månaders kreditt – jeg har vært bortreist i to måneder, pakken veg ein kilo – portugrensa går ved 1 kilo, 100 år** kan verke meir nøyaktig enn **hundre år**; og vi må avgjere om det er nødvendig å vere så nøyaktig i setninga.

Tal i samansetning

Bruker ein siffer, må ein skrive slik: **17. mai-tog, 50-årsjubileum**. Med bokstavar blir det **syttandemaitog, femtiårsjubileum**. Ein av desse skrivemåtane må gjennomførast med raudt dersom det er vakling ved eitt og same ordet, og vi bør gjere framlegg med blyant om den eine eller andre måten for alle uttrykk av (om lag) same typen.

Skriv aldri ***1000-vis, *4-del** o.l. Her må det vere bokstavar: **tusenvis, firedel** (eller **fjerdedel**). Men det bør vere valfritt med **50-kilometeren** eller **femtikilometeren**.

4.3.3.2 Prosent- og promilleteikn

Prosentteiknet og promilleteiknet bruker ein

berre saman med siffer, og det skal vere eitt mellomrom mellom sifferet og teiknet: **25 %**, **2 %**. I samanhengande tekst skriv vi **prosent** eller **promille**: Kor mange prosent er dette?

Unngå skrivemåtar som **%-vis**. Rett med raudt viss dei er nytta i samanhengande tekst. Dei bruksmåtane som vi rår ifrå her, kan godtakast der det er trøngt om plassen, som i tabellar.

4.3.3.3 Forkortingar

Ei lærebok bør ikkje ha for mykje av forkortingar i vanleg tekst. Mange synest at forkortingar forstyrrar lesinga, og dessutan får forkortingane lett teksten til å verke teknisk, eller dei gjev han eit ekskluderande drag på andre måtar. På denne bakgrunnen kan vi ofte gjere framlegg om eller rette til fullskrivne former i samanhengande tekst, for eksempel **kapittel** i staden for **kap**. Vi kan òg gjere framlegg om ordinære ord i staden for initialord, som **fjernsyn** for **tv**.

I tabellar, bilettekstar o.l., kan det vere trøngt om plassen, og forkortingar er meir nyttige her enn i samanhengande tekst. Vi rettar derfor ulikt i dei to teksttypane. I vanleg tekst bør ein skrive for eksempel de løp flere kilometer, ikkje *de løp flere km, som vi kan rette. I ei kolonneoverskrift bør vi derimot godta for eksempel Talet på km. I vanleg tekst kan vi gjere unntak for talopplysningar med **per (pr.)**, som ofte får ein teknisk dām og nesten fungerer som ei måleining: vegen stig 9 cm pr. m. Vi godtek forkorta form her (men kan rå til **meter**).

Tidlegare kunne ein sløyfe punktum i alle forkortingar der det ikkje vart fare for mistyding. Denne regelen gjeld ikkje lenger. No er systemet slik at dei fleste vanlege forkortingar, som **bl.a.**, **f.eks.**, **dvs.** og **osv.** (der punktum var valfritt), skal ha punktum, mens einingar for mål og vekt, valutaer o.l. (**kg**, **dl**, **m**, **kr** osv.) og initialforkortingar (som **AUF**, **EU** og **Nato**) alltid skal skrivast utan punktum, som før.

Fleirordsforkortingar skriv ein som regel utan mellomrom: **dvs.**, **etc.** (helst **osv.**), **mht.**, **moh.**, **pga.**, **vs.** Men for å unngå feillesing skriv ein: **bl.a.**, **e.l.**, **f.eks.**, **m.a.o.**, **o.l.**

Som regel skal det ikkje vere bøygde former av forkortingar: **g.** = **gang/gong**, **gangen/gongen**, **ganger/gonger**, **s.** = **side**, **sider**, **sidene** (ikkje ***ss.**), **f.** = **de følgende sidene** / **dei følgjan-**

de sidene (ikkje ***ff.**). Men forkortingar som vi les som ei bokstavgruppe, kan få bøyingsendingar: **pc-en**, **pc-er/pc-ar**, **pc-ene/pc-ane** eller **PC-en**, **PC-er/PC-ar**, **PC-ene/PC-ane**. Når ei forkorting er ledd i ei samansetning, skal det vere bindestrek mellom ledda: **IT-plan**, **FN-vedtak**, **farge-tv**, **sommar-OL**.

Merk også genitivsformer som **EUs**, **FNs**, **NRKs** utan apostrof, men **SAS'** ruteopplegg osv. (jamfør 4.3.2.4).

Dersom eit manus vekslar mellom forkortingar og fullskrivne former, bør vi prøve å lage eit meir einsarta system. Vi bør bruke blyant, men viss vekslinga forstyrrar lesinga mykje, kan vi jamne ut med raudt. Når det gjeld **bl.a.** (**blant annet/anna**), **f.eks.** (**for eksempel**), **m.a.** (**mellom anna**) og **t.d.** (**til dømes**), godtek vi at forfattaren vekslar mellom forkortingar og fullskrivne former i boka, men det bør vere konsekvens i tekststykke som ligg nær kvarandre. Først i setninga bør ein nytte fullskrivne former, og her kan vi rette eller rå til det.

Merk desse forkortingane:

AS (ikkje A/S)

bl.a. (blant annet/anna)

°C (mellomrom mellom talet og symbolet: 20 °C)

edb (helst) eller **EDB**

eg./eig. (ikkje egt.)

e.l. (ikkje e.likn.)

et. (ikkje etg.)

etc. (heller: osv.)

e.Kr. (etter Kristus)

ev. (ikkje evt.)

f.eks. (for eksempel)

f.o.m. (frå og med)

f.Kr. (før Kristus)

g. (gate, gata)

jf. (ikkje jfr.)

km/h eller **km/t** (helst det siste i allmennspråk)

kr (utan punktum)

mfl. (med fleire)

mht. (bokmål; med hensyn til)

m.m. (med meir)

m.o.t. (nynorsk; med omsyn til)

mv. (med vidare)

m.a. (mellom anna)
mva. (meirverdiavgift)
moh. (meter over havet)
muh. (meter under havet)
mrd. (milliard(ar))
mill. (million(ar))
min (minutt(ar), utan punktum)
md. (månad(er); ikkje mnd eller mdr.)
nkr (helst) eller **NOK** (i internasjonal samanheng)
o.a. (og anna, og andre)
ofl. (og fleire)
o.l. (ikkje o.likn.)
osb. (og så bortetter)
osv. (og så vidare)
pst. (prosent)
pga. (på grunn av)
s el. **sek** (helst det siste i allmennspråk)
sep. = september
tv (helst) eller **TV**
t.d. (til dømes)
t.o.m. (til og med)
v. (veg, vegen)
vha. (ved hjelp av)
vsa. (ved sida av)

Sjå elles Løland og Leira: *Forkortingsboka*.

4.3.4 Tre slags strekar

Bindestrek, tankestrek og skråstrek blir ofte blanda saman, ved at ein nyttar bindestrek i staden for tankestrek, til dels også omvendt, eller ved at ein nyttar skråstrek der bindestrek (eller andre teikn) ville vore betre.

4.3.4.1 Bindestrek (kort strek)

Også bindestrekbruk grensar mot ortografi. Mange set inn bindestrek når orda blir lange. Vi kan godta det iblant om det gjer ordstrukturen klarare (i **statstenestemanns-organisasjonar** viser bindestreken kvar hovudskiljet i samansetninga går). Men elles er ikkje ordlengda automatisk noko kriterium. Vi bør ofte gjere framlegg om at bindestrekar skal sløyfast, også i lange ord (jamfør ovanfor) og der like bokstavar støyter saman (**skule-elev**, **diva-aktig**).

Men her må vi ta skrivopedagogiske omsyn. I bøker for barn opp til tredje-fjerde årssteget

godtek vi bindestrek i mange posisjonar der vi elles ville ha retta.

I samansetningar

Ein nyttar bindestrek i samansetningar der det er utelate eit ledd som er felles: **bygge- og anleggsvirksomhet** (jamfør **bygg og anlegg**, kortform), **bestefedrar og -mødrer**. Ofte bør vi i slike tilfelle gjere framlegg om fullskrivning, for det kan bli tvil om tydinga. Er **Tana- og Karasjokvassdraget** eitt eller to vassdrag? **Bil- og båt-eigarar** – eig dei bil eller båt eller begge delar? Krev klargjering frå forfatteren dersom meininga er uklar.

Bindestrek blir også brukt i samansetningar med fleire sideordna ledd: **bensin-luft-blending**, **mage-tarm-kanalen**, **munntil-munnmetoden**, og i gruppesamansetningar, det vil seie der ei gruppe ord til saman er knytt til eit etterledd: **Donald Duck-blad**, **Ivar Aasen-vegen**.

Når vi set **ikke-/ikkje-** framføre eit ord for å avgrense eit omgrep negativt, skal det vanlegvis vere bindestrek: **ikke-magnetisert**. Men nokre få slike ord står i ordlistene utan bindestrek: **ikkeangrepspakt/ikkjeangrepspakt**, **ikkevold/ikkjevald**.

Der tre konsonantar støyter saman, er det valfridom, som i **slutt-tegn** eller **sluttegn** (det siste alternativet med berre to t-ar). Her kan vi likevel rå til den siste varianten (og rette til han ved vakling).

Merk at desse orda skal skrivast utan bindestrek: **adhokomité**, **akontobetaling** (men **ad hoc** og **a konto**) osv.

Der eit ord er sett saman med eit særnamn først, er det ofte rett å nytte stor bokstav og bindestrek: **to nye Clinton-vitsar**. Men svært innarbeidde omgrep skal skrivast slik det er vanleg for samnamn: **ein kilo gudbrandsdalsost**, **nye selbuvotter**. Ikkje sjeldan kan ein velje mellom å skrive ordet med stor forbokstav og bindestrek, for eksempel **Bergens-dialekt**, og å skrive det i eitt, med liten forbokstav: **bergensdialekt**. Ved somme politiske nemningar står valet mellom ein variant med stor bokstav og bindestrek og ein med stor bokstav utan bindestrek: **Maastrichttraktaten** eller **Maastricht-traktaten**, **Osloavtalen** eller **Oslo-avtalen**. Merk likevel at ein etter historielista frå Språkrådet skal skrive

historiske nemningar som **Gyldenløvefeiden/ Gyldeløvestriden** og **Wienkongressen** utan bindestrek. I ordbøkene står òg **Warszawapakten/ Warszawapakta** skrivne slik. Før vi rettar ord som dette, må vi undersøkje saka med dei kjeldene vi har.

Vi ser at forfattarane kan ha fleire måtar å velje mellom. For oss er det viktig å slå opp i ordboka og nytte sunt vit. Vi bør rå til at forlaget og forfattaren nyttar eit enkelt og konsekvent system for slike samansetningar gjennom heile manuset.

Ved forkortingar o.l.

Ein nyttar bindestrek når forkortingar o.l. skal setjast saman med andre ord eller skal bøyast: **EU-medlem**, **C14-datering**, **pc-en** eller **PC-en**, **NTL-ar**. Dette gjeld òg i samansetningar med siffer, som **80 km-sone** eller **80-kilometersone**, **10-årsalderen**, **2-etasjes** (i dei to siste kan vi rå til **tiårsalderen** og **toetasjes**, i same rekkjefølgja). Merk: **NATO-land** eller **Nato-land** eller **nato-land** (og sameleis for andre samansetningar der forleddet følgjer mønsteret **NATO** eller **Nato**). Bindestrek blir òg brukt når ein behandlar bokstavar på denne måten: **x-en**, **x-ar**, **x-ane**, **x-akse**.

4.3.4.2 Tankestrek (lang strek)

I trykt skrift er ein tankestrek normalt lengre enn ein bindestrek. Men i skrivemaskintekst og til dels i pc-tekst blir bindestreken brukt i staden for tankestrek (- -) er ikkje noko brukande alternativ, berre eit provisorium som forlaget må rette opp før boka går i trykken.)

Det skal stå tankestrek mellom ytterpunkt i tid og rom og mellom andre motpolar. Streken svarer i slike tilfelle til "frå ... til", "mellom ... og": 1. mai–10. september, sytti–åtti personar, sidene 2–10, vegen Rjukan–Kongsberg, forholdet Lenin–Inessa Armand, kampen Noreg–Sverige (utan mellomrom på kvar side av tankestreken).

Merk skilnaden mellom desse to uttrykksmåtene:

dobbelmonarkiet Austerrike–Ungarn (bindestrek ved sidestilte ledd)
 fotballkampen Austerrike–Ungarn (tankestrek, i tydinga "mellom ... og")

4.3.4.3 Skråstrek

Skråstrek tener først og fremst til å vise alternativ (= eller): **av/på-knapp**, **lese- og/eller skrive-dyktig**. For å vere kjønnsnøytrale skriv mange **han/ho**, men her bør vi rette eller rå til **han eller ho** i samanhengande tekst (skråstrek kan godtakast i tabellar o.l.). Kombinasjonen **og/eller** er populær, men ikkje alltid like nødvendig, og her kan vi ofte gjere framlegg om anten **og** eller **eller** aleine. Hugs at det skal vere mellomrom på begge sidene av skråstreken viss minst eitt alternativ har meir enn eitt ord: heime / på arbeid.

Skråstrek kan også vise forhold og forholds-
 tal: **bensin/luft-forholdet**, **30 km/t**.

Det skal ikkje vere skråstrek ved datoar eller når ein gjev opp tidsrom. Merk at ein skriv forkortinga **AS** utan skråstrek. Men respekter firma som nyttar andre variantar for sin eigen del.

Skråstrek er til dels svært populært. Vi kan ofte ta ut skråstrekar med raudt eller med blyant, særleg når tydinga blir uklar, og når bindestrek eller andre teikn er riktigare. Skråstrekar skal ikkje nyttast ved datering (***13/5-98**), og vi kan rå ifrå variantar som pølse m/brød (betre med punktum: pølse m. brød) og styret v/leiar (betre: styret v. leiaren).

Når ein skråstrek må setjast ved slutten av ei linje, må han stå før ein tek linjeskift, og ikkje kome på neste linje.

4.3.5 Skiljeteikn og mellomrom

Skiljeteikn er ikkje språkteikn, men skal byggje opp under setnings- og periodeinndeling og dermed meininga i teksten. Vi skil mellom store skiljeteikn, det vil seie punktum, spørsmåls-teikn og utropsteikn, som krev stor forbokstav etter seg, og små skiljeteikn (dei andre), som ikkje gjer det.

Mellomrom (breiddesteg) skil ord og andre teikn frå kvarandre. I ein del samanhengar lèt forfattarar ofte vere å setje mellomrom der det etter grelane skal vere slike.

4.3.5.1 Komma

I lærebøker skal ein i hovudsak nytte grammatisk kommasetjing. Særleg når vi vurderer komma mellom setningar, ser vi i praksis nesten

heilt bort frå den regelen som seier at ein kan setje komma "der det er naturleg med ein pause". Anten skal det stå komma, eller det skal ikkje stå komma – det vurderer vi ut frå tydinga og ein analyse av setningane. Feil rettar vi med raudt.

Regelen om "pausekomma" kjem oftare inn når vi skal vurdere om innskot, tillegg o.l. skal skiljast ut med komma. I slike tilfelle kan ein ha valfridom, og spørsmålet er da om komma gjer meininga klarare eller lesinga lettare. I så fall bør ein setje komma, og som konsulentar kan vi gjere framlegg om det.

Mellom sideordna ledd

Om det manglar komma mellom sideordna heilsetningar ("hovudsetningar") innanfor same perioden, skal vi setje det inn med raudt (aktuelt framføre **og, eller, for** osv.): han kjente ikke saken, for han var ikke til stede på møtet.

Merk at dette *ikkje* gjeld imperativsetningar, der vi tvert om tek ut komma med blyant (med raudt ved vakling): Rekn ut() og trekk saman. Men kjem det for eksempel eit tillegg som berre gjeld den eine setninga, kan komma vere på sin plass: Bruk blyant, eller rett med rødt hvis det kan forsvares ut fra sammenhengen. Setningslengda bør derimot ikkje spele noka rolle, verken for imperativsetningar eller andre typar setningar.

Det skal også stå komma mellom sideordna leddsetningar ("bisetningar") innanfor same perioden. Vi set komma inn med raudt her òg viss det manglar: konklusjonen er at bladet framleis bør kome ut, at marknadsføringa må bli betre, og at arbeidet med å skaffe abonnentar skal intensiverast. Dette gjeld vel å merke når forfattaren tek opp att innleiingsordet (**at, fordi, hvis/viss, når, som** e.a.). Men det bør *ikkje* vere komma mellom leddsetningar med felles innleiingsord: når morgenen kommer() og sola står opp, spretter vi ut av senga. Står det komma her, tek vi det ut med raudt. Det same bør vi gjere om den første av to vilkårssetningar er forma som ei spørjesetning: krever ikke trygdekontoret bevis () og bruken er lovhjemlet, godtas ordningen.

Det skal alltid stå komma framføre **men**. Set det inn med raudt: ikkje eg, men du skal gå. Vi

ser at det ikkje står komma etter **du**, og slik bør det til vanleg vere: Det leddet som **men** innleier, bør ikkje avsluttast med komma (om det da ikkje er ei heil setning og fell inn under andre reglar). Vi kan rå til å ta ut komma her viss det står, særleg når leddet ikkje er eit tydeleg innskot. Her er det altså noko rom for skjøn.

I opprekningar der **og, eller** eller **men** er utelate, må vi setje inn komma med raudt dersom det manglar: verken Kari, Ola, Eva eller Jens kunne komme til middag, ho er ikkje genial, berre intelligent.

Set også inn komma med raudt mellom ledd som er sideordna med uttrykk som **dels – dels, noen/nokre, andre, snart – snart**: hun var dels et vanlig menneske, dels var hun det rene uhyre, somme liker dattera, andre svigermora.

Vi må passe på at det står komma mellom sideordna adjektiv utan konjunksjon. Merk skilnaden i tyding mellom desse to:

eit lite, vakkert ansikt

("eit ansikt som er lite og vakkert")

eit lite vakkert ansikt

("eit ansikt som er lite vakkert")

Etter føresette setningar

Etter ei leddsetning som står først i ei heilsetning ("undersetning før hovudsetning"), skal det alltid vere komma: som han har sagt, hjelper det lite å klage. Men det skal ikkje stå komma etter preposisjonsuttrykk (med infinitiv), heller ikkje om dei er lange: etter å ha studert språk og litteratur i mange år ved universiteter i Norge og utlandet() var hun endelig ferdig med eksamen. Står det komma etter **utlandet** her, tek vi det ut med raudt. Men resultatet kan bli enda betre om vi skriv om preposisjonsuttrykket til ei leddsetning, og da må det stå komma: etter at hun hadde studert språk og litteratur i mange år ved universiteter i Norge og utlandet,...

Det skal heller ikkje vere komma ved uttrykk som desse: uansett føreforhold() vil rennet bli arrangert, som før nemnt() vart saka utsett, sagt på en annen måte() blir varene billigere. Rett med raudt.

Når to setningar er knytte saman med uttrykket **jo – desto / di – di (dess – dess)**, er den

første av dei ei (føreset) adverbial leddsetning og må ha komma etter seg: di meir eg strever, di mindre tener eg. Er det ikkje tale om fullstendige setningar, kan vi rekne kommaet som valfritt: Jo mer skrik() desto mindre ull.

Vi set derimot komma inn med raudt etter ei innskoten leddsetning, nærmast same kor kort eller lang ho er: det stod i brevet hun skrev, at hun aldri ville tilgi ham.

Vi må òg passe på at det står komma framføre etterstilte setningar med yringsverb: Du er utrolig morsom, hikstet Olav. Dette gjeld ikkje når det står utropsteikn eller spørsmålsteikn på plassen til kommaet.

Nødvendig eller unødvendig setning?

Skal det stå komma framføre etterstilte og innskotne leddsetningar? Det kjem an på om setninga er nødvendig eller ikkje. Viss ei etterstilt eller innskoten setning ikkje kan sløyfast utan at det endrar tydinga av heilsetninga, skal det ikkje stå komma. Derimot set vi inn komma med raudt framføre ei leddsetning som kan sløyfast, for den er ikkje nødvendig, grammatisk sett.

Substantiviske leddsetningar som er innleidde av **at** eller eit spørjeord (**hva/kva, hvor/kvar** osv.), er som regel nødvendige: hun ville() at vi skulle gå hjem. Det same gjeld relativsetningar der **som** er sløyfa eller kan sløyfast: den bilen() (som) ho køyrde med, var ein ny modell. Her tek vi altså ut komma med raudt viss det står (etter **bilen**). Eit eksempel på ei unødvendig adverbial leddsetning er den som følgjer etter komma i Bli på ferdig med pakkingen, så vi kommer av gårde.

Spørsmålet om nødvendig eller unødvendig setning melder seg oftast når vi vurderer relativsetningar. Her er det oftast tale om behovet for å peike ut ein blant fleire. I den følgjande setninga må den vidare tekstsamanhengen gje svaret: ved bygningen var det ein plass, der mange bilar stod parkerte. Kan det vere tale om meir enn ein plass? I så fall er setninga nødvendig, og komma bør sløyfast. I denne setninga er relativsetninga temmeleg sikkert unødvendig: min gamle venn, som jeg har kjent siden guttedagene, kommer på besøk i morgen.

Merk skilnaden i tyding her:

Han kritiserte de norske spillerne, som spilte elendig (= alle spelarane).

Han kritiserte de norske spillerne() som spilte elendig (= dei av spelarane som spelte dårleg).

Ei relativsetning kan vere unødvendig, grammatisk sett, sjølv om ho semantisk eller logisk trengst som ein karakteristikk, fordi det ikkje er tvil om kven eller kva ho peiker ut: Pål, som er lege, vet jo at dette er skadelig. Her er det snauvt tvil om kven Pål er, og vi bør følgje hovudregelen og setje inn komma med raudt framføre **som** dersom det manglar (det gjer det ofte).

Ved adverbiale leddsetningar (som fortel om årsak, følgje, tid osv.) er det til vanleg ikkje tale om utpeiking. Her må vi spørje: Kva er det viktige i det forfattaren seier, og kva er meir perifert?

Vanlegvis bør ein ikkje setje komma framføre **mens** (ho skreiv() mens faren såg på), utan om når det ligg føre ei motsetning: hun er liten, mens han er stor (her kunne det òg stått **men**). Dessutan bør vi oftast ta ut komma framføre tidskonjunksjonane **da, når, før, innen/innan, (inn)til, siden/sidan** og **etter at** og framføre **for at, sjøl (selv) om / sjølv om, som (om), hvis/viss, dersom, fordi** og **enn**. Derimot skal det som regel vere komma framføre leddsetningar som blir innleidde med **skjønt** (berre bokmål), **idet, med mindre, siden/sidan, da** (årsakskonjunksjon, berre bokmål), **så (at)**.

Men forfattarar kan velje om dei vil nytte komma i ei setning som denne: han vart ståande og tenkje() til sola gjekk ned. Her er leddsetninga eit lausare tillegg.

Når vi set inn eller tek ut komma framføre etterstilte setningar som dei ovanfor, kan vi nytte raudt om det kan forsvarast ut frå samanhangen.

I desse setningane blir tydinga ulik:

Han skreiv stilen, slik at læreren vart fornøgd (= og dermed vart læreren fornøgd).

Han skreiv stilen() slik at læreren vart fornøgd (= på ein måte som gjorde læreren fornøgd).

Ved innskot, tillegg o.a.

Når ein nyttar komma (og ikkje tankestrekar eller parentes) til å skilje ut innskot, må det stå komma både framføre og etter innskotet: ho påstod, og det var ho heilt sikker på, at prisane ville stige. Det er fort gjort å gløyme det siste kommaet. Set det inn med raudt.

Ved apposisjonar kan ein ofte sløyfe komma – både føre og bak, i så fall: min venn, Kari Hansen, og hennes mann, Ola Hansen, drog først i går. Men vi kan få ulik tyding, og da gjeld det at komma er sett riktig:

Onkel Oskar, den beste venen min, og tante Olga døydde i ulykka (= to personar).
Onkel Oskar, den beste venen min og tante Olga døydde i ulykka (= tre personar).

Det bør ofte stå komma for å skilje ut parentetiske tillegg og forklaringar: turen kostar 5000 kr, alt inkludert, jeg søker stillingen, under forutsetning av at jeg får permisjon.

Til vanleg skal det stå komma når slike ledd tek til med **blant annet/anna (bl.a.), for eksempel (f.eks.), det vil si/seie (dvs.), eller** (i tydinga "det vil seie"), **eller rettere/rettare, især, nemlig/nemleg, særleg/særleg, til dømes (t.d.)**. Her kan vi setje inn komma med raud penn.

Vi set også inn komma med raudt for å skilje ut svarord, tiltaleord, utrop o.l., og elles for å skilje ut ledd som er trekte ut av setninga og plasserte lengst framme eller lengst bak: Var du på treninga i dag, Petter? Orsak, kor mykje er klokka? Hvem kommer der, tro? Per, han er ein kjernekar. Hun har et behagelig vesen, den nye læreren.

Ta ut komma med raudt i tilvisingar til lovparagrafar. Ei tilvising bør sjå slik ut: forholdet er omtalt i miljøvernloven § 12 fjerde ledd bokstav c første punktum. Merk at namnet på lova ikkje har genitivs-s. Men viser ein til "lova" meir generelt, heiter det på bokmål (obligatorisk): forholdet er omtalt i lovens § 12. På nynorsk må ein her skrive ... i § 12 i lova. (Generelt kan ein gjerne skrive "paragraf" med bokstavar i staden for å nytte paragrafteikn.)

Pass på at det er komma (ikkje punktum) som blir nytta som desimalteikn: 7,8 cm, 0,4 s (sekund), kr 12,50 eller 12,50 kr.

4.3.5.2 Punktum

Den vanlegaste funksjonen til punktum er å skilje mellom periodar i samanhengande tekst. Denne bruken byr sjeldan på problem. Merk at det berre skal stå eitt punktum ved setningslutt, også om det der står eit ord med punktum: Han kjøpte sokkar, skjorte, slips osv. Hugs òg at punktum, som andre skiljeteikn, skal setjast inntil ordet framføre. Men når ein nyttar tre punktum for å vise at ein bryt av ei framstilling, skal det først setjast mellomrom (takast eit breiddesteg): sol og sommar ...

Punktum har òg ein del andre funksjonar.

Ved forkortingar

Dei fleste vanlege forkortingar skal no skrivast med punktum: **bl.a., ca., dvs., f.eks., osv.** Dette er obligatorisk og er ei endring jamført med tidlegare, da ein kunne sløyfe punktum i alle forkortingar der det ikkje var fare for mistyding eller feillesing. Sjå òg 4.3.3.3.

Derimot skal det ikkje vere punktum ved forkortingar (symbol) for mål, vekt, mynt og grunnstoff: **km, kg, kr, Ca** (kalsium) osv. og heller ikkje i initialforkortingar som **EU** og **Nato**. Merk: **min** (minutt(ar)), **s** eller **sek** (sekund(ar)), **U_{maks}** (men: **maks.** som generell forkorting for **maksimum** eller **maksimalt**).

I oppstillingar

Eit praktisk eksempel kan vise korleis ein bør setje punktum i oppstillingar. Merk at den typen som er vist, med eit talsystem i fleire nivå, er vanlegast i innhaldslistar og overskrifter i bøker (også nytta i denne boka). Viss forfattaren prøver å gjennomføre eit slikt system, kan vi rette med raudt i samsvar med desse retningslinjene. Sjå også 4.3.8. Det blir slik:

- 2 Nokre reglar for punktum
 - 2.1 Ikkje etter siffera framføre punkta i opprekninga
 - 2.2 Ikkje nødvendig etter kvart ledd i opprekninga
 - 2.3 Ikkje dersom ledda har same forma som titlar e.l., det vil seie ikkje har setningsform

- 2.4 Ikkje nødvendig sjølv om ledda har setningsform
- 2.5 Viss dei andre ledda ikkje er avslutta med punktum, skal det heller ikkje stå punktum ved det siste leddet

I kapitteloverskrifter av typen Kapittel 14() Kva er eit ion? bør vi rå til med blyant at ein sløyfar punktum, slik det er gjort i denne boka.

Til slutt i figurtekstar, tabelltekstar og bilettekstar

Det kan stå punktum etter figurtekstar, tabelltekstar, bilettekstar og margtekstar. Ein kan sjå desse gruppene kvar for seg, og tre system er moglege for kvar gruppe: 1) punktum etter alle tekstar av same typen, 2) ikkje punktum etter nokon tekstar, 3) ikkje punktum etter korte tekstar, berre etter lengre. Grensa mellom korte og lengre tekstar går som regel ved periodar som inneheld ei eller fleire setningar. Det er altså ganske stor valfridom og mange måtar å kombinere på, men reglane må praktiserast slik at punktumbruken gjennom boka følger eit konsekvent system.

I taluttrykk

Det er punktum, ikkje skråstrek eller bindestrek, som skal brukast ved numerisk datering. Vi har fleire valfrie dateringsmåtar – dei numeriske med **4.5.1998**, **4.5.98**, **04.05.1998** eller **04.05.98** og den alfanumeriske med **4. mai 1998**. I tillegg kjem det internasjonale systemet med **1998-05-04** eller berre **98-05-04**, men det bør ikkje nyttast i lærebøker og kan rettast med raudt.

Ein av dateringsmåtane må gjennomførast så langt som råd, og vi kan jamne ut med raudt. Vi kan også gjerne rå til **4.5.** i staden for **04.05.** – typen med **0** kan likevel stå i tabellar og kolonar. Punktuma merkjer ut rekkjetal ("den femte"), og det er lett å gløyme det siste punktet ved oppramsing o.l.: 13.3(), 17.6() og 1.10().

Tidlegare kunne ein sløyfe punktum ved alfanumerisk datering (altså når ein skreiv månadsnamnet med bokstavar). Dette unntaket gjeld ikkje lenger. Ein må nytte punktum her som elles ved rekkjetal: (den) 8. juli.

Det skal *ikkje* vere punktum mellom tusen i store tal: **100 000**. Punktum her (*100.000) er vanleg, men må rettast med raudt.

4.3.5.3 Andre skiljeteikn

Spørsmålsteikn

Hugs spørsmålsteikn også i overskrifter som har form av spørsmål: Kapittel 14 Kva er eit ion? Derimot skal det ikkje vere spørsmålsteikn i overskrifter som er avhengige spørjesetningar: Kva er eit ion er. Ein gjer òg fort den feilen å setje spørsmålsteikn etter formuleringar som *Vi spør om rovdyr er nødvendige i norsk fauna, eller om de kan utryddes? Men dette er ei utsegnsetning, og vi bør setje punktum inn med raudt i staden for spørsmålsteiknet.

Utropsteikn

Det skal til vanleg ikkje vere utropsteikn i oppgavetekstar som desse:

Set opp og rekn ut.

Vri kompasset i riktig retning.

Vi kan ta utropsteikn ut med raudt viss det står slike her.

Mange som skriv, er svært glade i å nytte utropsteikn, og det kan vere grunn til å rette eller rå til punktum i staden. Da tonar vi nemleg ned forfattarstemma og gjer framstillinga meir nøktern. Er ein i tvil, bør ein heller sløyfe enn setje utropsteikn.

Semikolon

Semikolon er aldri obligatorisk. Ein nyttar det mest mellom heile setningar: punktum er alltid eit stort skiljeteikn; komma og semikolon er alltid små. Det er gale med semikolon i setningar som denne: *derfor vet vi ikke hva vi ser på; et skred som er gått, eller ett som pågår. Rett med raudt. Her kan vi velje komma, kolon eller tankestrek.

Kolon

Når det som kjem etter innleiingsteksten, høyrer direkte saman med den syntaktisk sett, skal ein sløyfe kolon:

Når du har lest dette kapittelet, skal du

- kunne beskrive oppbyggingen av et ion
- kunne gjøre greie for elektronets bevegelser

Men i slike tilfelle skal det stå kolon:

Du skal ha med desse sakene:

- varme klede
- sovepose

Sjå også 4.3.8.

4.3.5.4 Mellomrom (breiddesteg)

Eit mellomrom (breiddesteg) tener til å skilje ord og setningar frå kvarandre, og mellomrommet supplerer slik sett skiljeteikna. Ovanfor er det fleire gonger nemnt posisjonar der det er obligatorisk å setje mellomrom.

Eit skiljeteikn skal ikkje ha mellomrom framføre seg: **Adjø!** (ikkje *Adjø !). Men når ein bryt av ei framstilling med tre punktum, tek ein eit breiddesteg først: så snille folk ...

Mellomrommet er viktig i fleirordsuttrykk som **en gang / ein gong**. Her går det inn som ein direkte del av korrekt ortografi.

Det skal ikkje vere mellomrom føre og etter tankestrekar som viser tidsrom, avstandar, relasjonar eller andre motpolar: 1. mai–10. september, sytti–åtti personar, sidene 2–10, vegen Rjukan–Kongsberg, forholdet Lenin–Inessa Armand, kampen Noreg–Sverige. Derimot skal ein tankestrek ha mellomrom føre (og etter) ved innstok og i liknande funksjonar: det står – veit vi – enno mykje att.

Store tal skal ein gruppere i tre og tre siffer rekna frå desimalkommaet: 3 562 987 675,456 90. Tal på fire siffer kan grupperast slik: 4 200 eller 4200. Her kan vi krevje konsekvens i manus med raudt.

Det skal vere mellomrom omkring rekneteikn som gjeld fleire enn eitt tal: **2 + 2 = 4** (ikkje *2+2=4). Rett feil med raudt. Men merk at ein skriv **+5 °C** (= fem varmegradar) utan mellom-

rom framføre talet. Denne skrivemåten bør nyttast når ein også nemner minusgradar (**–5 °C**). Elles kan plussteiknet sløyfast: **5 °C** eller **+5 °C**.

Det skal vere mellomrom mellom tal og (forkorta) nemning, anten nemninga står framføre talet (**kr 10**) eller etter det (**10 kr, 5,68 kg, 25 l**). Også ikkje-bokstavteikn kan vere nemningar: **§ 10, 10 %**, **+5 °C** (men: ein vinkel på 180° utan mellomrom).

Brot på desse reglane skal alle rettast med raudt. Når vi rettar mellomromsfeil i lærebokmanus, kan vi mange gonger nøye oss med å gjere det berre i byrjinga og så skrive ein merknad om at forlaget må følgje opp. Da er det viktig at rettingane våre er klare og instruktive. Feil særskriving eller samanskriving av ord bør alltid rettast overalt i manus.

4.3.6 Nokre andre teikn

4.3.6.1 Hermeteikn (bokmål: anførselstegn)

Form

Hermeteiknet har fleire former: „ ... ”, ” ... ”, « ... ». Den første forma, med det første teiknet nede på linja, vart før brukt i handskrift, men er no mindre vanleg, og denne varianten ser vi snautt i trykt tekst. Dei to andre, med begge teikn oppe på linja eller vinklar, er om lag like vanlege. Merk at vinkelspissane skal vende utover: « ... » (på dansk er det omvendt). Av og til ser vi feilen « ... « eller » ... », det vil seie at den same vinkelen er brukt både føre og etter sitatet. Da må vi rette med raudt, men det er nok å gjere det på dei første sidene og så skrive at forlaget må følgje opp rettingane heile vegen.

Funksjonar

Hermeteikn nyttar ein når ein siterer, og ein set da teikna omkring sitatet. Om rekkjefølgja av teikn ved ulike overgangar mellom sitat og tekst – sjå 4.3.7.1.

Å setje hermeteikn som signal om rare ord blir lett ein uskikk, som ein bør passe seg for. Kva som er rart med eit ord eller bruken av det, veit ofte ikkje lesaren noko meir om fordi om det står hermeteikn. Vi bør ta ut hermeteikna i ei setning som denne: her kan utrekningane ”sprekke”. Vi kan nytte raudt, for det er knapt

noko å seie på slik bruk av **sprekke** i det heile.

Generelt bør hermeteikna heller ikkje nyttast til å utheve ord og tekstdelar som viktige. Kursiv er betre. Hermeteikn og kursiv bør aldri nyttast samtidig.

I litteraturlister skal titlar på bøker, aviser, tidsskrift o.l. ikkje ha hermeteikn. Dei *kan* stå i kursiv. Titlar på artiklar *kan* stå i hermeteikn, men det er vorte mindre vanleg. Oftast sørgjer ein for å redigere litteraturlista slik at det går fram kva som er artiklar, og kva som er heile publikasjonar.

Særleg aviser nyttar heller replikkstrekk (–) enn hermeteikn ved replikkar. Streken, som ofte svarer til tankestrek, men som også kan ha ei særskild lengd, erstattar altså hermeteikna. Da er dei ledige til bruk ved sitat o.l. inne i replikken.

Ein del forfattarar lét vere å setje hermeteikn når dei siterer lengre tekst som dei set innrykt i blokk. Dette er greitt når det er klart at teksten er eit ordrett sitat. Ein kan i tillegg seie ifrå i eit forord at sitata er redigerte slik.

Det må ikkje vere tvil om kva som er ordrett sitat, og kva som forfattaren sjølv gjev att frå ei kjelde.

Kor mykje skal stå i hermeteikn?

Ein kan kome i tvil om kor mykje det er rett å sitere frå ein tekst for å få fram poenget. Bør ein skrive: lova seier at opplysningane må sendast "samtidig med" at inntekta blir rekneskapsført eller: lova seier at opplysningane må sendast "samtidig med at" inntekta blir rekneskapsført når ein siterer? For å finne ut det kan vi sjå kor mange ord vi må ta ut viss vi set inn noko anna. Her kan det høve med "når", og da må vi ta ut "samtidig med at". Altså høyrer **at** med innanfor hermeteikna.

Gløym ikkje å setje det siste hermeteiknet der sitatet sluttar. Stryk hermeteikn med raudt etter såkalt(e)/såkalla.

4.3.6.2 Parentes og bogestrek

Vi må passe på at det i manuset er skilt mellom vanleg parentes (rund parentes) og hakeparentes. Det er ein tendens til å nytte berre den første typen overalt. Men hakeparentes bør stå rundt

utelatingar i sitat, med tre prikkar dersom utelatinga er kort: [...], og tre tankestrekar dersom ho er lengre: [– – –]. Hakeparentes skal òg setjast rundt dei innskota i sitatet som forfattaren sjølv gjer (korreksjonar, kommentarar o.l.). Rett med raudt slik at desse reglane blir følgde.

Høgereparten av ein halv vanleg parentes kallar vi *bogestrek*, og han ser slik ut:). Bogestrek har vore mykje nytta etter tal og bokstavar i punkttoppstillingar, men dette blir ikkje lenger rekna for korrekt. Derimot kan vi godta noko bruk av bogestrekar i samanhengande tekst der dei gjer meininga tydelegare, for eksempel der det blir vist til illustrasjonar og dei omgrepa ein talar om, ikkje er markerte på anna vis. Da kan det sjå slik ut: på figur 6.2 ser vi dei første eksemplara av 1) bil, 2) tog, 3) dampskip. (Her kunne tala elles lett ha forvirra lesaren.)

4.3.7 Rekkjefølgja?

4.3.7.1 Skiljeteikn og hermeteikn

Dersom eit sitat er ei setning, skal skiljeteiknet stå framføre slutthermeteiknet: Han sa: "Eg kjem i morgon." Det gjeld også viss ein bryt opp den siterte setninga på denne måten: "Eg kjem i morgon," sa han, "viss eg rekk det." Dersom heile ytringssetninga kjem etter sitatet, blir det slik: "Eg kjem i morgon," sa han. "Kjem du i morgon?" spurde eg.

Der sitatet berre er ein del av den setninga ein sjølv skriv, blir det annleis: At han sier "jeg vil ikke", er ikke noe å bry seg om. Eventuelt kan vi skrive: At han sier: "Jeg vil ikke", er ikke noe å bry seg om.

Også ved namn nyttar vi ofte hermeteikn, og i genitiv (mest på bokmål) heiter det da for eksempel dampskipet "Astma"s forlis, med s-en etter slutthermeteiknet.

Brot på desse reglane rettar vi med raudt.

4.3.7.2 Skiljeteikn og parentes

Eit skiljeteikn skal stå saman med den heilskapen det høyrer til, anten heilskapen er sett i parentes eller inneheld ein parentes: Hun gav mange eksempler. (Men de var ikke fullstendi-

ge.) Gje nokre eksempel (slik som her). Rett feil med raudt.

4.3.8 Punktoppstilling

Punktoppstillingar (rubrikkoppstillingar) er oppstillingar med linjeskift mellom kvart punkt. Ein trekkjer stoff ut av den samanhengande teksten og stiller det opp på denne måten for å gjere framstillinga meir oversynleg, streke under ting e.l.

Det er mange måtar å gjere dette på. Punkta kan markerast med spesielle teikn (stjerner e.a.), tankestrekar, tal eller bokstavar framføre seg. Dei kan òg vere markerte berre med innrykk (det høver dårleg dersom dei går over meir enn ei linje). Merk at det ikkje skal vere punktum etter tal og bokstavar som er punktmarkørar. Markørane (tala, bokstavane e.a.) kan rykkjast inn frå den vanlege margen, teksten i punkta kan rykkjast inn eitt steg til, med eigen venstre marg, og ein kan ta ekstra linjeskift føre og etter punkta.

Med rettingane og framlegga våre bør vi fremje eit så konsekvent system som råd i heile boka.

Hos somme forfattarar blir punktoppstillingar nesten ein mani, mens andre godt kunne nytta slike oppstillingar oftare enn dei gjer. Begge delar kan vi peike på i ein merknad til forlaget, om vi ser noko slikt.

Vi må godta at det blir veksla mellom ulike slags punktoppstillingar i manuset, berre oppstillingane er i tråd med reglane, for det skiftar mykje kva som høver i den samanhengen ein arbeider med.

Her er nokre viktige tips: Teksten bør ta til med *stor bokstav* i punkt

- som sluttar med punktum eller eit anna stort skiljeteikn
- som inneheld fleire setningar (heilsetningar)

Når stoff er trekt ut av den vanlege teksten, blir skiljeteikn mindre nødvendige. Det skal ikkje stå punktum til slutt i ledd som ikkje er heile setningar. Inneheld eitt eller fleire av punkta på førehand eit punktum, tek vi det ut med raudt eller krev at ein gjer alle punkta om til setningar.

Vi kan godta at nokre punkt er heile setningar, men andre ikkje, og da aksepterer vi òg at det står stor (eller liten) forbokstav først utan at det kjem punktum eller eit anna skiljeteikn til sist i punktet.

Andre gonger bør teksten i punkta ta til med *liten bokstav*. Det gjeld i punkt

- som er korte
- som er ein uunnverleg del av den setninga som innleier punktoppstillinga

Det vanlegaste er at det ikkje står komma etter punkta, men iblant kan anten komma eller semikolon vere nyttig (sjølv sagt ikkje der punktum bør stå), på same måten som eit **og** eller eit **eller** mellom det nest siste og det siste punktet. Men vi kan gjerne gjere framlegg om enklare løysingar der det høver slik.

Punkta skal vere språkleg parallelle, det vil seie at dei er formulerte med same typen setningar eller same typen innleiingsord.

Di meir heterogene punkta blir, di meir taler for å skrive om på nokre av dei for å få større likskap. Det verkar ikkje så oversynleg om ein (som her) stiller saman

- eit par ord
- punkt som er bygde opp av meir enn ei setning. I slike tilfelle kan ein jo setje punktum og ta til med ny setning, men det går ikkje alltid så bra der punkta har altfor ulikt omfang. Grunnen er at lesaren da lett mistar oversynet att
- eittordspunkt

Denne oppstillinga nærmar seg grensa for det akseptable. Noko av stoffet i det midtre punktet burde vore trekt ut og omtalt i den samanhengande teksten føre eller etter.

Les meir om dette i Vinje: *Skriveregler/Skrivereglar*.

Kapittel 5

Ord, termar og namn

5.1 Allment

Språkleg kan ei lærebok svikte elevane sjølv om både setningsbygning, tekstbinding, logiske struktur og formale sider er framifrå. Har ikkje forfattaren valt orda sine med omtanke heile vegen, kan ikkje boka fungere godt. Det rette ordet er viktig.

Det er mange omsyn å ta, og det er mange fellar ein kan gå i. Med orda skal forfattarar ikkje berre uttrykkje seg eintydig, enkelt, konsekvent og variert, men også respektere og vidareføre dei tradisjonane som ligg i faste uttrykk (kollokasjonar og idiom) og i hevdvunne tydingar og bruksmåtar. Samtidig må det vere rom for språkleg fornying og for ein personleg tone. Som konsulentar må vi her vere observante og vise godt skjøen.

Det viktigaste ordtilfanget i norsk er ordboksført, og opplysningane i autoritative ordbøker skal danne grunnlaget når vi vurderer ordbruk. Samtidig blir det laga nye ord, og forfattarar må kunne ta dei i bruk. Men ikkje alt her er lødig gods. Ofte må vi ta stilling til nye lånord. Frå engelsk kjem det stadig inn ord i norsk, og nynorskforfattarar nyttar ord med bakgrunn i bokmål. Dei fleste av dei eigentlege nyorda er for sin del felles for målformene. Korleis ein skal vurdere ord som ikkje står i ordlistene, tek vi opp i 5.1.2.

Ein spesiell del av ordtilfanget er terminologi, dei fagspråklege omgrepa innanfor ymse område. Ein underteig her er særnamn av diverse slag.

Nedanfor tek vi opp både problematiske punkt som knyter seg til orda og bygnaden dei-ra (morfologi), og spørsmål som gjeld val og bruk av det ordet som er det rette i samanhen-gen.

5.1.1 Noko om bygnaden til norske ord

Vi skil mellom *usamansette ord*, *samansetningar* og *avleiingar*. Samansetningar er ord som er sa-

mansette av to eller fleire andre ord (som **telefonkatalog** av **telefon** og **katalog**). Avleiingar er bygde opp av usamansette ord eller samansetningar pluss forledd eller etterledd (som **an-**, **be-**, **in-**, **-ing**, **-sjon**, **-skap** osv.), som ikkje sjølve utgjer ord som kan stå aleine.

Dei aller fleste orda er felles for bokmål og nynorsk. Men målformene har også sine spesialitetar.

Ein del viktige usamansette ord har valfrie former, spesielt på nynorsk: **kvar** eller **kor** (om staden, berre **kor** om graden: **kor mykje**), **kvifor** eller **korfor**, **difor** eller **derfor**, **di – di** eller **dess – dess**, **mye** eller **mykje**, **ovanfor** eller **ovafor** (og **nedan-** eller **neda-** osv.). Her må vi jamne ut vaking for kvart ord (men **dess – dess** trekkjer med seg **dessverre**, **di – di** trekkjer med seg **diverre**). Derimot kan ein kombinere **difor** og **korfor**. Merk at ein berre kan skrive **korleis** (ikkje ***kordan**).

Det finst i språket nokre faste fleirordsuttrykk (mange er gamle preposisjonsuttrykk), som skal særskrivas (for eksempel **til like**). Vi må kunne skilje mellom dei og liknande, samansette ord som skal stå i eitt (som **tilbake**). Hovudregelen er den at viss eitt av orda kan stå aleine, skal uttrykket skrivast åtskilt: **i fjor** (for ein kan skrive **i hele/heile fjor**), **for øvrig** (berre på bokmål; ein kan skrive **de øvrige**). Les meir om dette i 4.3.2.2.

Uttrykk med stivna kasus må også få rett form: **av gårde/garde**, **i tide**, **på fote**, **til sjøs** osv. Her er det rett med særskriving (fleirordsuttrykk). På bokmål må ikkje **til stede** (nynorsk: **til stades**) forvekslast med preposisjonsuttrykket **til stedet** (**politiet var til stede – politiet kom raskt til stedet**) – og heller ikkje med verbet **tilstede** ("gi, tillate") Sjøkk ordbøkene. Merk òg at formene på bokmål og nynorsk kan skilje seg klart frå kvarandre (jmfør også **til bunns/botnar** o.a.).

Blant nynorskbrukarar har det frå gammalt vore delte meiningar om grupper av lånord,

særleg avleiingar med lågtysk opphav og for- og etterledd som **an-**, **be-**, **-messig**, **-bar**, **-aktig**, **-heit**, **-else**. (Omvendt har visse norske etterledd, som **-voren**, liten plass i bokmålstradisjonen.) Vi må ikkje gløyme at bruk eller ikkje bruk av slike ord kan vere språkpolitisk (eller stilistisk) meint av forfattaren. Når vi skal vurdere bruken, må vi må byggje på det som er med i ordbøkene (les også forordet nøye), og med litt trening kan vi greitt halde styr på kva for ord som er aksepterte. Vi kan rette **begrep** til **omgrep** i nynorskmanus, for ***begrep** står ikkje i nynorskordbøkene, men vi kan berre rå til det tradisjonelle **dumskap** i staden for **dumheit** med blyant, for **dumheit** står der.

På begge målformer viser ofte verbalsubstantiv som endar på **-ing**, til ei handling, mens dei tilsvarande som endar på **-ning**, fortel om resultatet av handlinga. Det vanlegaste eksempelet er **bygging** og **bygning**. I lærebøker er **oppbygging** om det å byggje opp noko og **oppbygning** om struktur eit vanlegare tilfelle. Eit anna par som følgjer mønsteret, er bokmål **forurensing/forurensning** (på nynorsk dekkjer **ureining** begge tydingane).

Dette mønsteret er nyttig så langt det rekk, men dekkjer ikkje alle tilfelle. På bokmål har nokre ord jamstilte hovudformer på **-ing/-ning**, for eksempel **overvåk(n)ing**. Det kan vere aktuelt å rå til **overvåking**. Vi bør ofte satse på ing-ord der samanhengen viser at det er fritt val. Det er **-ing** som står sterkast i norsk. I nokre høve burde mønsteret gjelde, men vanleg bruk har favorisert den eine forma. På bokmål er **forskning** og **lesning** vanlegare enn **forsking** og **lesing**, også om handlinga. Iblant er det vanskeleg å vite om ordet viser til handlinga eller resultatet. Ei hjelp kan det da vere å sjå om det i samanhengen kunne passe å nytte ordet i fleirtal. Det som det kan vere fleire av, er meir sannsynleg eit resultat eller produkt enn ei handling. Viss **forurensningar** passar (bokmål), så skriv **forurensning**.

Det speler òg ei viss rolle kva for konsonant verbrota endar på. Endar ho på **-d**, blir det som regel **-ning**. (det er få avvik av typen **inngjerding**). Endar ho på **-r**, blir det mest alltid **-ing** (det er vanskeleg å finne fleire unntak enn **smurning**).

Iblant kan ei form på **-ning** bli tvitydig, slik at ho kanskje ikkje bør brukast, som **brannsløking** på bokmål (sløkkjer nokon brannen, eller sloknar han sjølv?). Merk elles desse orda, som ikkje skal ha **-ning**, verken på bokmål eller nynorsk: **gransking**, **kringkasting**, **minking**, **satsing**, **utblåsing**, **utlysing**.

På nynorsk er **-ning** mindre vanleg enn på bokmål. På bokmål kan ein for eksempel ha både **avskrivning** og **avskrivning**, mens berre varianten på **-ing** går an på nynorsk. Merk òg at det må heite **forsking** på denne målforma. På den andre sida er endinga **-nad** meir vanleg på nynorsk, ikkje berre i ord som **hugnad** og **lag-nad**, men òg når det er tale om ei verksemd eller eit resultat, som i **lesnad** (= **lesing**). Iblant står former på **-nad** attmed former på **-ing** og **-ning**, ofte slik at dei første trekkjer mot resultatet meir enn mot handlinga. Sjå etter kva ordboka seier om **avsetjing**, **avsetning** og **avsetnad**, om **omsetjing**, **omsetning** og **omsetnad** for å få dette demonstrert. Bruk i det heile ordbøkene flittig på dette punktet.

Etterleddet **-else** kan verke gammaldags. I bokmålsmanus gjer vi iblant framlegg om ei kortform eller ei form på **-ing** i staden for ord på **-else**, for eksempel om **avvik** i staden for **avvikelse**, **svar** i staden for **besvarelse** og **innarbeiding** i staden for **innarbeidelse**. Endinga skal helst ikkje nyttast på nynorsk. Unntak er i enkeltord som **spøkkelse**.

Etterleddet **-het** på bokmål har på nynorsk forma **-heit**, men denne endinga høyrer heime i berre nokre få ord på nynorsk. I staden bør ein nytte ord på **-leik**, **-nad**, **-skap** o.l., om ein da ikkje kan skrive om til ein uttrykksmåte med verb. Også etterledda **-sel** og **-sle** møter vi ofte i verbalsubstantiv, særleg på nynorsk. Dei to er ofte valfrie på denne målforma og tevlar med kvarandre i same ordet: **førsel** eller **førsle**, **høyrsel** eller **høyrslle**. Merk at det her ofte, men ikkje alltid også er skilnad i grammatisk kjønn: det heiter **førselen** eller **førsla**, men berre **hø(y)rsla**. Merk at nynorsk iblant har kortformer som **motsvar**, **sannsyn** og **tilhøyr** (bokmål: **motsvarighet**, **sannsynlighet**, **tilhørighet**).

I innbyggjarnamn er det på norsk ofte valfritt med **-ing** og **-er/-ar**: **nederlending** eller **nederlender/nederlendar** (slik òg ved **grønlen-**

ding, finlending osv.). Innbyggjarnamn på **-ing** står sterkare i nynorsk enn i bokmål (kan favorisera når vi jamnar ut vakling). Namn på innbyggjarar av statane i verda kan ein forresten finne i den samnordiske *Statsnavne og nationalitetsord*. Visse former på **-an(er)/-an(ar)** som skulle erstatte **-eser/-esar**, er no tekne ut att, slik at det på nytt er riktig å nytte dei siste: **ghaneser/ghanesar**. Innbyggjarar av stader i Noreg kan vi slå opp i blant anna *Norsk stadnamnleksikon* og Leira: *Ordlaging i norsk*.

Merk at der vi på bokmål har verb med infinitiv i kortform og langform, skal sluttkonsonanten i langforma vere valfri i ing-avleiinga: **avkleding** eller **avkleing** osv. På nynorsk er konsonanten her obligatorisk (**avkleding**), som han er det i presens partisipp av typen **svidande**. For bokmål må vi prøve å slå opp slike partisipp i ordlista i det einskilde tilfellet.

Når det gjeld adjektiv, må vi vere merksame på skiljet mellom **-holden/-halden** og **-holdende/-haldande**. Det første er gamle perfektum partisipp, det andre er presens partisipp, og dei siste er særleg brukelege på bokmål. Det heiter for eksempel **tilbakeholden/atterhalden**, men **avholdende/fråhaldande** eller betre **fråhalden** (også former på **av-** går). Bruk ordliste.

Avsnitta ovanfor handlar om avleiingar. Når det gjeld samansetningar, må vi – slik det også er understreka andre stader i denne boka – vere på vakt mot falsk særskriving av samansette ord etter engelsk mønster, og mot feil i bruk av binde-s. Eit eksempel på det første har vi i ***oppførsal** / ***oppførsal**, og den slags formuleringar skal vi slå ned på, jamvel om dei vel ikkje er så vanlege i lærebokmanus. Vi bør likevel godta **standard** og **topp** som adjektiv (**standard utrusting, topp resultater**), men kan nok iblant tilrå samanskriking. Særskrivingar som ***kjempe rabatt** er derimot feil og må rettast. Samtidig må vi vite kva for nokre uttrykk som faktisk er fleirords (**for øvrig** (berre bokmål), **i alt** o.l.). Sjå 4.3.2.2.

I manus manglar iblant binde-s-en der han skal stå, som i ***oppførsal**/***oppførsal**.

Omvendt kan han kome inn på feil stad, som i ***verkstedsindustri**/***verkstads-**. Her gjeld det å slå opp i ordlista. Det er valfritt med binde-s blant anna i samansetningar med **nedbør**- eller **nedbørs-**, som **nedbør(s)område**. Også visse

avleiingar har binde-s, som **enslig/ainsleg** og **tidsmessig**. Det finst dessutan binde-e, sjå 4.1.1.2.

Merk at ein i visse samansetningar på bokmål kan bruke ei noko anna form enn i det usamansette ordet. **Billed-** går ved sida av **bilde-**: **billedkunst** eller **bildekunst** osv., enda det usamansette ***billede** er teke ut av rettskrivinga. Også **fortjenst-** kan valfritt nyttast i staden for **fortjeneste-** i nokre samansetningar (**fortjenstmedalje, fortjenstfull**) og er obligatorisk i avleiinga **fortjenstlig**.

På begge målformene er samansetningar med både **kassa-** og **kasse-** greie enda den usamansette forma berre er **kasse**: **kassaapparat** eller **kasseapparat**. Her bør vi jamne ut for alle ord under eitt, og vi kan gjerne velje den systemrette forma **kasse-**.

5.1.2 Ord som ikkje står i ordbøker eller oppslagsverk

Ordbøker og oppslagsverk kan aldri fullt ut dekkje den ordmengda som kan nyttast i norsk. Dels kjem det stadig nye ord, dels er det ord i bruk som av ulike grunnar ikkje er tekne med i oppslagsbøker. Vi lagar blant anna nye ord til eige bruk når vi treng det. (På kjøkkenet kan ein for eksempel ha nytte av slike som **krydderbokskasse** og **skjerefjølknagg**.)

Hovudprinsippet for behandling av nye ord er at dei må tilpassast dei reglane for stavemåte og ordlagings som gjeld.

Heimlege ord

Dei fleste nye orda som byggjer på norsk ordmateriale, er samansetningar. Mange er problemfrie, andre kan by på vanskar i samansetningsfuga. Skal det vere binde-e, binde-s eller rein samankjeding, eventuelt bindestrek? Sjå 4.1.1.2.

Avleiing er ein annan viktig ordlagingsmekanisme. Mykje går automatisk, men tvilstilfelle vil dukke opp. Kan vi ut frå mønsteret **bake** – **en baker** / **ein bakar, programmere** – **en programmerer** / **ein programmerer** godta for eksempel "en roter" / "ein rotar" eller "en indoktrinerer" / "ein indoktrinerer"? Dersom det på førehand

finst eit ord for omgrepet, må vi vere varsame med å godta slike nylagingar. "Roter"/"rotar" bør rettast til **rotekopp**, mens **indoktrinerer/indoktrinerar** kan godtakast fordi det ikkje frå før finst noko "indoktrinant", "indoktrinent", "indoktrinator" eller kva det måtte vere.

Innkorting av ord er vanleg. Ordbokførte kortord (for eksempel **deft**, **lok**, **manus**, **porno**) må vurderast kvar for seg. Ikkje-ordbokførte kortord bør rettast, for eksempel "diff" til **differanse**, "preppe" til **preparere**.

Ord som er komne utanfrå

Her er nokre nyord frå dei siste 10–15 åra: **aids**, **ecstasy**, **fatwa**, **japp**, **glasnost**, **grunge**, **nerd**, **perestrojka**, **raveparty**.

Ordet **japp** (frå engelsk "YAP") er eit eksempel på god tilpassing til norsk. Derimot passar **grunge** (slik i *Tanums store rettskrivningsordbok*) og **raveparty** dårleg inn i norsk med det misforholdet det her er mellom skrivemåte og uttale.

Ord som er nemningar for fenomen, gjenstandar og personar, bør skrivast med små bokstavar sjølv om utgangspunktet er forbokstavord, jamfør utviklinga til desse orda: **RADAR** > **radar**, **LASER** > **laser**, **AIDS** > **aids** og **YAP** > **japp**.

Når utanlandske ord og uttrykk dukkar opp i lærebøker, kan det vere nyttig med ei totrinns-vurdering. Finst det allereie eit norsk ord eller uttrykk for omgrepet? Viss ikkje – kan da det utanlandske ordet eller uttrykket takast inn i uendra form, eller bør eller må det tilpassast på ein eller annan måte, eventuelt vike plassen for ei omskriving?

Bokmål og nynorsk

Når det gjeld dei eigentlege nyorda, er dei sjølv-sagt nye i begge målformene. Men ein god del av det som er nytt i nynorsk, kjem frå bokmål, og spørsmålet blir da kva vi skal godta av det. I dag er mange ord på **an-** og **be-** i bruk på nynorsk, og det er ofte viktigare å vite kva som *ikkje* er tillate, enn omvendt. Færre ord på **-else** og **-heit** er godtekne, men sjekk alltid med ordlistene, der vi finn slike som **leilegheit**, **tospråklegheit**, **røykjelse**, **spøkjelse**. Det finst òg ord som har gått den andre vegen, frå nynorsk til bok-

mål, men dei er færre. **Kostnad**, **merknad**, **søknad**, **kjømnda** er eksempel på det. Alle nye lånord må vurderast nøye.

5.1.3 Framandord

5.1.3.1 Avgrensing og kriterium

Mange framandord er gamle i norsk og har ei etablert stilling i språket. Problemet med framandord er ikkje alltid bygnaden eller skrivemåten, men bruken og tydinga.

Alle framandord er lånord, men ikkje alle lånord er framandord. Framandorda er ei delmengd av lånorda, nemleg dei lånorda som viser så tydeleg avvik frå norsk språkstruktur at dei skil seg ut frå det heimlege ordtilfanget. Avvika kan være

- grafiske (som i **quadriceps**, ein muskel)
- grafofonetiske (dette gjeld forholdet mellom uttalen og skrivemåten jamført med andre ord i språket, som i **image**, der det er stort avvik, eller i ord som **departement**, der uttalen skil seg mykje frå den meir regelrette i **argument**, **ornament** osv.)
- grammatisk-morfematiske (for eksempel **-a** som fleirtalsending i ord som **fakta**)

Dette kan samlast i nokre hovudkriterium:

- 1 Forma er ugjennomsiktig, som i **demo-** pluss **-krati** jamført med **folke-** pluss **-styre**.
- 2 Særleg i normert uttale ligg hovudtrykket ofte lenger ute i ordet enn på første stavinga, slik hovudmønsteret er for ord i norsk, jamfør for eksempel **intrikat**, **respekt**, **skamfere**.
- 3 Forholdet mellom skrivemåte og uttale er ofte eit anna enn i heimlege ord (ein skulle venta at **baby** anten hadde uttalen "baby" etter skrivemåten eller skrivemåten "bebi" etter uttalen).
- 4 Det finst andre vanskar ved bruken som ein ikkje har ved heimlege ord.

I tillegg kjem eit meir mellombels kriterium:

- 5 Ordet er så nytt i norsk at det kjennest framandt same korleis forma og uttalen er.

Det er to hovudgrupper av framandord: dei som kjem frå dei klassiske språka latin og gresk, og dei som kjem frå andre språk, i dag oftast frå engelsk. Begge gruppene kan vise alle kriterier, men den første viser oftast 1 og 2, den andre oftast alle utanom 2. Vanskar som gjeld kriterier 2 og 4, er lettast å handtere for framandord frå latin, fordi det ofte gjeld ord som er gamle i norsk og har slutta seg til mønster som folk kjenner att. Det er ord av den ikkje-latinske hovudtypen som er vanskelegast å skrive og bøye rett.

Mange lånord, også slike som er temmeleg ferske, som **stress** og **mobbing**, skil seg ikkje ut frå heimlege ord i uttalen, skrivemåten eller bøyinga. Dei er framleis lånord, men ikkje framandord.

5.1.3.2 Er ordet funksjonelt og brukbart?

Vi klarer oss ikkje utan framandorda og skal ikkje prøve å kaste dei ut overalt. Dei fyller ofte hol i ordtilfanget. Folk oppfattar **manko** som eit framandord og knyter det til mangel på pengar eller noko anna som kan teljast. Det dekkjer ikkje det same som **mangel**; det skal vere ein spesiell samanheng for at det skal vere rett å skrive "manko på parkeringsplassar".

Framandorda har som regel ei meir avgrensa og derfor meir presis tyding enn eit heimleg delsynonym. Å skifte ut eitt framandord krev ofte fleire ord og dermed meir plass. Om ein vil ta denne "kostnaden", må vurderast for kvar gong.

Framandord høyrer ofte heime i fagspråket i ein vitenskap eller eit yrke. Sjå òg 5.2.

5.1.3.3 Krav til framandorda

Ordet må for det første vere rett. Kva meiner forfattaren med "parabolide"? Kanskje finst det noko som heiter det, men når vi finn **paraboloid** i ordboka, bør mistanken melde seg, og vi bør i det minste skrive ein merknad om det til forlaget. Eit handverksmateriale som forfattaren kallar "cernit", kan vere feil for **cermet** (blanding av metall og keramisk materiale). Om vi prøver å handskrive ordet og det da viser seg at det med lykkjer og stavar lett kan tolkast som

eit anna eksisterande ord enn det tvilsame ordet i teksten, bør vi bli ekstra på vakt. Det finst framleis somme handskrivande forfattarar som overlèt reinskrivinga til folk som ikkje kjenner emnet.

Somme framandord har eller har hatt variantar som ikkje er offisielle, men som framleis heng att, for eksempel ***genetiv** for **genitiv** og ***onomatopoietikon** for **onomatopoetikon**. Vi må slå opp framandorda i ordlista oftare enn vi trur det trengst.

For det andre må ordet vere nødvendig i samanhengen. Viss ikkje, bør det skiftast ut med eit enklare og meir gjennomsiktig ord.

For det tredje må ordet vere forståeleg. Innanfor ein samanheng er det kanskje det; står det om eit sjukdomstilfelle som blir verre og verre og endar med **mors**, skjøner lesaren kanskje at det tyder døden. Men for å vere sikre bør vi ofte føye til eit meir forståeleg ord i parentes: **mors (døden)**. Har vi den minste mistanke om at lesarar flest ikkje kjem til å forstå eit ord, *skal* det utstyrtast med "retteleing". Dette er ikkje nødvendig kvar gong eit vanleg framandord blir nytta, men det er særleg viktig at forklaringa kjem der ordet står første gongen. Ofte kjem forfattaren i tankar om å lage ei forklaring etter at ordet har vore brukt tidlegare i manus, og da skal vi flytte forklaringa dit det var nytta først. (Lærebøker bør forresten ha stikkordliste der det går fram kvar slike ord er forklarte.)

Her høyrer det òg med å gjere det klart om det er meint ein eller fleire av noko som kan finnast i både eintal og fleirtal. På bokmål er det valfritt å skrive **eksempel** eller **eksempler** i ubunde fleirtal, men dersom det står at vi skal vise eksempel på dette, kan ein ikkje sjå om det kjem eitt eller fleire. Det bør rettast til et eksempel eller to (noen...) eksempler, også om det følger eitt eller fleire eksempler etterpå som viser kva meininga er. Ofte har eksempelet eller eksempla form av ein eller fleire illustrasjonar som ikkje er tekne med i manus, og da veit ein jo ikkje kor mange det er.

For det fjerde skal ikkje framandord i eitt emne utan grunn vike av frå det same framandordet på andre område av norsk. Det kan gjelde skrivemåten – det skal ikkje vere ***tachy-** (for eksempel ***tachykardi**) i lækjevitskap og **taky-** (ta-

kymeter) i landmåling. Det kan gjelde kjønn og bøyning. **En/ein krystall** og **et/eit krystall**, **en/ein profil** og **et/eit profil** må haldast frå kvarandre same kva fag dei blir nytta i. **En/ein buffer** er ein støytfangar i eitt fag, men det blir ikkje ***et/eit buffer** fordi om ein meiner ei salt-løysning i kjemi.

Når det gjeld tydinga, bør vi så langt vi kan, medverke til at framandordet blir brukt rett og ikkje får spesielle nyansar fordi forfattere ikkje veit korleis ein elles nyttar ordet. Det kan nok ende med at ordet utviklar ei ny tyding som blir akseptert, men lærebokspråket bør ikkje ta opp den tydinga før ho verkeleg er gjengs og forståeleg for dei fleste. **Virak** har til no tydd "sterk ros". Men ei ny tyding, "oppstyr, uro", er etter kvart vorten vanleg. Ho kjem vel inn i ordbøkene, men det er enno for tidleg å godta ho i lærebøker. Dette problemet gjer seg òg gjeldande ved meir heimlege ord.

5.1.3.4 Overbruk

Som alt anna kan også bruken av framandord overdrivast. "I mitt fag seier vi ikkje noko anna," påstår mange forfattare om eit framandord som ikkje gjev noko meir enn eit tilsvarande heimleg ord. At framandordet berre høyrer til fagsjargongen, er ikkje grunn nok til å bruke det, i alle fall ikkje aleine. Om nødvendig kan det føyast til den heimlege hovudtermen med opplysning om at dei nyttar det i "verkstadspråket".

Overbruk er også ofte knytt til moteord. Her må vi sjå til at det er variasjon i ordbruken, slik at lesaren slepp å keie seg på grunn av stadige gjentakingar. Dette gjeld ikkje berre framandord, men like mykje heimlege ord som **således/såleis** blant juristar for å innleie ei følgjesetning eller **ulike**, som har overteke for **forskjellige** og til og med for **flere/fleire**, eller **kun**, som konkurrerer med **bare/berre**, eller **dette** der **det** er det rette.

5.1.4 Kan ein velje ord fritt?

Under det førre punktet streifa vi spørsmålet om når ein bør eller ikkje bør velje å nytte framandord. Men spørsmålet om ordval er mykje meir omfattande enn berre det som gjeld framandord.

Det er viktig at dei rettingane vi gjer i manus til lærebøker, og dei framlegga vi kjem med, ikkje går ut over uttrykksregisteret til gode forfattare. Variert og presis ordbruk er ein rikdom i alle tekstar. Men det inneber på den andre sida ikkje at ein står heilt fritt til å velje ord. Ord kan vere mindre høvelege av mange grunnar. Som konsulentar har vi ei viktig oppgåve i å vurdere om orda til forfattere er velvalde eller problematiske.

Når målet er å nå fram til så mange som råd, bør ein ikkje nytte ord som berre dialektbrukarar frå eit avgrensa område skjønner (som **rø** for **snakke** og **villing** for **kviting**). Mindre kjende ord av alle slag må vi alltid vurdere. Er dei så lite utbreidde som **inngetogen** eller **nebengeskjeft**, kan dei ikkje stå utan forklaring i ei lærebok. I staden for lite kjende nynorske tradisjonsord av typen **tame**, **råme** og **áfått** kan vi gjere framlegg om synonym (for eksempel **dugleik**, **fukt** og **gale** eller **harmeleg**, i same rekkjefølgja). Ord kan elles vere forelda av mange grunnar. Omgrepet **gymnasiast** var knytt til det gamle gymnasiet og blir enno brukt ein del, men bør ikkje nyttast i lærebøker om forholda i dag. Ein del tradisjonelle funksjonsord med dansk-tysk opphav, som **kun**, **samt** og **dog**, verkar stive og kan mange gonger frårådst (bokmålsmanus) eller må rettast (nynorskmanus). Jamfør 5.1.6.

Vi bør sjå opp for ord av den typen som kan kome til å støyte einskildmenneske eller grupper (**kjerring**, **neger**, **lapp** (= same), **pakkis** o.l.). Møter vi slike ord, bør vi som regel slå ned på dei. I dag motarbeider ein også kjønnsmerkerte ord som **formann**, **tillitsmann**, **kontordame**, **lærerinne/lærarinne**, **sjukepleierske** (bokmål også **syke-**), og er det slik at dei kan verke diskriminerande, bør vi sjå det som ei oppgåve å rå ifrå dei eller gjere merksam på valøren der dei blir nytta.

Ord kan også elles ha smak av vurdering og bør nyttast med omtanke av den grunn. **Sjans** er ofte positivt ladd, og ein bør unngå å skrive for eksempel **sjansen** til å få kreft er **liten**. Set inn **risiko** e.l. **Mulighet/moglegheit** kan vere positivt ladd, men kan også dekkje både det positive, det nøytrale og det negative, fordi alt dette kan vere mogleg.

Ord set grenser for kvarandre blant anna ut

frå tydinga. Mange ord lèt seg kombinere, andre ikkje: Både køyre ein bil og segle ein båt går greitt og også køyre ein båt (om båten har motor), men *segle ein bil går ikkje! På bokmål kan ein mann vere **forvorten** (ordet bør ikkje brukast på nynorsk), men kva med ein organisasjon? Overført kan vel ein ungdomsorganisasjon kallast "forvorten", men da er det eit bilete. På same måten kan ein djerv lyrikar skrive sola formørkte landet, men slike nyskapningar passar sjeldan i sakprosaen i lærebøker.

Det er ikkje uvanleg at tradisjonelle ord blir brukte på ein ny måte, og brukaren gjev da ordet ei ny tyding. Eksempel er **junior** brukt om kvinner og **bakdel** nytta også som motstykke til fordel (= "ulempe") og bokmål **utredde** nytta i tydinga "forfattar av utgreingar" (før brukt om bønder med plikt til å halde hest for hæren). Kva er det rimeleg å godta? Dei eksempla som er nemnde, er alle greie. Derimot bør vi ikkje godta for eksempel at forfattarar nyttar **syndebukk** i tydinga "syndar", for syndebukken er den som blir ofra eller får skulda, mens syndaren er skuldig. Sjå også neste punkt. Somme gonger dekkjer ny bruk over faktafeil. Skulle nokon kalle **pakistansk** eit språk, må vi rette (til for eksempel **urdu**, om det er det forfattaren meiner).

Ny bruk av ord er ofte tydingslån, og låna kan vere akseptable eller uakseptable. Som eksempel på det første må vi rekne **familiær** i tydinga "fortruleg" (ho vart raskt familiær med begge skriveprogramma), som er lånt frå engelsk. Når nynorskforfattarar skriv *dette hadde stor tyding for samfunnet eller *dette tydde eit stort framsteg, er det tydingslån frå bokmål (lån av tydinga av **tyding!**), men her må vi rette (til dette hadde mykje å seie, dette var eit stort framsteg e.l.). Nynorsk **einkvan** ("ein eller annan") brukt på ein måte som svarer til bokmål **enhver** (og ofte omlaga: *dette veit einkvar), slår vi òg ned på.

Ord blir overførte som metaforar, språklege bilete, til nye område. Her må vi vere opne, men kritiske. Språklege bilete kan gje ei framstilling eit personleg, engasjert drag, men overdriven biletebruk gjer kanskje teksten svulstig, tvitydig, klossete eller komisk. Bilete kan også vere uhistoriske (som i von Westen ønskte å **marknads-**

føre kristendommen blant samane; dette var på 1700-talet), forslitne eller søkte, og da bør vi rå ifrå dei. Bilete i kombinasjon kan gje rare resultat når dei konkrete referansane går dårleg saman, og da må vi kanskje rette med raudt (*Ib-sen var en malmfuru som svingte svepen over sin samtid, *få familiar hadde eit sikkerhetsnett å tære på). Rettar vi biletebruk, bør vi gjere forfattaren og forlaget merksame på grunnen til det i ein merknad.

Ikkje berre substantiv, men også adjektiv og verb kan brukast overført, som når somme skriv **ironiske maleri** eller at **stadion vil eksplodere i kveld**. Mange som skriv, har ei markant bileteglede. Samtidig ser vi òg ein tendens som er nærmast motsett, der forfattarar kjenner seg usikre og set nye eller avbleikte språkbilete i hermeteikn utan grunn (det er "befolkningsseksplosjonen" vi må gjøre noe med). Vi bør stryke hermeteikna, anten med raudt eller som framlegg.

5.1.5 Samanblanding av ord (kontaminasjon)

Eit problemområde for seg er samanblanding av ord og uttrykk, som på fagspråket heiter kontaminasjon. Det er nokså vanleg å blande saman anten orda sjølv (ordformene) eller tydinga.

Ofte blandar ein saman ord som lyder nesten likt, for eksempel desse para (ord og ordformer): **enkel** – **enkelt**, **fersk** – **frisk**, **fireårig** ("som er / varer i fire år") – **fireårlig/fireårlig** ("som kan sjåast kvart fjerde år") (og **halv-**, **tosv.**), **foreskrive/foreskrive** ("anbefale") – **forskrive** ("bestille"; "love bort"), **kjølvann/kjølvatn** – **kjølevann/kjølevatn**, **komplement** – **kompliment**, **lengre** (av **lang**) – **lenger** (av **lenge, langt**), **målføre** ("geografisk dialekt") – **målform** ("variant av skriftleg norsk"; bokmål eller nynorsk), **offentlig** – **offisiell**, **overfor** – **ovenfor/ovanfor**, **velment/velmeint** – **velnende/velmeinande**. Nokre par høyrer berre heime på bokmål: **bevilgning** – **bevilling**, **døye** – **døyve**, **overhode** (leiar) – **overhodet** ("i det heile"), **skille** – **skjelne** (kan vere synonyme), **uanselig** – **unnselig**. Sjekk tydingane i ordlista.

Pass på skilnaden mellom **material(e)** ("råstoff", "tilfang, innsamla stoff") og **materiell** ("utstyr som trengst for ei viss verksemd") og

mellom **personale** ("folk som er tilsette på same staden eller i same føretaket") og **personell** ("mannskap", "talrikt personale").

Vi møter òg ord som eigentleg er "ikkje-eksisterande", nemleg når det blir laga konstruksjonar på basis av former som liknar. Eksempel er ***nitidig** for korrekt **nitid** og (mest på bokmål) ***forhåndsregler** for det riktige **forholdsregler** (**forhold** tyder her "oppførsel, åferd") og ***uvergelig** (for **uvegerlig**).

Men også ord som ikkje liknar kvarandre, kan blandast saman: **die** ("suge, få bryst") – **amme** ("gje bryst"). Ordet **blivende** (berre bokmål) tyder "varig": **en bok av blivende verdi**. Det må ikkje blandast saman med **vordende** ("framtidig"): **den vordende far** (som på svensk heiter **blivande**).

Vidare blir ein del ord – ofte eldre – nytta med feil tyding. Ver på vakt for eksempel ved desse (sjekk tydinga i ordbøker): **bramfri**, **bjørnetjeneste/-teneste**, **forfordele**, **gullkalv**, **knesette/-setje**, **lødig**, **syndebukk**, **virak**. Spesielt for bokmål er **forulykke**. Eit eksempel frå økonomisk fagterminologi er **stram arbeidsmarknad**, som tyder at det er vanskeleg å få nok arbeidskraft, men som ofte blir brukt om at det er vanskeleg å skaffe seg arbeid, altså det motsette. I grenselandet mot det ukorrekte ligg **forvente**, som helst tyder "å sjå fram til noko" og da er positivt ladd. Ein skal ikkje "forvente" at noko går gale, men **vente**, **frykte** e.a. Slikt bør vi rette eller rå ifrå.

Vi må alltid slå opp i autoritative ordbøker når vi er i tvil om kva ord tyder, eller korleis dei kan brukast.

Men ikkje minst er det dei faste vendingane i språket (kollokasjonane) som styrer ordvalet. Å finne det rette ordet er svært viktig der vi har å gjere med stivna uttrykk. Slike uttrykk er av fleire typar og svært talrike. Ei spesiell gruppe er *idiom*, der heilskapen tyder noko anna enn summen av orda i vanleg bruk seier. Idioma kjem frå bokleg og munnleg tradisjon: **skjere alle over ein kam**, **den grå eminense**, **kaste blå i øynene på**, **det er hauk over hane**, **lure opp i stry** osv. Dei aller fleste kan ein i modifisert form nytte på begge målformene. Mange av dei kjem frå Bibelen, og merk at målformene da kan skilje lag: **den fortapte sønn** / **den bortkomne**

sonen, **sette sitt lys under en skjepp** / **setje lyset sitt under eit kar**.

Dei faste vendingane svarer til ein viktig del av språknorma, av det som blir rekna for korrekt. Det er ein vanleg feil å blande saman slike vendingar. Nokre eksempel er ***utarte seg** (av **arte seg (som)** og **utarte (til)**), ***innfinne seg med** (av **avfinne seg med** og **innfinne seg**), ***gå på stumpene løs** (av **gå på stumpene** – stumpane var det undre mersseglet, som ein tok inn sist ved uver – og **gå på helsa løs**) og ***stille (eit) spørsmålsteikn ved** (av **stille spørsmål ved** og **setje (eit) spørsmålsteikn ved**). Spesifikke for bokmål er ***henspeile på** (av **henspile på** og **gjenspeile**), ***henstille til noen om** (av **henstille til noen å** og **be (anmode) noen om å**), og ***noen og enhver** (av **alle og enhver** og **noen (og) hver**). Alt dette er feil som bør rettast med raudt. Ved andre samanblandingar bør vi ikkje vere fullt så strenge. En kontaminasjon som **gi et sterkt inntrykk** (av **gi inntrykk av** og **gjøre et sterkt inntrykk**) kan vi for eksempel rå ifrå med blyant på begge målformer, men ikkje rette.

Ein sjeldan gong er samanblandinga så innarbeidd at vi har fått eit heilt nytt uttrykk. Slik er det med **slå seg på brystet** ("briske seg"), som nok opphavleg var ei forvrenging av **slå seg for brystet** ("vise fortvilning").

Når det gjeld idiom, må forfattarar respektere tradisjonen i form (så langt han er eintydig) og i innhald (bruksmåte). Vi må rette feil og kan gjerne kommentere dei. Er vi i tvil, slår vi opp i for eksempel *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka* eller *Norsk riksmålsordbok*. Ver merksam på at mange uttrykk med bibelsk opphav (sjå ovanfor) har fått ei anna form i nyare bibelomsetjingar. Her må vi sjå i sitatbøker (som Evensberget og Gundersen: *Bevingede ord*). For ordtak kan vi ha nytte av både ordbøker, leksikon og ordspråksamlingar.

Her er nokre andre idiom som ofte får feil form og bør rettast: **ikke/ikkje på langt nær** (**ikke/ikkje** skal vere med), **med vitende og vilje** (ikkje **viten**), **se gjennom fingrene med / sjå gjennom fingrane med** (ikkje **mellom**), **skjære alle over en kam** / **skjere alle over ein kam** (ikkje **under**), **skyte en hvit pinn** etter / **skyte ein kvit pinn** etter (ikkje **pil**), **stopp en hal** (frå engelsk eller nederlandsk, **en** på begge mål-

formene, men ikkje **halv**), **vel (godt) skåret for tungebåndet / vel (godt) skoren for tungebåndet** (ikkje **ikke skåret / *ikkje skoren**).

Når det gjeld uttrykket **gå noen en høy gang / gå nokon ein høg gang**, kan vi godta både tydinga "overgå" og tydinga "vere nesten like god som".

5.1.6 Gammaldagse ord, klisjear

Ord kan også høve dårleg fordi dei bryt med stilen i ein tekst eller gjev teksten ein stilistisk svip som ikkje tener føremålet med han. No er stil i hovudsak noko forfatterna må rå over, men samtidig set også læreboka som sakprosasjanger visse krav til stilen. Som konsulentar bør vi derfor passe på, men vi må ikkje presse inn våre personlege stilpreferansar gjennom rettingar og framlegg.

Obligatoriske rettingar i ordvalet bør berre gjelde feil og overdriven bruk av visse ord og ordformer. Blyantframlegg står vi generelt friare med. Vi kan rå til moderne former i staden for alderdommelege, vi kan gjere framlegg om kurante ord for mindre kjende (også fagsjargong), vi kan setje inn synonym ved lite variert ordbruk, og vi kan rå ifrå klisjear og moteord. Her vurderer vi både klassesteg og fagområde, attåt tema.

På bokmål kan vi ved nokre eldre ord rå eller rette til meir moderne når tydinga er den same, for eksempel ved **meget** (betre: **svært**; raudretting til **mye** når ordet tyder det), **formening** (betre: **mening**), **derved** (betre: **dermed**, men det kan vere ein nyanse mellom dei), **beskadigelse** (betre: **skade**). Også ord som desse kan vi ofte rå ifrå: **angjeldende**, **angående**, **dog**, **derav**, **endog**, **herav**, **hvorav**, **hvorledes**, **imidlertid** (det er lov å byrje ei setning med **Men ...**), **intet** (betre: **ingenting**, **ikkje noko**), likeledes, **samt**, **vedrørende**. Det same gjeld frasar som **med videre** og **i henseende til**. Men hugs at fagspråklege tradisjonar som den juridiske er konservative, og ver varsam.

Således/såleis er eit talemålsfernt adverbial som vi kan erstatte med **derfor**, **dermed**, **altså**. Ofte kan det strykast utan at ein taper informasjon med det. Det er eit overbrukt ord i juridisk og administrativt språk.

Også kollokasjonar kan gje tungt språk. **På grunn av** at kan aldri tyde anna enn **fordi**, som vi ofte kan rå til i staden. **På følgende/følgjande måte** og **som følger/følgjer** svarer til **på denne måten** eller **slik**, som kan tilråast med blyant på bokmål og ofte setjast inn med raudt på nynorsk.

På nynorsk kan vi som nemnt rå ifrå ein del ord som er mindre kjende: **skiple** (heller: **flytte**, **omkalfatre**, **uroe**), **råme** (heller: **fukt**), **tame** (heller: **dugleik**). Grensa mellom dialektord og riksord er ei anna her enn på bokmål. Orda **krete** ("kvitre"), **ljot** ("stygg, fæl") og **røde** ("samtale") står i *Nynorskordboka*, men er ikkje forståelige for alle.

Men alle ord – også dei gammaldagse – kan få stå i sitat. Nokre, som **dog** på bokmål, kan også nyttast for å gje ein sentensliknande verknad.

Synonym er gode å ha, for dei gjer det mogleg å variere framstillinga. For nynorskforfattarar er det nyttig å kunne veksle mellom **attente** og **tilbake** etter behov, og vi kan iblant tilrå **attente** slik at lesaren slepp kollisjonar mellom **tilbake** og preposisjonen **til**. På begge målformene kan vi gjere framlegg om **øg** for **også**, og omvendt, slik at slitasjonen på kvart av desse orda ikkje blir for stor. Men hugs at veksling mellom ulike ord for det same ikkje må kome på tvers av behovet for ortografisk standardisering (utjamning av valfrie skrivemåtar, som **ressurs** og **resurs**, sjå 4.1) eller behovet for terminologisk standardisering (sjå 5.2).

Språklege klisjear er slike som **på gang**, **på kjøret/køyret**, **på hogget**, **fikse**, **funke**, **steppe inn**, **kjøre et opplegg / køyre eit opplegg**, **komme/kome i inngrep med**, **i forkant**, **tett på**, **henger ikke på greip / heng ikkje på greip**, **(bare helt) utrolig / (berre heilt) utruleg**. Nokre av dei har slangpreg, andre ikkje. Klisjeane kan vere nyttige å gripe til i nær sagt alle slags tekstar, også lærebøker, men dei kan ikkje få bli særleg mange i eit manus før vi bør tenkje på å tynne ut. Ver også på vakt mot ord som tenderer mot språkinflasjon. Om forfattarar ikkje synest at **rot** er sterkt nok, og heller ikkje kan nøye seg med **kaos**, men skriv **totalt kaos**, kan vi gjerne rå ifrå det.

Moteord er per definisjon klisjear. Ved overdriven bruk av populære ord kan vi gjerne gjere

framlegg om at dei skal avløysast av andre. For tida har vi blant anna desse moteorda: **dynamisk, filosofier/filosofiar, fokusere, føringer/føringar, konsept, kreativ, perfekt, problematik, produkt, profilere, rimelig/rimeleg** (godt e.a.), **skikkelig/skikkeleg** (ekkel e.a.), **tragisk** og **unik**. For å fremje variasjon kan vi også slå eit slag for det korte og greie ordet **før**, i staden for **tidligere/tidlegare** i alle samanhengar. Noko tilsvarende bør gjelde **ulike**, som med støtte frå svensk **olika** nesten har fortrent **forskjellig(e)** hos somme forfattarar. Varier med **forskjellig** eller skriv om, for eksempel slik: det finnes ulike metoder > det finnes flere metoder, bruk gjerne ulike fargar > bruk gjerne fargar.

Det er ofte delte meiningar om einskildordet, og det er ein glidande overgang frå godt skjøn til det som berre er personleg smak. Ein "utrydingskrig" må ikkje først så langt at vi tørkar ut språkføringa. Språket i lærebøker skal ikkje vere "kjønnslaust".

5.2 Fagspråk og terminologi

5.2.1 Kva er fagspråk, og når er fagspråk brukeleg?

Som konsulentar treng vi òg eit innblikk i ymse fagspråk, fordi det finst fagtermar i dei manusa vi arbeider med. På dette feltet må vi utvikle kompetansen vår etter kvart.

Fagspråk i trong meining er ikkje noko eige språk, men eit tillegg til ordtilfanget i allmennspråket som gjer det mogleg å uttrykkje seg pre-sist om faglege emne. Dersom ein fagleg tekst har ein særleg tung setningsbygnad, er det altså etter dette ikkje fordi det er fagspråk, men fordi forfatternen skriv tungt.

Det faglege ordtilfanget kan delast inn i terminologi og fagsjargong. Terminologien er knytt til emnet; alle som ytrar seg om emnet, treng fagtermar, for eksempel grad og temperatur om klimaet.

Fagsjargongen er knytt til grupper. Dei som høyrer til gruppa, uttrykkjer seg på éin felles måte. Seier dei "skop", veit gruppedlemmene om det er meint **mikroskop** eller **oscilloskop**. For andre er dette uklart. Dermed er fagsjargongen uheldig for dei som står utanfor gruppa. I fagleg samanheng skal ein ikkje bruke

"draft" om eit **sjøkart**, og ein transformatorspole eller ei vikling har ikkje "tørn", men **vindingar**. Tek ein inn fagsjargong i ei lærebok, bør det vere fordi det er nyttig for lesaren å vite kva noko heiter på "verkstadspråket" i dei fagmiljøa læreboka er meint for. I så fall bør det seiest klart at det er ein verkstadterm, og kva den tilsvarende nøytrale termen er.

I ei lærebok er forfatternen den kunnige og lesarane ukunnige. Elles trong dei jo ikkje lese boka. Ein forfattar som bruker gruppespråk, stiller seg dermed på avstand frå dei han håpar å nå med boka. Ingen av partane er tent med det.

Når vi ser eit vanskeleg fagord eller -uttrykk, bør vi altså spørje oss om dette er ein term eller eit sjargonginnslag. Er det sjargong, bør det skiftast ut. Det er ikkje nødvendig å skrive om røykjarar at dei bør "minisere inntaket", når ein meiner at dei bør røykje mindre.

Sjargong kan også ha noko med haldningar å gjere eller kan oppfattast slik. Sjukepleiarar kallar gjerne pasienten "pas." i skrift. I lærebøker tek det seg dårleg ut fordi det gjer individet om til noko upersonleg; ordet bør skrivast fullt ut. Her er to setningar frå eit lærebokmanus om medisinske emne:

Hallux valgus er den vanlegaste smertefulle deformiteten av stortåa. Patologisk er det ein lateral deviasjon av den proksimale falang på første metatars.

Det tyder:

Hallux valgus er den vanlegaste smertefulle misdanninga av stortåa. Som sjukeleg tilstand er det eit sidevegs avvik av det kroppsnære tåbeinet på første fotrotsbeinet.

Ein kan spørje om det eigentleg er fleire termar her enn **hallux valgus**. Ein språkkonsulent bør ta dette opp med forlaget i ein merknad og spørje om ikkje noko av det, for eksempel **deformitet, patologisk** og **deviasjon**, kan skiftast ut med meir forståelege ord.

Konsulenten bør òg vite noko om kven som er målgruppe for boka. Det står gjerne i forordet. Di meir elementær boka skal vere, di meir bør ein passe seg for å nytte avansert terminologi.

5.2.2 Behandling av terminologien

5.2.2.1 Nødvendig

Å lære terminologien i eit fag høyrer med til å lære faget. Fagtermane er meir presise enn andre uttrykksmåtar og ofte kortare. Når dei er tilpassa målgruppa og utdanningssteget, høyrer dei med til den faglege framstillinga.

5.2.2.2 Forståeleg

Språkkonsulenten må ofte medverke til at termar blir forståelige. Det kan vere nødvendig å seie om ei skadd okle at **elevasjon er nødvendig**, fordi forfattaren vil bruke hugseordet RIKE om **ro, is, kompresjon, elevasjon**. Men da må det vere forklart, for eksempel slik: **elevasjon (å heve okla) er ...**

Her er tre reglar for forklaringar:

- 1 Forklaringa skal vere lettare å forstå enn det ho forklarar.
- 2 Forklaringa skal kome første gongen det forklarte ordet blir nytta i teksten.
- 3 Forklaringa skal ha eit hovudord frå same ordklassen som det ordet som skal forklarast, eller eit hovudledd med same funksjonen som det forklarte ordet.

Det blir synda mykje mot alle tre punkta. Å forklare motetermen **midi** som (**ladylook**) er lite opplysende.

Alle fagtermar bør dessutan takast med i ei stikkordliste i læreboka, slik at det er lett å finne att forklaringane.

5.2.2.3 Hovudterm og tillegg

Hovudterm

Blant fleire ord som kunne nyttast til å uttrykkje eit fagleg omgrep terminologisk, skal vi velje eitt som hovudterm, helst det som har den mest gjennomsluktige forma, for eksempel **betalingssevne** i staden for **likviditet**. Dersom forfattaren likevel har valt **likviditet**, må vi håpe at det er eit fagleg val og ikkje noko reint tilfelle, og det valet må bli ståande. Men termen bør forklarast: **likviditet (betalingsevne)**.

Om no forfattaren likevel hadde valt **beta-**

lingsevne, ville han eller ho kanskje ha lagt til (**likviditet**) som verkstadterm. Dermed kan det hende at det etterstilte ordet i parentes er vanskelegare enn hovudtermen og ser ut til å vere eit unntak frå regel 1 i det førre punktet. Men her er parentesen ikkje meint som forklaring, han er ei tilleggsopplysning.

Einsarta term

Når forfattaren har valt éin hovudterm, bør han eller ho halde seg til den. Mange forfattarar vekslar mellom fleire termar, for eksempel **bypass** og **overløp**. Slik vakling må konsulenten utjamne eller be forlaget få vekk (det kan gjerast nokså lett med "søk og erstatt"-funksjonen på datamaskinen). Her er eit eksempel:

Øyet er særdeles følsomt for fargetoning (fargestikk) i mørke partier i bildet. Fargestikk i lysere partier er ikke like kritisk.

Forfattaren valde først **fargetoning**, og bør halde seg til det. Viss **fargestikk** viste seg å vere betre, burde det vore redigert som **fargestikk (fargetoning)** frå først av.

Einsarta form

Ein forfattar skreiv om sprekkdanning i metall og veksla mellom **varmsprekk** og **varmesprekk**. Ein annan tok til med **drivspenning**, men gjekk over til **driftsspenning**, ein tredje gjorde etter kvart **stigekabel** om til **stigerkabel** (dette var bokmål). Det er viktig at den same termen alltid har den same forma, elles verkar heile termen lausaktig, og lesaren får ikkje tillit til han.

Den faste forma som ein term bør ha, omfattar også eintal eller fleirtal og bunden eller ubunden form. Ein skal ikkje utan grunn skifte mellom **psykodynamisk teori**, **psykodynamiske teoriar** og **den psykodynamiske teorien**.

Same termen i fleire fag

Forfattarar kan sitt eige fag, men vi kan ikkje vente at dei er inne i andre. Ein forfattar kan da kome til å stave ein term, eller eit ledd i ein term, på eit vis som vik av frå den måten dei

skriv den same termen på i andre fag. Vi kan for eksempel sjå **cyclo-**, **cyklo-** og **syklo-**. Konsulentten bør ha eit breiare oversyn og må hjelpe til med å få standardisert skrivemåten frå fag til fag. Her bør det bli **syklo-**. Er ein i tvil om dette kan gjerast overalt, for eksempel i medisin, må ein ta det opp med forlaget eller med Norsk språkråd.

5.2.2.4 Rettskriving og bøyning av termar

Svært mange termar kjem frå framande språk og kan ha ein ettersmak av framand skrivemåte eller bøyning. Det gjeld både tillatne og ikkje-tillatne former. Eksempel på det første er **sentra** i ubunde fleirtal av **sentrum**. Eksempel på det siste er **kollo** som eintal av **kolli**, forelda fleirtalsformer som ***faraoner**/***faraonar** (av **farao**) og slike avvik frå offisiell norsk skrivemåte som byggjer på framandspråk, som ***parka** for **parkas** og **peruviansk** for **peruansk**. Ikkje-tillatne er også ***fora** som eintal av **forum** og ***fakta** som eintal av **faktum** og dessutan ***media** som ubunde fleirtal av **medium**. Ein ikkje-tillaten anglisisme er fleirtal ***cowboys** for **cowbøyer**/**cowboyar**. Det kan sjølvstøtt òg vere skrivefeil utan noko slags grunnlag som viser seg i termar og andre framandord, som ***å** for **à** (ein må skrive **2 kg à 10 kr**, **à jour**, **vis-à-vis**).

5.2.2.5 Mange detaljar

Dersom framstillinga er svært detaljert og hopar opp tal og andre tunge fakta, tilvisingar o.l., kan det tyngje teksten for mykje. Da kan vi gjere framlegg om å samle slikt stoff utanfor den samanhengande teksten. Vi kan rå til ei eiga oppstilling med stoffet sett loddrett i ein kolonne (sjå 4.3.8). I enkle tilfelle kan ein konsulent gjere dette sjølv. Vidare kan vi gjere framlegg om å samle detaljane i ei eiga rute, ei faktarute. Der står dei som eit lite oppslagsverk på sida, og ein kan pøse på med alt som ville tyngje den vanlege teksten.

5.2.3 Kvar finst ...?

Det er vanskelegare å handtere terminologi enn allmennspråk, også for språkkonsulentar. Vi risikerer at språklege endringar som vi vurderer å

gjere, kan vri på meininga i framstillinga. Det kan også vere svært vanskeleg å finne rett form og rett tyding av termar, fordi dei ofte ikkje står i vanlege ordbøker. Dersom termene er heilt ferske, står dei ikkje i noka ordbok. For eksempel er det vanskeleg å finne ut at ein **risikant** er ein person som for tida er frisk, men har meir enn gjennomsnittleg risiko for å bli sjuk.

Det minste vi kan gjere, er å stille oss inn som gjennomsnittslesarar og lage merknader om det som er uforståeleg, uklart og fleirtydig, eller som har ein skrivemåte og ei bøyning som verkar mistenkjeleg.

Men det beste er å løyse problemet sjølv. To gode oppslagsverk er telefonkatalogen og eit stort allment leksikon. I telefonkatalogen står mange aktuelle særnamn, og namneeigaren har hatt høve til å rette feil, så vi bør kunne lite på at forma er rett. I leksikon kan vi finne mengder av terminologi, både i fagartiklane og i korte artiklar over framandord.

I dei fleste fag og bransjar er det laga termlister. Vi blir som regel godt mottekne om vi ringjer til eit firma eller ein institusjon innanfor eit fag eller til nokon andre som har kunnskap om eit emne vi arbeider med. Vi kan da spørje om korleis einskildtermar skal sjå ut, og kva dei tyder, eller få hjelp til å finne fram til større termforklaringar. Norsk språkråd har kjennskap til mange fagordlister og -bøker.

Sjølvstøtt bør konsulentar også samle på ord og tydingar frå alt dei les av fagleg stoff, og like eins samle på oppslagsverk og nyttig bibliografi. Men hugs at også oppslagsverk blir forelda, slik at nyaste utgåva er mest påliteleg.

I ei framandordbok frå 1940 står det om heroin blant anna at det blir nytta "til smertestillende middel og til lindring av hoste", men i ei anna bok, frå 1956, er det vorte til "opiumholdig bedøvelsesmiddel".

5.2.4 Litt idealisme?

Nordmenn er varsame med å lage terminologi på heimleg grunnlag. Vi tek heller terminologien frå engelsk eller nylatin. I engelskspråklege miljø, særleg i USA, har dei derimot eit meir avslappa forhold til det å lage termar. Nokre av termene er nærmast humoristiske, for eksempel

”woofer” om ein basshøgtalar. Ordet gjev att stemmelyden til ein stor hund. Han seier ”woof” på engelsk. Slik språkhumor viser at ein kjenner seg trygg i faget. Men det har jo også norske fagfolk grunn til å gjere. Det skulle vere fullt mogleg å konstruere ein norsk diskantthøgtalar og kalle han **mjauar**.

Det er nyttig dersom ein språkkonsulent kan medverke litt til å utvikle ein heimleg norsk terminologi. Vi kan for eksempel peike på eit norsk ord som er like brukande som eit framandt, eller gjere framlegg om heilt nye løysingar for forfattaren og forlaget. I staden for ”handout” er norsk **støtteark** no kome i bruk. Ein lærebokforfattar tok sjølv i bruk **omlæfting** for ”reengineering”. Det var eit godt forsøk.

5.2.5 Termar som omsetjingar

Termar kjem ofte til norsk frå engelsk. I beste fall er dei omsette eller tilpassa til norsk på andre måtar, ikkje berre importerte i ”rå” engelsk form. Å vurdere terminologi kan da bli eit spørsmål om å vurdere omsetjingar. Her skal vi hugse at det ikkje alltid er mogleg eller tenleg å føre over den same termen på same måten til bruk på to eller fleire fagområde. Skal ein omsetje engelsk ”pickup”, kan resultatet snau bli det same når det handlar om platespelarar, tromlar eller varebilar.

Til nynorsk kjem termane ofte frå bokmål. Også her har vi derfor mang ein gong å gjere med omsetjingar og kan stå overfor dei same avvegingane. Ver på vakt mot både uomsette (halvomsette) termar og direkte overføringar som blir feil.

Bokmålsordet **forbindelse** høyrer ikkje heime på nynorsk og må omsetjast. Kva heiter det? **Forbinding** kan berre tyde ”bandasje”, så er det tale om for eksempel kjemiske stoff, må vi nytte **sambinding**. I meir generell tyding høver kanskje **samanbinding**, **samanknytning** eller **samanføring** – og **samband** der det er tale om kommunikasjon. **Skøyt** eller **kontakt** kan vere rett i andre samanhengar. På liknande vis tyder **samansetning** berre ”samansett ord”, mens **samansetjing** eller **samansetnad** bør nyttast når vi har andre tydingar av det som på bokmål heiter **sammensetning**. Sjekk med ordlista. Om-

vendt svarer nok nynorsk **blautkake** til bokmål **bløtkake**, men skriv ikkje ***blautt stål** sjølv om det heter **bløtt stål** på bokmål; det rette er **mjukt stål**. **Mjuk** og **blaut** ligg nok nær kvarandre, men er ikkje fullt ut synonyme. Den vanlegaste tydinga av **blaut** er ”særs våt”. Ein bør òg skrive **mjuke kroppsdelar** om det som heiter **bløte kroppsdelar** på bokmål, og **mjuke konsonantar** i staden for **bløte konsonanter**.

Med erfaring kan vi bli flinke, slik at vi etter kvart også kjenner til valfrie termar, for eksempel at det som på bokmål heiter **svake verb**, kan heite det same på nynorsk, men også kan heite **linne verb**, som er det tradisjonelle ordet.

5.3 Namn

Spørsmål om kva som er den rette forma av eit namn, melder seg ofte når vi granskar lærebøker. Får vi mistanke om at namnet på ein person, ein stad, ein bygning, eit diktverk e.l. ikkje er skrive rett, bør vi undersøkje saka og rette opp eventuelle feil. Ofte finn vi svaret i ajourførte leksikon, men her er det ein del punkt vi bør vere merksame på. Sjå òg 9.4.4.2.

5.3.1 Norske namn og namn på norsk

Norske namn skal sjølv sagt ha norsk form og må skrivast rett. Dessutan er det tradisjon for å nytte norske former av utanlandske namn der det lèt seg gjere. Vi bør rette **Tienanmen** til **Den himmelske fredsplass** / **Himmelfredsplassen** og **John Lackland** til **Johan uten land** / **Johan utan land** eller **Johan Landlaus**, om dei utanlandske namna er aldri så korrekte på sitt eige språk.

I mange land bruker dei ikkje det latinske alfabetet, og da må namn og andre ord frå språket der transkriberast. Her er det ein del å setje seg inn i.

Russisk

Boka *Russiske navn. Samnordiske staveregler* (Cappelen 1970) gav reglar for transkripsjon frå det kyrilliske alfabetet i russisk til norsk, dansk og svensk. Ho hadde også ei fyldig liste med både stadnamn og personnamn.

I norsk og svensk er det kome nokre endringar i reglane frå 1970. Dei norske endringane står i årsmeldinga frå Språkrådet for 1995. Ein viktig skilnad mellom norsk transkripsjon på den eine sida og dansk og svensk på den andre er at vi på norsk skriv **tsj** der dansk og svensk har **tj**, for eksempel norsk **Tsjekhov** kontra dansk og svensk **Tjekhov**.

Dei fullstendige reglane som no gjeld for transkripsjon til norsk, er å finne i Løland og Leira: *Forkortingsboka*.

Ei vanleg feilkjelde for ukorrekt overføring av russiske namn til norsk er bruk av materiale på engelsk, fransk, tysk eller eventuelt eit anna ikkje-russisk språk. Når for eksempel bokstaven **w** dukkar opp i russiske namn, er det mest sannsynleg noko tysk som ligg til grunn.

Forkortingsboka har "omrekningskodar" frå engelsk, fransk og tysk til norsk i attgjeving av russiske namn.

Merk at desse bokstavane og bokstavkombinasjonane *ikkje* skal brukast i norsk attgjeving av russiske namn: **c**, **ch**, **tch**, **h** (**h** berre i kombinasjonen **kh**), **sh**, **zh**, **sch**, **tsch**, **w**, **x**.

Gresk

Norsk har teke opp svært mange ord og ordelment frå gresk. Det har gått føre seg gjennom lang tid, og dei greske orda har for lengst fått fastsette skrivemåtar på norsk. Tilpassinga av særnamn (historiske) følgjer stort sett dei same retningslinjene som gjeld for allmenne ord. For nygreske namn er det no fastsett eit transkripsjonssystem (sjå årsmeldinga frå Språkrådet for 1998).

Kinesisk

Styresmaktene i Kina fastsette i 1979 pinyin-systemet for overføring av kinesiske namn til latinske bokstavar. Etter kvart har ein teke pinyinformene i bruk meir og meir, og det er dei vi finn i nye oppslagsverk. Stort sett kan ein derfor halde seg til dei store og kjende oppslagsbøkene.

Arabisk

Arabisk spenner over eit vidt område i Nord-Afrika og Midtausten. Talemålet varierer gans-

ke mykje, men skriftspråket er felles for heile området.

Tradisjonelt er arabiske namn vortne "europiserte" gjennom fransk og engelsk, alt etter kva for historisk tilknytning til Europa dei noverande statane har hatt. Også i framtida kjem truleg nye namn til å feste seg i fransk eller engelsk utgåve.

5.3.2 Historiske namn

Mange av dei namna det kan bli tvil om, er knytte til historiske forhold. Forløparen for Norsk språkråd, Norsk språknemnd, trykte i årsmeldinga for 1963 ei liste over namn på ein del historiske personar, stader, byggverk, epokar, rike, folkeslag o.l. No har Språkrådet utarbeidd ei ny og større liste, som ein kan finne på nettsidene til rådet.

Når vi kjem i tvil, og ikkje finn svar i lista, bør vi sjå etter i oppslagsverk og andre fagbøker og eventuelt ta kontakt med Språkrådet dersom det ikkje er noka anna råd.

Her er nokre hovudprinsipp: Norrøne namn skal ha modernisert form etter norske prinsipp, som **Sleipne** (verken ***Sleipnir** eller ***Sleipner**), **Ingolv Ørnsson** (ikkje ***Ingólfr Arnarson**) og **Snorre** (ikkje **Snorri**) **Sturlason** eller **Sturluson**. Blant dansk-norske kongenamn skal **Fredrik** og **Kristian** skrivast slik. Også ein del europeiske konge- og fyrstenamn skal ha normalisert form, som **Fredrik** for tysk **Friedrich**, **Edvard** for engelsk **Edward** og **Ludvig** for fransk **Louis**. Det er her tale om personar som er avlidne. I greske namn frå oldtida skal **c**, **ch**, **kh**, **x** og **æ** *ikkje* brukast, oftast heller ikkje **th**, så skrivemåtar som **Karybdis**, **Anaksagoras**, **Fedra** og **Pytagoras** er obligatoriske (ikkje ***Kharybdis** eller ***Chaosv.**). I romerske (latinske) namn nyttar ein derimot slike bokstavar og kombinasjonar: **Fabius Maximus Cunctator**, **Gracchus** osv.

I oppslagsverk kan vi no sjå ein tendens til å gje att namn frå andre språk så likt forma i opphavsspråket som råd. Dette kan kome i konflikt med desse prinsippa i nokre tilfelle. Det er nemleg også mange geografiske namn o.l. i den gamle lista.

Det er eit prinsipp at namn på krigar, institusjonar, rike, folkeslag osv., som ligg i ei slags gråson mellom særnamn og samnamn, skal

skrivast med liten forbokstav: **sjuårskrigen**, **jesuittordenen**, **italikere/italikarar** osv. Unntaket er når førsteleddet er eit særnamn og ein oppfattar heilskapen slik at også den har særnamnpreg: **Gyldenløvefeiden/Gyldenløvestriden**.

5.3.3 Stadnamn og geografiske namn

Svært mange norske stadnamn har fått fastsett ein offisiell skrivemåte (vurdert av sakkunnige og brukt på offentlege kart). Det heiter for eksempel **Folgefonna**, **Fornebu**, **Skagerrak** og **Sylan**. Er vi i tvil, bør vi spørje i Språkrådet eller hos dei statlege namnekonsulentane (det er fleire av dei, med regionalt verkeområde, og det finst eit sentralt stadnamnregister). Det offentlege regulerer også samiske og finske stadnamn i Noreg, og det er eigne konsulentar for slike namn.

Ei mindre gruppe kommunar i Finnmark og ein i Nord-Troms har fått nye namn som er samansette av ei samisk og ei norsk form med bindestrek imellom: **Deatnu-Tana**, **Gáivuotna-Káfjord**, **Guovdageaidnu-Kautokeino**, **Kárás-johka-Karasjok** og **Unjárga-Nesseby**. Dei offisielle namna har altså denne dobbelforma eller bindestrekforma, men det er opning for at dei einspråklege delane kan nyttast aleine.

Det finst ei eiga lov som regulerer skrivemåten av stadnamn. For slike namn skal det i prinsippet vere berre éin skrivemåte, og den er da felles for målformene: **Aust-Agder**, **Østfold**. Eit unntak er **Glomma**, som valfritt òg kan heite **Glåma**, også det på begge målformene (endring frå tidlegare).

Av utanlandske namn nemner vi typen **Mexico by**, som skal ha norsk form (ikkje det engelske ***Mexico City**).

Når det gjeld statsnamn, finn ein den mest oppdaterte lista i årsmeldinga frå Språkrådet for 1995. Lista gjev att både dei vanlege namna og dei meir offisielle formene, for eksempel både **Danmark** og **Kongeriket Danmark**, både **Frankrike** og **Republikken Frankrike**.

Statsnavne og nationalitetsord frå Nordisk språksekretariat gjev innbyggjarnemningar og adjektiv i tillegg til statsnamna.

Geografilista frå Norsk språkråd gjev opp det som er fastsett som norsk skrivemåte, for ca. 5000 utanlandske geografiske namn. I tillegg til statsnamn er det med namn på byar, øyar, elvar, fjell og andre geografiske område. Dei faktiske opplysningane ved namn frå dei tidlegare statane Jugoslavia og Sovjetunionen kan vere forelda, men skrivemåtane er stort sett intakte.

Når det gjeld Sovjetunionen, må ein vere merksam på at det kan ha skjedd utskifting av namn i mange tilfelle. I Russland har dei gått tilbake til namn frå tsartida, for eksempel frå **Leningrad** til **St. Petersburg** og frå **Sverdlovsk** til **Jekaterinburg**. Ikkje-russiske stadnamn har stort sett vore kjende for oss i russisk eller sovjetisk utgåve. Tradisjonen gjer at nokre av desse namneformene kjem til å vere i bruk i norsk inn-til vidare, som **Minsk** i Kviterussland. Andre er skifta ut. Hovudstaden i Kirgisistan heiter no **Bisjkek**, som går tilbake til eit namn før **Frunse**, som byen het i sovjettida. I Tyskland har dei på liknande vis gjeve den byen som i DDR-tida het **Karl-Marx-Stadt**, tilbake det gamle namnet **Chemnitz**.

Geografilista har også eit innleiingskapittel med oversyn over forholdet mellom skrivemåtar og uttale i mange språk. Vidare er det litt om forholdet mellom Wade-Giles-systemet og det nye pinyin-systemet for transkripsjon av kinesiske namn. Det gjer det lettare å kjenne att dei nye namneformene.

Tanums store rettskrivningsordbok har òg med mange geografiske namn, både utanlandske og innanlandske. Blant dei siste finn vi namn på alle kommunane og på poststader med eige nummer, men ikkje lokale postkontor som **Eger-torget** og **Hovseter** i Oslo. Nokre av poststadene kan vere nedlagde, men namna eksisterer sjølv-sagt som stadnamn.

Merk at utanlandske geografiske namn kan ha ulik form på bokmål og nynorsk: **Pyreneene/Pyreneane**, **Østersjøen/Austersjøen**, **Andesfjella**, samform, bokmål også **Andesfjellene**. Dette skil dei da frå dei fleste norske namna.

Her kan det også vere grunn til å nemne slike namn som **Universitetets aula / Universitetsaulaen** (i Noreg) og **Den himmelske fredsplass / Himmelfredsplassen** (utlandet) og dei astronomiske namna **Pleiadene/Pleiadane** og

Stillhetens hav / Det stille havet (på månen). Stadig aktuelt er **Det hvite hus / Det kvite huset**. Disse namna grensar på den eine sida til geografiske namn og stadnamn, på den andre sida til administrative namn (sjå neste punkt). Også her har vi ei form på bokmål og ei på nynorsk, som vi må halde frå kvarandre.

5.3.4 Andre namn (statsinstitusjonar, kyrkjer, skular, politiske parti, kunstverk osv.)

Etter lov om målbruk i offentleg teneste er bokmål og nynorsk "likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune". For namn på statlege institusjonar og organ inneber det at dei skal ha ei felles form der det er mogleg, men elles ha eige namn på kvar målform. Eksempel på det første alternativet er **Finansdepartementet** og **Industridepartementet**, eksempel på det siste er **Tollvesenet/Tollverket** og **Norges geologiske undersøkelse / Noregs geologiske undersøking**. Det er fastsett nynorsk namneform for ei rekkje sentrale statsorgan, og ei liste over slike, frå 1987, kan ein få kopi av ved å vende seg til Norsk språkråd.

Kommunar og fylkeskommunar står friare enn staten til å namnsetje etatar o.l. Det heiter for eksempel **Sentralsykehuset i Akershus** (berre bokmål) og **Vågå skule** (berre nynorsk). Heller ikkje dei vidaregåande skolane, som er fylkeskommunale, har meir enn ei namneform. Etter lov om stadnamn skal også byggverk som bruer og tunnelar ha berre ei namneform, og derfor heiter det for eksempel **Osterøybrua** og ikkje noko anna. For namn på gater og vegar skal det òg vere fastsett berre ei form. Derimot kjem Den norske kyrkja inn under mállova, slik at dei fleste kyrkjenamn har to former: **Fagerborg kirke/kyrkje**, **Vinje kirke/kyrkje**.

Det er berre i forma på statlege namn vi kan rette med raudt, for eksempel frå ***Statistisk Sentralbyrå** til **Statistisk sentralbyrå**, med liten s i det siste ordet (jamfør 4.3.2.3.), og – i nynorskmanus – frå **Domkirken i Oslo** (som er bokmålsforma) til **Domkyrkja i Oslo**.

For private namn skal vi respektere den skrivemåten som namneberaren nyttar. Har vi mis-

tanke om feil, kan vi prøve å finne ut av det, for eksempel ved å sjå i telefonkatalogen.

Av organisasjonar er det ikkje så mange som har namn på begge målformene. Nokre av dei største har det, som dei politiske partia (**Høyre/Høgre** osv.) og **Norges Røde Kors/Raudekrossen i Noreg**. Vidare har vi internasjonale organisasjonar som **De forente nasjoner/Dei sameinte nasjonane** med organ som **Sikkerhetsrådet/Tryggingrådet** og **Verdens helseorganisasjon/Verdshelseorganisasjonen (WHO)**. Til dei kjem den som blir forkorta **WTO** (av engelsk World Trade Organization). Gjennomfør norske former av det fulle namnet: **Verdens handelsorganisasjon/Verdshandelsorganisasjonen**. Det kan altså vere slik at vi nyttar forkortingar som byggjer på engelsk, samstundes som vi nyttar fulle norske namneformer.

Mange forkortingar for organisasjonsnamn kan ein finne i Løland og Leira: *Forkortingsboka*.

Massemedia bruker ofte engelske namn med forkortingar på organisasjonar og institusjonar også i område der folk nyttar heilt andre språk, for eksempel **KLA** (= "Kosovo Liberation Army") om ei geriljarørslø i den albansktalande delen av staten Jugoslavia. Slike namneformer kan vere uheldige, men ofte må vi godta dei fordi det er vanskeleg å finne fram til meir genuine former. Dersom vi har spesialkunnskap om det aktuelle området og har mistanke om at namnebruken kan vere galen, bør vi skrive ein merknad om det til forlaget.

Eit stort område for seg er titlar på bøker og verk. Titlar på verk frå norsk kunst, musikk og litteratur har oftast berre ei form, som "En bondebegravelse", *Peer Gynt* og "Nissen på kobbeskjeret". Slike titlar følgjer ikkje alltid rettskrivinga, som eksempelet "Hundrad folketonar frå Hardanger" viser, og det respekterer vi. Eldre titlar er ofte, men ikkje alltid moderniserte og kan ha meir enn ei form (som *Jeppe paa Bierget*, *Jeppe på Berget* ofl.). Her bør vi berre følgje opp den skrivemåten som er vald i boka, så sant ikkje tunge omsyn taler imot det. (Om normering av litterære tekstar, sjå 8.1.)

I omsette titlar bør vi rette til fornorska form der det finst ein norsk tradisjon. Det varierer frå verk til verk. Mozarts verk "Eine kleine Nachtmusik" er berre kjent med tittel på tysk, mens

"Brandeburg(er)konsertene" / "Brandenburg-konsertane" av Bach er blant dei som bør ha for-norska form.

Også her må vi hugse på den språklege jamstillinga: bokmålstitlar i bokmålsbøker, nynorsktitlar i nynorskbøker. Når ein les lærebokmanus, verkar det iblant som om mange trur at Beethoven nytta bokmål, og at også filmstjerne-ne i Hollywood er bokmålsfolk. Slik er det ikkje. Har vi å gjere med konkrete titlar i nynorskmanus, kan vi først prøve å finne ut om boka er omsett til nynorsk. Dersom ho er det, nyttar vi den nynorske tittelen. Har vi berre omsetjing til bokmål, får vi bruke bokmålstittelen. Men klas-sikarar finst ikkje sjeldan på begge målformene: *Jorden rundt i undervannsbåt / Jorda rundt i kavbåt, Onkel Toms hytte / Hytta hans farbror Tom, Tsarens kurer / Tsarkureren*. Ver elles merksam på at ny-omsetjing kan gje nye titlar. For eksempel er det ein roman av Dostojevskij som har vore gjeven

ut på norsk (bokmål) både som *Raskolnikov* og som *Forbrytelse og straff*.

Musikktitlar kan vi ofte berre omsetje når vi treng det, for i musikk er gjerne det språklege aspektet ikkje så sterkt framme, og da er det også oftare aktuelt å krevje jamstilling. For "Humlens flukt" kan vi rå eller rette til "Humla flyg" i nynorskmanus, og "Skjebnesymfonien" bør der heite "Lagnadssymfonien".

Det er ikkje berre i diktning, musikk og kunst ein nyttar titlar. Også sakprosa av ymse slag, som juridiske dokument, kan bli omsett og få namn på norsk. Det gjeld for eksempel *Menneskerettighetserklæringen*, som på nynorsk heiter *Menneskerettsfråsegna*.

I mange tilfelle er det heller tidkrevjande å finne ut om bøker og dokument er omsette eller ikkje, og derfor må vi ofte nøye oss med å skrive ein merknad til forlaget og be folk der om å sjek-ke saka.

Kapittel 6

Om å finne den gode uttrykksmåten

6.1 Allment

Den som skriver en lærebok og bygger opp setninger, perioder og avsnitt, må langt på vei basere seg på sin egen språkfølelse. Oftest går det greit å formulere seg, fordi man intuitivt vet "hvordan det bør være". Men iblant kan en forfatter stå uten noen klar følelse av hva som er riktig, og det er ikke sikkert at han eller hun finner noe svar ved å slå opp i håndbøker i praktisk språkbruk. Da går det kanskje galt med språkføringen. Det finnes mange mønstre for ordvalg, bøyning og ordlegging som bør følges, men de er ikke nødvendigvis omtalt skriftlig noe sted. I dette skiller de seg sterkt fra de reglene som gjelder innenfor ortografi, bøyning og tegnsetting, der man finner svaret på problemet i bøker og lister.

En del mer allmenne prinsipper for tekstoppbygging er behandlet i kapittel 3, der vi har gitt råd både mot kansellistil og mot tekster og avsnitt uten struktur. Men vansker med å finne den gode uttrykksmåten får vi kanskje enda oftere på periode- eller setningsplan eller innenfor det enkelte setningsleddet. Dette er det ikke bare forfattere som kan oppleve, ved at de kommer i tvil om hva som er rett. Like ofte føler språkkonsulenter seg usikre på hva som kan godtas, om en endring av en uttrykksmåte vil være forbedring, og om bare den ene av to eller flere løsninger er mulig. Det siste er et viktig punkt når vi arbeider for Norsk språkråd, for da skal vi ideelt sett bare slippe igjennom det akseptable og alltid tilrå det beste.

Både forfattere og konsulenter bør kunne lage små grammatiske analyser og bruke sine kunnskaper om språkssystemet på andre måter. En må også kunne være pragmatisk og gjøre avveininger. Det kan være svært krevende å forbedre dårlig syntaks, fordi vi både må se større tekstsekvenser i sammenheng, analysere set-

ninger og ta i bruk så vel innlevelsessevne og fantasi for å kunne følge opp det forfatteren har skrevet – eller har ment å skrive. Men vi har jo dårlig tid og kan ikke sitte og skrive hele boka om igjen. Derfor er det grenser for hvor mye vi kan og bør gjøre av dette før vi gir opp og sender den tilbake. Det gjelder særlig når vi arbeider for Norsk språkråd. Har vi oppdrag for et forlag, kan situasjonen være en annen.

Like viktig som å kunne skrive forslag til syntaksforbedringer er det at man vet når det bør eller ikke bør gripes inn i et manus, og hvorfor eller hvorfor ikke det skal skje.

Dette kapitlet behandler syntaks spørsmål ordklasse for ordklasse, og framstillingen er lagt opp slik at den går ut fra velkjente problemområder og fra ord og uttrykk som står sentralt i forbindelse med hvert problem. Kapitlet tar opp både fellesspørsmål og det som gjelder bare den ene eller den andre målformen. Der omtalen eller drøftingen gjelder bare bokmål eller bare nynorsk, sies det eksplisitt. I eksemplene brukes bokmål eller nynorsk alt etter emnet, og ellers veksler de og forekommer omtrent halvt om halvt.

6.2 Substantiv

Når det gjelder substantiv, kan en forfatter eller en konsulent komme i tvil om hvorvidt entall eller flertall er det rette eller det beste. Konsulenten kan dessuten møte genitiv i ulike varianter og lure på hva som kan eller bør godtas av slike konstruksjoner. På det første punktet er det liten forskjell på bokmål og nynorsk, på det andre punktet har målformene nokså ulike regler.

Vi skal her også ta opp substantiv i såkalt naken form. Andre problemer som gjelder artikkelbruk og hvordan bestemt form bør markeres, er derimot emne i 6.8.1.

6.2.1 Entall og flertall

Blir vi usikre på om et substantiv bør stå i entall eller flertall, er det gjerne fordi begge deler er i bruk. Det er for eksempel helt vanlig – og uproblematisk – å skrive både vi må ta omsyn til mogleg fare og vi må ta omsyn til moglege farar. Det er ikke alltid antallet av noe er viktig i det hele tatt, og da kan ofte to varianter brukes om hverandre. Hvis vi ikke har positive og gode grunner til å forandre teksten, bør vi heller la den stå.

Når man i skriftlige framstillinger viser til deler av en tekst, er det temmelig vanlig å skrive slikt som se kapittel 2 og 3, jamfør side 28–35, altså med entall. Her kan vi foreslå flertall (kapitlene, sidene) hvis det er behov for å gjøre meningen tydeligere.

Etter ord som **art, kategori, slag(s), sort og type; gruppe, flokk, mengde/mengd og skokk** brukes dels entall, dels flertall. Jo sterkere preget av tellelighet og delelighet er, desto bedre høver flertall. Vi kan vurdere å tilrå flertall hvis det er brukt entall, kanskje særlig der antallet er høyt: fjorten slags sommerfugl (> sommerfugler), den fjerde arten bjørn (> bjørnar). Men husk at en uttrykksmåte som de produserte bare en type bil er helt vanlig, og vi bør vanligvis ikke gjøre noe med den.

Avkortede uttrykksmåter som **Tana- og Karasjokvassdraget** kan være problematiske fordi en ikke-kyndig leser ikke kan se om det gjelder ett eller to vassdrag (bindestreken i **Tana-** representerer jo fellesleddet **vassdraget**). Hvis det kan være minste tvil, må vi gjøre forfatteren oppmerksom på det og eventuelt sette inn flertall av den etterhengte artikkelen (for eksempel **-vassdragene**) enda dette grammatisk sett er på kanten. Hensynet til tydelighet får veie tyngre enn grammatikken.

6.2.1.1 Entall for flertall?

I noen sammenhenger står et substantiv i entall enda det virker mer eller mindre ulogisk. Hvordan bør vi som konsulenter stille oss da?

Vi ser for det første uttrykksmåter som to fisk, fem mann og ti storfugl. Dette er imidlertid ikke entall, men en slags ubøyd flertall. Adjektiv som står til slike former, skal bøyes, som

ellers når det vises til flere individer (distributiv funksjon): guttene fikk to store fisk, som begge var tydelig sjuke. Hvilke substantiv som kan stå ubøyd på denne måten, varierer nok til en viss grad med talemålet til den som skriver, og vi bør være romslige og rette bare hvis vi oppfatter bruken som sterkt avvikende (så sjelden at den kan distrahere leseren). Som regel kan det også godt brukes ordinært bøyd flertall i slike tilfeller (men der fem mann kan høres nærmest som et tall med målenhet, virker nok en form som fem menn noe mindre teknisk).

At et norsk og et engelsk ord likner hverandre i form, kan føre til slike feil som at ***Pavarotti song heilt uaffektet** under regnskuren i stedet for **uaffisert av** ("uten å la seg merke med") (jamfør engelsk "unaffected").

Falsk presisjon

Der noe uttrykkes med flere ord på engelsk enn det vi trenger på norsk, kan en oversettelse ord for ord gi inntrykk av en presisjon som ikke er reell. **Antall muligheter er altfor stort** betyr **det er for mange muligheter**. **Ein høy grad av valfridom** er **stor valfridom**. **Et stort antall er mange**. **Dette betyr ...** burde ofte vært **det betyr ...** **Dobbelt så mange i år samanlikna med i fjor** (jamfør engelsk "compared to") betyr **... som i**

fjor. I slike tilfeller kan vi ofte forenkle uttrykksmåten, og iblant er det grunnlag for rødretting.

Andre ordfeil

Noen ordfeil kommer av at forfatteren ikke er god nok i engelsk. Sjøl om du er norsk språkkonsulent, bør du om mulig holde øye med slike engelske uttrykk som regnes som internasjonale og derfor kan dukke opp i engelsk form i norsk. En forfatter brukte "indian summer" (ekstra varmeperiode om høsten) om uventet varmt vær i april.

7.2.6.2 Fagtermer

I Hovedavtalen mellom LO og NHO heter det i kapittel 5 om innføring og bruk av datateknologi: "All informasjon som gis i medhold av dette kapittel, skal gis på en lettfattelig måte og i et språk som kan forstås uten spesialkunnskaper på området."

Feil oversettelse

Særlig i lærebøker om tekniske emner, som elektronikk, eller emner med internasjonal tilknytning, for eksempel reiseliv, bruker forfatterne ofte engelsk terminologi ukritisk. I en lærebok stod det om ***dispenseringsverktøyet**. Å **dispensere** er å gjøre unntak, men det passer ikke her. "Dispensing tool" skulle vært oversatt med **doseringsverktøy** eller **porsjoneringsverktøy**. (En **dispenser** er et doseringsapparat.) På liknende måte kan "distortion meter" bli ***distorsjonsmåler** i stedet for det riktige **forvrengningsmåler**.

Konsulenter kan få noe hjelp av Norsk språkråd, som registrerer norske termer som anbefales til erstatning for engelske.

Ellers finnes det oppslagsverk for de fleste tekniske emner. Norsk dataordbok kommer i ny og ajourført utgave med jamne mellomrom. Rådet for teknisk terminologi (RTT) har gitt ut spesialordbøker med termer på flere språk. Flere av disse kildene er omtalt nærmere i kapittel 9 nedenfor.

Når forfattere ikke benytter seg av slike kilder, kan det komme av at

- de ikke vet om dem
- de bruker det som er gjengs i deres eget fagmiljø
- begrepet ikke har fått noen norsk term ennå, og forfatteren kan ikke eller vil ikke prøve å lage en

Her er resultatet av en jakt på norske termer til erstatning for engelske i en lærebok i elektronikk:

"sample-and-hold"	prøve-og-holde/prøve-og-halde
"master and slave"	ledeenhet og følgeenhet/leieeining og følgjeeining
"cable scanner"	kabelskanner/kabelskannar
"quick scanner"	hurtigskanner/hurtigskannar eller snøgg-
"roaming"	flakking
"mute-tast"	dempetast
"squelch"	undertrykking

Se også 5.2.

"Blandingsspråk"

Det hender at innslaget av engelsk er så stort at vi kunne snakke om "blandingsspråk". Her er et eksempel fra en lærebok:

Aktivisering av service request forårsaker en interrupt i kontrolleren. Kontrolleren tar kontrollen over bussen ved å aktivisere attention. Kontrolleren poller så enheten for å finne ut hva som forårsaket interrupten.

Slik språkføring er uakseptabel i lærebøker. Vi må lage en merknad om det der vi avviser ordbruken, uten at det trenger å være vår jobb å finne ut hva de aktuelle begrepene bør hete på norsk. Hvis de engelske ordene er nødvendige, må vi i det minste kreve at det finnes en terminliste med forklaringer bakerst i boka, og at lista følger med når boka skal gjennomgås språklig.

Lage nye termer?

Hvis vi er sikre på hva det engelske ordet betyr, kan vi gjerne slippe fantasien løs og komme

med forslag. Kan ikke "hands free-utstyr" like gjerne kalles **håndfritt/handfritt utstyr**? I reiselivet kalles en som bestiller hotellrom, men ikke viser seg, en "no-show". Kanskje det kunne kalles en **kom-ikkeer/kom-ikkjar**? Det blir neppe godtatt, men kan i det minste inspirere forfatteren til å lage noe bedre.

7.2.7 Syntaks

7.2.7.1 Manglende foreløpig subjekt

I en del tilfeller er det slik at der vi på norsk er vant til å lage en det-setning, unngår man på engelsk ofte "there" eller "it". Når dette blir overført til norsk, kan vi få setninger som ver varsam slik at skade ikkje oppstår. Tilrå ... slik at det ikkje oppstår skade e.l.

7.2.7.2 Mer passiv

Passiv gir en upersonlig uttrykksmåte som er vanligere i engelsk enn den bør være i norsk. Særlig s-passiver kan ofte med fordel rettes til enten omskrevet passiv eller til aktiv.

7.2.7.3 For tunge setningsadverbial

I norsk har vi en del korte og lette setningsadverbial: **da, jo, nok, visst, vel, gjerne** osv. Engelsk har ingen motsvarighet til disse; der brukes det lengre og mer sammensatte uttrykk: "certainly", "nevertheless", "after all", "really" osv. Hvis man overfører slike ord til norsk direkte, kan det bli for tungt: det er ganske visst en fordel at ... burde kanskje vært det er jo en fordel at ... Konsulenten bør ha en vennlig tanke på de korte og lette norske adverbialene og i det minste tilrå dem der de kan passe.

7.2.7.4 Syntaktiske hull

Engelsk påvirkning i setningsbygningen kan også gi ufullstendige formuleringer av en type som bør unngås.

*I retteleingen står det om hvordan fylle ut selvangivelsen er en uheldig gjengivelse av en "how to"-konstruksjon på engelsk og bør rettes. Særlig i overskrifter er slike varianter blitt vanli-

ge, og i den slags sammenhenger kan vi godta for eksempel: Hvordan fylle ut selvangivelsen. I løpende tekst bør vi derimot ofte rette med rødt. Setningen øverst kan endres til for eksempel: Hvordan vi fyller ut selvangivelsen, gir retteleingen svar på eller: I retteleingen står det om hvordan en (eller man, vi) fyller ut selvangivelsen.

Fra "the best result ever" har vi fått uttrykk som det beste resultatet nokon gong. Det kan skrives om til det beste resultatet vi nokon gong har fått til. Bruk blyant eller rødt.

7.3 Svesismer

7.3.1 Avgrensning

Svesismer er innslag fra svensk i norsk. De viktigste svesismene er lånord. Det er nokså sjelden problemer med skrivemåte og bøyning, oftere med "falske venner".

Mange svesismer er tatt opp i norsk og er godt brukbare ord. Det gjelder for eksempel **foretak/føretak, forgubbing, sladd (få sladd på bilen)** og **sladde** (en film), **slutføre, spaning, statsviter/statsvitar, stjernesnell, nyblitt (nyblitte foreldre)** og kanskje også **tapning** (bare bokmål; i **ny tapning**), **tankestiller/tankestillar** ofl. Vi godtar også fraser som **ta på alvor** (det tradisjonelle i norsk er **ta alvorlig/alvorleg**) og **takke ja** (eller **nei**) **til** (**si ja** (eller **nei**) **takk til**).

Norsk og svensk er nærskyldte språk som lett kan ta opp ord fra hverandre. Hittil har strømmen stort sett gått én vei, fra svensk til norsk. Påvirkningen har gått i bølger og var kanskje sterkere for et par tiår siden enn den er i dag.

7.3.2 Behandling av svesismer

Fordi avstanden mellom språkene er så liten, tilpasses de svenske ordene ofte lett til norsk skrivemåte. Det ser vi av for eksempel **kjendis** (svensk "kändis") og **tunnelbane** (svensk "tunnelbana").

En sjelden gang kan det også opptre svenskinspirerte bøyingsformer, som *i flere sammenheng (må rettes med rødt).

Når det gjelder ordvalg, bør vi vurdere både frekvenslån og særlig "falske venner" kritisk.

7.3.3 Ordvalg

7.3.3.1 Frekvenslån

Vi kan regne med at en del ord som finnes i norsk fra før, er blitt vanligere som følge av bruken av de samme ordene i svensk. **Ulike** (svensk "olika") har styrket seg på bekostning av **forskjellig(e)**, og særlig i fagspråk bruker mange nå **vesentlig/vesentleg** (svensk "väsentlig") der de før ville valgt **viktig** (eit viktig poeng). Også svensk har "viktig", men frammar-sjen for **vesentlig/vesentleg** i norsk kommer trolig av svensk påvirkning. Her kan vi ofte tilrå at forfatteren varierer med andre ord, for eksempel **ymse, diverse** og **viktig, sentral(t)**.

På bokmål styrker **behøves** seg i forhold til **kreves** (det behøves lovhjemmel for inngrepet), **fordres** går fram sammenliknet med **trengs** (det fordres ytterligere tiltak), og **steg** er blitt like vanlig som **skritt**, også på bokmål (det neste steget er å opp koke grøten). Også gjennomslaget for nynorskordet **kostnad** på bokmål kan skyldes støtte fra svensk.

Når de svenske ordene har klang av mote eller sjargong, kan de gjerne motarbeides. Språkkonsulenten kan også ellers slå et slag for de tradisjonelle ordene når det passer.

7.3.3.2 Falske venner i svensk

Enkelte svesismer er det vi kaller falske venner, det vil si at ordet finnes også i norsk, men i en annen betydning.

Står det **vi spør den **blivende** far om han **gleder seg***, er forfatteren påvirket av svensk **blivande**, som betyr "framtidig". På norsk bokmål heter det **vordende**, mens **blivende** betyr "varig". På nynorsk må en velge helt andre uttrykksmåter (**han som skal bli far** e.l.). Siden foreldre i alle fall er varige, er det lite trolig at ordet er brukt riktig i dette eksempelet, og vi bør rette med rødt.

Hva betyr **rimelegvis** i setningen *da han fekk avslaget, vart han **rimelegvis** skuffa*? På norsk har **rimeligvis/rimelegvis** tradisjonelt

betydd "sannsynligvis". Det har ordet også gjort på svensk, men der har det dessuten hatt betydningen "naturlig nok, som rimelig er eller var". Den siste betydningen gjør nå sitt inntog også i norsk, og det er nok det vi ser et eksempel på her. Vi kan frarå slik bruk med blyant i lærebokmanus.

7.3.3.3 Liste over svesismer som bør frarås eller rettes

Her er noen vanlige svesismer som vi kan fore-slå erstattet med andre. Sett inn for eksempel varianten i høyre kolonne:

"urinnvåner"	urinnbygger/ urinnbyggjar
"jeg har ikke tatt for mye, det er motsatsen som er riktig"	... det motsatte/ motsette ...
"i industrisammenheng"	i industrien

Svesismene i venstre kolonne nedenfor bør ikke få passere, men skiftes ut med ordet til høyre eller et synonym til det:

"anpasse"	tilpasse
"brist"	mangel
"ekumenisk"	økumenisk
"enn så lenge"	foreløpig/førebels
"handlingssett"	handlemate
"homeopat"	homøopat
"et hyggelig påslag på lønna"	et bra lønnstillegg/ eit bra lønstillegg
"vi står innfor store endringer"	... foran/framføre ...
"knappast"	knapt, neppe
"kvalitetsbrist"	kvalitetsmangel
"i flere sammenheng"	sammenhenger/ samanhengar
"en selvklar misforståelse"	... opplagt/ opplagd ...
"unnvike ukjente drikkevarer"	unngå ...
"utvise tålmodighet"	vise ...
"godt utbud av varer"	... tilbud/tilbod ...

Kapittel 8

Særlege regelverk

8.1 Allment

Det er ikkje berre godkjeningsordninga, parallellutgåveordninga og dei formelle reglane som gjeld ortografi, bøyning o.l., vi skal ta omsyn til. Også andre regelsett kan vere aktuelle når vi arbeider med godkjeningspliktige bøker for skuleverket.

I Noreg gjeld det reglar for korleis ein skal normere litterære og andre tekstar i leseverk, songbøker og norskbøker, og det finst reglar for fordeling av stoff på bokmål og nynorsk i leseverka. I tillegg kjem eit regelsett som gjeld oppbygging av ordlister og innhaldet i dei.

Heile dette regelverket bør vi ha kjennskap til.

8.2 Normering av litterære tekstar i leseverk og songbøker

8.2.1 Historikk

I Noreg er det tradisjon for å normere språket i litterære tekstar til skulebruk av pedagogiske grunnar. Det har vore gjort sidan midten av det førre hundreåret. I eit hefte som Norsk språknemnd gav ut i 1961, *Målforn og normering i lese- og sangbøker* (sjå nedanfor), kan vi sjå døme på at tekstar av blant andre Holberg og Wergeland tidleg vart utsette for ganske hardhendt normering og omskriving, for eksempel i H.I. Thues *Læsebog i Modersmaalet* (1846) og i Nordahl Rolfsens lesebok frå 1892. Rolfsen uttrykte den pedagogiske grunngevinga klart i forordet til leseboka si:

Det forekommer mig da naturligt, at sproget i en norsk læsebog for folkeskolen maa være saa hjemligt og nationalt, saa barnligt og tilgjængeligt, som vort skriftsprogs nuværende standpunkt paa nogen maade tillader, og her har min opgave været den samme for sprogformens vedkommende, som den har

været med hensyn til indholdet: det gjaldt at skrive saaledes, at norske børn havde let for at forstaa det.

Det var heller ikkje særleg mykje pietet for diktarane i eit rundskriv som Kyrkje- og undervisningsdepartementet sende ut rett før krigen (datert 10. januar 1940), og som trekte opp retningslinjer for formbruken i lesebøker:

Hovedregelen må her som ellers når det gjelder lærebøker være at en bare nytter de godkjente lærebokformer [...] Har en to sideordnede lærebokformer å velge mellom, bør en i så stor utstrekning som mulig nytte de former som er sams for begge mål, de såkalte samformer. Men en kan ikke uten videre nytte disse former over alt. I tilfeller hvor de ville bryte med forfatterens eller med vedkommende tidsalders stil, bør en nytte den lærebokform som høver best med språktonen i vedkommende stykke. [...] En må imidlertid ikke la omsynet til eldre litteratur gå foran omsynet til nåtidens språkkjensle.

Mot slutten av 1940-åra kom det ein reaksjon mot den hardhendte normeringa. Kritikarar understreka at ein måtte ta litterære omsyn ved attgjevinga av litterære tekstar. Språklege endringar gjekk ut over den kunstnarlege kvaliteten; resultatet vart stilbrot eller dårleg stil. Stilpreget til den einskilde forfattaren måtte respekterast. Pieteten for diktarane vart særleg målboren av riksmålsrørsla som eit ledd i kampen mot samnorskpolitikken, og desse synspunkta vann snart så stor tilslutnad at dei pedagogiske omsyna kom noko meir i bakgrunnen.

Målforn og normering i lese- og sangbøker inneheldt normeringsreglar. Her var det lagt vekt på at dei litterære tekstane ikkje i utrengsmål skulle vike av frå den forma forfattaren hadde gjeve dei. Vi skal sjå på nokre hovudpunkt i desse reglane, som altså var frå 1961.

Bokmål

Stoff av *diktarar før Wergeland* skulle ein i regelen ikkje modernisere i bøker for gymnaset. For lågare skulesteg kunne ein gjennomføre "en var-som modernisering av språket eller gå til fri om-skrivning".

Poetisk litteratur skulle behandlast med "den største varsomhet". Som regel skulle ein ikkje gjere endringar i rim og rytme. Poesien frå og med Wergeland kunne i det reint ortografiske "bringes i samsvar med gjeldende regler" dersom det ikkje førte til større endringar i uttalen.

Prosa frå dei siste hundre åra skulle ein normalisere etter dei gjeldande rettskrivingsreglane. Men særleg i bøker for gymnaset kunne det gjerast unntak. Det var høve til å bruke sideformer, og i stoff med sterkt stilistisk særpreg også former som fall utanfor gjeldande rettskriving.

Folkeeventyra skulle alltid attgjevast i radikal folkeleg form, det vil seie med gjennomførte diftongar, hokjønnsformer og fortidsformer på -a i verb av kaste-klassen.

Nynorsk

I *prosalitteratur* var hovudregelen at ein skulle nytte dei gjeldande lærebokformene, og for dei lågaste klassestega i grunnskulen var det ønskeleg med ein "relativt fast konsekvens" i bruken av jamstilte former. I prøver av eldre litteratur kunne det i ein viss mon nyttast sideformer med litterær tradisjon. Hos Duun og andre nyare forfattarar kunne sideformer som var tilnæringsformer, få stå. Når det galdt ordval og uttrykksmåte, skulle ein "ikkje brigde originalen i utrengsmål", men heller setje til ordforklaringar ved behov.

For *poetisk litteratur* var ikkje reglane så klare, men overlét mykje til skjønn og stilistisk vurdering. Ein måtte ikkje gjere endringar som gav brot på rim og rytme. Skrivemåtar kunne normerast etter gjeldande normal når endringane ikkje rørte ved "den vanlege uttalen" av ordet eller gav "eit markert skifte i uttalen". Akseptable endringar var for eksempel **vilde** > **ville**, **um** > **om**, **fyr** > **før**, **sumar** > **sommar**. Ein burde òg rette **yver** til **over**, **so** til **så** o.l. trass i at det gav ein annan uttale. I formverket burde sideformene stort sett få stå, men somme av dei

kunne ein rette ut frå pedagogisk og stilistisk skjønn.

8.2.2 Reglane no

I 1982 tok Norsk språkråd initiativ til å få justert reglane frå 1961. Det vart sett ned ein komité, som arbeidde med spørsmålet i nokre år. På årsmøtet i 1986 vedtok rådet eit framlegg til reglar for normering av tekstar i leseverk. Året etter vedtok rådet reglar for normering av tekstar i song- og musikkbøker og reglar for normering av tekstinnslag i norsklærebøker, som språklærar og språkhistoriske og litteraturhistoriske framstillingar. Kyrkje- og undervisningsdepartementet godkjende dei nye reglane i brev av 23.10.86 og 1.9.87.

Reglane er trykte i årsmeldinga frå Norsk språkråd for 1987, og vi gjev dei att nedanfor. Men først skal vi nemne nokre av dei viktigaste punkta.

Hovudregelen no er at prosatekstar skal normerast etter *rettskrivinga*. Det gjeld tekstar for både grunnskulen og den vidaregåande skulen og både originale norske tekstar og omsetjingar. Poesi kan stå "varsamt normert". Det siste omgrepet inneber i første rekkje reint grafiske endringar (**aa** > **å**, **dig** > **deg**), men òg nokre mindre endringar ut over det (**gjenom** > **gjennom**, **gjennem** > **gjennom**).

Det viktigaste unntaket frå hovudregelen er at ein kan la former utanfor rettskrivinga bli ståande av omsyn til stilistisk særpreg og bevisst språksyn hos forfattaren. Det gjeld både former som tidlegare har hatt ein plass i rettskrivinga, og eldre eller nyare former som aldri har vore offisielle. Det er rimeleg å tillate fleire avvik frå hovudregelen i tekstar for ungdomssteget i grunnskulen og for den vidaregåande skulen enn for barnesteget i grunnskulen.

Tekstar som er skrivne eller omsette spesielt for eit leseverk, skal følgje *læreboknormalen*.

Det finst tekstar som har ei språkform med eit slags offisielt stempel, for eksempel lover, reglement og salmar, og dei skal gjevast att i denne språkforma.

Når ein forfattar vil bruke tekstinnslag frå andre kjelder i norsklærebøker, skal innslaga normerast etter rettskrivinga eller mindre

strengt. Bøkene kan ha med unormerte og var-
samt normerte tekstar når slike tekstar har ein
fagleg og pedagogisk funksjon, for eksempel i
språkhistorier.

Men no over til reglane:

REGLER FOR NORMERING AV TEKSTER I GODKJENNINGSPLIKTIGE LESEVERK

Generelt om lesebøker og leseverk

Lesebøker og leseverk for skolen inneholder
tekster av ulike slag. De er antologier som
skal gi innblikk i språklig og litterær kultur
fra forskjellige tider.

Oppbygningen av leseverkene må ses i
sammenheng med kravene i mønsterplanen
for grunnskolen og fagplanene for de for-
skjellige studieretninger i den videregående
skolen om hva elevene skal lese på de for-
skjellige trinn.

I noen leseverk er tekstene samlet rundt
ett eller flere temaer. Andre leseverk har en
oppbygning som viser utviklingen av vår
egen litteratur fra norrøn tid og fram til i
dag; atter andre viser et bredt utvalg av teks-
ter fra vårt eget århundre – uten å være bun-
det til et bestemt tema.

Mens noen leseverk stort sett inneholder
skjønnlitterære tekster, er utvalget i andre le-
severk konsentrert om sakprosa hentet fra
fagbøker, aviser og tidsskrifter.

I en mellomstilling mellom lesebok og
språklære står en type norskbøker for barne-
skolen, der tekster av forskjellige slag dan-
ner utgangspunktet for språkopplæringen.

Formålet med normering

Mange tekster trenger en viss språklig nor-
mering for at skoleelever kan tilegne seg
innholdet. Det viktigste formålet med å nor-
mere tekstene i leseverk er derfor å gjøre
dem lettere å lese, og dermed lettere å forstå.
Særlig på de laveste klassetrinnene, før ele-
vene har oppnådd en viss grad av lesefer-
dighet, er det viktig at språkformen og
språkføringen i tekstene ikke er til hinder for
forståelsen. Etter hvert som elevene får mer

lesetrening, blir de i stand til å se det språkli-
ge særpreg hos de enkelte forfattere.

Men for at elevene skal få lyst til å lese
mer og bli glad i litteratur, er det ofte nød-
vendig å fjerne språklige hindringer som
eldre og andre uvanlige skrivemåter og bøy-
ningsformer.

En forholdsvis fast språklig norm i det
elevene leser, kan også være til hjelp og støt-
te for dem i skriveopplæringen.

På den annen side skal en mest mulig ta
hensyn til språkformer og språklig særpreg
hos den enkelte forfatter, slik at forfatterens
stiltone og tidspreget blir bevart.

Regler for normering

- 1 Tekster i leseverk for grunnskolen og
den videregående skolen skal som ho-
vedregel normeres etter rettskrivningen.
Det skal gjøres unntak for poesi.
Poesi kan stå "varsomt normert".
- 2 Originale norske tekster og oversatte
tekster skal behandles likt.

"Varsomt normert"

Uttrykket "varsomt normert" betyr en mil-
dere grad av normering enn normering til
rettskrivningen. Det innebærer at det i første
rekke er gjort *grafiske endringer*, som ofte,
men ikke nødvendigvis alltid, gir skrivemå-
ter som faller sammen med gjeldende rett-
skrivning.

Med grafiske endringer er det ment for
eksempel

aa	> å (naar > når)
enkeltkonsonant	> dobbeltkonsonant
stor forbokstav	> liten forbokstav (Buk > bukk)
i	> j når uttalen er j
fjerning av stum d	(plads > plass)
øi	> øy
af	> av
ld	> ll (fjeld > fjell, skulde > skulle)
nd	> nn (vand > vann)

æ	> e (stræv > strev, læse > lese)
ch	> sj (chokolade > sjokolade)
c	> s (centrum > sentrum)
dig o.a.	> deg o.a.
kann	> kan

Andre endringer som kan gjøres i tillegg til grafiske endringer:

a) endring av infinitivmerket at > å og endringer som:

myrk	> mørk
millom	> mellom
mellem	> mellom
gjennom	> gjennom
gjennem	> gjennom

b) formendringer

Der det ikke griper inn i rim og rytme, kan det også være rimelig å gjøre visse formendringer, for eksempel i flertall av substantiv og verb:

Heste	> hester
Huse	> hus
gjentorne	> jentone
vi ere	> vi er
de kunne	> de kan

Grensen mellom poesi og lyrisk prosa kan være vanskelig å trekke, og det vil sikkert finnes en rekke tvilstilfeller. Det må være anledning til å anvende "var-som normering" også ved prosadikt og visse typer lyrisk prosa og lyriske skisser av hensyn til det stilistiske særpreget.

Unntaksbestemmelser

I leseverk for grunnskolen, særlig for barnetrinnet, er det viktig å ha med tekster som passer for alderstrinnet, både når det gjelder innhold og språklig utforming. Men i enkel-

te tilfeller kan det komme på tale med en språklig tilrettelegging som går utover det rent ortografiske. Hovedprinsippet bør være at sjeldne eller vanskelige ord blir forklart, ikke byttet ut. Men det kan *rent unntaksvis* være nødvendig med en syntaktisk retting eller utskifting av ord.

I enkelte leseverk for den videregående skolen kan det være ønskelig å la noen tekster stå unormert for å vise hvordan forfatteren selv skrev, eller for å gi et tidsbilde. Dette er antakelig mest aktuelt i større leseverk, hvor det er rom for mer variasjon i tekstutvalget.

I visse tekster, særlig tekster fra før 1920, er det rimelig å godta enkelte skrivemåter og bøyingsformer som avviker fra gjeldende rettskrivning. Det er rimelig å tillate flere avvik fra hovedregelen på ungdomstrinnet i grunnskolen og i den videregående skolen enn på barnetrinnet i grunnskolen.

Utfyllende retningslinjer

- 1 Eventuell veksling mellom tekster som er mye og lite normert, må være kronologisk akseptabel (det vil si at eldre tekster ikke må få et mer moderne språkpreg enn nyere tekster på grunnlag av normering, iallfall ikke uten at det blir opplyst om "normeringsgraden").
- 2 Tekster som er skrevet eller oversatt spesielt for bruk i et leseverk, skal følge læreboknormalen.
- 3 Enkelte tradisjonelle former, det vil si former som tidligere har hatt plass i rettskrivningen, kan beholdes hvis det er nødvendig av hensyn til en teksts stilistiske særpreg eller på grunn av en forfatters bevisste språksyn. Det gjelder både eldre og nyere tekster.
- 4 Enkelte former som aldri har hatt noen plass i rettskrivningen, kan unntaksvis beholdes hvis det er nødvendig av hensyn til en teksts stilistiske særpreg eller på grunn av en forfatters bevisste språksyn. Dette gjelder både eldre og nyere tekster.

- 5 Replikker som innslag i en tekst skal normalt stå uendret, men i eldre tekster må det kunne gjøres ortografiske endringer i samsvar med "varsom normering". Inkonsekvenser må kunne rettes.
- 6 Tekster som er skrevet på dialekt, skal normalt stå uendret, men det må være anledning til å rette inkonsekvenser i gjengivelsen av dialekter dersom de ikke har en språklig, stilistisk eller karakteriserende funksjon. Dialekttekster skal utgjøre bare en liten del av leseverket.
- 7 Autentiske brev og dagbøker kan stå unormert eller varsomt normert. (Litterære (fiktive) brev og dagbøker skal normeres etter hovedregelen.)
- 8 Tekster fra før 1850 kan ofte være vanskelige å forstå, selv om de normeres mye. Et alternativ kan være full omskriving og modernisering, som det da bør opplyses om. Det bør samtidig gis en prøve på vedkommende tekst i original eller tilnærmet original språkform.
- 9 Tekster med en språkform som er offisielt godkjent eller vedtatt, skal stå i denne språkformen (lover, reglementer, nasjonalsangen, salmer).
- 10 Fotografiske opptrykk (faksimiler) av tekster fra aviser, ukeblad o.l. kan stå som faksimile hvis bruken av faksimile har en virkelig funksjon, det vil si at det typografiske oppsettet eller helheten av illustrasjon og tekst tilsier det, for eksempel i reklameannonser og ved gjengivelse av tegneserier. Forlaget må opplyse om hva det eventuelt ønsker å gjengi i faksimile. (Ellers skal slike tekster følge normeringsreglene og trykkes på vanlig måte.)
- 11 Gjeldende tegnsetningsregler og andre praktiske skriveregler skal gjennomføres i alle tekster. Unntak er helt unormerte tekster og tekster (særlig poetiske) der forfatteren har hatt en bestemt mening med å avvike fra skrivereglene.
- 12 Det må være tillatt å forkorte tekster i leseverk, men forlaget må da sørge for å markere eller opplyse om det. Hvis det

blir gitt et kort sammendrag av det som er utelatt, må det markeres – typografisk eller på annen måte.

- 13 Det er forlaget og ikke Norsk språkråd som har ansvaret for å få samtykke av rettighetshaverne til språklig normering av tekster.

REGLER FOR NORMERING AV TEKSTER PÅ NORSK I SANG- OG MUSIKKBØKER

Tekster på norsk i sang og musikkbøker for grunnskolen og den videregående skolen skal som hovedregel normeres etter rettskrivningen.

Originale norske tekster og tekster som er oversatt til norsk, skal behandles likt.

Dersom det er nødvendig av hensyn til rim og rytme, kan ordformer og bøyingsformer utenfor rettskrivningen stå uendret. Dette gjelder både for eldre og for nyere tekster.

Salmer og sanger bør gjengis i den formen de har i *Norsk salmebok*.

Folkeviser, stev o.l. kan normeres etter rettskrivningen eller gjengis i mindre normalisert form, for eksempel etter *Norsk folkediktning* I–VII.

Sanger som er skrevet på dialekt, kan stå uendret, men det må være anledning til å rette inkonsekvenser i gjengivelsen av dialekten så langt det ikke går ut over rim og rytme.

Ved normering av tekster i sang og musikkbøker skal en følge vanlige tegnsetningsregler og andre skriveregler når ikke spesielle hensyn taler for noe annet.

REGLER FOR NORMERING AV TEKST-INNSLAG FRA ANDRE KILDER I NORSK-LÆREBØKER

I lærebøker i norskfaget forekommer det både (utdrag av) tekster fra skjønnlitteraturen, faglitteraturen, aviser, blad o.l. og andre typer tekster (eksempler, språkprøver o.a.).

Tekstene skal i regelen normeres etter rettskrivningen eller mindre strengt. Tekster

som er skrevet eller oversatt spesielt for norsklærebøker for barnetrinnet i grunnskolen, skal normeres etter læreboknormalen. Unormerte og "varsomt normerte" tekster kan brukes når de har en faglig og pedagogisk funksjon.

1 Språklærer

Med språklærer menes her bøker eller deler av bøker som handler om rettskrivning, formlære og grammatikk, bruk av språklige virkemidler og tekstanalyse.

Tekster i språklærer skal vanligvis normeres etter rettskrivningen. Om bruk av læreboknormalen, se ovenfor (2. avsnitt). Visse typer tekster i språklærer kan likevel stå unormert (se nedenfor).

1.1 Tekster som gjengir muntlig språk

Tekster som viser prøver på dialekt, sosiolekt eller "gruppespråk" (barns språk, ungdommens språk, (fag)sjargong o.a.), kan stå unormert. Til slike tekster bør det da være knyttet oppgaver der en drøfter språkbruken.

Tekster som gjengir talemål, og som brukes for å vise sammenhengen mellom talemålet og bokmål og/eller nynorsk, kan stå unormert.

1.2 Tekster med eksempler på feil og mangler (f.eks. elevtekster)

Tekster som gir eksempler på språklige feil og mangler, kan stå uendret (unormert) hvis det til slike tekster blir knyttet oppgaver som går ut på å finne fram til eller drøfte feilene og manglene.

1.3 Poesi

Poesi kan i språklærer stå varsomt normert. Uttrykket "varsomt normering" er det gjort rede for i reglene for normering av tekster i leseverk.

1.4 Faksimiler

Fotografiske opptrykk (faksimiler) av tekster fra aviser, ukeblad o.l. kan godtas i språklærer etter de samme retningslinjene som gjelder for tekster i leseverk.

2 Språkhistoriske framstillinger

Tekster i språkhistoriske framstillinger bør vanligvis stå unormert.

3 Litteraturhistoriske framstillinger

Tekster i litteraturhistoriske framstillinger kan normeres på linje med tekster i leseverk eller stå unormert.

Som supplement til dette regelverket kan vi rekne eit vedtak som Norsk språkråd gjorde i 1985 om bruk av **den** som tilvisande pronomen i nynorske tekstar i leseverk. Vi gjev att heile vedtaket nedanfor (jmfør årsmeldinga for 1985 s. 17):

- 1 I tekster til leseverk for grunnskolen skal **han/ho** (ikke **den**) brukes som henvisende pronomen. Dette blir rettet konsekvent; en gjør unntak bare der en kan komme til å slette ut tilsiktet dobbelt bunn eller føre inn tvil der utsagnet er klart fra før.
- 2 Tekster til leseverk for videregående skole blir ikke rettet på dette punktet. Men tekster med bruk av **den** som henvisende pronomen skal bare være et mindre innslag i tekstmengden på nynorsk.

8.3 Fordeling av bokmål og nynorsk i lesetekstar i norskfaget – "kvotereglane"

8.3.1 Litt om tidlegare reglar

Vi har også lenge hatt reglar for kor mykje stoff eit leseverk for skulen bør ha på bokmål og på nynorsk. Går vi tilbake til 1934, heiter det i eit rundskriv frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet frå det året:

Bimålstekstens sidetall skal utgjøre minst 1/3 av lesebokverkets samlede sidetall. I et 3- og 4-binds lesebokverk skal 1. bind inneholde 1/6 bimål. I et 6-binds lesebokverk skal 1. bind bare inneholde hovedmål.

Da Norsk språknemnd arbeidde med ny læreboknormal i femtiåra, drøfta nemnda også reglane for fordeling av hovudmål og sidemål.

Når det galdt skular med bokmål, kom

Språknemnda til at det burde finnast reglar som sikra at lesebøkene også hadde med tekstar i såkalla radikal språkform. Da ville noko av grunnlaget for å krevje parallellutgåver med moderat eller radikalt bokmål falle vekk.

Språknemnda hadde tidlegare rådd til at abc-bøker med moderate former skulle innehalde ein del tekstar i radikal form. I framlegget til læreboknormal frå 1957 hadde nemnda ombestemt seg når det gjaldt abc-bøkene. Ho meinte no at dei burde ha "ei nokolunde einsarta språkform", og at akkurat desse bøkene eventuelt kunne kome ut i parallellutgåver på dei to variantane av bokmål.

Departementet godkjende framlegget frå Språknemnda i 1959. Seinare vart kvotereglane trykte i heftet *Målform og normering i lese- og sangbøker* (1961). Heftet seier dette om bokmålsutgåver:

Fordelinga i eit 6-bands og eit 3-bands leseverk for skular med bokmål til hovudmål blir såleis:

6-bandsutgåva				
Skuleår	Bd.	Fritt	Rad. bm.	Nyno.
1.	ABC	1/1	-	-
2.	I	3/4	1/4	-
3.	II	1/2	1/3	1/6
4.	III	1/2	1/6	1/3
5.	IV	1/2	1/6	1/3
6.	V	1/2	1/6	1/3
7.	VI	1/2	1/6	1/3
Sum		13/24	5/24	6/24
3-bandsutgåva				
Skuleår	Bd.	Fritt	Rad. bm.	Nyno.
1.		-	-	-
2. } 3. }	I	1/2	5/12	1/12
4. } 5. }	II	1/2	1/6	1/3
6. } 7. }	III	1/2	1/6	1/3
Sum		1/2	1/4	1/4

For nynorskutgåver av leseverk gjaldt det meir summariske reglar. Dei tekstane som skulle vere på bokmål, kunne utgjere i alt mellom ein fire-del og ein tredel av heile leseverket, men det første bandet skulle ikkje ha meir enn ein seksdel med tekstar på bokmål. (Det var her berre trebandsverk som var aktuelle.)

Når det gjaldt sidemålet, meinte Språknemnda dette: "Reint allment gjeld det for begge mål at sidemålet bør innførast i den form som ligg hovudmålet nærmast."

I 1962 avgjorde departementet at den fordelinga som var fastsett for sjuande skuleåret, også skulle gjelde for dei øvste klassane i den niårige skulen.

Det fanst ikkje særskilde reglar for kvotefordeling i leseverk for gymnaset og seinare den vidaregåande skulen. Når slike verk skulle godkjennast, bygde ein på det undervisningsplanane sa om kva elevane skulle lese. I det gamle gymnaset var dette ein tredel på sidemålet, i den nye vidaregåande skulen varierte det med studieretninga, med opptil ein tredel på sidemålet på studieretninga for allmenne fag.

8.3.2 Reglane no

Også Vogtkomiteen (1964) drøfta spørsmålet om fordeling av målformer i leseverk for grunnskulen. Komiteen var ikkje nøgd med dei reglane som gjaldt. Samtidig hadde leseverka etter kvart endra karakter. Dei tradisjonelle seks- og trebindsverka vart delvis avløyste av fleire mindre emnehefte. Det vart vanskeleg å få lik kvotefordeling i dei einskilde hefta. Derfor var det aktuelt å ta reglane opp til vurdering.

Dei reglane som gjeld no, stammar frå 1978 og er utarbeidde av Norsk språkråd. Kyrkje- og undervisningsdepartementet godkjende eit framlegg frå Språkrådet i brev av 5.7.78. Her skriv departementet til slutt: "Vi rekner med at Norsk språkråd på dette grunnlaget tar skritt til å gjere reglane offentleg kjend[e]." I brev til departementet av 18.5.79 tok Språkrådet opp spørsmålet om kunnngjering:

Styret i Norsk språkråd har drøftet hvordan de nye kvotefordelingsreglene best kan gøres kjent. Vi mener at reglene bør tas inn i

Mønsterplan for grunnskolen og i fagplanene for den videregående skolen så snart det er praktisk mulig [– –]. Men siden det trolig vil ta litt tid før reglene kommer inn i læreplanene, mener vi at departementet i første omgang bør sende ut et rundskriv til de skoleslagene reglene skal gjelde for, og til skolebokforlagene.

Det kom aldri noko rundskriv, og i *Mønsterplan for grunnskolen 1987* finn vi berre punkt II 3 i reglane (s. 137 i nynorskutgåva og s. 138 i bokmålsutgåva). I *Læreplan for den videregående skolen*, del 2, felles allmenne fag (1985), heiter det kort at om lag ein tredel av lesestoffet skal vere på sidemålet (s. 17), og i del 3d, for studieretninga for handels- og kontorfag (1981), les vi at om lag ein firedel skal vere på sidemålet (s. 21). I dei nye norskplanane som kom i samband med skulereformene i 1993 og 1997 står det ingenting om fordelinga av nynorsk og bokmål i det elevane skal lese.

Reglane for kvotefordeling har altså aldri vorte offentleggjorde samla nokon stad, og jamvel om Språkrådet har sendt dei til forlaga, er kjennskapen til dei truleg nokså mangelfull. Sidan dei kom, har det vore fleire store reformer i skulen, og reglane er no modne for ei viss justering. Språkrådet vil ta initiativ til det og til å gjere dei kjende.

Nedanfor gjev vi att det fulle og heile regelverket.

REGLAR FOR KVOTEFORDELING AV LESETEKSTER I NORSKFAGET

I FELLES RETNINGSLINER

- 1 Det er fastsett reglar for fordelinga av det stoffet som elevane skal lese på hovudmålet og det dei skal lese på sidemålet.
- 2 Desse reglane skal stå i undervisningsplanane for grunnskulen og for den vidaregåande skulen.
- 3 Kravet om at det skal vere visse kvotar av målformene og målvariantane i lesebøkene, er no erstatta av eit krav om

ei viss fordeling av det litterære stoffet elevane les. Men sidan lesebøker (lesehefte og liknande antologiar) vel også i framtida vil utgjere grunnstamma av lesestoffet i barne- og ungdomsskulen, er det viktig at dei dekkjer best mogleg det varierende behovet for lesestoff både i nynorsk og bokmål (med variantar), samstundes som tilbodet bør vere så rikeleg at det gir lærarane og elevane høve til å velje. Eit alternativ er at leseverka (lesehefta) har eit så rikeleg utval av lesestoff at dei gir eit tilfredsstillande tilbod både til bokmålskular og nynorskskular. (Blant anna bør høveleg omsett litteratur kunne takast med i parallelle bokmåls- og nynorsktekster.)

Både Norsk språkråd og dei pedagogiske råda skal føre tilsyn med at leseverka har ei fordeling som gir rimeleg dekning.

- 4 Lesestoff på hovudmålet og lesestoff på sidemålet bør mest mogleg integrerast både i leseverk for grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Det gjeld òg seriar av lesehefte (emnehefte). Ein bør i regelen unngå at den eine målforma blir isolert i eigne hefte eller avgrensa til særskilde emne. Det bør likevel vere ein viss elastisitet når enkelte emne eller tidsperiodar gjer det naturleg å bruke berre den eine målforma.
 - 5 Det bør vere mest mogleg spreining av hovudvariantane av målformene på ulike emne i leseverka.
- ### II GRUNNSKULEN
- 1 Kva tid ein skal ta til å lese tekster på sidemålet, kan variere noko etter kor nær sidemålet ligg talemålet til elevane. Det er eit velkjent pedagogisk prinsipp at den første lese- og skriveundervisninga bør ta utgangspunkt i talemålet til elevane.

ne, og avstanden mellom sidemålet og talemålet til elevane varierer frå landsdel til landsdel. Men seinare enn i 3. klasse bør truleg ikkje innføringa av sidemålet kome. Og undervisningsplanen for seinare årssteg må innehalde klare reglar for den plass sidemålet skal ha. Sidemålet bør – slik det er understreka i *Målform og normering i lese- og sangbøker* – innførast i den form som ligg talemålet/hovudmålet nærmast, og tekstene på dette steget bør vere songar og lette stykke.

- 2 Ut frå det same pedagogiske prinsippet skulle det i mange bokmålskular vere meir til vinning enn til ulempe å føre inn tekster med "radikalt" bokmål på eit tidleg steg i undervisninga.
- 3 Forholdet mellom hovudmål og sidemål i det stoffet elevane les på kvart klassesteg, bør vere om lag slik:

	hovudmål	sidemål
1.-2. skuleåret	1/1	
3. skuleåret	5/6	1/6
4. skuleåret	3/4	1/4
5.-9. skuleåret	2/3	1/3

- 4a I 1. og 2. klasse i skular med bokmål som hovudmål bør pedagogiske omsyn telje sterkt med ved valet av lesetekster med moderate/radikale former (jf. pkt. 2 ovanfor). Frå og med 3. klasse bør desse hovudvariantane innanfor læreboknormalen for bokmål sikrast ein rimeleg representasjon. Til rettleiing for lærarane blir det tilrådd at om lag 1/6 av lesestoffet på bokmål bør gi prøver på moderat målform og om lag 1/6 på radikal målform. Resten av lesestoffet på bokmål (om lag 2/3) er fritt innanfor normeringsreglane.
- b Også for skular med nynorsk hovudmål bør variantar innanfor læreboknormalen i bokmål og nynorsk ha ein rimeleg representasjon.

III DEN VIDAREGÅANDE SKULEN

For studieretning for allmenne fag (4 + 5 + 5 timar) og for toårig grunnskurs (4 + 5 timar) krev den gjeldande læreplanen at om lag 1/3 av leseverket (dikt, noveller, forteljingar/romanar, sakprosa) skal vere på sidemålet. Denne fordelinga bør vere rettleiande også for dei andre norskkursa.

Vi ser at reglane no gjeld fordelinga av det stoffet elevane skal lese, ikkje primært korleis fordelinga av nynorsk og bokmål skal vere i lesebøkene (antologiar o.l.). I punkt I 3 er det likevel understreka at lesebøkene må ha rikeleg stoff for å dekkje det varierende behovet for lesestoff både på nynorsk og bokmål. Språkrådet og dei pedagogiske råda (no Nasjonalt læremiddelsenter) skal føre tilsyn med at leseverka har ei fordeling som gir rimeleg dekning.

I praksis går tilsynet føre seg på den måten at Norsk språkråd vender seg til forlaget dersom ein ved språkgranskinga finn at fordelinga av målformene i eit leseverk (eller i lesestykkedelen i eit norskverk med fleire delemne i same boka) ikkje i *hovudsak* samsvarar med lesekvotane i punkta II 3 og IV i reglane. Etter seksårsreforma i 1997 gjeld reglane frå og med 2. klasse i grunnskulen. I leseverk som skal gje eit lengdesnitt av norsk litteratur, eller som skal dekkje berre ein viss periode eller ein viss sjanger, må ein sjå noko romslegare på målfordelinga. Norsk språkråd plar også passe på at lesebøker for grunnskulen for bokmålselevar inneheld nokre tekstar på radikalt bokmål (jamfør punkt II 4a i reglane).

8.3.3 Seinare vurderingar

Berre ein gong har det vore påtrykk for å få endra reglane. Det var i 1984, da Riksmålsforbundet ønskte ei endring slik at sidemålslesing først skulle kome inn i fjerde klasse, og ønskte at det skulle bli slutt på å krevje lesing av ein bestemt kvote med radikalt bokmål for bokmålselevane. Framlegget vart avvist av Norsk språkråd.

Frå Noregs Mållag har det vore klaga over at leseverk for den vidaregåande skulen ofte har

mindre enn ein tredel med nynorskstoff. Språkrådet og forlaga har her vist til at leseverka likevel inneheld meir enn nok lesestoff til å dekkje krava i læreplanane også for elevar med nynorsk som hovudmål. Ein har òg peikt på at dei fleste leseverka gjev eit representativt lengdesnitt av norsk litteratur frå ulike tider, og at det derfor er rimeleg at det blir ei temmeleg sterk bokmålovervekt.

8.3.4 Kva seier opplæringslova om dette?

I paragraf 9–4 i den nye opplæringslova er det teke med eit ledd der det heiter: "Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk."

8.4 Godkjenning av ordlister

8.4.1 Heimel

I forskrifta for godkjenning av lærebøker har det sidan 1984 stått (paragraf 1): "Ordlister godkjennes av Norsk språkråd." Denne formuleringa gjev Språkrådet eit sjølvstendig ansvar for godkjenning av slike bøker. Før 1984 sende Språkrådet i godkjenningssaker tilråding til eit av dei sakkunnige skuleråda, som i sin tur – på grunnlag av fråsegn frå eigen konsulent og tilrådinga frå Språkrådet – sende tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Da godkjenningsreglane frå 1962 skulle reviderast, var departementet innstilt på å fjerne ordlistene frå godkjenningsordninga og rekne dei som "hjelpebøker" (som ikkje skal godkjennast), på linje med for eksempel grammatikkar. Det var først på eit møte i departementet etter behandlinga av saka i Stortinget at Språkrådet fekk gjennomslag for det synet at ordlister framleis burde kontrollerast og godkjennast.

8.4.2 Reglar for utforming av ordlister

Det faglege grunnlaget for arbeidet med ordlister i Norsk språkråd er først og fremst "Reglar for utforming av ordlister til skulebruk" (sjå nedanfor), som vart vedtekne av Norsk språknemnd. Reglane er daterte 17. april 1959 og har

aldri vore trykte, men forlaga fekk dei tilsende med rundskriv frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Det heiter i rundskrivet at ordlister som skal godkjennast til skulebruk, må vere i samsvar med desse reglane.

Vi skal gå inn på nokre hovudpunkt i reglane.

Ordlister skal ha med det sentrale ordtilfanget innanfor den aktuelle målforma. Lista skal gje *fullstendig* og *heilt nøytral* opplysning om valfridom i ordformer eller bøyingsformer. I visse tilfelle er det likevel nok med allmenne reglar i innleiinga til lista. Det gjeld særleg sideformer.

I nynorske ordlister kan ein for eksempel la vere å føre opp hokjønnsformene på [-i] og [-or] i den alfabetiske delen. Det same gjeld refleksivendinga [-as], lange presensformer av typen [**kjemer**] og preteritumsformer av typen [**kjente**]. I lister for begge målformer er det nok å nytte berre ei ending i infinitiv i den alfabetiske delen (også på bokmål er kløyvd infinitiv tillate). I bokmålslistar held det å gjere greie for valfridommen **husa** eller **husene** i bunde fleirtal i innleiinga. På den andre sida må ein i bokmålsordlister føre opp all valfridom i preteritum av verb ved kvart verb, og det same må ein på nynorsksida med valfridommen i supinum av sterke verb (**har funne** eller **funni**). For dei linne verba i nynorsk er det derimot nok å opplyse i innleiinga om valfridommen av typen **har levd** eller **levt**. Det er likevel ikkje noko forbod mot å føre opp dei valfrie formene ved kvart einskilt ord.

I eit brev til forlaga datert 18. juni 1958 seier Norsk språknemnd at det er greitt at ord på **-het** (på bokmål) berre står med endinga **-en** i ordlistene, men at ein i forordet må gjere det klart at **-a** og **-en** er valfrie former.

Regelverket ber noko preg av at det vart til samstundes med arbeidet med læreboknormalen av 1959, og Språkrådet er i ferd med å revidere det. Vi gjev her att reglane.

REGLAR FOR UTFORMING AV ORDLISTER TIL SKULEBRUK

I Ordfanget

Det sentrale ordfanget i kvart av dei to måla må vera med. Elles kan ordlisteforfattaren i ein viss mon avgjera kva ord han vil ha med.

Forfattaren kan i den mon han finn grunn til det, setja attåt synonym eller forklaring, som t.d.

beredt (budd, ferdig)
fair play (ærlig spill) under **fair**

I nynorske ordlister er det tillati å setja som oppslagsord i parentes eit lånord som forfattaren rår frå å bruka, og deretter det nynorske ordet, t.d.

(forhøya) høgja, auka, setja opp

Former som ikkje lenger er tillatne, men som elevane kan koma til å leita etter i ordlistene, kan førast opp i parentes med tilvising til no gjeldande oppslagsform, t.d.

bm. (bon, se bong)
nyno. (bur, sjå boer)

II Rettleiing med allmenne rettskrivingsreglar

Fremst i lista er det praktisk å gje ei *retteleiing* om korleis ho skal brukast; ei slik rettleiing har dei fleste ordlister. Her kan ein gjerne ta med nokre einfelte rettskrivingsreglar. Men om det blir gjevi allmenne reglar i innleiinga, må det i mange høve likevel bli vist ved kvart enkelt ord korleis regelen skal gjennomførast for det ordet. Det er t.d. i bokmålsordlister ikkje nok å seia i rettleiinga at når endinga **-et** etter eit verb er kursivert, tyder det at endinga også kan vera **-a** i imperfektum. Både **-a** og **-et** må førast opp i sjølv ordlista (sjå nedanfor under punkt IX). I visse tilfelle er det li-

kevel nok med allmenne reglar. Det gjeld særleg *sideformer* til heile kategori-ar. (Sjå nedanfor.)

Reint allment gjeld at lista skal gje fullstendig og heilt nøytral opplysning om valfridom i ordformer eller bøyingsformer. Skipnaden skal for vanlege skuleordlister vera strengt alfabetisk. Det gjeld også avleiings- og bøyingsendingar. Både i ordlistene og i undervisninga må det gjerast klart at dette ikkje tyder noka vurdering av dei einskilde formene. Sideformer skal førast opp på sin alfabetiske plass, men i skarp klammer. I nokre tilfelle er det gjevi ei tilråding om at den eine av to jamstelte former bør ha føremonen. Dette må koma til uttrykk i ordlistene.

III Jamstelte former, tillatne sideformer

Ordlista må skilja greitt mellom *jamstelte former* (lærebokformer) og *tillatne sideformer* (tillatne i skriftlege arbeid i skolen). Ordet "tillatt", "tillaten" må ikkje brukast om dei første.

Dei jamstelte formene skal alltid vera oppførte jamsides, med "el.", *strek* eller *komma* imellom, og med same skrift. T.d. *bokmål*

melk el. **mjølk**

på sin stad i alfabetet, og

mjølk el. **melk**

på sin stad,

nynorsk

segla el. **sigla**

på sin stad i alfabetet, og

sigla el. **segla**

på sin stad. Berre når dei to oppslagsordda ville følgja tett etter einannan, er det nok med det eine oppslaget.

Dei tillatne sideformene skal stå i *skarp klammer* [], t.d. bm. og nyno. [horv]. Jamstelte former må aldri setjast i slik klammer. Elles gjeld same reglar om oppføring i listene for tillatne sideformer som for jamstelte former, berre med det unntak at det er tillati å setja lærebokformene med sterkare skrift enn sideformene, t.d. i bokmål

bar [berr]
[berr] **bar**

IV Markering av kjønn ved substantiv

Ved *alle* substantiv skal kjønnnet markert. Det kan gjerast på fleire måtar. I ordlister som berre er etla for den høgrestolen, kan ein bruke m., f., n. Men i ordlister for folkeskolen må det gjerast på ein av desse måtane: a) i nyno. ved å setja den ubundne artikkelen etter ordet: **ein, ei, eit**, b) i begge mål ved å setja til endinga i bunden form, **-(e)n, -a, -(e)t**. Ved hokjønnsord som endar på **-e**, er det nok å setja **-a**.

Ved substantiv som er hokjønn, men har valfri artikkel (**-a** el. **-en**), skal i bokmålsordlister begge endingane setjast til med "el." imellom, t.d.

hjelp, -a el. -en.

Har eit ord skiftande kjønn, skal sameleis begge (i nokre få ord alle tre) kjønn først opp.

Om markeringsmåten med bunden form blir brukt i nynorske ordlister, er det ved konsonantendande hokjønnsord ikkje naudsynt å ta med den tillatne sideforma på [-i], det er nok å gje opplysning om forma i dei allmenne reglane.

Ordlistene for bm. må i forordet gje opplysning om at artikkelen **-en** i visse høve kan nyttast i staden for **-a** ved obligato-

riske hokjønnsord ut frå særlege stilistiske omsyn.

V Fleirtal av substantiv

Ved substantiv som har regelrett fleirtalsending, er det ikkje naudsynt å føra ho opp. Som regelrett ending blir rekna: Bokmål: hankj. **-er**, hokj. **-er**, inkjekj. *inga ending*. Nynorsk: hankj. **-ar**, hokj. **-er**, inkjekj. *inga ending*. I nyno. kan ein også rekna som regelrette endinga **-er** i hankjønnsord på **-nad** og endinga **-ar** i hokj.ord på **-ing**; men regelen må da gjevast i innleiinga. Valfridomen **kvister** [kvistar], **myrar** [myrer] må markerast. Ved inkjekj.ord i bm. som ikkje skal ha ending i flt., kan det vera praktisk å markere dette, t.d. såleis: "flt. –". Ord på **-er** (kjeller, lærer, teater osv.) bør alltid ha flt.-formene med.

Den tillatne sideforma [-or] i flt. av vokalendande hokjønnsord i nyno. er det ikkje naudsynt å føra opp ved kvart ord, om regelen er gjeven i innleiinga. Elles må alle jamstelte el. tillatne fleirtalsendingar først opp. Ved samandragingar er det mest praktisk å føra opp heile ordet, t.d. nyno. **hamrar, speglar**.

Valfridomen i bm. mellom t.d. **husa** og **husene** i b.flt. er det nok å gjera greie for i innleiinga, det same gjeld valfridomen mellom **-a** og [-i] i nyno. Men denne valfridomen kan også markerast ved kvart einskilt ord.

VI Adjektiv

Ved adjektiv med regelrett bøying, dvs. slike som får tillagt **-t** i inkjekjønn og **-e** i flt., kan forf. velja om han vil markera inkjekjønnsforma eller ikkje. Flt.forma blir i regelen ikkje markert i ordlistene utan ein har samandraging: nyno. **ymis** – **ymse**. Det må gjevast særskilde opplysningar ved adj. som ikkje har kjønnsbøying i eint., som **engelsk, glad**. Der

det er valfridom, må alle former først opp; likevel krevst det ikkje for hokj.-former av typen [opi] (sml. [soli], [husi]) dersom regelen er gjeven i innleiinga.

Elles vil pedagogiske omsyn vera avgjerande for kor mange opplysningar som skal gjevast om bøyingsformene.

VII Infinitiv av verb

I innleiinga skal det for begge mål gjevast opplysningar om gjeldande reglar for infinitivendinga, altså også opplysning om kløyvd infinitiv som klammerform. I sjølve ordlistene er det da nok å føra opp *ei* ending, i bokm. **-e**, i nyno. **-a** el. **-e**. I dei nynorske ordlistene kan gjennomførast **-a** el. **-e**; verb som i kløyvd inf. har endinga **-a**, kan merkjast ut med sperring, t.d. b a k a, eventuelt b a k e. Om eit verb får same form som det tilsvarende substantivet, er det mest praktisk å markere at dei høyrer til kvar si ordklasse, t.d. **ære**, subst., **ære**, v., særleg når som her endinga i bunden form av subst. fell saman med endinga i imperf. av verbet (**-a**). Om refleksivendinga [-as] er det nok å opplysa i innleiinga.

VIII Sterke verb

Avlydsrekkjene må gjerast tydelege, anten ved at heile orda blir oppførte i inf., presens, imperf. og partisipp (i bm. treng ikkje presens vera med), eller ved at vokalrekkja blir oppført t.d. i nyno.: **skriva** (i, ei, i). I nyno. er det nok å gjera greie for den lange presensforma – [skriver] – i innleiinga. Begge formene i supinum skal først opp: (**fare** el. **fari**). I nyno. må verbformer som **baud** el. **bydde**, **bode** el. **bodi** el. **bydd**, **glidd** el. **glidde** el. **glidi** først opp. Dersom eit verb har gjennomført både sterk og linn bøyning, kan det vera praktisk å føra opp dei to bøyningane kvar for seg.

IX Linne verb

Bøyinga av linne verb er i regelen klar om imperfektforma blir oppgjeven. I nyno. bør det seiast frå i innleiinga at **-ar** i pres. høyrer i hop med **-a** i imperf., **-er** i pres. med **-de/-te** i imperf. I bokmål er det særleg stor valfridom i imperfektendingane, men *alle endingar må først opp for kvart verb*. For dei fleste verb er det nok å ta med sjølve endinga, altså i bm. t.d.

bråke, -a/-et el. -te el. **bråke**, -a el. -et el. -te
klekke, -et el. -te

og i nynorsk

flytta, -a el. -te
lova, -a el. -de

I nokre høve er det naudsynt å ta med heile ordforma, t.d. når det ikkje er konsonantforenkling:

sleppe, sleppte

I det heile må bøyinga gjerast heilt klår. I nynorske ordlister greier det seg at opplysning om valfridomen i typane **trudd** – **trutt**, **levd** – **levt** og **kjende** [kjente] står i innleiinga; men det kan også gjevast opplysningar ved kvart einskilt verb.

X Avleiing og samansetning

Her bruker ordlisteforfattaren den markeringsmåte som han finn mest pedagogisk. I små ordlister er det liten grunn til å ta med samansetningar der skrivemåten og bøyinga er klår, som **stolbein**, **vårselepp**.

8.4.3 Kontroversielle spørsmål i seinare tid

I 1960- og 70-åra var det ein viss marknad for ordlister med såkalla moderate eller tradisjonelle former. Dette var lister som ikkje hadde med alle valfrie former og sideformer, og dei fanst

både på bokmålssida og nynorsksida (for eksempel Bjarne Berulfsen: *Ordliste, bokmål 2* og Ivar Eskeland: *Ordliste, nynorsk 2*). Sidan dei ikkje var fullstendige, var dei ikkje godkjende og kunne derfor ikkje nyttast i undervisninga.

Departementet uttalte i 1965 at det ikkje var noko til hinder for at elevar som ønskte det, kvar for seg kunne nytte slike ikkje-godkjende ordlister i skulen når listene heldt seg innanfor den gjeldande rettskrivinga. Da riksmålsfolk i 1975 bad om at elevar måtte få nytte også *Riksmålsordlisten* i skulen, vart det avvist og grunngjeve med at denne ordlista også inneheldt former som ligg utanfor offisiell rettskriving.

Elevane har fått utvida høve til å nytte ordliste til eksamen. I 1991 tok Språkrådet opp dette punktet med skulestyresmaktene og gjekk inn for at berre godkjende ordlister skulle kunne nyttast ved eksamen. Det fekk Språkrådet ikkje gjennomslag for, og stoda no er at elevane til eksamen kan bruke dei ordlistene og ordbøkene dei vil, godkjende eller ikkje-godkjende.

Ordmengda har iblant vore eit problem når Språkrådet har vurdert ordlister. Reglane frå 1959 seier berre at det "sentrale ordfanget i kvart av dei to måla" må vere med.

I 1966 bestemte departementet at ordlister for folkeskulen skulle granskast *pedagogisk* av det daverande Folkeskolerådet. I eit brev same året seier Folkeskolerådet at det neppe er praktisk å ha berre éi ordliste for alle klassesteg i den nye niårige grunnskulen. Rådet skriv: "Ved utgangen av 9-årig skole bør elevene ha blitt frotrolige med den type ordlister som de vil bruke i voksenalder, mens barneskolens elever ikkje vil kunne nyttiggjøre seg ordlister av denne typen." Ut frå dette rådde Folkeskolerådet til separate ordlister for barnesteget og ungdomssteget. Det utvikla seg etter kvart ein praksis der ordlistene for barnesteget av pedagogiske grunnar vart laga med fullt utskrivne bøyingsformer av orda (men dette har aldri vore noko krav frå Språkrådet). Den pedagogiske granskinga av ordlister har etter kvart falle bort.

Mange gonger har forlaga søkt om godkjenning av éi ordliste som skulle vere for heile grunnskulen. Da har Språkrådet sett krav til

ordmengda og har i somme tilfelle nekta å godkjenne lister med det ein meinte var for få ord jamført med behovet i ungdomsskulen. Ein har rekna 17 000–18 000 ord som det minste ei ordliste måtte ha for å bli godkjend for heile grunnskulen.

Spørsmålet om *fellesordlister* for nynorsk og bokmål kom første gongen opp i 1964. Eit forlag søkte da om godkjenning for ei slik ordliste (Dag Gundersen: *Norsk ordbok*), men lista vart ikkje godkjend. I 1973 vart det på ny søkt om godkjenning for denne boka. Språkrådet meinte at ho ikkje kunne godkjennast i den forma ho hadde, men sette i 1976 ned ei nemnd til å greie ut spørsmålet om fellesordlister (og felles språklærer). Denne nemnda var nokså skeptisk til fellesbøker som dette, men meinte at ein kunne gjennomgå og justere Gundersens ordliste med tanke på godkjenning, i alle fall for ein prøveperiode. På årsmøtet i 1978 vedtok Språkrådet denne fråsegna:

Norsk språkråd viser til tilrådinga frå utvalet og er i tvil om ordlister/ordbøker av denne typen vil ha nokon pedagogisk verdi; truleg vil dei fleste elevane meine at det er heller vanskeleg å ta seg fram i ei slik liste. Men Norsk språkråd vil likevel ikkje stille seg heilt avvisande til prinsippet med fellesordlister når bøkene fyller dei krava ein må stille til bøker av denne typen. Måten den enkelte ordlista er utforma på, vil vere avgjerande for om ho kan godkjennast eller ikkje.

Det vart etter dette ikkje sendt inn nokon revidert versjon av Gundersens ordliste til godkjenningsbehandling.

I 1996 kom det førespurnad frå eit forlag om vurdering av eit utdrag av eit manus til ei fellesordliste. I eit notat om manuset til bruk internt i Språkrådet heiter det: "Bruken av både ekvivalentar og ordforklaringar skaper ei forvirrande blanding av bokmåls- og nynorskord, og det fell mest uheldig ut for nynorsken." Resultatet vart at Språkrådet ikkje ville godkjenne lista på grunn av det opplegget ho hadde.

I nynorsk har spørsmålet om ordtilfang vore ei vanskeleg sak for ordlisteutgjevarar og ved

godkjenningssvurderinga. Problemet gjeld ord som av puristiske grunnar har vore haldne ute frå nynorsken, men som er vanlege i talemål og til ein viss grad har fått rom i skriftleg bruk. Reglane frå 1959 gjev inga rettleiing i dette spørsmålet. Det var det personlege skjønnet til ordlisteforfattarane som i praksis ofte kom til å avgjere ordutvalet, og dette skjønnet fekk kritikk frå mange hald.

I 1981 sette Språkrådet ned ei nemnd til å vurdere ordtilfanget i nynorsk. Denne nemnda la året etter fram ei samrøystes tilråding, men noko seinare dissenterte ein av medlemmene og kom med eit særsvotum. På årsmøtet i 1984 vedtok Språkrådet denne fråsegna: "Tilrådinga om nynorsk ordtilfang, både fleirtalsinnstillinga og dissensen, alle omsegner som er komne inn til Språkrådet i samband med høyringsrunden, og referata frå møte om saka blir lagde til grunn for arbeidet med nynorsk ordtilfang i framtida." Samstundes vedtok rådet eit utkast til eit rundskriv om saka som skulle vere til rettleiing for lærarar. (Rundskrivet vart sendt ut av Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1984 og er trykt blant anna i innleiingsdelen i Helleviks ordliste.) Om behandlingsmåten for godkjenningsspliktige ordlister vedtok ein dette:

For nye utgåver av ordlister skal sekretariatet setje opp ei liste over nye ord som forfattaren vil ha med. Er det ei heilt ny ordliste, skal det lagast ei tilsvarande liste på grunnlag av minst ei tidlegare godkjend ordliste. Desse listene bør leggjast fram for fagnemnda til vurdering, med merknader og innstilling om vedtak frå sekretariatet. Ukontroversielle nye ord (for eksempel kurante samansetningar) treng likevel ikkje leggjast fram for fagnemnda.

Med bakgrunn i dette vedtaket har Språkrådet fleire gonger hatt ein bolk i årsmeldinga si med kunngjering av ord som fagnemnda i rådet meiner kan takast inn i nynorske ordlister.

Dei siste åra har det vore ein omfattande diskusjon om norma og ordtilfanget i nynorsk (sjå *Norma i nynorsk. Debatt*. Norsk språkråds skrifter nr. 2 (1995) og *Ordtilfanget i nynorsk* –

synsmåtar og røynsler. Norsk språkråds skrifter nr. 5 (1999)). På årsmøtet i 1995 gjorde Språkrådet dette vedtaket: "Fleirtalstilrådinga om nynorsk ordtilfang (jamfør innstilling frå Venås-nemnda, årsmeldinga for 1983, pkt. 4. s. 27–28) blir lagd til grunn for arbeidet med nynorsk ordtilfang i framtida." Dermed opna ein for ei meir liberal behandling av ordtilfanget i samband med godkjenning av ordlister. Kva dette vil føre til i praksis, er førebels uklart. Vi kan vente eit meir prinsipielt vedtak i Språkrådet med det første.

Ei anna sak som har valda problem ved godkjenningssbehandling av ordlister, er *trykkmarkering*. Det har vore opp til utgjevarane om dei ville markere hovudtrykket i ord eller ikkje. Ein har eventuelt markert trykket ved å setje ein prikk under den vokalen som var trykksterk. Spørsmålet vart drøfta i Norsk språkråd i 1980 og 1982. Fleire hevda at trykkmarkering på grunnlag av standarduttale i ord som **butikk** og **banan** inneber ei diskriminering av vanleg austnorsk uttale, der trykket ligg på første stavinga. I 1982 gjorde rådet dette førebels vedtaket:

Norsk språkråd oppfordrer til at skoleordbøker (og eventuelt andre ordbøker) med trykkmarkering må inneholde en innledende presisering av trykkmarkeringens status (slik som i Tanums store rettskrivningsordbok).

Formuleringa i *Tanums store rettskrivningsordbok* lyder:

Uttalen i norsk har aldri vært regulert av noen rettskrivningsnemnd, og trykk og uttalemårkeringa i boka innebærer selvsagt en vurdering som i atskillige tilfeller kan diskuteres. Det er nok å nevne problemet med ord som **fabrikk**, **lampett**, **gymnastikk**, som i store deler av landet har trykk på førstestavelen, eller flertall av ord som **professor**, der det snart heter professorer, snart professorer. Det er selvsagt ikke hensikten med ordboka å motarbeide naturlige dialektale uttalevarianter eller gi dem noe mindreverdsstempel. Det er heller slik at

hvis noen ønsker å normere sitt talespråk i retning av den norm som ordboka representerer for bøyingsverket, så medfører det så store endringer for de fleste, uansett bakgrunn, at det i regelen også vil få konsekvenser for uttalen, og innenfor en slik norm er uttalemarkeringene ment å skulle være til hjelp. Men de er altså ikke ledd i en offisiell normering på linje med skrivemåte og bøyning. Redaksjonen har valgt å følge de samme prinsippene som i tidligere utgaver.

På årsmøtet i 1983 var saka oppe att. Eit framlegg som gjekk ut på at trykkmarkeringar i ordlister og ordbøker til bruk i skulen bør fjernast fordi dei kan verke uheldig for mange, fekk ikkje fleirtal i begge seksjonane, og det førebels vedtaket frå 1982 vart derfor ståande. Det gjeld framleis.

På årsmøtet i 1984 drøfta *nynorskseksjonen* i Norsk språkråd spørsmålet om trykkmarkering på ny og gjorde dette vedtaket:

I nynorske godkjenningsspliktige ordlister skal det ikkje vere trykkmarkering i ord som for eksempel **kontor** og **stasjon**.

I brev av 18.5.84 avslo Kultur- og vitskapsdepartementet å godkjenne det siste vedtaket. Departementet grunngav avslaget med at trykk-

markering i godkjenningsspliktige ordlister er ei sak som "i betydelig grad berører begge språkformer", og som derfor etter paragraf 4 i vedtekene for Norsk språkråd må ha fleirtal i begge seksjonane. I brev av 13.11.84 kom departementet med ei utdjuping av grunngjevinga:

Denne problemstillinga gjeld munnleg bruk av både bokmål og nynorsk. Departementet ser det såleis som ei sak "som i betydelig grad berører begge målformer". [...] Departementet legg også vekt på at elevar på same klassesteg i norsk skole bør ha same tilgang til informasjon om dette spørsmålet frå bøker godkjende til bruk i skolen, utan omsyn til kva for målform dei brukar. Det er i alle tilfelle urimeleg med eit forbod mot å gi denne informasjonen til ei elevgruppe.

Mange nynorskmedlemmer i Språkrådet var misnøgde med standpunktet til departementet i dette spørsmålet, men det vart ikkje gjort noko meir med saka. I 1990 vedtok styret i Norsk språkråd at to ordlister Språkrådet sjølv var med og utarbeidde (*Bokmålsordlista* (1992) og *Nynorskordlista* (1996)), ikkje skulle ha uttalemarkering ved vanlege ord (men dei kunne ha det ved mindre kjende ord).

Kapittel 9

Nyttige bøker og andre kjelder – ein kommentert bibliografi

9.1 Allment

Når ein arbeider med lærebokmanus, må ein nytte kjelder av ymse slag. I dette kapittelet skal vi sjå på og kommentere ein del ordbøker, grammatikkar, oppslagsverk og andre kjelder som kan vere nyttige, ja uunnverlege for oss.

Lesaren kan altså finne viktige opplysningar og tips. Vi tek til med dei generelle ordbøkene og hjelpemidla som gjeld god språkføring allment, og går vidare til fagordbøker og terminologiske lister. Til slutt kjem vi inn på meir generell litteratur om språknormer og lærebøker og annan sakprosa. Dei titlane som det er vist til i kapitla ovanfor, er tekne med berre dersom dei har stoff som er av interesse for konsulentar i det praktiske arbeidet.

Dei fleste fagordbøker og terminologiordlister er på bokmål, men det finst òg ein del på nynorsk, og somme har termar på begge målformene. Ver klar over at det på somme fagområde, som det juridiske, kan vere monaleg avstand mellom fagspråkradisjonane på bokmål og på nynorsk. Likevel kan ein ha god nytte av alle slags fagordbøker og -lister same kva målform ein arbeider med. Føresetnaden er at ein er kritisk, gjer seg kjend med dei særlege tradisjonane og sørgjer for å omsetje og tilpasse språkstoff der det er nødvendig.

Mest nyttige blant dei terminologiske kjeldene er kanskje dei bøkene som har termar eller i alle fall register også på andre språk enn norsk.

Pass også på ortografien. Ikkje alle dei omtalte bøkene følgjer læreboknormalen, som vi må gjere når vi rettar. Nokre av dei følgjer ikkje eingong offisiell rettskriving.

9.2 Generelle oppslagsverk og hjelpemiddel

9.2.1 Ordbøker og ordlister

Når vi skal passe på rettskriving og ordbøying i

eit manus, må vi halde oss til dei siste og ajourførte utgåvene av ordbøker og ordlister som Norsk språkråd har godkjent. Standardhjelpemiddel for lærebokkonsulentar er desse:

Bokmålsordboka. Universitetsforlaget 1993

Skal vi finne opplysningar om kva som er rett tyding og bruk på bokmål, må vi helst gå til *Bokmålsordboka*, som er ei ordbok av eit litt anna slag enn *Tanum* (men som også gjev opp offisielle skrivemåtar og bøyingsmønstre).

Bokmålsordlista. Universitetsforlaget 1992

Dette er ei rettskrivingsordbok som byggjer på ordtilfanget i *Bokmålsordboka*, altså ein slankare bror av *Tanum*.

Nynorsk ordliste. Hellevik, Alf. Det Norske Samlaget, større utgåve, 1996

Dette er den klassiske rettskrivingsordlista for nynorsk.

Nynorskordboka. Det Norske Samlaget 1993

Ordboka er eit motstykke til *Bokmålsordboka* og fortel om rett tyding og bruk på nynorsk, attåt offisielle skrivemåtar og rett bøying.

Nynorskordlista. Det Norske Samlaget 1996

Dette er ei rettskrivingsordliste som byggjer på ordtilfanget i *Nynorskordboka*, og altså eit motstykke til *Bokmålsordlista*.

Tanums store rettskrivningsordbok. Kunnskapsforlaget 1996

Tanums store rettskrivningsordbok har det største ordtilfanget på bokmålssida, ja det største av alle norske ordbøker. Ho fortel primært om skrivemåte og bøying og i mykje mindre grad om tyding og bruksmåtar. *Tanum* inneheld særleg mange samansetningar og kan ofte vere til hjelp også i nynorsk når

spørsmålet gjeld samansetningsfuga (men pass på unntaka, jamfør 4.1.1.2).

I tillegg finst det skuleordlister med offisielle former.

Nokre av ordbøkene kan ein få tilgang til over Internett. For eksempel har Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo lagt ut bøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* under adressa www.dokpro.uio.no/ordboksoek. Og skulle ein trenge ei svensk ordbok, ligg *Svenska Akademiens ordbok* på g3.spraakdata.gu.se/saob/. Under Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo (www.dokpro.uio.no) kan ein nå databasar med blant anna samlingar av nyord.

Ver merksam på at det kan finnast feil opplysningar også i godkjende ordbøker. *Bokmålsordlista* fører for eksempel opp ***Vegårdshei** og ***vegårdsheing**, mens dei korrekte formene er høvesvis **Vegårshei** og **vegårsheing**.

Andre nyttige ordbøker er desse (merk at dei til dels går utanfor gjeldande rettskriving):

Norsk illustrert ordbok. Kunnskapsforlaget 1993

Denne ordboka har moderat bokmål og uoffisielt riksmål.

Norsk ordbok. Det Norske Samlaget 1966–

Dette store ordboksverket gjev opp former på nynorsk og i dialektane. Det er til no kome tre band (1966, 1978, 1994) og to hefte (1996, 1998), og ein held på med bokstaven **g**.

Norsk riksmålsordbok. Aschehoug 1937–57

Dette er ei klassisk ordbok i fire band med mange eldre ord som det kan vere vanskeleg å finne andre stader. Ho kan svært ofte vere til hjelp.

Riksmålsordlisten. Grøndahl og Dreyer 1994

Store norske ordbok. Kunnskapsforlaget 1992

Denne boka er vidareført i *Norsk illustrert ordbok*, 1993, og *Norsk Ordbok med 1000 illustrasjoner*, 1998. Bøkene gjev opp former i moderat bokmål og uoffisielt riksmål.

9.2.2 Årsmeldingane frå Norsk språkråd

Norsk språkråd gjev kvart år ut ei årsmelding, som gjer greie for verksemda i rådet. I årsmeldingane står blant anna dei rettskrivingsvedtak som er gjorde for bokmål og nynorsk. Frå 1987 har Språkrådet gjort og publisert slike vedtak berre kvart fjerde år, men vedtak som gjeld einskildord og ord som ikkje har vore normerte før, kjem likevel inn år for år.

Også tilrådingar om språkbruk og mange andre opplysningar kan ein finne i årsmeldingane. Her er nokre stader i årsmeldingar som vi bør gjere oss kjende med:

1987 – punkt 2: Rettskrivningssaker

1991 – punkt 2: Rettskrivningssaker og punkt 3: Anbefalinger i syntaks-spørsmål

1995 – punkt 2: Rettskrivningssaker

9.2.3 Nokre hjelpemiddel som er meir eller mindre uunnverlege

Nokre kjelder er viktigare enn andre. Her kjem ei gruppe som er av mindre omfang, men som vi ikkje kan klare oss utan:

Forkortingsboka. Løland, Ståle og Vigleik Leira. Cappelen 1997

Boka bør nyttast ved sida av den forkortingsboka som Rådet for teknisk terminologi har hatt ansvaret for (RTT 67). Den siste inneheld fleire internasjonale og tekniske forkortingar, mens Løland og Leiras bok konsentrerer seg meir om allmennspråklege forkortingar. Ho inneheld dessutan ein del annan informasjon som kan kome til nytte, blant anna "omrekningskodar" frå engelsk, fransk og tysk til norsk i attgjeving av russiske namn.

Geografilista. Leira, Vigleik. Norsk språkråd. Novus 1991

Med denne lista har Språkrådet fastsett skrivemåtar for ei rekkje utanlandske geografiske namn, både statsnamn og namn på byar, øyar, fjell, innsjøar, havområde og anna. Lista er ført à jour fram til 1. november 1991.

Historielista

Lista er inkorporert i årsmeldinga frå Norsk språknemnd for 1963. Ei ny og revidert liste som Norsk språkråd har arbeidd med lenge, kjem til å ligge føre om kort tid.

Norsk stadnamnleksikon. Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red.). Det Norske Samlaget 1997

Boka opplyser om skrivemåten for mange stadnamn, blant anna norske poststader, og gjev i tillegg att tolkingar av namnet. Boka er verdifull også ved at ho opplyser om innbyggjarnamn og fortel kva for preposisjon som tradisjonelt har vore nytta framfor namnet.

Skrivereglar/Skriveregler. Vinje, Finn-Erik. Aschehoug 1997/1998

Boka finst på bokmål og nynorsk. Ho kjem i nye utgåver ca. kvart femte år og er anbefalt for offentlig bruk av Kulturdepartementet. *Skrivereglar/Skriveregler* gjev rettleiing i dei meir formelle skrivereglane, som kommasetjing, rett bruk av stor og liten forbokstav, rekkjefølgja av teikn, orddeling ved linjeskift, særskriving og samanskriving osv. Råda er i samsvar med det synet Norsk språkråd har på detaljane på dette feltet. Denne boka *må* vi ha for å drive med lærebokgransking.

Statsnavne og nationalitetsord. Nordisk språksekretariats skrifter 17. Nordisk språksekretariat i kommisjon hos Novus 1994

Denne fellesnordiske lista gjev opp namn på sjølvstendige statar med dei innbyggjarnemningane som høyrer til, og med nasjonalitetsadjektiv. Nemningane står på bokmål og nynorsk og dessutan på dansk, svensk, finsk og islandsk.

9.2.4 Nokre meir spesielle kjelder

Anglismeordboka. Engelske lånord i norsk. Graedler, Anne-Line og Stig Johansson. Universitetsforlaget 1997

Ordboka kan vere til hjelp når vi skal prøve å finne gode avløyssarord. Ho gjev fyldig informasjon om stavemåte, uttale, gramma-

tikk, tyding, norske avløyssarord der det finst slike, og skilnader i bruk jamført med engelsk.

Bevingede ord. Nær 12 000 litterære sitater, historiske ytringer, ordtak og talemåter, sentenser og fyndord. Evensberget, Snorre og Dag Gundersen. Kunnskapsforlaget, andre utgåve, 1983

Boka er svært nyttig når ein skal kontrollere sitat og ordtak, eller når ein leitar etter slike for å setje dei inn i ein tekst.

Kjønn, språk, likestilling. Norsk språkråd og Kompetansesenter for likestilling 1997

Dette er ein brosjyre som gjev råd og rettleiing i korleis ein kan unngå å uttrykkje seg kjønnsdiskriminerande.

Med andre ord. Den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk. Rommetveit, Magne. NKS-Forlaget 1993

Boka skal først og fremst vere ei hjelp i arbeidet med å omsetje frå bokmål til nynorsk, og oppslagsorda er valde ut med tanke på det. Ho har dessutan med framandord og engelskspråklege lån som oppslagsord, med tilvisingar til norske ord ein kan bruke i staden. Det er også teke inn ein god del bokmålsord som vi finn att i meir eller mindre faste uttrykk, med framlegg til andre måtar å uttrykkje det same på. Forfattere har lagt stor vekt på å få med nynorske avløyssarord for faguttrykk som blir mykje nytta i offentlig teneste, for eksempel mange juridiske termar. Bakarst i boka er dei ca. 1200 engelske oppslagsorda samla i alfabetisk rekkjefølgje. Der er det òg ei liste med namn (både nynorsk- og bokmålsform) på ein del statsinstitusjonar og statsorgan.

Russiske navn. Samnordiske staveregler. Navneliste. Norsk språknemnds skrifter 5. Cappelen 1970

Boka gav reglar for transkripsjon frå det kyrilliske alfabetet i russisk til norsk, dansk og svensk (for norsk og svensk er det seinare gjort visse endringar). Ho hadde også ei fyldig liste med både stadnamn og personnamn. Boka er ikkje lenger i sal, men dei

reglane som no gjeld, står i Løland og Leira: *Forkortingsboka*.

Ein bør òg ha den nyaste utgåva av Bibelen og *Norsk salmebok* for å kunne sjekke sitat som kjem frå dei to kjeldene.

9.3 Grammatikk og språkføring

9.3.1 Grammatikkar – språklærer

Ein kjem langt med vanlege grammatikkar (norsklærer) for ungdomssteget eller den vida-regåande skulen når det er spørsmål om grammatikk i tradisjonell meining, altså ordklassane, bøyingsverket osv. Men det finst også bøker på eit noko meir avansert nivå som vi kan ha god nytte av. Vi skal nemne ein del slike.

Faarlund, Jan Terje. *Morfologi. Bøyingsystemet i nynorsk og bokmål*. Det Norske Samlaget, ny utgåve, 1988

Golden, Anne, Kirsti Mac Donald og Else Ryen. *Norsk som fremmedspråk. Grammatikk*. Universitetsforlaget, andre reviderte utgåve, 1998

Forfattarane av denne boka ser på norsk grammatikk ut frå eit anna perspektiv – det framandspråklege. Det kan vere ein fruktbar innfallsvinkel for å trengje inn i grammatiske problem og forstå dei betre. Det er også instruktivt at boka har ei rekkje eksempel frå daglegspråk, skjønnlitteratur og sakprosa.

Golden, Anne, Kirsti Mac Donald, Bjørg A. Michelsen og Else Ryen. *Hva er vanskelig i grammatikken? Sentrale emner i norsk som andrespråk*. Universitetsforlaget 1990

Forfattarane går rett på sak og tek opp emne frå norsk grammatikk som kan by på problem. Dei drøftar blant anna korleis og kvifor passiv blir brukt i norsk, samansette ord og bruk av genitiv.

Kulbrandstad, Lars Anders. *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. Universitetsforlaget 1993

Boka er skriven for norskstudentar på høgskole- og universitetsnivå. Ho rettar seg

også til lærarar og andre som vil oppdatere seg på fagområdet. Forfattaren legg hovudvekta på å gje kunnskapar om elementære omgrep og metodar for beskriving av det grammatiske systemet i norsk. I tillegg til den tradisjonelle grammatikken med bøyingslære og setningslære tek han òg opp emne som uttale (fonologi), rettskriving, tydingslære (semantikk) og tekststruktur.

Leira, Vigleik. *Ordlaging og ordelement i norsk*. Det Norske Samlaget 1992

Boka har eit utradisjonelt oppsett og inneheld mykje interessant stoff, blant anna ei liste over personnemningar til stadnamn i Noreg. Same forfattaren har også gjeve ut *Termar i grammatisk analyse*, Novus 1991, ei alfabetisk liste med termar på både bokmål og nynorsk.

Rønne, Jarle. *Norsk morfologi*. Ad Notam Gyldendal, ny utgåve, 1997

På eit høgare nivå er desse grammatikkane:

Beito, Olav T. *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. Det Norske Samlaget 1986

Grammatikken inneheld svært mykje stoff om språkssystemet i dialektane og nynorsk. Han behandlar ikkje bokmål.

Berulfsen, Bjarne. *Norsk grammatikk. Ordklassene*. Aschehoug 1967

Boka tek i hovudsak opp bokmål, men har med opplysningar også om nynorsk.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget 1997

Boka står i ei særstilling, med godt over 1200 sider. Ho dekkjer både bokmål og nynorsk. I opplegget er ho deskriptiv med eit rikholdig eksempelmateriale frå norsk skriftspråk etter 1945. Dei grammatiske kategoriane er til dels utradisjonelle (særleg ordklasseinndeling), og difor kan det vere vanskeleg å orientere seg i teksten. Men eit fyldig register er til god hjelp.

Næs, Olav. *Norsk grammatikk. Elementære strukturer og syntaks*. Fabritius 1972

Boka tek i hovudsak opp bokmål, men har med opplysningar også om nynorsk.

Venås, Kjell. *Norsk grammatikk. Nynorsk*. Universitetsforlaget 1990

9.3.2 Rettleiingar i praktisk språkbruk

Det har etter kvart kome ganske mange bøker der siktemålet er å rettleie folk som skriv. Her skal vi sjå på nokre av dei.

Almenningen, Olaf, Eva Bjørkvold og Aud Søyland. *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar*. Det Norske Samlaget 1988

Boka er lagd opp for praktisk bruk med øvingsoppgåver og med teori, eksempel og oppgåver knytte saman. I tillegg er det ei innføring i setningsoppbygging, ordval og grammatikk.

Askeland, Norunn, Hildegunn Otnes, Dagrund Skjelbred og Bente Aamotsbakken. *Tekst i tale og skrift. Innføring i tekstarbeid for lærerutdanninga*. Universitetsforlaget 1996

Boka tek opp spørsmålet om korleis ein kan lage gode tekstar, blant anna læreboktekstar.

Breivega, Ola. *Råd for uråd. Vegvisar gjennom nynorske minefelt*. Det Norske Samlaget 1993

Boka går rett på sak og prøver å gje førstehjelp til bokmålsbrukarar som skal skrive nynorsk. Til hjelp i arbeid med lærebøker er det at boka går systematisk igjennom dei valfrie hovudformene og skrivemåtane, i tillegg til at ho átvarar mot "falske vener" og andre fallgruver.

Fretland, Jan Olav, Magne Rommetveit, Arnulv Sudmann og Lars S. Vikør. *På godt norsk. Ei handbok i nynorsk målbruk*. NKS-Forlaget, andre utgåve, 1986

Her får ein gode råd og vink til prosessen med å skrive forståeleg og korrekt nynorsk sakprosa. Blant emna i boka er tekstoppbygging, setningsoppbygging, grammatiske reglar og ordtilfang i tillegg til eit svært godt

oversyn over bøyingsverket på nynorsk. Det følgjer også med øvingsoppgåver.

Gundersen, Dag (hovudred.). *Håndbok i norsk. Skriverregler, grammatikk og språklige råd fra a til å*. Kunnskapsforlaget 1995

Handboka inneheld ei rekkje artiklar som er alfabetisk ordna, og som tek opp emne knytte til språk og kommunikasjon, frå bøyning av adjektiv til korrekt oppsett av søknader og litteraturliste. På somme punkt stemmer ikkje boka med det som Språkrådet føreskriv.

Hellevik, Alf. *Norsk på ny. Nynorsk*. Det Norske Samlaget, fjerde opplag, 1981

Boka til Hellevik er laga med tanke på at ho skal danne grunnlag for eit sjølvstudium. Framstillinga er merkt av at målgruppa er folk som ikkje har nynorsk som hovudmål. Det blir gjeve ei omfattande innføring i forholdet mellom talemål og skriftmål, rettskriving, ordklasselære, setningar og setningsledd, teiknsetjing, ordtilfang, samansetningar, stil og målføring. Boka har også øvingsoppgåver med svar.

Norsk språkråd. *Råd om språk fra Norsk språkråd*. Cappelen 1983

Boka er ei samling språkspørsmål med svar. Nokre av spørsmåla har stått i spørjespalta i Språknytt, meldingsbladet til Norsk språkråd, mens andre har det vore svart på i brev eller over telefon. Spørsmåla er ordna alfabetisk, men under kvar overskrift blir ofte liknande ord eller uttrykk omtalte. Boka har ei fyldig stikkordliste. På alfabetisk plass er det teke med nokre lengre utgreiingar, for eksempel om bokmålsrettskrivinga av 1981 og om målbruk i offentleg teneste (lova er attgjeven). Boka er utseld frå forlaget, men kan finnast på bibliotek og ein del skular.

Vinje, Finn-Erik. *Lovlig språk. Om språk og stil i lover og annet regelverk – en veiledning*. Utgjeven av Justisdepartementet 1990

Heftet er eit vedlegg til *Lovteknikk*, utgjeven av lovavdelinga i Justisdepartementet 1979 (andre utgåve). Ein kan også sjå på det som eit supplement til ei anna bok av Vinje: *Norsk*

i embets medfør (andre utgåve, andre opplag 1990). I forordet heiter det: "Den veiledningen som her legges fram, er et ledd i arbeidet for et enklere og mer forståelig språk i lover og annet regelverk [...]. Språkeksempelene er hentet fra [...] de nyere delene av Norges Lover 1685–1987. [...] *Lovlig språk* konsentrerer seg om de trekk i lovspråket som skaper unødig avstand mellom det og nøktern sakorientert nåtidsprosa, og anviser metoder for en forsiktig modernisering av språket i paragrafene. De aller fleste av språkeksempelene er derfor forsynt med omskrivingsforslag [...]."

Emneområdet i *Lovlig språk* ligg under stilistikken, og dei språklege råda kan naturleg nok ikkje overførast slavisk frå eitt tilfelle til eit anna, slik ein ofte kan gjere det i grammatikk og rettskriving. Det er snarare tale om å øve opp eit blikk for og ei haldning til visse drag ved språket i lovttekstar og juridisk sakprosa.

Vinje, Finn-Erik. *Med alle skalker lukket. Aftenpostens og Dagbladets språkbruk i kritisk belysning*. Institutt for journalistikk 1995

I denne boka kommenterer Vinje ei rekkje feiltypar han har henta ut frå det redaksjonelle stoffet i Aftenposten og Dagbladet, så her kan vi lære av feil andre gjer. Feiltypane spenner over eit breitt område, frå teiknsetjing og bøying til syntaks og ordval. Dette er ei nyttig bok for korrekturlesarar og språkvaskarar.

Vinje, Finn-Erik. *Moderne norsk. Råd og regler for praktisk språkbruk*. Universitetsforlaget, fjerde reviderte utgåve, 1987

I forordet heiter det: "Boka inneholder råd og regler for ordvalg, setningsbygning, bøying og skrivemåte. Framstillingen konsentrerer seg om emner som erfaringsmessig skaper tvil og usikkerhet [...]. Boka tar sikte på både bokmåls- og nynorskbrukere. Det er flere avsnitt om problemer som er spesielle i nynorsken, og i teksten ellers er nynorsken nevnt når denne målformen følger andre regler enn bokmålet."

Her får ein god hjelp til å orientere seg i språklege gråsoner der grammatikkane og ordbøkene er uklare eller ikkje seier noko. *Moderne norsk* inneheld svært mange eksempel, gjerne saks frå dagsavisene, som demonstrerer dei forklaringane og råda lesaren får. Stikkordlista er god, og det finst òg eit alfabetisk ordregister. Boka ligg ikkje alltid på linje med Språkrådet i dei råda ho gjev, men ho må likevel reknast som standardutstyr for korrekturlesarar og språkvaskarar.

Vinje, Finn-Erik. *Riktig norsk*. Cappelen Akademisk Forlag 1994

Riktig norsk byggjer i stor mon på det som står i *Moderne norsk*, men no er det ikkje lange analysar som ligg til grunn for rettleiinga i språklege spørsmål, heller handfaste beskjedar: Skriv slik og ikkje slik! Boka er ei handbok i praktisk språkbruk – ei normativ språk- og stillære. Dei råda forfattaren gjev, er med få unntak i samsvar med offisielle normer og vanleg sakprosapraksis.

9.4 Fagordbøker og terminologilister

9.4.1 Allment

Lærebokkonsulentar skal ikkje berre kjenne og bruke dei oppslagsverka som gjeld god og rett språkføring generelt, men bør også vite noko om kva som finst av ordbøker og ordlister med fagtermar på ymse område. Vi skal gå igjennom ein del titlar som ein kan ha nytte av. Mange av dei kan vere vanskelege å få tak i, men ein kan prøve å gå om forlaget, utgjevaren, forfattaren eller kanskje ein bransjeorganisasjon.

9.4.2 Ordlistar frå Rådet for teknisk terminologi (RTT)

Rådet for teknisk terminologi (RTT) har gjeve ut mange ordbøker som vi kan ha nytte av. Her er dei viktigaste titlane:

RTT 31 *Ordbok for veg- og trafikkteknikk*. 1970

RTT 34 *Ordbok for elektro-kraftteknikk; del 5: Produksjon, overføring og fordeling av elektrisk energi*. 1975

- RTT 37 *Ordbok for elektro-kraftteknikk; del 7: Elektriske releer.* 1976
- RTT 39 *Ordbok for automatiseringsteknikk.* 2. utg. 1986
- RTT 40 *Ordbok for teleteknikk.* 1980
- RTT 42 *Ordbok for VVS: Varmeteknikk, ventilasjonsteknikk, sanitærtteknikk.* 1980
- RTT 43 *Ordbok for petroleumsvirksomhet: Petroleumsprødukter, økonomi, jus, foredling, ilandføring.* 1980
- RTT 52 *Ordbok for maling-, lakk- og trykk-fargeteknikk.* 1986
- RTT 55 *Ordbok for plast- og gummiteknikk.* 1988
- RTT 56 *Ordbok for fluidteknikk.* 1988
- RTT 57 *Ordbok for kart og oppmåling.* 1989
- RTT 59 *Ordbok for romvirksomhet.* 1994
- RTT 60 *Ordbok for energi.* 1997
- RTT 64 *Ordbok for elektronikk.* 1998
- RTT 66 *Byggteknisk ordbok.* 1996
- RTT 67 *Forkortingsordbok.* 1997
- RTT 68 *Ordbok for byggfag.* 1997

Engelsk-norsk flyteknisk ordbok for flymekanikere. Ruud, Yngvar. Scandinavian Airlines 1973

Ordboka er skriven for flymekanikarar i SAS, først og fremst for dei som er nokså nye i yrket, men er ikkje tenkt for spesialistar på dei ymse fagområda. Ho er gjennomgått av personale ved dei tekniske opplæringsavdelingane i København, Oslo og Stockholm.

Gastronomisk ordbok – norsk – fransk – tysk – engelsk – latin. Innli, Kjell E. Yrkeslitteratur 1995

Boka inneheld fagspråk som svært mange av oss kjem borti. Her får ein namn på metodar i matlaging, råstoff, reiskapar og matretter. Oppslagsorda har termar på norsk, fransk, tysk og engelsk. Der dei norske termane er ulike på bokmål og nynorsk, får vi dei på begge målformer, men nynorsktermane finn vi berre ved å gå om bokmålsformene, for eksempel frå **vannbakkels** til **vassbakkels**.

Ein stor del av terminologien i desse bøkene finn vi att på ei cd-rom-plata (*Termdok på CD-ROM*) som Rådet for teknisk terminologi har laga saman med terminologiinstansar i andre nordiske land. Plata inneheld dessutan ein del fagtermar frå termbankar i EU-systemet, og ho kan tingast på e-post: rtt@nbs.no. Det er planlagt nye utgåver. Ein del av RTT-terminologien er òg med i *Norsk teknisk fagordbok*.

Norsk termbank i Bergen og RTT er med i eit nordisk prosjekt som skal skipe ein nordisk termbank på Internett. Målet er at banken skal kome i funksjon sommaren 1999. På adressa www.nordterm.net kan ein lese meir om dette.

Vi nemner òg at ein kan finne den store termbasen *Eurodicautom* på nettet. Han høyrer til EU-kommisjonen og kan finnast på www2.echo.lu/edic.

9.4.3 Ymse andre ordbøker og ordlister

Den store vevboken. Lundell, Laila. Teknologisk Forlag 1988

Denne boka er rett nok ikkje ei ordbok, men ei grunnbok i veving. Stikkordlista er likevel nyttig i terminologisk samanheng, og boka inneheld illustrasjonar og forklaringar.

Illustrert kunstdordbok. Lucie-Smith, Edward. NKS-Forlaget 1990

Ordboka gjev eit oversyn over kunstomgrep både frå eldre tid og frå meir nymotens retningar i kunsten. Her finn vi altså oppslagsord om målarkunst, skulptur, arkitektur, grafikk og fotografi og om handverk, keramik, glas, emalje, tekstilar, møblar osv.

Juridisk leksikon. Gulbrandsen, Egil. Kunnskapsforlaget, sjuande og reviderte utgåve, 1990

Kraftuttrykk. Skarheim, Øystein. Statkraft 1988

Hefteet inneheld ei liste med ord og uttrykk som blir brukte i samband med elektrisk energi og kraftutbygging. Til ein del av uttrykka er det fotografi eller andre illustrasjonar som skal gjere det lettare å forstå dei.

Matematikkleksikon. Thompson, Jan (med hjelp frå Thomas Martinsson). Kunnskapsforlaget 1997

Merkantil oppslagsbok: ord og uttrykk fra økonomi, regnskap, markedsføring og juridisk terminologi. Hanheide, Bjørn. Atheneum 1990

Metallurgisk ordbok. Norsk Verkstedsindustri Standardiseringssentral 1976

Ordboka er gjennomgått og kommentert av Norsk språkråd.

Miljøleksikon: Energi, helse, natur, økologi. Beyer, Peter. NKI 1991

Norsk dataordbok. Hofstad, Knut (hovudredaktør). Universitetsforlaget, sjette reviderte utgåve, 1997

Norsk språkråds komité for dataterminologi har stått for arbeidet med *Norsk dataordbok*. Ordboka skal gje rettleiing og hjelp til å bruke termar som Språkrådet anbefaler, innanfor dette mangfelte fagområdet, for eksempel at **Internett** skal skrivast med stor forbokstav og dobbel konsonant i utlyd, og at det engelske "newsgroup-server" blir **nyhetsgruppe-tjener/nyhendegruppe-tenar** på norsk. Det finst dessutan register på svensk, fransk og engelsk.

Norsk flora. Lid, Johannes og Dagny Tande Lid. Det Norske Samlaget, sjette utgåve, 1994

Dette er eit standardverk for opplysningar om plantane i Noreg, med plantenamn på latin først og det norske namnet etter.

Norsk landbruksordbok. Rommetveit, Magne (red.). Det Norske Samlaget 1978

Ei praktisk bok som inneheld termar frå mange fagområde, for eksempel biologi, botanikk, geologi, hydroteknikk, jordlære, kjemi, landmåling, matematikk, meierifag, meteorologi, plantedyrking, reindrift, rettslære, skogbruksfag, veterinærfag, zoologi, økonomi. Dessutan har ho ei synonymliste med samiske, tyske, svenske, danske, engelske, islandske og finske termar.

Norsk medisinsk ordbok. Øyri, Audun. Det Norske Samlaget, femte utgåve, 1998

Eit standardverk som inneheld nyttige ord og uttrykk frå vanleg medisinsk arbeid, med forklaringar og definisjonar. Eit av måla for denne boka er å forenkle og fornorske det medisinske fagspråket.

Norsk teknisk fagordbok. Hjulstad, Håvard og Bjarne Norevik (red.). Universitetsforlaget 1984

Ordboka er ei stor samling av termar for teknisk fagspråk frå ymse felt. Ho tek opp i seg fleire mindre lister som var publiserte av Rådet for teknisk terminologi på tidspunktet for utgjevinga. Fagtermene står med definisjonar og med dei tilsvarende engelske termane, og ordboka har også engelsk register.

Norsk teknisk ordbok. 1984. Utgjeven av Rådet for Norsk teknisk ordbok. Det Norske Samlaget 1984

I denne ordboka finn vi mange tekniske ord og nemningar frå ymse fagområde, og boka er redigert slik at ho skal passe til allmenn bruk og for fagfolk.

Norsk tekstilordbok. Med oversettelser til engelsk og tysk. Wilhelmsen, Leif J. Norsk Tekstilteknisk Forbund 1954

Ordboka kan vere nyttig jamvel om ho er av eldre dato.

Nye vitenskaper – nye ord. Ravn, Ib (red.). Universitetsforlaget 1996

Her får vi nærmare opplysningar om nye vitskapsomgrep, for eksempel morfogenese, kvantefysikk, fraktalar, paradigmeskifte og gaugesymmetri.

Ord i Bibelen. Johnstad, Gunnar. Det Norske Bibelselskap, andre utgåve, 1990

Ord og uttrykk i filosofien. Dege, Jan Tormod. Minerva 1995

Ordbok. Data, elektronikk, informatikk, kommunikasjon. Ekrem, Tor. Yrkesopplæring ANS 1993

Ordboka kan brukast som supplement til andre oppslagsverk, og det er lagt vekt på å forklare ord, uttrykk og forkortingar innanfor telekommunikasjon og telematikk. Målgruppa er primært elektro- og datalinjer i den vidaregåande skulen, men boka er også for andre som arbeider med data.

Ordbok for det nye testamentet: nynorsk med tilvising til gresk grunntekst. Lehmann, Egil. Norsk Bokreidingslag, utvida utgåve, 1988

Ordbok for kjemiteknikk. Dahlø, Ingrid og Aksel Lydersen. Tapir Forlag 1988

I denne ordboka får ein korte definisjonar av viktige omgrep i kjemiteknikk, og dei norske termene står saman med dei tilsvarende engelske.

Ordbok for tann teknikere og tannlegesekretærer. Larby, Roald Arne og Håkon Tysdal. Universitetsforlaget, andre utgåve, 1991

Ordbok for tekstbehandling. Hofstad, Knut. Universitetsforlaget i samarbeid med Rådet for teknisk terminologi (RTT) 1990

Ordbok for transportfag. Norsk – engelsk – fransk – tysk. Garder, Egil T. Yrkeslitteratur 1996

